


**Blote kan ein gjere om det berre skjer i løynd**  
**Kristenrettane i Gulatingslova og Grágás og forholdet mellom dei**  
Gunhild Kværness

Noregs forskingsråd

*KULTs skriftserie nr. 65*




340.55 kvæ

 Nasjonalbiblioteket

 Nasjonalbiblioteket

# Ex Libris



 Nasjonalbiblioteket

# Blote kan ein gjere om det berre skjer i løynd

## Kristenrettane i Gulatingslova og Grágás og forholdet mellom dei

### Gunhild Kværness

Noregs forskingsråd

*KULTs* skriftserie nr. 65

Leiar for forskingsprosjektet *Religionskiftet i Norden:*

Magnus Rindal  
Senter for studiar i vikingtid og nordisk mellomalder  
Universitetet i Oslo  
Postboks 1016 Blindern  
0315 Oslo

Telefon: 22 85 29 27  
Telefaks: 22 85 29 29  
E-post: [magnus.rindal@mellomalder.uio.no](mailto:magnus.rindal@mellomalder.uio.no)

Prosjektet er ein del av Noregs forskingsråds program for  
Kultur- og tradisjonsformidlande forskning (KULT)

 **Nasjonalbiblioteket**  
Depotbiblioteket

Oslo 1996



*KULTs skriftserie nr. 65*

© Noregs forskingsråd og forfattern 1996

ISSN 0804-3760

ISBN 82-12-00831-2

Noregs forskingsråd  
Stensberggata 26  
Postboks 2700 St. Hanshaugen  
0131 Oslo

Telefon: 22 03 70 00

Telefaks: 22 03 70 01

Telefaks bibliotek: 800 83001 (grønn linje)

Trykk: GCS

Opplag: 450

Oslo, november 1996

 Nasjonalbiblioteket  
Nasjonalbiblioteket  
Oslo



340.55 Kvæ



Nasjonalbiblioteket  
Depotbiblioteket

"... hvatki es missagt es í fræðum þessum, þá es skylt  
at hafa þat heldr, es sannara reynisk"

(... alle stader der noko er rangt i denne framstillinga,  
bør ein heller halde seg til det som viser seg å vere  
sannare)

Ari fróði Þorgilsson í *Íslendingabók*

Gunhild Kværness fullførte eksamen i hovudfag ved Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo, våren 1995. Ho la då fram avhandlinga *Blote kan ein gjere om det berre skjer i løynd. Kristenrettane i Gulatingslova og Grágás og forholdet mellom dei*, som var skriven i tilknytning til prosjektet "Religionsskiftet i Norden". På grunnlag av den faglege vurderinga som blei gjort ved eksamen, har Mellomaldersenteret spurt Gunhild Kværness om ho ville la avhandlinga si bli publisert i KULTs skriftserie. Resultatet ligg føre i denne boka.

Oslo, mars 1996

Magnus Rindal

## *Forord*

Denne publikasjonen er ei lett revidert utgåve av hovudoppgåva mi, som vart levert inn ved Institutt for nordistikk og litteraturvitskap ved Universitetet i Oslo våren 1995. Då arbeidet med oppgåva tok til året før, hadde Senter for studiar i vikingtid og nordisk mellomalder nettopp starta med det store tverrfaglege prosjektet "Religionsskiftet i Norden. Brytingar mellom nordisk og europeisk kultur 800-1200 e. Kr.". Etersom eg var bestemt på å skrive ei norrøn hovudoppgåve, og fordi eg gjerne ville arbeide innanfor eit område som fleire heldt på med, var det naturleg å velje ei problemstilling som hadde samanheng med religionsskiftet. I samråd med Magnus Rindal kom eg til at ei samanlikning mellom islandske og norske kristenrettar ville vere ei spennande og overkommeleg oppgåve.

Aller først vil eg takke rettleiar Magnus Rindal for at dette året vart svært gjevande og lærerikt. Dernest vil eg rette ein generell takk til Senter for studiar i vikingtid og nordisk mellomalder. Under arbeidet med oppgåva var eg ansatt som vit. ass. på deltid, og den nære kontakten med senteret var ei god støtte for meg. Til slutt vil eg takke senteret for at det ønskte å trykke oppgåva i KULTs skriftserie.

Oslo, mars 1996

Gunhild Kværness





# Innhald

Rettleiing for lesaren.....	11
-----------------------------	----

## Første del: Innleiande kapittel

I. Innleiing.....	13
- Problemstilling.....	13
- Tidlegare forskning.....	14
- Avgrensing av oppgåva.....	16
II. Kjeldene .....	17
- Primærkjelder.....	17
- Kjeldediskusjon.....	17
- Oppsummering.....	23
III. <i>Gulatingsslova</i> .....	24
- Gulatinget.....	24
- <i>Gulatingsslova</i> .....	24
- Den første nedskrivninga .....	26
- Kristenretten.....	26
- Handskriftet DonVar 137 4to.....	28
- Dei andre handskriftera .....	29
- <i>Kong Sverres kristenrett</i> .....	31
IV. <i>Grágás</i> .....	32
- <i>Haflidaskrá</i> .....	32
- Lovgjevingsverksemda på 1100- og 1200-talet.....	33
- Kva er egentleg <i>Grágás</i> ?.....	34
- Namnet <i>Grágás</i> .....	35
- Kristenretten.....	36

- <i>Konungsbók</i> .....	37
- <i>Staðarhólsbók</i> .....	38
- Andre <i>Grágás</i> -handskrift.....	40
V. Dei austnorske kristenrettane.....	42

Andre del: Samanlikning av innhald

VI. Messedagar.....	43
- Messedagane og nedskrivinga av <i>Grágás</i> -kristenretten.....	45
- Messedagar i <i>Grágás</i> som vart fastsett etter 1133.....	46
- Messedagar i <i>Grágás</i> som ein ikkje veit når vart fastsett.....	48
- Oppsummering .....	49
VII. Andre helgedagar.....	51
- Jul.....	51
- Påske .....	54
- Gangdagane.....	55
- Pinse.....	56
- Søndag.....	56
- Laurdag .....	60
- Særskilde reglar om jakt i høgtider og på andre helgedagar .....	62
- Oppsummering .....	63
VIII. Faste.....	65
- Fredagsfaste.....	66
- Faste før messedagane.....	67
- Gagnfastene.....	68
- Imbredagane .....	69
- Langfaste.....	70
- Gangdagane.....	71
- Andre fastedagar knytte til særskilde høgtider.....	72
- Andre reglar omkring fasta.....	72
- Oppsummering .....	74

IX. Mat .....	77
- Hestekjøtt.....	79
- Kjøtt av bjørn, hjort og rein .....	81
- Kjøtt av rev, dyr med klør og fuglar med klør .....	82
- Kjøtt av dyr som menneske har hatt seksuell omgang med.....	82
- Kjøtt av dyr som ikkje har mista livet ved menneskehand.....	82
- Andre typar kjøtt .....	83
- Oppsummering.....	84
X. Ekteskap og samliv .....	85
- Incest .....	87
- Åndeleg slektskap.....	92
- Polygami.....	94
- Utruskap.....	95
- Tempus clausum .....	97
- Sodomi .....	102
- Homofili og transvestittisme .....	103
- Bortføring, valdtekt og samliv utanfor ekteskapet .....	105
- Oppsummering.....	107
XI. Dåp.....	110
- Tidspunktet for dåpen.....	111
- Kven skal døype barnet? .....	112
- Kvar skal dåpen gå føre seg?.....	113
- Dåpsritualet.....	114
- Kva slag væske kan ein døype med?.....	115
- Kven skal sørge for at barnet blir døypt?.....	115
- Fadrar.....	116
- Om dåp av vaksne .....	117
- Oppsummering.....	118
XII. Barneutbering .....	120
- Andre kjelder om barneutbering.....	122
- Oppsummering.....	124

XIII. Død og gravlegging.....	126
- Tidsfristen for gravferda.....	128
- Tidspunktet for gravferda.....	128
- Kven er ansvarlege for å føre liket til kyrkja?.....	129
- Hjelp til gravferdsfølget undervegs.....	130
- Likklede.....	130
- Gravplassen.....	131
- Den siste olje.....	132
- Liksong.....	132
- Gravøl, arveøl og sjeleøl.....	133
- Betaling av gravferda.....	135
- Å dra ut av soknet.....	137
- Eventuell arv etter personar som ein finn omkomne.....	137
- Personar som ikkje kan gravleggjast på ein kyrkjegard.....	138
- Kvar desse personane skal gravleggjast.....	139
- Oppsummering.....	140
XIV. Trolldom og heidenskap.....	143
- Trolldom.....	143
- Spåing.....	147
- Bloting.....	148
- Berserksgang.....	149
- Oppsummering.....	150
Tredje del: Avsluttande kapittel	
XV. Konklusjon.....	152
- Opphav og påverknad.....	152
- Kan skilnadene forklarast?.....	154
- Relativ kronologi.....	155
- Sluttord.....	156
Litteraturliste.....	157

## Rettleing for lesaren

### Om skrivemåten i namn

I personnamn skil eg mellom tre skrivemåtar. Når eg skriv om islendingar som levde i mellomalderen, bruker eg den norrøne nominativsforma. I dei tilfella der genitiv blir brukt, bruker eg som oftast den moderne norske s-endinga (t.d. Guðrúns, Snorris, men også Þorláks og Ísleifs). Namn på islendingar frå nyare tid er attgjevne i moderne islandsk målform. Når eg skriv om nordmenn og andre ikkje-islendingar både frå mellomalderen og frå seinare tid, bruker eg moderne norsk skrivemåte.

I stadnamn bruker eg moderne ortografi, først og fremst for at dei skal vere lettare å finne att på kartet.

### Om sitat frå kjeldene

I sitat frå kjeldene har eg valt ikkje å normalisere språket. For at oppgåva skal vere tilgjengeleg for ein vidare krins, er alle sitata frå norrønt og moderne islandsk omsette. Latinske kjelder blir siterte frå dei skandinaviske omsetjingane som etter mi meining er dei beste.

### Forkortingar

- Gtl. kr.:* kristenretten i den eldre *Gulatingslova*  
*Brtl. kr.:* kristenretten i den eldre *Borgartingslova*  
*Etl. kr.:* kristenretten i den eldre *Eidsivatingslova*  
*Ftl. kr.:* kristenretten i *Frostatingslova*  
*Grg. kr.:* kristenretten i *Grágás*

Sjá elles forkortingar i litteraturlista.



# I : Innleiing

## Problemstilling

Målet for denne oppgåva er samanlikne innhaldet i Gulatings eldre kristenrett (*Glt. kr.*) med innhaldet i *Grágás*-kristenretten (*Grg. kr.*) for å vurdere om islendingane hadde *Gulatingslova* som førebilete då dei utforma kristenretten sin.

Grunnlaget for å stille dette spørsmålet er først og fremst det nære sambandet som var mellom Vest-Noreg og Island dei første hundreåra etter at Island vart busett. *Landnámabók* gjer detaljert greie for dei første landnåmsmennene, og svært mange av dei kom frå den vestlege delen av Noreg, med andre ord det området som hørte inn under Gulatinget. Ein reknar med at landnåmet på Island tok til omkring år 870 (Jón Jóhannesson 1969:13).

Etter kvart fekk landnåmsmennene behov for å regulere det nye samfunnet med lover. Truleg prøvde dei å opprette ting heilt frå starten. Likevel finst det opplysningar om berre to ting som må vere eldre enn Alltinget på Þingvellir. Det er ikkje heilt sikkert når Alltinget vart grunnlagt. Men det er vanleg å tidfeste hendinga til år 930 (Jón Jóhannesson 1969:35-36). Det er grunn til å tru at landnåmsmennene var sterkt prega av norsk lov og norske rettstradisjonar.

Vi veit likevel lite om det tidlegaste lovarbeidet på Island. Dei einaste konkrete haldepunkta er det som blir fortalt i *Landnámabók* (1968:313) og utsegna til Ari fróði Þorgilsson i *Íslendingabók*:

En þá es Ísland vas víða byggt orðit, þá hafði maðr austrœnn fyrst lög út hingat ýr Norvegi, sá es Ulfljótr hét; svá sagði Teitr oss; ok váru þá Ulfljótslög kǫlluð; - hann vas faðir Gunnars, es Djúpdælir eru komnir frá í Eyjafirði; - en þau váru flest sett at því sem þá váru Golapingslög eða ráð Þorleifs ens spaka Hørða-Kárasonar váru til, hvar við skyldi auka eða af nema eða annan veg setja (*Íslendingabók* 1968:6-7).

(Men då Island var bygt vide, kom ein mann hit ut frå Noreg med dei første lovene. Han het Ulfljótr. Dette fortalte Teitr oss, og lova vart kalla Ulfljóts lov. Ulfljótr var far til Gunnarr, som djupdølane i Eyjafjörður stammar frá. Ulfljóts lov vart for det meste gitt i samsvar med det som då var Gulatingslova, eller etter dei råd som Torleif den vise, son til Horda-Kåre, gav om kva som skulle leggjast til eller takast bort eller endrast.)

Dette er i samsvar med opplysningane i *Landnámabók*. Det kan naturlegvis diskuterasst kor mykje Ari visste om dette. Då han skreiv *Íslendingabók*, var det trass alt gått nærmare to hundre år sidan opprettinga av Alltinget. I artikkelen

"Sendiför Ulfljóts" legg Sigurður Líndal (1969:5-26) fram argument for at ein kanskje ikkje skal tolke Ari så bokstaveleg som det har vore vanleg å gjere.

Dei lovene som vart vedtekne på Alltinget omkring 930, bygde på eit heidensk verdsbilete, og det skulle enno gå fleire tiår før kristne verdiar begynte å prege lovene. Kristendommen vart innført på Island år 1000. I dei følgjande åra vart kristne lover utforma og vedtekne. På same måte som i Noreg vart dei lovreglane som regulerte kristendommen og kyrkja samla i ein bolk i lova. Denne bolken vart kalla kristenretten ("kristinna laga þátr"). Den islandske kristenretten vart skriven ned vinteren 1122-1133, og fleire av kjeldene fortel om dette arbeidet (sjå s. 37). Men ingen av dei seier noko om kva dei første kristne lovene på Island bygde på. Heller ikkje Ari fróði, som levde på den tida og som sikkert hadde god kjennskap til nedskrivingsarbeidet, har noko å fortelje om eventuelle utanlandske førebilete.

## Tidlegare forskning

Den tyske rettshistorikaren Konrad Maurer ser den islandske rettsutviklinga som heilt sjølvstendig i forhold til Noreg, og nemner inga utanlandsk lov som tenkjeleg førebilete for den islandske kristenretten. I staden trekkjer han fram islendinganes verdslege lov som ein sannsynleg modell for kristenretten (Maurer 1878:75-76, 82).

Andre forskarar som har arbeidd med tidleg islandsk rettshistorie, nøyer seg for det meste med å slå fast at det er vanskeleg å seie kva dei første kristne lovene bygde på. Likevel har det komme fram visse teoriar. Biskop Jón Helgason skriv i boka *Islands Kirke fra dens Grundlæggelse til Reformasjonen*:

Hvilke Forbilleder de to Bisper har haft ved Udarbejdelsen af Kristenretten, lader sig nu ikke bestemt afgøre. Men Rimeligheden taler for, at de har støttet sig til, hvad der fandtes paa den Tid af lignende Arbeider i Norge (Hellig-Olav og Biskop Grimkells Kristenret) og Danmark (Hellig-Knuds Kristenret) (Jón Helgason 1927:91).

Rettshistorikaren Ólafur Lárússon er ein av dei som har interessert seg mest for opphavet til dei islandske lovene. Om *Grágás* generelt seier han at

íslenzki rétturinn er svo sjálfstæður gagnvart hinum norska, að það má virðast efamál, hvort norskur réttur hafi verið heimild hans. En hafi svo verið er það á hinn bóginn augljóst, að íslenzkur réttur hefir síðan tekið miklum breytingum, sem fjarlægð hafa hann meir og meir hinni norsku fyrirmynd (Ólafur Lárússon 1958:120).

(den islandske lova er så sjølvstendig i forhold til den norske, at det kan vere tvilsamt om den norske lova er modellen. Om dette er tilfellet, må den



islandske lova seinare ha forandra seg mykje, slik at den etter kvart har fjerna seg meir og meir frå det norske førebiletet.)

Historikaren Jón Jóhannesson skriv i boka *Islands historie i mellomalderen* om kristenretten i *Grágás*:

Det er sannsynlig at den har hatt kristenretten til biskop Grimkjell og kong Olav Haraldsson i Norge som sitt viktigste forbilde, men at den har veket av i mange ting, ettersom de geografiske forhold var andre og styringsformen helt forskjellig på Island (Jón Jóhannesson 1969:132).

Han skriv ein annan stad i boka (s. 76) at den einaste måten å få vite i kor stor grad den islandske lova byggjer på den norske, er å samanlikne dei to. Og at det i så fall må gjerast med stor varsemd.

Også Magnús Már Lárusson (1964:305) nemner slektskapet mellom *Grg. kr.* og norske lover, og meiner at ein del av lovreglane må vere henta frå dei. Men han legg også vekt på skilnadene.

Dette viser at kristenretten i *Gulatingslova* har vorte sedd på som eit svært sannsynleg førebilete. Den danske kristenretten som Jón Helgason viser til, er ukjend. Riktignok har vi kjelder som gir vitnesbyrd om at kong Knut den heilage (død 1086) fastsette kyrkjelege lovreglar, t.d. reglar om helgedagar og faste (DDI:2 nr. 22). Det er likevel ingen grunn til å tru at kong Knut utarbeidde ein eigen kristenrett (Fenger 1977:52). Ein kjenner ikkje til eigne kyrkjerettar i Danmark frå før ca. 1170 (Juul 1965:5-6).

Men som både Ólafur Lárusson, Jón Jóhannesson og Magnús Már Lárusson slår fast, er den norske og den islandske lova såpass ulike at ein ikkje utan vidare kan gå ut ifrå at kristenretten i *Gulatingslova* var modell då den islandske kristenretten vart utforma. Den einaste måten å komme nærmare eit svar på dette spørsmålet, er systematisk samanlikning. Hittil er det ingen som har laga ei slik jamføring av innhaldet i *Gulatingslovas* og *Grágás'* kristenrettar.

Riktignok har det vore gjort samanlikningar mellom dei to lovene. Men dei har hatt andre innfallsvinklar enn innhaldet. Konrad Maurer har i avhandlinga *Die Eingangsformeln der altnordischen Rechts- und Gesetzbücher* samanlikna innleiingssetningane i dei gammalnordiske lovene (Maurer 1886). Og Hans-Peter Naumann har i boka *Sprachstil und Textkonstitution* samanlikna språk og stil i dei gamle vestnordiske lovene (Naumann 1979).

## Avgrensing av oppgåva

Kristenrettane i dei to lovene tek for seg svært mange emne. For at oppgåva ikkje skal bli altfor omfangsrik, er det nødvendig å konsentrere seg om enkelte område og utelate andre. Eit naturleg skilje går mellom dei lovene som gir reglar for sjølve kyrkja og kyrkjas menn, og dei lovene som regulerer livet for folk flest. Denne oppgåva vil ta for seg dei sistnemnde lovreglane. Dette er føresegner som styrer den daglege livsførselen, men også lover som slår fast korleis ein skal stille seg til dei største hendingane i livet, slik som dåp, bryllaup og død.

I ein del tilfelle skil den norske og den islandske lova seg frå kvarandre i samband med disponering av stoffet. Av og til er føresegner om særskilde emne plasserte i kristenretten i den eine lova, og i andre bolkar i den andre. I slike tilfelle vil lovreglar frå andre bolkar bli dregne inn. Dette gjeld særleg lovreglar som ikkje er med i den islandske kristenretten fordi dei alt fanst i den verdslege delen av lova. Ettersom dette må vere hovudforklaringa på at dei ikkje er med i kristenretten, og fordi den verdslege lova vart skriven ned berre få år før kristenretten (sjå s. 32), meiner eg at dette kan forsvarast.

*Gulatingslova* var truleg den norske lova som islendingane kjende best. Men for å kunne seie noko meir generelt om sambandet mellom norsk og islandsk lovgjeving i den tidlegaste kristne tida, har eg funne det rett også å sjå nærmare på kristenretten i dei to austnorske lovene, *Eidsivatingslova* og *Borgartingslova*. Kristenretten i *Frostatingslova* er yngre (Hagland og Sandnes 1994:IX), og er derfor mindre interessant i denne samanhengen. Ettersom denne oppgåva først og fremst skal handle om forholdet mellom *Grg. kr.* og *Gtl. kr.*, vil dei to andre kristenrettane berre bli nemnde i sjølve samanlikninga som eit supplement. Dei blir ikkje konsekvent dregne inn.

For å setje det heile inn i ein vidare samanheng, gjer eg også bruk av andre mellomalderkjelder. Desse vil bli nærmare omtala i neste kapittel. Det er klart at ei rein samanlikning av lovreglane er interessant i seg sjølv. Men etter mi meining vil ei slik samanlikning ha større verdi om ein prøver å sjå lovreglane i samanheng med andre skriftlege kjelder frå mellomalderen. Å forstå kva som eigentleg ligg i dei ulike lovvedtektene, kan vere vanskeleg, og det krev stor kunnskap om det samfunnet dei var laga for. Det er mitt håp at dei ikkje-juridiske kjeldene som blir dregne inn i denne oppgåva, kan vere med på å gi slik kunnskap.

## II : Kjeldene

### Primærkjelder

Som tittelen seier, vil eg i denne oppgåva ta for meg innhaldet i kristenrettane i dei to lovene *Gulatingsslova* og *Grágás*. Begge desse lovene er overleverte i ulike handskrifter, og før eg går vidare, vil eg gjere nærmare greie for kva for handskrifter eg har valt å gå ut frå.

Det er den eldre *Gulatingsslova* eg ser på. Eg tek utgangspunkt i handskriftet DonVar 137 4to som vart utgitt i 1994 av Eithun, Rindal og Ulset (sjå litteraturlista). Dette handskriftet inneheld både Olavs-tekst og Magnus-tekst. Eg vil i kvart enkelt tilfelle gå nærmare inn på i kva grad desse er i samsvar, eventuelt i kva grad dei skil seg frå kvarandre. Det vil også bli nødvendig å samanlikne med andre handskrift av Gulatingss kristenrett. Slike tilfelle vil bli nemnde særskilt.

Før *Grágás* tek eg utgangspunkt i dei såkalla hovudhandskriftene, *Konungsbók* (Gl. kgl. Sml. 1157 fol) og *Staðarhólsbók* (AM 334 fol). Dei er utgitt av Vilhjálmur Finsen i 1852 og 1879 (sjå litteraturlista). Ein sjeldan gong kan desse to handskriftene skilje seg frå kvarandre med omsyn til innhaldet. Om eg behandlar avsnitt der nettopp dette er tilfellet, vil eg gjere spesielt merksam på desse skilnadene. Av og til siterer eg direkte frå teksten. Eg har då valt å sitere frå *Konungsbók*. Også når eg viser til spesielle kapittel, er det kapittelinddelinga i *Konungsbók* eg går ut frå. *Grg. kr.* er også overlevert i andre handskrifter, og av og til vil eg samanlikne med innhaldet i desse. Det vil då bli nemnt særskilt.

Dei austnorske kristenrettane, Borgartings og Eidsivatingss kristenrettar, vil også bli dregne inn som eit supplement. Dei er utgitt i 1846 av Keyser og Munch i *Norges gamle Love indtil 1387 I* (sjå litteraturlista).

### Kjeldediskusjon

Det er naturleg nok dei aktuelle lovene som i første rekkje er kjeldene for denne undersøkinga. Men i tillegg er det andre skriftlege kjelder frå mellomalderen som har ein naturleg plass i ein slik samanheng. For å nytte dei ulike tekstane på best mogleg måte, er det viktig at ein stiller seg kritisk til kjeldeverdien deira.

Eg vil her støtte meg på innleiinga i Else Mundals artikkel frå 1987 om barneutbering. Dei kjeldene ho bruker, deler ho inn i to hovudtypar:

- I. Litterære kjelder
- II. Lovtekstar og diplom<sup>1</sup>

Vidare deler ho dei litterære kjeldene inn i to typar:

- Ia. Litterære tekstar der temaet blir brukt som litterært motiv
- Ib. Tekstar som gir seg ut for å vere historisk korrekt framstilling av temaet

Mundal vurderer type Ia som den dårlegaste historiske kjelda. Innanfor type Ib meiner ho at den historiske kjeldeverdien kan vere noko varierende. Type II (lovene) ser ho på som dei beste kjeldene - om ein bruker dei med varsemd.

Sjølv om undersøkinga hennar berre galdt eit emne - barneutbering - meiner eg at denne inndelinga også har relevans for vurdering av kjelder som handlar om andre forhold i mellomalderen. Eg vil derfor bruke hennar inndeling som utgangspunkt i drøftinga av mine problemstillingar, og sjå kva dei skriftlege kjeldene har å seie om dei.

Eg vil no sjå nærmare på dei ulike kjeldetypane, både for å definere dei nærmare og for å grunngi den rangeringa som er skissert ovanfor. Sjølv om Mundals innleiing ligg til grunn for framstillinga, vil eg presisere at mange av synspunkta i det følgjande ikkje er henta frå hennar artikkel.

### **Kjeldetype Ia**

Litterære tekstar der det aktuelle temaet blir brukt som litterært motiv, vil i denne samanhengen først og fremst seie islendingesoger og -tåttar.

Desse verka gir seg ut for å fortelje om den heidenske tida. Mundal gir to hovudgrunnar til at dei er lite å stole på som kjelder til kunnskap om dei forhold som blir skildra. Den eine er den lange tidsavstanden mellom den tida då dei litterære tekstane vart skrivne, og den heidenske tida som dei prøver å fortelje om. Den andre grunnen er at litterære tekstar/dikting kan innehalde mange feilkjelder som kan førast tilbake til den kunstnarlege funksjonen til dei litterære motiva i verket.

Når ein skal vurdere tidsavstanden mellom det skriftlege verket og den tida som det fortel om, må ein stille spørsmål om kva forfattarar som levde på 1200-, 1300- og 1400-talet kunne vete om det emnet dei skreiv om. Sidan denne oppgåva

---

<sup>1</sup> Mundal omtaler ikkje diplom i sin artikkel - fordi dei er lite relevante i samband med barneutbering.

først og fremst skal handle om innhaldet i lover, er svaret på dette spørsmålet temmeleg avhengig av i kva grad dei ulike lovpåboda og -forboda vart respekterte. Dette er forhold som vil variere sterkt frå område til område, og som det er vanskeleg å seie noko generelt om. Det er viktig at dette blir vurdert i kvart enkelt tilfelle. Hovudsaka her må vere, og det gjeld for alle dei områda som skal diskuterast, at handlinga i islendingesogene går føre seg i heiden tid, mens forfattaren levde langt inne i kristen tid. Det vil alltid liggje ei utfordring i å vurdere i kva grad han er prega av si samtids normer og verdiar, og i kva grad han overfører dei på verket.

Den andre grunnen til skepsis mot dei litterære kjeldene ligg i at dei er dikting. Tekstane er styrte av litterære lover, og kvart motiv skal tene ulike litterære funksjonar. Ein må også hugse på at litterære motiv kan vere forma av mønster i framand litteratur, noko som gjer dei enda meir tvilsame som kjelder for kunnskap om norrøn kultur. Og sjølv om enkelte forteljingar i islendingesogene ligg langt vekk frå det som var røyndomen i heiden tid, var forfattarane nøyddde til å skape ei realistisk ramme kring hendingane. Dette gjer tekstane enda meir mistenkjelege som kjelder.

## Kjeldetype Ib

Tekstar som gir seg ut for å formidle historisk korrekt kunnskap om det aktelle emnet, spenner over ulike former for skriftleg materiale. I denne oppgåva gjer eg bruk av såkalla kunnskapsverk (som t.d. *Íslendingabók* og *Landnámabók*), kongesoger, biskopssoger og dessutan forfattarkommentarar i islendingesogene (t.d. der forfattaren viser til lovvedtak). Mundal vurderer kjeldeverdien i desse tekstane som skiftande, avhengig av fleire faktorar.

Ari fróðis *Íslendingabók* vurderer ho som temmeleg påliteleg, delvis fordi Ari elles er kjend som ein kritisk forfattar, men også fordi fleire av opplysningane hans gjeld hendingar som gjekk føre seg kort tid før nedskrivinga. Ettersom *Íslendingabók* er ei viktig kjelde i denne oppgåva, er det nyttig å gjere seg ei klar oppfatning av kjeldeverdien til denne boka.

Inntil for ganske nyleg vart *Íslendingabók* sedd på som ei fullt ut truverdige kjelde, og av enkelte forskarar til og med som eit vitskapleg verk på linje med moderne historieskriving. Dette synspunktet har dei seinare åra vorte både moderert og drege i tvil. Og denne tvilen har igjen møtt sterke reaksjonar - forståeleg nok. For - som Meulengracht Sørensen uttrykkjer det i sin artikkel "Den norrøne litteratur og virkeligheten" (1989:138) - :

. . . tabet ville blive for stort, hvis vi for alvor begyndte at tvivle på Aris sandhedsværdi. Island ville simpelthen miste sin ældste historie.

Tidsaspektet er viktig her. Liksom Mundal vil eg sjå på skildring av hendingar som ligg nær opp til eller i Aris tid, t.d. den første nedskrivninga av lovene, som temmeleg truverdige. Hendingar som gjekk føre seg fleire generasjonar tidlegare, t.d. fastsetjinga av Ulfljóts lov, er det derimot grunn til å vurdere på ein meir kritisk måte.

*Landnámabók* har vi overlevert i fem redaksjonar, tre frå mellomalderen og to frå 1600-talet. Fleire forskarar meiner at den eldste *Landnámabók* vart til omkring 1130 eller litt før, og at Ari fróði var hovudforfattaren (Jakob Benediktsson 1965:215). Riktignok kjenner vi ikkje til eldre membranar enn frå 1200-talet. Fleire av redaksjonane (t.d. *Sturlubók* og *Hauksbók*) gjer bruk av sagalitteratur for å supplere eller erstatte det som stod i eldre redaksjonar. Dette gjer at vi må vere varsame med å feste altfor stor lit til dei opplysningane vi finn i *Landnámabók*.

Kongesogene er viktige kjelder i denne oppgåva. Særleg aktuelle er sogene om kongar i historisk fortid. Her må ein naturlegvis vere varsam pga. moglege anakronistiske feilopplysningar.

Ein må også vurdere dei ulike forfattarane - i den grad ein kjenner dei - opp mot kvarandre. Nokre av sogene er skrivne av kyrkjias eigne folk, eventuelt av andre ikkje-geistlege forfattarar, men i nært samband med kloster og kyrkjer. Det seier seg sjølv at det religiøse er sterkt framheva i desse verka, stundom på kostnad av den historiske kjeldeverdien.

Fleire gonger siterer eg den ukjende forfattaren av *Óláfs saga Tryggvasonar in mesta*. Denne saga vart skriven omkring eller kort tid etter 1300 (Ólafur Halldórsson 1967:552), altså om lag 300 år etter at hendingane gjekk føre seg. Forfattaren byggjer på mange ulike kjelder. Som Mundal seier i sin artikkel, bør ikkje dette verket - på grunnlag av dei to nemnde forholda - tilleggast altfor stor vekt som historisk kjelde. Styrken til denne forfattaren er likevel at han kombinerer opplysningar i eldre kjelder på ein logisk måte.

Ein forfattar som Snorri Sturluson blir av dei fleste vurdert som ein framstående historikar som la stor vinn på objektivitet. Men Snorri hadde også ein annan kvalitet, nemleg evna til å skape litterær kunst. På mange måtar kan dette vere med på å svekke hans posisjon som historikar. Meiningsane om dette er mange, diskusjonen er grunnlag for ei avhandling i seg sjølv. Eg vil her berre sitere ein forskar som meiner at den ukjende forfattaren av *Fagrskinna* er å føretrekkje framfor Snorri:

Heimskringlas litterære fortrinn er i mange tilfelle skapt på bekostning av den historiske sannhet. Stort sett er Fagrskinna som kilde å foretrekke fremfor Snorres verk (Schreiner 1926:IV-V).

Biskopssogene spenner over tidsrommet ca. 1000-1340, men dei vart skrivne ned i tida 1200-1350. Dessutan finst det kortare biografiske skildringar av dei siste katolske biskopane. Dei er forfatta på 1500- og 1600-talet (Magnús Már Lárusson 1956:630-631). Det er vanleg å dele biskopssogene i to hovudgrupper, helgensoger og meir historiske verk. Helgensogene vart skrivne av kyrkjas menn og var ein føresetnad for at vedkomande skulle bli kanonisert. Til denne gruppa reknar ein *Þorláks saga*, *Jóns saga* og *Guðmundar saga*. Til den andre gruppa, dei meir historiske verka, reknar ein *Hungrvaka*, *Páls saga*, *Árna saga*, *Laurentíus saga* og *Jóns þátr biskups Halldórssonar*.

Som elles må ein også her ta omsyn til avstanden mellom hendings- og nedskrivningstid når ein skal vurdere kjeldeverdien. I denne oppgåva vil eg fleire gonger referere til *Þorláks saga*. I og med at Þorlákr døydde i 1193 og vart kanonisert i 1198, vil eg i denne saga sjå nesten bort frå at tidsavstanden skal kunne vere årsak til store feilopplysningar. Livshistoria hans vart truleg skriven ned i samband med kanoniseringa. Viktigare er kanskje den faren som ligg i religiøse ideal. Magnús Már Lárusson (1956b:631) vurderer kjeldeverdien i biskopssogene på denne måten:

Biskupa sögur er således af stor historisk værdi, [ ], selvom de til tider er overlæssede af hensyn til det kirkelige aspekt.

Forfattarkommentarar i skjønnlitterære verk som islendingesoger må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Else Mundal skil her mellom kommentarar som direkte eller indirekte støttar seg på andre kjelder, t.d. lover, og kommentarar som er meir generelle og som kanskje først og fremst skal vere med på å skape ei truverdig og realistisk ramme kring hendingane. Den første typen forfattarkommentarar må sjåast på som meir truverdig enn den andre.

## Kjeldetype II

Til denne gruppa høyrer lovene. I tillegg til primærkjeldene, den eldre *Gulatingsslova* og *Grágás*, vil eg også trekkje inn andre lover. Det gjeld først og fremst dei eldre austnorske kristenrettane, men også *Ftl. kr.* og yngre lover frå både Noreg og Island. Det vil også bli aktuelt å kaste eit blick på lovgjevingsverksemda i enkelte granneland. Eg vil - på same måte som Mundal - vurdere lovene som

sikrere kjelder for kunnskap om kulturelle forhold i norrøn mellomalder enn dei kjeldene som er nemnt ovanfor.

Kjeldeverdien til mellomalderlovene har vore grundig drøfta både av rettshistorikarar, andre historikarar og filologar. Knut Helle formulerer det slik:

I noen grad kan en slutte fra lovgivningen til den virkelighet den er sprunget ut av og reagerer på, f.eks. til eksisterende misforhold i lovgivernes øyne. Men det store problem i lovtolkningen er å vurdere bestemmelsenes gjennomslagskraft, i hvilken grad de er blitt satt ut i livet og har påvirket menneskelig atferd (Helle 1974:19).

I sin artikkel "Medeltidslagarna som historiska källor" diskuterer den svenske rettshistorikaren Elsa Sjöholm (1981) nedskrivninga av mellomalderlovene. I innleiinga seier ho at sjølv om eksempla i artikkelen er henta frå svensk rett, gjeld det ho behandlar i prinsipp alle nordiske mellomalderlover. Ho stiller seg kritisk til det som ho kallar "den passiva nedteckningsteorin", og meiner at lovene er eit resultat av ein aktiv politisk innsats. Ho tvilar på om dei som sat med makta, kunne godta nedskrivning av reglar som dei ikkje var samde i:

Vare sig det var frågan om gammal eller ny rätt måste den i det stora hela ha motsvarat de maktägandes vilja. Därmed är också sagt att inga *väsentliga* partier av lagarna kan ha varit föråldrade vid redigeringstillfället (Sjöholm 1981:78).

Ut frå det vi veit om norske og islandske mellomalderlover, verkar denne teorien lite haldbar. I dei fleste handskriftene finn vi nye og gamle lovreglar om kvarandre. Og når vi også ikkje sjeldan finn lovreglar som beint ut motseier kvarandre i same handskrift, må det tyde på at det i samband med nedskrivninga var viktigare å skrive ned så mykje som mogleg, enn å redigere stoffet slik at berre dei gjeldande lovene vart med.

Problemet med at vi ofte finn gamle og nye lovreglar om kvarandre i same handskrift, er svært viktig i kjeldekritisk samanheng. Eg vil drøfte dette nærmare i samband med omtala av dei ulike lovene. Likevel vil eg alt her nemne nokre framgangsmåtar for å tidfeste dei ulike vedtektene. I enkelte tilfelle går det fram av lovene sjølve kva som er eldre og yngre lag. Dette gjeld framfor alt *Gulatingsslova*. I andre tilfelle kan ein finne ein relativ kronologi ved å samanlikne med andre lover. Eg tenkjer då særleg på dei andre norske landskapslovene. Eit tredje alternativ er å vurdere dei ulike lovreglane i lys av historiske hendingar.

Det er inga fast grense mellom lovgjeving i forordnings form og diplom; forordningar utgjer ein del av diplomaterialet. Eit diplom blir normalt definert som ei skriftleg oppteikning, skriven i bestemte former for å tene som prov for ei avgjerd eller handling med visse rettsvirkningar (Helle1974:19). Diploma er



verdifulle som kjelder. Dei har det fortrinnet at dei er autentiske aktstykke; vi kjenner opphavsmennene og kan nesten alltid tid- og stadfeste dokumenta. Dette gjer dei til ei endå meir påliteleg historisk kjelde enn lovene.

## Oppsummering

Eg vil oppsummere med å understreke at lovene er mine hovudkjelder, og at utfordringa i denne oppgåva først og fremst ligg i å arbeide kritisk med dei. Dei andre kjeldetypane vil berre bli dregne inn for å supplere materialet. Når det er gjort, må ein i tillegg vurdere det biletet ein sit med mot det ein elles måtte ha av generelle kunnskapar om norrøn tid.

### III : *Gulatingsslova*

#### Gulatinget

Noreg var i mellomalderen delt inn i fire lagting, Frostating, Eidsivating, Borgarting og Gulating. I saga om Egill Skallagrímsson blir det fortalt at Gulatinget omfatta *Firðafylki*, *Sygnafylki* og *Hjørðafylki*, dvs. Sogn og Fjordane og Hordaland (*Egils saga Skalla-Grímssonar* 1933:154). I *Historia Norvegiæ*, frå slutten av 1100-talet, får vi vite at Gulating omfatta Agder, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Sunnmøre, og dessutan Valdres og Hallingdal (*Monumenta Historica Norvegiæ* 1880:77, 82). Dette er den same avgrensinga som vi finn i sjølve lova. I Magnus lagabøtes landslov frå 1274 finn vi dei same områda, men der er dessutan Setesdalen (med Bygland) nemnd. I tillegg til desse distrikta var *Gulatingsslova* gjeldande rett for Shetland (Knudsen 1960b:559).

"Pat er nu því nefst. at ver hafum fund várn mæltan ár hvert her i gula." (Det er no det neste at vi har det vedtekne møtet vårt kvart ár her i Gula.) Dette er innleiinga til kapittel 3. Tingstaden var altså Gulen i Ytre Sogn. Nøyaktig kvar tingstaden var, kjenner ein ikkje til. Det har vore gjetta på prestegarden Eivindvik og på garden Floli. Ludvig Holm-Olsen (1966) meiner at Eivindvik er den mest trulege staden.

I saga om Hákon Hákonsson blir det fortalt at kong Hákon flytte Gulatinget til Guley: "hann let giora kirkio i guley nordur fra biorguin ok færði þangat gulapíng" (han let byggje ei kyrkje på Guløy nord for Bergen, og flytte Gulatinget dit) (*Hákonar saga Hákonarsonar* 1977:209). Denne staden blir også nemnd i dei fleste handskriftene av Magnus lagabøtes landslov.

Mot slutten av 1200-talet vart Gulatinget truleg flytt til Bergen (Knudsen 1960a:558).

#### *Gulatingsslova*

Det vi veit om *Gulatingsslova* i den eldste tida, har vi delvis frå islandske kjelder. Ari fróði fortel om *Gulatingsslova* i samband med opprettinga av Alltinget omkring 930 (sjå s. 13). Etter denne kjelda er då lova eldre enn 930.

I tillegg til at saga om Egill Skallagrímsson og andre islendingesoger fortel om Gulatinget, blir dette tinget også nemnt i fleire kongesoger. I saga om Hákon den gode (konge 933-959) blir det fortalt at han *setti Gulapíngslög* i samråd med

Torleiv den vise, den same Torleiv som hjelpte Ulfljótr med det islandske lovarbeidet:

Hákon tók konungdóm í Noregi tveim vetrum síðan er faðir hans andaðisk. Hann var bæði vinsæll ok ársæll. Hann setti lög um allan Noreg með ráði Þorleifs ens spaka ok annarra vitra manna, ok af þeim lögum nýtti enn helgi Óláfr konungr mestan hlut (*Fagrskinna* 1985:80).  
(Hákon tok kongedømet i Noreg to vintre etter at far hans var død. Han var vennesæl og hadde lukke med åringane. Han sette lov over heile Noreg i samråd med Torleiv den vise og andre kloke menn. Og av desse lovene brukte kong Olav den heilage den største delen.)

Det er ikkje heilt klart kva som ligg i *setti* og *lög* her. Men det er rimeleg å tolke formuleringa som "fastsette Gulatingslova" (Rindal 1994:7). Etersom Hákon vart konge først i 933, må vi gå ut frå at det likevel fanst ei lov for Gulatinget før hans regjeringstid - iallfall om ein skal tru på Aris forteljing om Ulfljótr. Etter det kjeldene fortel, må vi altså kunne gå ut frå at Gulatinget eksisterte og at *Gulatingslova* allereie var utforma omkring 930.

Sjølv om mellomalderlitteraturen nemner fleire personar med namnet Torleiv spake, er det sannsynleg at dette er den same Torleiv som blir nemnd i samband med opprettinga av Alltinget (Hødnebo 1995:8).

Den eldre *Gulatingslova* galdt for Gulatinget heilt fram til Magnus lagabøtes revisjon i 1267. Og berre 7 år seinare, i 1274, vedtok Gulatinget Magnus lagabøtes nye landslov, som gjorde slutt på dei gamle landskapslovene knytte til dei fire tinga.

Vi har lova overlevert i handskrifter frå 1200-talet. I desse handskriftene finst to versjonar, såkalla Olavs-tekst og Magnus-tekst. Olavs-teksten er den eldste, og blir tilskriven Olav den heilage. I kapittel 10, 15 og 17 i kristenretten står det at kong Olav og biskop Grimkjell fastsette kristendomsordninga i Noreg på Mostertinget. Dette stemmer godt med det Snorri fortel (*Heimskringla* II 1944:73). Det er derfor truleg at Gulatings eldste kristenrett skriv seg frå det riksmøtet som vart halde på Moster i 1024. Magnus-teksten er yngre. Den representerer kong Magnus Erlingssons lovrevisjon (konge 1161-1184). Denne revisjonen gjekk truleg føre seg i dei ti rolege åra etter riksmøtet i Bergen i 1164 (Knudsen 1960b:562). Ein finn begge versjonane i fleire delar av lova, men det er først og fremst i kristenretten at dei finst parallelt.

Det er viktig å merke seg at *Gulatingslova*, slik ho no er overlevert, er eit produkt av lovendingar frå ulike tider. Endå om somme avsnitt kan daterast, fortel ikkje det noko om alderen på hovuddelen, og heller ikkje noko om den første nedskrivninga.

## Den første nedskrivinga

Mens islendingane har nøyaktige opplysningar om når deira lov første gong vart nedskriven, veit vi lite om når *Gulatingslova* vart det.

Ebbe Hertzberg (1905) har argumentert for at kristenrettane vart skrivne ned i Olav Kyrres regjeringstid (1066-1093), og gir opp fleire grunner for denne teorien. Magnus Rindal (1994:11) meiner at desse momenta berre fortel noko om alderen på dei enkelte rettsreglane. I og med at lova inneheld reglar frå ulike periodar, opplyser ikkje desse eksempla noko om når lova vart skriven ned første gongen. Det einaste sikre terminus ante quem er eigentlig alderen på det eldste bevarte fragmentet, AM 315 f fol. Dette er truleg frå tidlegast ca. 1200.

Det vart skrive med latinske bokstavar tidlegare enn dette. Det eldste bevarte fragmentet vi har, er frå ca. 1150. Men kjeldene fortel om skrivning også før den tid. Munken Theodricus skriv omkring 1180 at Olav den heilage lét skrive ned lover på morsmålet, lover som var fulle av rett og visdom, og "som den dag i dag vert haldne og vyrde av alle gode menn" (*Tjodrek munk. Soga um dei gamle norske kongane* 1932:30). Andre kjelder har liknande opplysningar. Dette gjer at ein godt kan tenkje seg at lovene vart skrivne ned så tidleg som på Olav den heilages tid. Både Knut Robberstad (1976:155-159) og Magnus Rindal (1994:12) meiner at lovene godt kan vere skrivne ned på første halvdel av 1000-talet.

## Kristenretten

Med kristenrett meiner vi den delen av lova som regulerte kristendommen og kyrkja. Slike kristenrettar finn vi i både dei islandske og norske lovsamlingane. Også svenske og danske lover har slike bolkar<sup>2</sup>.

Kristninga av Noreg begynte på 900-talet, men vart ikkje fullført før langt ut på 1000-talet. Kristendommen kom først til Vika og til Vestlandet. Ein reknar med at dei eldste norske kristenrettane er dei ein finn i *Gulatingslova*, *Eidsivatingslova* og *Borgartingslova*. Desse rettane er truleg frå 1020-1050 (Rindal 1993:3). Kristenretten for Trøndelag, som står i *Frostatingslova*, er truleg noko yngre.

Som nemnt i førre avsnitt, har vi ingen sikre opplysningar om når kristenretten første gong vart nedskriven. Men fleire forskarar i dag meiner at den godt kan vere nedskriven allereie på Olav den heilages tid. I alle fall har vi fleire kjelder som fortel at det var Olav den heilage som gav den kristne retten i Noreg. Snorri

<sup>2</sup> Om kyrkjelovgjeving i Danmark, sjå også s. 15.

Sturluson skriv at kong Olav reviderte lova til Hákon Adalsteinsfostre og at han dessutan setti kristenretten:

Hann lét opt telja fyrir sér lög þau, er Hákon Adalsteinsfóstri hafði sett í Þrándheimi. Hann skipaði lögum með ráði inna vitrustu manna, tók af eða lagði til, þar er honum sýndisk þat. En kristinn rétt setti hann með umráði Grímkels byskups ok annarra kenninga ok lagði á þat allan hug at taka af heiðni ok fornar venjur, þær er honum þótti kristnispell í (*Heimskringla* II 1944:73).

(Han lét ofte dei lovene som Hákon Adalsteinsfostre hadde sett i Trøndelag, bli sagde fram for seg. Han gjorde om lovene etter råd frá dei klokaste mennene, la til eller tok bort der han syntest det var riktig. Men kristenretten sette han i samråd med biskop Grimkjell og andre lærde menn. Han la heile sjela si i å ta bort heidendom og gamle skikkar som han meinte kunne vere til skade for kristendommen.)

Og fleire stader i *Heimskringla* får vi høyre at kong Olav reiste rundt i landet og las opp kristenretten sin. Snorri bruker verbet *telja* når det er tale om den gamle lova etter kong Hákon, men verbet *lesa* når det er tale om kristenretten til kong Olav. Dette kan vere tilfeldig, men det kan også tyde at Snorri med dette vil uttrykkje at Olavs lover var nedskrivne.

Svært ofte står kristenretten heilt fremst i lovsamlinga, og slik er det også med kristenretten i *Gulatingsslova*. Forklaringa kan vere at dei gamle angelsaksiske lovene hadde den på same stad. Enkelte forskarar har diskutert om årsaka kan vere at også heidenske lover begynte med religiøse føresegner, t.d. den islandske Ulfljóts lov (Taranger 1890/91:214).

Innleiingsformelen må vere gammal. Med nokre variasjonar finst han i alle dei eldste kristenrettane. I *Gulatingsslova* lyder han:

Þat er upphaf laga varra at ver fcolom luta aufr oc biðia til hínf helga crist arf oc friðar. oc þeif at vér halldem lande varo bygðu. oc lánar drotne varom heilum. fe han vínr varr. en ver hanf. en guð fe allra varra vínr.

(Det er opphavet til lovene våre at vi skal bøye oss mot aust og be til den heilage Krist om godt år og fred og om at vi må halde landet vårt bygt og landsherren vår lukkeleg. Han vere vår ven og vi hans og Gud ven med oss alle.)

Påbodet om å bøye seg mot aust viser at heidendommen enno var nær. I heidensk tid vende dei seg mot nord når dei bad, men tingstader halla likevel mot aust alt i heidensk tid (Robberstad 1969:304). Men dei heidenske lovene var kanskje ikkje dei viktigaste førebileta for kristenretten. Absalon Taranger (1890/91:216) peikar på at Olav den heilage kom til Noreg frå England på den tida då den angelsaksiske kongen Æthelred utforma kyrkjelovene sine. Han meiner at ein klart kan sjå påverknad frå angelsaksisk lov ved å samanlikne dei ulike innleiingsformlane, og at denne påverknaden er viktigare enn den frå heidendomen. I boka *Den*

*angelsaksiske kirkes indflydelse paa den norske* viser Taranger at den norske kristenretten er påverka av den angelsaksiske også på andre måtar. Han seier det på denne måten:

... jeg anser det for omtrent utvivlsomt, at Olaf og hans medhjelpere har havt Æthelreds love ved haanden under udarbeidelsen, samt at de fra disse har hentet forbilledet til vore loves indgangsformel, til Frl. II, 10 og tildels 32 og 33. Men synderlig længer har heller ikke afhængigheden gaaet (Taranger 1890:417-418).

Truleg har Olav den heilage søkt inspirasjon også andre stader i Europa i samband med kristningsarbeidet. Av Adam av Bremen får vi vite at kong Olav hadde fleire engelske biskopar (deriblant Grimkjell) hos seg, og at han sende

budbärare till vår ärkebiskop med gåvor och bad att han välvilligt skulle ta emot dessa biskopar och sända några av sina män till honom för att styrka nordmännens obefästade folk i den kristna tron (*Adam av Bremen. Historien om Hamburgerstiftet och dess biskopar* 1984:102).

Dei eldste kristenrettane syner den norske kyrkja før kanonisk rett tok til å gjere seg gjeldande i Noreg. Kristenretten i *Gulatingslova* vart så revidert av Magnus Erlingsson omkring 1170. Kyrkja fekk no ei meir sjølvstendig stilling enn før, meir i samsvar med kanonisk rett.

## Handskriftet DonVar 137 4to

Forkortinga DonVar står for "E donatione variorum". Dette handskriftet, som også blir kalla *Codex Rantzovianus*, inneheld heile *Gulatingslova*, slik ho er kjend i dag. Det er dette handskriftet som ligg til grunn for den utgåva vi finn i *Norges gamle Love indtil 1387* (1846-1895) og også for den utgåva som denne oppgåva byggjer på, *Den eldre Gulatingslova* (1994).

DonVar 137 4to er i liten kvart og har 144 blad. Handskriftet er bunde inn i brunt skinn med raudt snitt, truleg etter Árni Magnússons tid. Sjølve teksten i handskriftet er skrivi med ei hand. Etter blad 78 kan det sjå ut som det har vore eit skrivarskifte. Årsaka er at skrifta på blad 79 er større og grovare enn på blad 78. Men det er ikkje funne paleografiske argument som stør ein slik hypotese (Rindal 1994:17). Og lenger ut i handskriftet får skrifta på nytt same storleiken som før blad 79.

Dette handskriftet inneheld både Olavs- og Magnus-tekst. Dei er markerte med *Olaf* og *Magnus*, eller med *O* og *M*. Det er ofte slik at Olavs-teksten er sett til som varierende lese måte over linja. Berre ein gong står *Magnus* over linja, og då har vi

ei retting frå *Olafr*. Det er først og fremst i kristenretten at ein finn begge versjonane om kvarandre.

Om ein ser på innhaldet, vil ein kunne få noko hjelp til å tidfeste handskriftet. Kapittel 316 er frå ca. 1200. Dette kan ein slå fast fordi Bjarne Mårsson er nemnd i overskrifta. Bjarne er nemnd i Sverressoga (1198), og også som lagmann for Frostatinget på eit riksmøte i Bergen i 1223. Handskriftet kan altså ikkje vere eldre enn frå hans tid. Og vi veit at den eldre *Gulatingsslova* vart revidert av Magnus lagabøte i 1267. Det er liten grunn til å tru at den gamle lova vart skriven av etter dette året, og vi må altså kunne gå ut frå at handskriftet er eldre enn frå 1267. Det er likevel det paleografiske og språklege grunnlaget som best kan hjelpe oss med tidfestinga, og dei fleste forskarane er samde om at handskriftet er skriven omkring 1250 eller litt seinare (Rindal 1994:18).

Det har også vore diskutert kvar handskriftet vart skriven. Alle er samde om at det må vere norskspråkleg, og at språkforma er nordvestlandsk. Marius Hægstad held det ikkje for umogleg at det kan ha vorte skriven i Gulen. Han legg språklege drag til grunn. Didrik Arup Seip meiner at det vart skriven i Bergen. Det same meiner Magnus Rindal. Det er vanskeleg å finne språklege drag som støttar denne teorien. Men det at Bergen på midten av 1200-talet var sentrum både for Vestlandet og for resten av Noreg, at kongen og riksstyringa sat der og at sjølve Gulatinget vart flytta dit mot slutten av hundreåret, er alle faktorar som støttar teorien om at det vart skriven i Bergen (Rindal 1994:20).

Vi veit ingenting om kvar handskriftet var i mellomalderen. Men Árni Magnússon fortel at det i 1688 tilhøyrde den danske greven Otto Rantzau, derav namnet *Codex Rantzovianus*. Árni Magnússon seier også at handskriftet kanskje tidlegare har tilhørt Arild Huitfeldts bibliotek; han levde 1546-1609. Det var sonen til Otto Rantzau, Christian Rantzau, som i 1731 gav dette handskriftet til Universitetsbiblioteket i København. DonVar 137 4to ligg no i Det kongelige Bibliotek i København.

## Dei andre handskrifta

*Gtl. kr.* er overlevert i fleire ulike handskrift. Dei eldste fragmenta er frå omkring 1200. For å få ei oversikt, vil eg no nemne dei viktigaste handskrifta av *Gulatingsslova* som inneheld kristenretten.

## 1. NRA 1 B

Dette fragmentet inneheld restar av fire blad. Blad 1 begynner i kapittel 28, og sluttar i kapittel 32, men kapittel 31 er ikkje med. Dette vil seie at fire kapittel frå kristenretten er representerte, nemleg kapittel 28, 29, 30 og 32. Her finn ein både Olavs- og Magnus-tekst.

Språkforma er nordvestlandsk, og ein meiner at fragmentet kan daterast til 1200-1250 (Rindal 1994:21).

## 2. AM 315 f fol

Dette fragmentet har to samanhengande blad, to fragment av eit blad og to nye samanhengande blad. Dei to første blada inneheld kapittel 9-12 og 20-22, men begynner og sluttar inne i kapitla. Nokså mykje av kristenretten er altså med i dette fragmentet, ettersom kapitla 9-12 og 20-22 er representerte. Dei har truleg utgjort 3. og 6. blad i det første legget i eit handskrift. Dette handskriftet har rein Olavs-tekst.

Árni Magnússon opplyser at desse blada var komne frå Staðarhóll til Holt i Saurbær og derifrå til han. Alle fem blada er skrivne av ein skrivar, men ei yngre hand frå slutten av 1200-talet har nokre gonger sett til innhaldsopplysningar i margen, og dessutan gjort visse endringar inne i teksten. Eldre forskarar har meint at handskriftet kunne vere frå slutten av 1100-talet, mens Rindal (1994:15) tidfestar det til 1200-1250. Han reknar språkforma som nordvestlandsk.

## 3. AM 309 fol

Dette er eit pergamenthandskrift på 100 blad. Det inneheld Magnus lagabøtes landslov, andre lovtekstar og nokre ikkje-juridiske tekstar. Blad 93r-100v inneheld Gulatings eldre kristenrett. Kristenretten inneheld både Olavs- og Magnus-tekst.

Heile handskriftet er skriven av fleire skrivarar, medan kristenretten er skriven av éi hand. Det er skriven på 1300-talet, og truleg i Oslo (Rindal 1994:12). Sannsynlegvis var det Mariakyrkja i Oslo som åtte handskriftet først (Robberstad 1969:9). Seinare har det tilhøyrt Helvig Hardenberg, kona til Erik Rosenkrantz, som var lensherre på Bergenhus 1560-1580. Dei har truleg teke det med seg frå Bergen til Danmark.



#### 4. AM 146 4to

Av kristenretten inneheld handskriftet AM 146 4to utdrag frå kapitla 28, 29 og 31.

Dette er eit papirhandskrift på 15 blad frå ca. 1700, skrive av Árni Magnússon. Han opplyser på eit eige blad at han hadde fått låne ei *Jónsbók* i papir frå ca. 1600 av Pétur Bjarnason på Tjaldanes i Saurbær. Denne boka var opphavleg skriven berre på annakvar side, og på dei andre sidene var det skrive utdrag av ulike lover, mellom dei *Gulatingsslova*. Desse utdraga var skrive av far til Pétur, Bjarni Pétursson, som var sysselmann i Dalasýsla og budde på Staðarhóll, der AM 315 f fol har vore. Og det har vist seg at AM 146 4to byggjer på AM 315 f fol (Rindal 1994:16). I den tekstkritiske vurderinga vil derfor AM 146 4to bli brukt som representant for AM 315 f fol.

#### *Kong Sverres kristenrett*

Dette handskriftet står i ei særstilling. Grunnen til at det blir nemnt her, er at innhaldet delvis er frå *Gtl. kr.*, delvis frå *Ftl. kr.* Det er riktignok vanskeleg å sjå nokon plan i det som er teke med. Handskriftet er interessant i denne samanhengen fordi det av og til inneheld føresegner som må vere henta frå *Gtl. kr.*, men som ikkje finst i dei handskriftene som er nemnde ovanfor.

Namnet *kong Sverres kristenrett* er misvisande, men finst i handskriftet. Grunnen til namnet er at eit brev som kong Sverre og biskopane sende ut om bannsaker står først, framfor sjølve teksten. Handskriftet er skrive av ein kanselliskrivar i kong Eirik Magnussons tid (1280-1299), Torgeir Hákonsson (Bøe 1964:301).

## IV : Grágás

### *Haflíðaskrá*

Dei eldste bevarte *Grágás*-handskrifta som er nokolunde fullstendige, vart truleg skrivne ned på 1200-talet. I tillegg finst nokre fragment frå to membranar som elles har gått tapt. Det eldste av desse, AM 315 d fol, kan ein tidfeste til siste halvdel av 1100-talet (Jón Jóhannesson 1969:75). Rett nok inneheld dette handskriftet berre delar av den verdslege lova. Sjølv om det ikkje finst eldre handskrift i dag, veit vi likevel at den islandske lova vart skriven ned på eit tidlegare tidspunkt.

Ari Þorgilsson fortel i *Íslendingabók* om korleis den islandske lova vart skriven ned første gongen:

Et fyrsta sumar, es Bergþórr sagði lög upp, vas nýmæli þat gørt, at lög ór skyldi skrifa á bók at Haflíða Mássonar of vetrinn eptir at sögu ok umbráði þeira Bergþórs ok annarra spakra manna, þeira es til þess vǫru teknir. Skyldu þeir görva nýmæli þau öll í lögum, es þeim litisk þau betri en en fornu lög (*Íslendingabók* 1968:23).

(Den første sommaren som Bergþórr var lovseiemann, vart det vedteke at lovene våre skulle skrivast ned i ei bok. Dette skulle gå føre seg hos Haflíði Másson vinteren etterpå. Bergþórr og andre kloke menn skulle gjere dette arbeidet. I tillegg til å skrive ned den eksisterande lova, skulle dei også forbetre ho ved å lage nye lovreglar.)

*Íslendingabók* fortel vidare at dette vart gjort, og at den nyskrivne lova vart lesen opp og godkjend på Alltinget sommaren etter. Sidan *Íslendingabók* vart skriven ein gong mellom 1122 og 1133, altså berre få år etter desse hendingane, må den reknast for å vere ei nokså påliteleg kjelde i denne samanhengen.

Vi veit at denne Bergþórr som blir omtala her, er Bergþórr Hrafnsson som var lovseiemann frå 1117 til 1122. Vi kjenner også til at Haflíði Másson, som var ein mektig høvding, budde på garden Breiðabólstaður. Han døydde i 1130 (Ólafur Lárusson 1958:121). Av dette kan vi trekkje den slutninga at *Grágás* vart skriven ned på Breiðabólstaður i Vesturhóp vinteren 1117-1118.

Dette handskriftet, som har vore kalla *Haflíðaskrá*, er dessverre gått tapt. Vi veit ikkje når dette kan ha skjedd. Vi kjenner ikkje noko handskrift som heilt sikkert er direkte avskrift av *Haflíðaskrá*, og Ólafur Lárusson meiner at handskriftet gjekk tapt svært tidleg. Det einaste som er nokolunde sikkert, er at *Haflíðaskrá* framleis eksisterte då enkelte reglar i *Konungsbók* (sjå s. 37) vart laga. I dette handskriftet blir det nemleg sagt at det som står i "skrá þeirri, er Haflíði let gera" (den lovboka som Haflíði stod for) framleis skal gjelde. Ólafur Lárusson meiner at denne

føresegna skriv seg frå midten av 1100-talet. Går ein ut frå teorien hans, kan ein altså rekne med at *Haflidaskrá* iallfall eksisterte ein 20-30 år etter nedskrivinga. Men meir veit ein ikkje (Ólafur Lárússon 1958:123).

Ein liten del av lova, den som handlar om tiend, vart kanskje skriven ned endå tidlegare. Ein del forskarar meiner at den vart laga på slutten av 1000-talet (Ólafur Lárússon nemner året 1096, Jón Jóhannesson 1097), altså mens Gizurr Ísleifsson var biskop på Skálholt, og at det er grunn til å tru at den vart skriven ned på same tid. Andre forskarar er meir tvilande til at ho vart skriven ned så tidleg (Jón Jóhannesson 1969:73).

## Lovgjevingsverksemda på 1100- og 1200-talet

*Grágás* er den mest omfangsrike av alle dei nordiske mellomalderlovene. Det kan tyde på at den islandske lovgjevinga i fristatstida var meir produktiv enn den tilsvarande verksemda i dei andre nordiske landa, eller at islendingane var meir antikvarisk interessert - og mangla sentrale institusjoner med autoritet (Meulengracht Sørensen 1993:112).

Men aktiviteten heldt seg truleg ikkje på det same nivået heile tida. Det er grunn til å tru at midten og siste halvdel av 1100-talet var ein meir produktiv periode i så måte, enn t.d. den første halvdel av 1200-talet. Sjølv om hovudhandskrifta til *Grágás* vart skrivne ned frå midten av 1200-talet og utover, er det grunn til å tru at det meste av innhaldet skriv seg frå tidlegare tid. Vilhjálmur Finsen meiner at det ikkje kan vere yngre enn frå 1150-1200.

Denne teorien byggjer bl.a. på at språket i handskrifta er svært alderdommeleg. Eit anna forhold er at lovene ber lite preg av dei hendingane som fann stad på Island etter 1200. Det var t.d. slik at kontakten med Noreg vart større utover 1200-talet, og at den norske lova i praksis snikte seg inn i det islandske samfunnet. Men den skrivne lovteksten ber lite preg av det. I det heile meiner Vilhjálmur Finsen at *Grágás* på det nærmaste er upåverka av hendingane på Island og dei tilstandane som rådde der under det anarkiet som herska før fristaten gjekk under (altså før 1262-64). Vilhjálmur Finsen meiner at lovgjevinga stort sett låg nede etter 1170-80.

*Grágás* vart i 1271-1273 avløyst av lovsamlinga *Járnsíða*, som for det meste bygde på norske lover. Nokre få år seinare, i 1281, vart *Járnsíða* erstatta av *Jónsbók* (Vilhjálmur Finsen 1883:I).

## Kva er eigentleg *Grágás*?

På dette spørsmålet kan ein svare at *Grágás* er oppteikninga av lovene til den islandske fristaten. Like fullt er det delte meiningar om kva *Grágás* eigentleg uttrykkjer.

Konrad Maurer (1878:81) meiner at *Grágás* er ei slags privat samling ("zusammengetragene Privatarbeit") av ulike lover, lovframlegg, rettsedvanar, domspraksisar og rettsvitenskaplege avhandlingar. Av nyare forskarar står Peter Foote (1984:161-162) for den oppfatninga at *Konungsbók* og *Staðarhólsbók* går attende til ulike originale lovskrifter og at dei er samla og redigerte på grunnlag av mange kjelder av vekslande form og innhald. Vilhjálmur Finsen (1873:19-20, 34-36) derimot, meiner *Grágás* er ei privat lovsamling som stort sett omfattar dei vedtekne lovene. Han får støtte frå m.a. Ólafur Lárusson (1958:14-15).

Sjolv om det har vore delte meiningar om dette, herskar det vel likevel semje om at ein ikkje må sjå på *Grágás* som ei heilt vanleg lovsamling. Björn Þorsteinsson seier det på denne måten:

*Grágás* hefur aldrei verið löggilt lögbók i venjulegum skilningi. [ ] *Grágás* er lagaskrá, lagasafn, en þar með ekki sagt að aðrar lagaskrár hafi ekki verið til með lengri og rækilegri texta um einstök atriði, *Grágás* geymi öll atriði þjóðveldislaganna eða öll ákvæði hennar hafi verið gild á sama tíma (Björn Þorsteinsson 1978:58).

(*Grágás* har aldri vore ei autorisert lovbok i vanleg tyding. [ ] *Grágás* er eit lovregister, ei lovsamling. Men det er ikkje dermed sagt at andre lovsamlingar med lengre og grundigare tekstar om særskilde forhold ikkje har eksistert. Det er heller ikkje sagt at *Grágás* inneheld alle momenta i fristatslova, eller at alle føresegnene i *Grágás* har vore gyldige til same tid.)

Det at *Grágás* ser ut til å innehalde (ha innehalde) meir enn dei lovene som var gjeldande til kvar tid, gjer at det kan vere vanskeleg å bruke ho som kjelde. Og derfor blir det også problematisk å tidfeste dei enkelte vedtektene i lovsamlinga. Alderen på handskriftene - så langt vi kjenner han - gir altså ikkje noko sikkert haldepunkt om alderen til lovføresegnene. Nokre av lovene kan alt ha vore ugyldige den gongen handskriftet vart til. Det er til og med tenkjeleg at det kan ha sneke seg inn i lovbøkene lover som var ugyldige allereie den gongen dei begynte å skrive ned lover. Det er likevel ikkje grunn til å tru at det var mykje av dette (Jón Jóhannesson 1969:74).

Det kom etter kvart mange ulike typar avskrifter av den opphavlege *Haflidaskrá* og kristenretten. Avskrivarane arbeidde på ulike måtar. Nokre av dei utelét lover som hadde gått ut av bruk. Andre gjorde det ikkje. Nokre la til nye lover. Andre gjorde det ikkje. Dette førte til stor tvil blant folk om kva som

eigentleg var rett lov. Det vart derfor nødvendig å føre inn kompliserte vedtekter for kva ein skulle gjere i tvilstilfelle (Jón Jóhannesson 1969:74).

Vidare må det nemnast at *Grágás* er ei lovsamling med større vekt på innhaldet enn på ordninga av stoffet.

## Namnet *Grágás*

Det at oppteikningane av den islandske lova frå fristatstida blir kalla for *Grágás*, kjem eigentleg av ei misforståing.

Namnet *Grágás* finst ikkje i noko handskrift som er bevart frå mellomalderen. Første kjende førekomsten av namnet er frå 1548 (Vilhjálmur Finsen held seg til dette årstalet, Ólafur Lárusson til 1546). Boka er nemnd i ei inventarliste frå bispesetet i Skálholt frå det året. Derimot er same namnet brukt i mellomalderen om ei anna bok, ei lovsamling som kong Magnus den gode gav trønderane. Snorri Sturluson fortel om ho i kongesogene sine. Men denne lovboka har gått tapt, og vi veit svært lite om ho.

Om ein skal forklare korleis det er mogleg å blande saman namn på dette viset, er det naturleg å leggje vekt på at det på 1400- og 1500-talet var vanleg å tru at alle islandske lovtekstar hadde opphavet sitt i Noreg. Det er naturleg å tru at kjennskapen til at det fanst ei gammal norsk lov som heitte *Grágás*, førde til at det same namnet kom i bruk om den islandske lova.

Ein kan berre gjette kva bakgrunnen for dette namnet er. Kanskje boka opphavleg var innbunden i gåseskinn? Eller skriven med gåsefjør? Eller kanskje var namnet eit uttrykk for den høge alderen til boka? (Det var allmenn tru at gjæser vart mykje eldre enn andre fuglar.)

Det har vorte hevda - m.a. av Maurer (1878:82) - at namnet *Grágás* ikkje bør brukast som samlenamn på dei ulike handskrifa, i og med at eit felles namn stør tanken om at handskrifa er ulike "utgåver" av ein og same tekst. Dette blir derimot tilbakevist av Vilhjálmur Finsen (1879:XXVII), som peikar på at alle handskrifa trass alt byggjer på same opphav, nemleg *Haflíðaskrá* frå 1117-1118. Eit anna argument for å halde på namnet, er at det har vorte svært godt innarbeidd fordi det har vore i bruk i meir enn 400 år. Dessutan finst det heller ingen fare for forveksling i og med at den norske *Grágás* ikkje lenger eksisterer.

## Kristenretten

*Grágás* er delt inn i fleire ulike delar eller "rettar". Den delen som kjem først i dei fleste handskrifa, er kristenretten ("kristinna laga þátr"). Kristenretten begynner med å fortelje at alle islendingar skal vere kristne. Etterpå kjem ulike påbod og føresegner som fortel kva som er riktig kristent levesett.

Fleire kjelder (m.a. biskopssogene) skildrar nedskrivinga av den islandske kristenretten (sjå nedanfor). Og av det dei fortel, må ein kunne gå ut frå som temmeleg sikkert at kristenretten første gong vart nedskriven rett etter 1122. Men dei same kjeldene seier også at kristenretten vart sett samstundes. Dette må ein tolke som ei slags revidering, eller om ein vil: fastsetjing av ein eldre kristenrett. Det at islendingane allereie hadde ein gammal kristenrett då nedskrivingsarbeidet kom i gang, blir lite diskutert hos forskarar i vår tid. Men ein slik kristenrett må ha eksistert. Om ein ser bort frå vitnemåla om kristningsvedtaket sommaren 1000, er dei gamle kjeldene er svært sparsame med opplysningar i denne samanhengen. Men Snorri Sturluson har dette å fortelje:

Óláfr konungr hafði sent til Íslands kirkjuvið, ok var sú kirkja gør á Þingvelli, þar er alþingi er. Hann sendi með klukku mikla, þá er enn er þar. Þat var þá eptir, er Íslendingar höfðu fært lög sín ok sett kristinn rétt eptir því, sem orð hafði til send Óláfr konungr (*Heimskringla* II 1944:214). (Kong Olav hadde sendt kyrkjetømmer til Island, og kyrkja vart sett opp på Þingvellir, der som Alltinget er. Han sende også med ei stor klokke, den som enno er der. Dette var etter at islendingane hadde gjort om lova si og sett kristenretten etter det som kong Olav hadde sendt bod om.)

Som tidlegare nemnt, byggjer det meste av *Grágás* på den lova som vart skriven ned vinteren 1117-1118. Men kristenretten var ikkje med i *Haflíðaskrá*. Først nokre år seinare vart denne retten fastsett og nedskriven. I *Hungrvaka*, som blir rekna til biskopssogene, blir det fortalt at det var biskop Þorlákr på Skálholt som tok initiativet til dette arbeidet:

Þorlákr byskup ruddi til þess á sínum dögum, at þá var settr ok ritaðr kristinna laga þátr, eptir hinna vitrustu manna forsjá á landinu, ok umráðum Ózurar erkibyskups, ok váru þeir báðir viðstaddir til forráða Þorlákr byskup ok Ketill byskup (*Biskupa sögur* I 1858:73). (Biskop Þorlákr sørgde i si tid for at kristenretten vart fastsett og skriven ned under tilsyn av dei klokaste mennene i landet og i samråd med erkebiskop Asser. Og begge biskopane, både Þorlákr og Ketill, var til stades for å ordne med dette.)

Kristenretten i *Grágás* blir gjerne kalla "kristinna laga þátr Þorláks og Ketils" (kristenretten til Þorlákr og Ketill). I sjølve teksten blir det sagt:

Sva settv þeir ketill *byskop*. oc thorlákr *byskop*. at rafi ozorar erkibyskops. oc sæmundar oc margra keni mana anarra kristina laga þatt sem nv var tint oc vpp sagt (*Grágás* Ia 1852:36).  
(Slik sette biskopane Ketill og Þorlákr etter råd frá erkebiskop Asser og Sæmundr og mange andre lærde menn kristenretten, som no vart forklart og sagt fram.)

Dei mennene det her er tale om, er biskopane Þorlákr Runólfsson på Skálholt og Ketill Þorsteinsson på Hólar. Dessutan er erkebiskopen i Lund, Asser Sveinsson, nemnd, og presten i Oddi, Sæmundr Sigfússon (den kloke) (Gunnar Karlsson m.fl. 1992:X). Sidan vi veit at Ketill var biskop i ára 1122-1145, og at både Þorlákr og Sæmundr døydde i 1133, kan vi gå ut frå at kristenretten vart nedskriven i ára 1122-1133.

Det har vore gjetta på at biskop Ketill la fram denne saka for erkebiskopen då han var på vigselferda si. Ketill vart vigsla i Lund 12. februar 1122 (*DI* I nr. 27). Om denne gjettinga er riktig, er det naturleg å tru at kristenretten vart fastsett og skriven ned ganske snart etter at Ketill kom heim (Jón Jóhannesson 1969:133).

Jón Jóhannesson (1969:133) meiner at alle desse handskrifta har fjerna seg sterkt frå urteksten. Magnús Már Lárusson (1964:305) meiner derimot at nettopp dette mangfaldet av handskrift viser at kristenretten ikkje vart omredigert svært mykje, t.d. då den islandske kyrkja kom inn under erkebispetet i Nidaros i 1152-1153. Til det er samsvaret mellom dei ulike handskrifta for stort, meiner han.

I fleire av handskriftene heng tiendlova saman med kristenretten. I *Staðarhólsbók* gjer den det. I *Konungsbók* finn ein derimot tiendlova i eit eige kapittel. Som tidlegare nemnt, byggjer truleg denne delen på ei lov om tiend som vart vedteken (og kanskje samtidig også nedskriven) heilt på slutten av 1000-talet.

## **Konungsbók**

*Konungsbók* er namnet på Gl. kgl. Sml. 1157 fol. *Konungsbók* er vakkert og svært tydeleg skriven på pergament. Men boka er ikkje så rik på fargar og illustrasjonar som *Staðarhólsbók*. Handskriftet inneheld 93 blad (eller 186 sider) med to spalter på kvar side. Etter det 37. bladet finst ei lakune på to blad. Dessutan er eit stykke rive bort frå det første bladet. Den første og andre sida er derfor vanskeleg å lese. Men ei eldre papiravskrift av den første og ein del av den andre sida, som er innbunden i handskriftet, er til god hjelp.

Ein meiner at *Konungsbók* er skriven med to ulike hender. Hand A skreiv blad 1-13 (og dermed heile kristenretten og noko av tingsordninga), mens hand B skreiv blada 14-94. Stefán Karlsson meiner at hand B i *Konungsbók* og hand A i

*Staðarhólsbók* er ein og same mann. Han meiner også at denne mannen er identisk med skrivaren av *Kringla*-bladet, dvs. det einaste av *Kringla*-handskriftet som er bevart etter at resten av boka brann i København i 1728 (Gunnar Karlsson m.fl. 1992:XII).

Det har vore delte meiningar om kor gammal *Konungsbók* er. Ein kan vere trygg på at handskriftet ikkje er eldre enn 1216. Det inneheld nemleg lover frå den tida Magnús Gizurarson var biskop, og han vart innsett i embetet dette året. Andre forskarar har lagt vekt på at Magnusmessa er nemnd som helgedag i *Konungsbók*. Nokre meiner at dette viser at handskriftet må vere skrive etter 1329, ettersom mange trur at Magnusmessa vart lovfesta helgedag det året. Denne konklusjonen er nok ganske tvilsam. Truleg er det slik at denne helgedagen er mykje eldre, men at den vart utegløynd, eller på annan måte utelaten, i Árni Þorlákssons kristenrett frå 1275, og så har den vorte teken inn att på nytt i 1326. Det er først og fremst det paleografiske grunnlaget som talar for at handskriftet ikkje kan vere så ungt som frå 1300-talet (Ólafur Lárússon 1958:125). Eit tredje moment i diskusjonen om alderen på *Konungsbók*, er den paragrafen i mannedrapdelen som inneheld omgrepet "jarlsjord". Den einaste gongen Island hadde jarlar, var i tidsrommet 1258-68. Det er derfor naturleg å tru at denne vedtekta vart til i det tidsrommet (Ólafur Lárússon 1958:125). Men som eg tidlegare har vore inne på, tyder ikkje det at sjølve nedskrivinga fann stad då.

Det er til sjuande og sist det paleografiske grunnlaget som best kan hjelpe oss til å finne riktig alder. Ólafur Lárússon meiner at *Konungsbók* vart skriven ein gong mellom 1250 og 1260.

Vi veit ikkje noko om dette handskriftet før 1500-talet. Men omkring år 1500 åtte Þorsteinn Finnbogason (sysselmann i Þingeyrasýsla) boka. Seinare kom ho til Staðarhóll, til sysselmann Páll Jónsson. Han gav boka vidare til dotterson sin, biskop Brynjólfur Sveinsson på Skálholt. Og det var Brynjólfur som i 1656 sende handskriftet til kongen i København (Ólafur Lárússon 1958:126). I 1979 kom *Konungsbók* attende til Island, og ho er no i Árnastofnun i Reykjavík.

## ***Staðarhólsbók***

*Staðarhólsbók* er namnet på AM 334 fol. *Staðarhólsbók* er meir fargerik og rikare på illustrasjonar enn *Konungsbók*. Ho er i det heile meir imponerande å sjá på. *Staðarhólsbók* inneheld 108 blad (eller 216 sider) i stort folio med to spalter på kvar side. Kvar spalte har 37 linjer. Margen var frå først av breiare. Ein del av den er skoren bort. Handskriftet har ingen tittel. Og den første sida er det ikkje skrive noko på.



Árni Magnússon fortalde at ho var i "bare trepermar" ("í beru tréspialdi") då ho kom til han. Dette er truleg dei same som framleis finst utanpå boka. På Vilhjálmur Finsens tid fanst i tillegg eit skinnbind utanpå desse permane med ei forgylt innskrift på ryggen: "Den Islandske Lov Graagaasen." Dette har då truleg kome til etter Árni Magnússons tid. Seinare har det kome eit nytt skinnbind på boka.

*Staðarhólsbók* inneheld to ulike bøker, *Grágás* og *Járnsíða*. Fram til side 184 finst ulike avsnitt av *Grágás* (paginert med blyant i nyare tid). Frå side 184 står *Járnsíða*. I både *Grágás* og *Járnsíða* er det fleire ulike skrivarar. I *Grágás* er det mange, i *Járnsíða* berre to. Men ingen av skrivarane har skrive i både *Grágás* og *Járnsíða*. Det at ulike personar heilt sikkert skreiv dei to tekstane, gjer at det slett ikkje er sikkert at dei vart skrivne samtidig - som ein før trudde. *Járnsíða* kom til Island i 1271. *Grágás* kan godt vere skriven ned fleire år tidlegare. *Járnsíða* har dessutan ein yngre skrivemåte (Gunnar Karlsson m.fl. 1992:XVI).

Av dei ulike skrivehendene i *Grágás*-delen i *Staðarhólsbók* er det ei hovudhand; A. Det er A som har den vakraste handskrifta. A har truleg (som nemnd i kapitlet om *Konungsbók*) også skrive delar av *Konungsbók* og *Kringla*-handskriftet. Ei anna viktig hand er hand B, som har skrive sidene 139-173. Elles finst det i alt 8 andre skrivarar i *Grágás*-delen, og Vilhjálmur Finsen kallar dei i tur og orden C, D, E, F, G, H, I, og K (Vilhjálmur Finsen 1878:XIV).

*Staðarhólsbók* er meir detaljert enn *Konungsbók*. På den andre sida er det fleire bolkar i *Konungsbók* som manglar i *Staðarhólsbók*, t.d. tingordninga, lovretts- og lovseiemannsordninga og ringopprekninga ("baugatal")<sup>3</sup>. Det er mogleg at desse avsnitta opphavleg har eksistert, men at dei av ein eller annan grunn har gått tapt.

Når det gjeld datering, meiner Vilhjálmur Finsen (1879:X) at *Staðarhólsbók* må vere skriven ned omkring år 1260. Han byggjer påstanden på det forholdet at ingenting tyder på at ho vart skriven så seint at ei ny lov hadde vore i anmarsj (1271), og heller ikkje så seint at underkastinga under dei norske kongane hadde starta (1262-64). Vidare peikar han på at tre nye lover vart vedtekne på Island i tida 1200-1271 (1217, 1237 og 1253). Berre dei to første finst i *Staðarhólsbók*.

Vi veit ingenting om kven som åtte boka før 1500. Men av seinare påteikningar er det grunn til å tru at handskriftet har vore i Húnavatnsýsla på 1500-talet (*DI* I nr. 22). Den første eigaren som vi kjenner namnet på, er Hólmfríður Erlendsdóttir i Stóridalur ved Eyjafjöll. Etter hennar død kan vi følgje boka fram til Páll Jónsson på Staðarhóll. Det er interessant å leggje merke til at Páll Jónsson i ei tid må ha vore eigaren av både *Konungsbók* og *Staðarhólsbók*. Det at boka i lengre tid vart oppbevart på Staðarhóll, gjorde at Árni Magnússon (som i sin tur fekk boka

<sup>3</sup> Gull- og sølvringar vart brukte som betalingsmiddel, og denne delen av lover er ei opprekning av bøter i drapssaker.

av ein slektning, presten Páll Ketilson) gav ho namnet *Staðarhólsbók* (Finnur Jónsson 1930:206). Som dei fleste andre litterære islandske skattane hamna også denne boka i København. Men i 1987 kom boka attende til Reykjavík, og ho ligg no i Árnastofnun.

## Andre Grágás-handskrift

I tillegg til at kristenretten finst i dei to hovudhandskrifta *Konungsbók* (Gl. kgl. Sml. 1157 fol) og *Staðarhólsbók* (AM 334 fol), finst han også i fleire andre membranar frå 1300- og 1400-talet. Årsaka til at kristenretten finst i etter måten mange handskrift, er at han vart brukt i store delar av landet også etter at den nye kristenretten (Árni Þorlákssons kristenrett) vart vedteken i 1275. Denne nye kristenretten galdt nemleg berre for Skálholt bispedøme den første tida. Hólar bispedøme heldt seg til den gamle, heilt til han vart avskaffa ved kongebrev 19. oktober 1354 (*DI* III nr. 60).

Dei viktigaste handskrifta av *Grg. kr.* er lista opp nedanfor. Tidfestinga av dei fleste handskrifta byggjer på Gunnar Karlsson, Kristján Sveinsson og Mörður Árnason (1992:XVIII). Om ikkje anna er nemnd, er resten av opplysningane er henta frå Vilhjálmur Finsens detaljerte utgreiing om dei ulike *Grágás*-handskrifta (Vilhjálmur Finsen 1883:I-LVI).

AM 135 a 4to (*Arnarbælisbók*) vart skriva omkring 1350. Det er berre kristenretten som er bevart frå dette handskriftet.

AM 173 c 4to vart truleg skriva i tida 1330-1370. I dette handskriftet er det berre delar av kristenretten som er bevart. Ein veit ikkje om dette handskriftet opphavleg har inneheldt meir enn kristenretten.

AM 346 fol (*Staðarfellsbók*) vart skriva på midten av 1300-talet. Av kristenretten er det berre delar som er bevart. Handskriftet inneheld dessutan delar av andre bolkar.

AM 347 fol (*Belgdalsbók*) vart truleg skriva om lag 1350. Dette handskriftet har forutan kristenretten, også delar av den verdslege retten.

AM 351 fol (*Skálholtsbók*) går ein ut frå vart skriva i siste halvdel av 1300-talet. Det er berre kristenretten som er bevart i dette handskriftet.

AM 181 4to vart skriva í síste halvdegin av 1600-talet og inneheld m.a. kristenretten. Ein trur at dette handskriftet stammar frá den no tapte *Leirárgarðabók*. Magnús Már Lárusson (1964:305) meiner at dette handskriftet inneheld den eldste teksttypen.

AM 158 B 4to (*Hlíðarendabók*) er skriva ca. 1420. Handskriftet inneheld kristenretten. Jón Jóhannesson (1969:133) meiner at dette handskriftet synest á stá nærmast urteksten.

## V : Dei austnorske kristenrettane

Dei to eldste austnorske kristenrettane er, saman med *Glt. kr.*, truleg dei eldste i Noreg.

### Kristenretten i Eidsivatingslova

Eidsivating vart grunnlagd omkring 1020, og omfatta det indre Austlandet. Tingstaden var Eidsvoll. Av den eldre *Eidsivatingslova* er det berre kristenretten (*Etl. kr.*) som er bevart.

*Etl. kr.* er overlevert i to versjonar. Den eldste versjonen, versjon I, skal vere den eldste. Den kortare versjonen, versjon II, skal vere eit yngre utdrag av den eldste versjonen (Knudsen 1958:527). Men den inneheld også eit kapittel heilt til slutt som er skriven med ei anna hand og som ikkje finst i versjon I. Dei eldste handskriftene er frå tidleg på 1300-talet.

### Kristenretten i Borgartingslova

Borgarting er truleg litt yngre enn Eidsivating, og omfatta områda rundt Oslofjorden. Dette området vart i mellomalderen kalla Vika. Tingstaden var Borg, som var det gamle namnet på Sarpsborg. Forutan kristenretten er det berre eit fragment av den eldre *Borgartingslovas* verdslege del som er bevart. Dette fragmentet stammar frå ei lovbok som truleg var felles for Eidsivating og Borgarting (Seip 1957:149).

Den eldre kristenretten i *Borgartingslova* (*Brtl. kr.*) er overlevert i tre versjonar. Dei eldste handskriftene er frå ca. 1300.

Både *Etl. kr.* og *Brtl. kr.* er utgitt i *NgL* I 1846. *Etl. kr.* er på sidene 375-406 og *Brtl. kr.* på sidene 349-372. I denne oppgåva er brukt same nummereringa som i *NgL*. Begge lovene er omsette til moderne norsk av T[orgeir] O[lafson] i 1914, og til tysk av Meissner i 1942.

## VI : Messedagar

"Håret og neglene hadde vakse likså mykje som dei ville ha gjort om han hadde vore i live her i verda heile tida sidan han fall."

*Ólavs saga helga*, kapittel 244

I dette kapitlet om messedagar vil det berre handle om messedagar som ikkje er knytte til høgtidene. T.d. vil messedagar i julehelga bli nemnde i samband med jul i kapittel VII.

Messedagane i *Gulatingsslova* blir omtala i to kapittel, kapittel 17 og 18. Det er grunn til å tru at kapittel 17 (bortsett frå lovregelen om Olavsmesse) må skrive seg frå Olavs-teksten. Det blir nemleg sagt i sjølv teksten at desse dagane vart fastsette av Olav den heilage og biskop Grimkjell på Mostratinget. Førre desse dagane skal det vere faste og non-helg<sup>4</sup>, og dei skal haldast heilage på same måte som søndagane.

Kapittel 18 inneheld messedagar som må vere yngre enn dei som er nemnde i kapittel 17. Dette gjeld t.d. Knutsmesse (Knut den heilage vart kanonisert i 1101) og Svitunsmesse. Ein meiner at denne dagen neppe er eldre i Noreg enn frå andre fjerdedelen av 1100-talet (Gjerløw 1963:98). Med dette som utgangspunkt trekkjer Robberstad den konklusjonen at messedagane i kapittel 18 må vere Magnus-tekst (Robberstad 1969:328).

I *Grágás* er alle messedagane i året samla i kapittel 13.

I kapittel 17 - som altså er Olavs-tekst - i *Gtl. kr.* er 14 messedagar rekna opp. Alle desse 14 finst også i *Grg. kr.* Dei er følgjande:

Johannesmesse (24. juni)

Petersmesse (29. juni)<sup>5</sup>

Seljumannamesse (8. juli)

Jakobsmesse (25. juli)

Olavsmesse (den første) (29. juli)<sup>6</sup>

Laurentiusmesse (10. august)

Mariamesse (den første) (15. august)<sup>7</sup>

Bartolomeusmesse (24. august)

Matteusmesse (21. september)

Mikjelsmesse (29. september)

to-apostelmesse (Simon- og Judasmesse)  
(28. oktober)<sup>8</sup>

allehelgensmesse (1. november)

Andreasmesse (30. november)

Tomasmesse (21. desember)

<sup>4</sup> Nonhelg tyder dag som er heilag frå non. Om non, sjå fotnote s. 60.

<sup>5</sup> I *Staðarhólsbók* blir denne dagen kalla Peter- og Pålsmesse.

<sup>6</sup> Tillegget "den første" finst berre i *Gtl. kr.*, ikkje i *Grg. kr.*

<sup>7</sup> Tillegget "den første" finst berre i *Gtl. kr.*, ikkje i *Grg. kr.*

<sup>8</sup> *Gtl. kr.* bruker namnet to-apostelmesse, *Grg. kr.* Simon- og Judasmesse.

Forutan desse messedagane finst følgjande messedagar i dei to lovene:

*Gtl. kr.* (Magnus-teksten):

Brettemesse (11. januar)

Pålsmesse (25. januar)

kyndelsmesse (2. februar)

Mattiasmesse (24. februar)

Mariamesse (25. mars)

to-apostelmesse (1. mai)

korsmesse (3. mai)

Hallvardsmesse (15. mai)

Botolfsmesse (17. juni)

Svitunsmesse (2. juli)

Knutsmesse (10. juli)

Olavsmesse (den siste) (3. august)

Mariamesse (den siste) (8. september)

korsmesse (den siste) (14. september)

Martinsmesse (11. november)

Klemetsmesse (23. november)

Nicolausmesse (6. desember)

*Grg. kr.*:

Agnesmesse (21. januar)

Pålsmesse (25. januar)

Brigittemesse (1. februar)

kyndelsmesse (2. februar)<sup>9</sup>

Petersmesse (22. februar)

Mattiasmesse (24. februar)

Gregoriusmesse (12. mars)

Benediktsmesse (21. mars)

Mariamesse (25. mars)

Jonsmesse (23. april)<sup>10</sup>

den første gangdagen (25. april)

Filip-og Jakobsmesse (1. mai)<sup>11</sup>

korsmesse (3. mai)

Kolumbamesse (9. juni)

Torlaksmesse (20. juli)<sup>12</sup>

Mariamesse (8. september)

korsmesse (14. september)

Martinsmesse (11. november)

Ceciliamesse (22. november)

Klemetsmesse (23. november)

Nikolausmesse (6. desember)

Ambrosiusmesse (7. desember)

Magnusmesse (Lucia) (13. des.)<sup>13</sup> og <sup>14</sup>

Torlaksmesse (23. desember)

<sup>9</sup> *Konungsbók* bruker her Mariamesse.

<sup>10</sup> Tekstane skil ikkje mellom dei to mannsnamna Johannes og Jón. *Konungsbók* bruker konsekvent Johannes, mens *Staðarhólsbók* konsekvent bruker Joan. Denne dagen er altså til minne om biskop Jón på Hólar (1052-1121).

<sup>11</sup> *Gtl. kr.* bruker namnet to-apostelmesse, mens *Grg. kr.* bruker Philip-og Jacobsmesse.

<sup>12</sup> Denne dagen er berre nemnd i *Staðarhólsbók*, ikkje i *Konungsbók*.

<sup>13</sup> *Konungsbók* nemner ikkje Lucia.

<sup>14</sup> I Finsens *Konungsbók*-utgave (1852) har det snike seg inn ein feil. Teksten seier at det skal vere 3 netter mellom Ambrosiusmesse og Magnusmesse. Men det riktige talet er 6. Det står det også i originalhandskriftet. Feilen kjem truleg av at det i originalhandskriftet kan vere vanskeleg å skilje mellom romertala III og VI.

Av dette skjemaet ser ein at *Gtl. kr.* nemner 17 messedagar, mens *Grg. kr.* nemner 24 messedagar i tillegg til dei som er rekna opp på s. 43 og som er felles i begge lovene. Resultatet av samanlikninga mellom *Gtl. kr.* og *Grg. kr.* blir slik:

1. Olavs-teksten i *Gtl. kr.* nemner 14 messedagar. Alle desse finst også i *Grg. kr.*
2. 11 messedagar er felles for Magnus-teksten i *Gtl. kr.* og *Grg. kr.* Desse er: Pålsmesse, kyndelsmesse, Mattiasmesse, Mariamesse, Filip-og Jakobsmesse, korsmesse, Mariamesse (8.9.), korsmesse (14.9.), Martinsmesse, Klemetsmesse og Nikolausmesse.
3. *Gtl. kr.* (dvs. Magnus-teksten) har til saman 6 messedagar som ikkje finst i *Grg. kr.* Desse er: Brettemesse, Hallvardsmesse, Botolfsmesse, Svitunsmesse, Knutsmesse og Olavsmesse (3.8.).
4. I *Grg. kr.* finst 13 messedagar som ikkje er nemnde i *Gtl. kr.*: Agnesmesse, Brigittemesse, Petersmesse, Gregoriusmesse<sup>15</sup>, Benediktsmesse, Jonsmesse, den første gangdagen, Kolumbamesse, Torlaksmesse (20.7.), Ceciliamesse, Ambrosiusmesse, Magnusmesse (og Lucia) og Torlaksmesse (23.12).

Dei austnorske kristenrettane er nokså like i samband med messedagar.

Av dei messedagane som er rekna opp på s. 43 og som er felles for Olavs-teksten i *Gtl. kr.* og *Grg. kr.*, manglar Jakobsmesse, Bartolomeusmesse, Matteusmesse og Tomasmesse (21.12) i dei to austnorske kristenrettane (*Brtl. kr.* I, 14, III, 19 og *Etl. kr.* I, 9, II, 8). Dessutan manglar to-apostelmesse og Andreasmesse i *Etl. kr.*

Av dei messedagane som er rekna opp på s. 44, er få nemnde i dei austnorske kristenrettane. *Brtl. kr.* (I, 14, III, 19) har kyndelsmesse, korsmesse og Hallvardsmesse. *Etl. kr.* (I, 9, II, 8) har dessutan Mariamesse (25. mars) og Nikolausmesse. I tillegg har *Etl. kr.* - som den einaste av dei fire omtala kristenrettane - Magnusmesse om våren (16.4.).

## Messedagane og nedskrivinga av *Grágás*-kristenretten

Den eldste versjonen av *Gtl. kr.* - Olavs-teksten - inneheld altså berre messedagar som også finst i *Grg. kr.* *Grg. kr.* har langt fleire messedagar, men mange av dei skriv

<sup>15</sup> Gregoriusmesse er riktignok nemnd i *Ftl. kr.* (II, 25).

seg frå tida etter at den islandske kristenretten vart nedskriven første gongen. For å vurdere i kva grad *Gtl. kr.* kan ha vore modell for den eldste islandske kristenretten i samband med fastsetting av messedagar, er det nødvendig å gruppere dei ulike messedagane etter kva ein veit om lovfestinga.

Dei 11 messedagane som kom inn i *Gtl. kr.* med Magnus Erlingsson omkring 1170, og som også finst i den islandske kristenretten, er truleg heller ikkje av dei eldste messedagane på Island. Dei var neppe med då *Grg. kr.* vart skriven ned første gongen, og eg vel derfor å sjå bort frå dei i denne samanhengen.

### Messedagar i *Grágás* som vart fastsett etter 1133

Den andre gruppa av messedagar i *Grg. kr.* som ikkje er med i Olavs-teksten, er dei som er yngre enn 1133 som er terminus ante quem for nedskrivinga av *Grg. kr.* Dette gjeld 7 messedagar: Magnusmesse, Agnesmesse, Ceciliamesse, Ambrosiusmesse, Torlaksmesse (*hin síðari*), Jonsmesse og Torlaksmesse (*hin fyrri*). Dette kan ein grunngi ved å vise til det enkelte kjelder kan fortelje om desse helgenane.

Agnesmesse (21.1.) er til minne om den romerske martyren Agnes som levde omkring år 300. Det blir fortalt at Guðmundr kárhöfði fekk ei openbaring frå Gud og den heilage Agnes året 1178, og at messedagen hennar vart lovfesta på Alltinget året etterpå (*Biskupa sögur* I 1858:106). Ceciliamesse (22.11.) er til minne om jomfrua og martyren Cecilia som levde i Roma, truleg på 200-talet, og Ambrosiusmesse (7.12.) er til minne om at Ambrosius vart vigd til biskop i Milano på denne dagen. Han døydd i 397. Messedagane til dei to sistnemnde vart også lovfesta på Alltinget i 1179.

Magnusmesse (13.12.) er til minne om jarlen Magnus Erlendsson på Orknøyanne (Magnus Eyjajarl). Han vart hogd i hel 16. april 1115 - i kamp med broren om jarledømmet. 20 år seinare - i 1135 - vart han lyst heilag og skrinlagd 13. desember (*Orkneyinga saga* 1965:326). Det er altså dagen for skrinlegginga som vart messedag på Island.

Dei første to hundre ára etter at kristendommen var innført, æra islendingane berre utanlandske helgenar. Ei følgje av dette var at verdiar vart førde ut av landet. Særleg er det grunn til å tru at mange gåver vart sende til Heilag Olav i Noreg (Jón Jóhannesson 1969:158). For å få ei forandring på dette, måtte islendingane skaffe seg innanlandske helgenar. Det skjedde heilt på slutten av 1100-talet.

I 1197 var det uår på Island. Mykje havis kom inn til kysten på Nord-Island, slik at skip ikkje kunne komme til. Det same skjedde året etter. Dette vart ei svært vanskeleg tid for folk. Same hausten begynte folk på Nord-Island å snakke om at



biskop Þorlákr Þórhallsson på Hólar var heilag. Han var den einaste islandske biskopen som hadde vore munk, og hadde dessutan levd ugift heile livet. Det var derfor gode grunnar til at nettopp han vart sedd på som helgen. På denne tida var Þorlákr's nevø, Páll Jónsson, biskop på Skálholt. På grunn av tidlegare konflikhtar med onkelen var han først negativ til at han vart dyrka på denne måten. Men då nordlendingane på Alltinget sommaren 1198 la fram fleire vitnemål om jartegner, gjekk han med på å godkjenne Þorlákr som helgen. Beina hans vart tekne opp og skrinlagde. På Alltinget i 1199 vart det lovfest at den 23. desember (Þorlákr's dødsdag) skulle vere messedag (*Biskupa sögur* I 1858:133). Þorlákr fekk ein messedag til. Alltinget 1237 vedtok at den 20. juli (translasjonsdagen) også skulle vere messedag til minne om han. Denne dagen vart då kalla *Þorláksmessa hin fyrri* - til skilnad frå 23. desember, som vart kalla *hin síðari*. Det er verdt å leggje merke til at Þorláksmessa *hin fyrri* er nemnd berre i *Staðarhólsbók*, og ikkje i *Konungsbók*.

Uåra heldt fram på Island fram mot år 1200. Behovet for fleire helgenar var til stades. Biskop Jón Ögmundarson på Hólar viste seg også å ha heilag kraft. Alltinget i 1201<sup>16</sup> lovfeste at Jonsmessa (*hin síðari*), den 23. april, skulle vere heilag. Dette var biskop Jón's dødsdag (Jón Jóhannesson 1969:158). Også translasjonsdagen til Jón (*Jónsmessa hin fyrri*), den 3. mars, vart lovfest messedag, men ikkje før på 1300-talet.

Helgenane Þorlákr og Jón vart altså dei to einaste islandske helgenane som vart instituerte ved lov. Kanskje planen var å få dei kanoniserte i og med at kvar fekk si latinske legende. Men dette skjedde aldri (Jón Jóhannesson 1969:159). Dei islandske helgenane vart likevel kjende i utlandet. Særleg Þorlákr. Trua på heilagdommen hans spreidde seg til mange land, med nordmenn heilt til det dåverande Miklagard. Dette førte til at mange gáver kom til Island frå andre land. Dermed voks rikdommen til dei islandske bispeseta. Dei islandske messedagane fekk likevel innpass svært seint eller aldri i utlandet. Jonsmessene vart aldri lovfeste i utlandet<sup>17</sup>, og heller ikkje Þorláksmessa *hin fyrri* (*Biskupa sögur* I 1858:810). Men Þorláksmessa før jul vart høgtida i utlandet mot slutten av den katolske tida (*Biskupa sögur* I 1858:574).

Etter denne gjennomgåinga kan ein slå fast at Magnusmesse (Magnus vart lyst heilag i 1135), Agnesmesse, Ceciliamesse, Ambrosiusmesse (dei tre sistnemnde vart vedteke på Alltinget i 1179), Torlaksmesse (*hin síðari*) (vedteken i 1199), Jonsmesse (vedteken i 1200) og Torlaksmesse (*hin fyrri*) (vedteken 1237) er messedagar som er yngre enn 1133.

<sup>16</sup> Vilhjálmur Finsen nemner årstalet 1200 (*Grágás* III 1883:537).

<sup>17</sup> Riktignok er Jonsmesse (23.4.) tilføydd i ei marginote i *Nidarosordinariet* (som truleg vart til i første halvdel av 1200-talet) (Gjerløw 1962:104).

## Messedagar i *Grágás* som ein ikkje veit når vart fastsett

Brigittemesse (1.2.) er til minne om Brigit av Kildare, ein av dei fremste helgenane i Irland. Ho døydde omkring 523. Ho skal ha stifta det første nonneklosteret i Irland (Árni Björnsson 1993:694). Lite tyder på at Brigit av Kildare har vore kjend i Skandinavia. Denne helgenen har altså ingenting å gjere med den heilage Birgitta som vart mykje dyrka i Finland og Sverige frå 1300-talet.

Kolumbamesse (9.6.) er til minne om den irske presten, misjonæren, abbeden og forfattern Columba (Colmcille, Columquille). Han stifta kloster både i Irland, England og Skottland. Han døydde i 597 (Árni Björnsson 1993:699). Det blir fortalt at Örlygr Hrapppsson frå Hebridane busette seg på Kjalarnes, på garden Esjuberg, og bygde ei kyrkje der som han vigde til helgenen Colomba (*Kjalnesinga saga* 1959:3-5). Kyrkja er ikkje nemnd i dei bevarte registra, men ein grunnmur frå tidleg mellomalder - som kan ha stått under ei trekyrkje - er graven ut på staden (Brynólfur Jónsson 1902:33-35). *Landnámabók* (1968:53-56) opplyser også at etterkommarane til Örlygr "trudde på Kolomba, sjølv om dei ikkje var døypte". *Landnámabók* (ibid:61-65) fortel dessutan om landnámsmannen Ásólfur alskik Konálsson som kom frå Irland og var inspirert av irske legender om munkar. Han budde på garden Innri-Hólmur, like ved det noverande Akranes. Lenge etter at han var død - på 1000-talet - vart det bygt ei kyrkje over grava hans. Kyrkja vart vigd til den heilage Kolomba. Dette viser at minnet om den irske kristendommen livna til at då kristendommen vart innført frå Noreg. Begge desse to mennene - Örlygr og Ásólfur - levde som eremittar, slik som dei irske munkane. Begge historiene er døme på kristne tankar og idéar som kom til Island allereie i landnámstida - direkte frå Irland og Skottland utan å ha gått vegen om Skandinavia.<sup>18</sup>

Dessutan nemner *Grg. kr.* fire andre messedagar som ikkje er med i Olavsteksten og som ein ikkje veit når vart fastsette. Dette er følgjande messedagar: Petersmesse (22.2.) til minne om apostelen Peter, Gregoriusmesse til minne om pave Gregorius den store (eller den første), Benediktsmesse til minne om Benedikt frå Nursia i Italia og den første gangdagen (25.4.) som første gong vart nemnd i pave Gregorius den stores tid som ein bots- og bededag - som m.a. vart feira med prosesjonar (jf. norrønt *gangr*) (Taranger 1990/91:370). Alle desse fire messedagane har røter tilbake til tida før år 700.

<sup>18</sup> Riktignok skriv Alver (1970:128) at Kolomba vart dyrka i Björgvin bispedømme.

## Oppsummering

Den eldste versjonen av *Gtl. kr.*- Olavs-teksten - inneheld berre messedagar som også finst i *Grg. kr.* På den andre sida har *Grg. kr.* langt fleire messedagar, men mange av dei skriv seg frå tida etter at den islandske kristenretten vart nedskriven første gongen.

Om ein eliminerer dei messedagane som må skrive seg frå tida etter at *Grg. kr.* vart skriven ned første gongen, sit ein att med ei gruppe på 6 messedagar. Dette er messedagar som ein ikkje veit alderen på, og dei er følgjande: Kolumbamesse, Brigittemesse, Petersmesse, Gregoriusmesse, Benediktsmesse og den første gangdagen. Det er uvisst om dei fire sistnemnde messedagane er så gamle på Island at dei var med i kristenretten frå byrjinga. Det er ikkje umogleg, ettersom dei alle har røter tilbake til tida før år 700. Men ettersom dei ikkje er med i dei norske kristenrettane, er det liten grunn til å tru at dei var kjende på Island svært tidleg i kristen tid. Dei to førstnemnde skriv seg derimot truleg frå den første kristne tida på Island. Dei er begge til minne om irske helgenar, og særleg Kolumba vart ifølgje kjeldene dyrka på Island på 1000-talet.

Konklusjonen må bli at Olavs-teksten og det eldste laget av *Grg. kr.* er temmeleg like når det gjeld messedagar. Dette er likevel ikkje noko prov på at den eine lova er påverka av den andre. Taranger (1890/91:358-360) har vist at den angelsaksiske kyrkja påbaud omtrent dei same dagane. Med andre ord kan messedagane i *Grg. kr.* like godt byggje på lovene i den angelsaksiske kyrkja som den norske. Det er likevel grunn til å tru at islendingane viste stor grad av sjølvstende då dei fastsette messedagane den første gongen - sjølv om dei kanskje var kjende med kva messedagar som var fastsette i Noreg og i andre land. Sjølv om det ikkje finst direkte prov for det, er det, etter det vi veit om islendingane sitt kjennskap til irske helgenar, grunn til å tru at dei tok med eit par irske messedagar - utanom dei som fanst i norske lover (og også i angelsaksiske) - då dei utforma den første kristenretten sin.

Til slutt bør det nemnast at dei to austnorske kristenrettane nemner påfallande få messedagar samanlikna med *Gtl. kr.* og *Grg. kr.* Ei forklaring kunne vere at dei rett og slett er eldre. Men den forklaringa blir lite haldbar når ein veit at t.d. Magnusmesse (16.4) - som er nemnd i *Etl. kr.* - ikkje kan vere eldre enn 1135. Også *Brtl. kr.* må ha teke opp messedagar etter Olav den heilages tid, ettersom Hallvardsmesse er nemnd (ein reknar med at Hallvard døydde i 1043). Forklaringa på at *Brtl. kr.* og *Etl. kr.* har få messedagar samanlikna med t.d. *Gtl. kr.* og *Grg. kr.*, er at dei to sistnemnde har med både messedagar av høg og mindre høg rang. Dette vil

seie det same som at *Gtl. kr.* og *Grg. kr.* nemner fastedagar med og utan nonhelg og faste føre (sjå s. 67). Dei austnorske kristenrettane skil ikkje mellom messedagane på denne måten.

## VII : Andre helgedagar

"Bær er det rett å plukke på ein søndag, men ikkje meir enn ein sjølv kan bere."

*Grágás*, kapittel 8

Kapittel 16 i *Gulatingsslova* handlar om søndagen og laurdagen. Dette kapitlet finst i både Olavs og Magnus' tekst. Det same gjeld kapittel 6 og 7 som handlar om ølbrygging før jul. Kapittel 18 gir reglar for jul, påske og gangdagane. Det omfattar også messedagar. Ettersom ein del av messedagane er temmeleg unge, trekkjer Robberstad (1969:328) den konklusjonen at heile kapittel 18 er Magnus-tekst. At messedagane i kapitlet skriv seg frå Magnus si lovgjeving, verkar rimeleg. Men om dei andre føresegnene - dei som handlar om høgtidene - også er så unge, er meir uvisst. Tvert imot, det verkar lite truleg at reglar for jula ikkje skulle ha vore med i det eldste laget av lova.

I *Grágás* er høgtider og andre helgedagar nokså detaljert omtala. Reglar om julefeiring finst i kapittel 11 og om påske, gangdagane og pinse i kapittel 12. Reglar om å halde helga heilag står i kapittel 8 (søndag) og i kapittel 9 og 10 (laurdag). Kapittel 14 har dessutan ein del særskilde reglar om jakt i samband med høgtider og andre helgedagar.

Føresegnene om høgtider og andre helgedagar kan delast inn i følgjande under-kapittel:

1. Jul
2. Påske
3. Gangdagane
4. Pinse
5. Søndag
6. Laurdag
7. Særskilde reglar om jakt i høgtider og på andre helgedagar

### 1. Jul

*Gtl. kr.* (18) slår fast at følgjande juledagar skal vere heilage:

- 1., 2., 3. og 4. dag jul
- 8. dag jul
- 13. dag jul

Mellom desse dagane har ein lov til å berge bufeet sitt, om det trengst. Det skal ikkje vere nonhelg<sup>19</sup> eller faste føre desse dagane, men dei skal vere jamheilage med søndagane med omsyn til arbeid. Om ein likevel arbeider, skal ein bøte 3 øre til biskopen. Om ein træl arbeider utan at husbonden vil det, skal det bøtast 1 1/2 øre.

Dessutan inneheld *Gtl. kr.* (7) lovreglar om ølbrygging før jul. Det heiter at ein pliktar å bryggje øl føre allehelgemesse (1. november). Husbonden skal bryggje øl av ein mæle<sup>20</sup> malt og det same skal kona hans. Julenatta skal dei signe det som takk til Kristus og Sankta Maria til godt år og fred ("til árf. oc til friðar"). Om ein let vere å følgje desse påboda, skal ein bøte 3 merker til biskopen. Men om ein sit i tre vintrar og ikkje bryggjer øl og heller ikkje betaler bøter, skal ein miste all eigedom. Ein kan bli verande i Noreg om ein går til skrifte og gjer kyrkjebot (*bæta við Krist*)<sup>21</sup>. Vil ein ikkje det, skal ein landsforvisast.

"Jola helgi eigvm ver at halda. alande her" (jula skal vi halde her i landet), står det i *Grg. kr.* (11). Og den skal vare i 13 dagar. Vidare blir det sagt om jula:

- 1., 8. og 13. juledag skal haldast heilage som 1. påskedag (riktignok står det ikkje nokon stad korleis ein skal feire 1. påskedag)
- 2., 3. og 4. juledag skal haldast som søndag, bortsett frå at det er lov til å skuffe møkk i fjøset anten 3. eller 4. juledag

Det står ikkje noko meir spesifikt om romjula (*meðaldagar*)<sup>22</sup> enn at ein del gjeremål er tillatne å utføre desse dagane:

- Skuffe møkk i fjøset
- Kjøre møkka ut på dei jorda som ligg nærmast fjøset - om ein har arbeidsdyr til det, og velte den ut på marka
- Kaste møkka på ein gjødselhaug - om ein ikkje har arbeidsdyr til å kjøre den ut på jorda
- Slakte dyr som ein treng i jula - og tilberede kjøttet av dei
- Bryggje øl

<sup>19</sup> Nonhelg tyder dag som er heilag frå non. Om non, sjå fotnote s. 60.

<sup>20</sup> *mæli*: "Mæle, hulmaal til tørre Varer; [ ]. Af de anførte Eksempler kan sees eller sluttes, at et *sæld* overalt har indeholdt det samme Antal *mælar*, medens derimod Mælens Størrelse var forskjellig, hvilket naturligvis medførte at det samme ogsaa blev Tilfælde med *sæld*" (Fritzner II 1954:768).

<sup>21</sup> *bæta* (*bæta við Crist*): "gjøre bod i kristelig-dogmatisk forstand ved at underkaste sig pønitents af en eller anden art" (Hertzberg 1895:129).

<sup>22</sup> *meðaldagar*: "dagar sem á er hálf helgi" (dagar der ein skal halde halv helg) (*Grágás* 1992:26).

- Frakte heim det høyet som ein treng, om det ikkje har vore høve til å gjere det før jul. Dette gjeld berre om ein finn det meir høveleg å gi dyra slikt før, enn det føret som alt finst heime. Det må ikkje kjørast heim meir høy enn det som trengst i jula

*Grg. kr.* nemner inga straff for å bryte desse reglane.

*Brtl. kr.* (I, 14) fastset at dei fire første juledagane, åttandedagen og trettandedagen skal vere heilage i samband med jula. *Etl. kr.* (I, I9, II, 8) har dei same juledagane og dessutan 5. dag jul (Tomasmesse)<sup>23</sup>. Begge lovene slår fast at desse dagane skal vere jamheilage med søndag, og bota for å arbeide er 6 øre. Ein må gå ut frå at alle forboda mot søndagsarbeid også galdt i jula (sjå s. 59). *Brtl. kr.* har dessutan eit særskild arbeidsforbod i jula, nemleg forbod mot tømmerhogst. På den andre sida har *Etl. kr.* forbod mot å grave ned lik første juledag (sjå s. 129).

Då kristendommen kom til Norden, flaut det kristne påbodet om julefeiring lett saman med den førkristne jula - som vart feira på om lag same tid. Nemninga jul (norrønt *jól*) gjekk over på den kristne festen. Snorri Sturluson gir mange og detaljerte skildringar av det førkristne midtvintersblotet i kongesogene sine. Riktignok har den historiske verdien av desse forteljningane vore dregen i tvil. Sikre kjelder om den førkristne jula finst det ikkje mange av. Det har vore diskutert om avvikande trekk i den gammaldagse nordiske bondejula frå kristen jul i andre land, kan stamme frå førkristen tid. Nyare forskning er derimot meir varsam med å trekkje slike konklusjonar (Weiser-Aall 1963:9).

Snorri fortel at det var Håkon den gode som flytte julefeiringa til den tida som kristendommen baud:

Hann setti þat í lögum at hefja jólahald þann tíma sem kristnir menn, ok skyldi þá hverr maðr eiga mælis öl, en gjalda fé ella, ok halda heilagt meðan öl ynnisk. En áðr var jólahald hafit hókunótt, þat var miðsvetrarnótt, ok haldin þriggja náttu jól (*Heimskringla* I 1941:166).

(Han sette det i lova at ein skulle starte julefeiringa på same tid som kristne menn. Då skulle kvar mann halde gjestebod på ein mæle öl. Om dette ikkje vart gjort, skulle ein betale bøter. Ein skulle halde helg så lenge ølet varte. Men tidlegare var første julenatta "hakenatta" - som var midtvintersnatta - og det vart halde trenetters-jul.)

Ølbrygging og ølrikking var ein viktig del av jula - både i heidensk og kristen tid. Mens den norske lova legg etter måten stor vekt på føresegnar om ølbrygging, er den islandske meir sparsam med slike reglar. *Grg. kr.* nemner øl (*mungát*) berre den eine gongen då det blir opplyst at ein har lov til å bryggje øl i romjula. Når Jón Jóhannesson (1969:72) diskuterer moglege årsaker til at gildevesenet ser ut til å ha

<sup>23</sup> Denne dagen er til minne om Tomas i Canterbury, død 1170 og kanonisert 1173.

vore lite utvikla på Island, legg han vekt på at det ofte var vanskeleg å få tak i korn eller malt å bryggje øl av. Dette er truleg også årsaka til at den islandske lova har så lite om ølbrygging.

## 2. Påske

*Gtl. kr.* (18) gir desse føresegnene i samband med påska:

- Skjærtorsdagen etter non, heile langfredag, påskeaftan til non og heile påskedagen er det forbode å opne jord og setje ned lik. Gjer ein det, skal ein bøte tre øre til biskopen
- Måndag og tysdag i påskeveka<sup>24</sup> skal ein ikkje arbeide, men berge bufeet sitt om det trengst
- Heile onsdagen er heilag. Straffa for å arbeide er som på søndag: 3 øre til biskopen, eller 1 1/2 øre for ein træl som arbeider utan at husbonden vil det

*Grg. kr.* (12) fastset også at ein skal halde påskehelg. Den skal vare i fire dagar. Det blir vidare sagt:

- 1. påskedag skal feirast som 1. juledag
- 2. og 3. påskedag og onsdagen skal haldast heilage som søndag

Dei austnorske kristenrettane har få opplysningar om påska. *Brtl. kr.* (I, 14, II, 19) fastset at fjerde påskedag ("œffte daghr pafcha", "fiorde dagr pafka") skal vere heilag. *Etl. kr.* (I, 18, II, 14) forbyr å grave ned lik første juledag, langfredag, påskeaftan før ringing og første påskedag (sjå s. 129).

Mens julefeiring var gammal skikk i Norden då kristendommen vart innført, var det truleg ingen tradisjon for å halde fest i påsketida. Men sjølv om påskefeiringa var ein ny skikk, ser ho ut til å ha vorte respektert blant dei kristne i Norden heilt frå starten. Fleire av dei eldste kongesogene fortel om messer og gilde i påska, og i *Ágrip af Noregskonunga sögum* heiter det at Olav Tryggvason innførte den kristne påskefeiringa. Det står om han at han

... reisti fyrst kirkjur á sjálf[s] síns höfuðbólum ok felldi blót ok blótdrykkjur ok lét í stað koma í vild við lýðinn hátiðadrykkjur jól ok páskar, Jóansmessu

<sup>24</sup> Påskeveka er den veka som startar 1. påskedag.



mungát ok haustøl at Míkjálsmessu (*Ágrip af Noregskonunga sögum* 1985:22).

(... reiste først kyrkjer på sine egne hovudbol, og avskaffa blot og blotgilde, og let kome i staden, slik som folket ønskte, drikkelag for jul og påske, jonsokøl og haustøl ved Mikkjelsmesse.)

### 3. Gangdagane

*Gtl. kr.* (18) seier at i gangdagane, som er dei tre dagane før Kristi himmelfartsdag, skal ein arbeide til middag (*til miðdags*). Men heile torsdagen (Kristi himmelfartsdag) er heilag og skal feirast som 1. påskedag.

*Grg. kr.* (12) opplyser at frå 1. påskedag skal det gå fem veker til søndagen før gangdags-veka. Og vidare:

- 2. og 3. dag (altså måndag og tysdag) og onsdag i denne veka skal haldast som laurdag
- 5. dag i gangdags-veka er Kristi himmelfartsdag, og den skal haldast som 1. påskedag

*Brtl. kr.* (I, 14, II, 19) fastset at torsdag i gangdagsveka, altså Kristi himmelfartsdag, skal vere heilag.

Nemninga *gangdagar* kjem av at det var vanleg med prosesjonar (jf. norrønt *gangr*) på desse dagane. *Alfræði Íslenzk* (1908:33-34) har eit kapittel som heiter "Uppruni gangdaga", der ein islandsk prest gjer greie for opphavet til gangdagane. Ifølgje Kålund vart dette skrive på Vest-Island i 1387 (*Alfræði Íslenzk* 1908:11). Teksten fortel om ei hending i Frankrike, som gjorde at biskopen Mamertus baud at "alþydu skyllði ganga berfött i milli kirkna of borgina þa uú daga med crossum ok helgum domum" (almugen skulle gå berrføtt mellom kyrkja og borga dei tre dagane med kross og heilagdommar).

Normalt vart uttrykket *gangdagr eini* brukt om den første gangdagen. Men i biskopssogene er det døme på at dette namnet også kan bli brukt om onsdagen i gangdagsveka (*Biskupa sögur* II 1887:247). Her blir det fortalt korleis ein ordna prosesjonar utanfor kyrkja. Denne teksten er riktignok temmeleg ung, frå slutten av 1500-talet.

Gangdagane blir ikkje ofte nemnde i kongesogene eller i andre soger. Men i saga om Hákon Hákonsson blir det fortalt at hertug Skule vart smugla inn i Helgeseter kloster "midvikudaginn fyrir vpptigningardag þa er canokar geingu med crossum" (onsdagen før Kristi himmelfartsdag då kannikane gjekk med krossar) (*Flateyjarbók* III 1868:160).

## 4. Pinse

Det står ingenting i *Gtl. kr.* om korleis ein skal feire pinse.

I *Grg. kr.* (12) blir det opplyst at frå 1. påskedag skal det vere sju veker til 1. pinsedag, og mellom gangdags-veka og pinse skal det vere ei heil veke. Vidare blir det sagt:

- 1. pinsedag skal haldast som 1. påskedag
- 2. og 3. pinsedag skal haldast som søndag
- Onsdag etter pinse har ein lov til å gjere følgjande: bere kløvbyrder - om ein skal flytte buet sitt, frakte varer med båt, og også frakte varene til båten, føre dyra til fellesbeite og klippe sauene

*Etl. kr.* (I, 8, II, 7) er den einaste av dei eldste norske kristenrettane som nemner pinse. Lova nemner pinseaftan i samband med dåp.

## 5. Søndag

*Gtl. kr.* (16) slår fast at den sjuande dagen i veka skal vere heilag, og at denne dagen skal kallast *sunnudagr*. Det blir også sagt at ein skal halde dagen heilag heilt fram til hanen gjel måndag morgon. Denne dagen skal ikkje folk arbeide. Det blir gitt eksempel på kva ein ikkje kan gjere. Men det blir også lista opp ein del gjeremål som ein kan få dispensasjon for:

Forbode på søndag:

- Fiske
- Jakte fugl
- Onne på åker eller eng

Tillate på søndag:

- Ha snøre hengjande ute når ein ror
- Frakte noko med båt som har vorte lasta på ein kvardag. Om ein kjem heim i helga og det ikkje er hamn der ein bur, kan ein kaste lasta i land og så redde båten ("biarga skipi sinu")

- Dra langs landevegen med hest og kløv - om kløva er lagd på ein kvardag

*Gtl. kr.* seier at straffa for å bryte lova om å halde kviledagen heilag skal straffast med 6 øre, skriftegonge og kyrkjebot. Ein utanlandsk træl som arbeider utan at husbonden vil det, skal straffast med hudfletting. Eventuelt kan husbonden betale 3 øre til biskopen.

*Grg. kr.* (8) fastset også at den sjuande dagen i veka skal vere heilag. Mens den i Noreg blir kalla for *sunnudagr*, blir den på Island kalla *dróttins dagr* (herrens dag). Det blir sagt at natta før ein helgedag skal haldast som sjølve dagen, og om dagen etterpå ikkje er heilag (*rúmheilagr*), er det riktig å begynne å arbeide att den siste delen av natta ("efra hlut nær")<sup>25</sup>. På denne dagen skal ikkje noko arbeid gjerast. Likevel finst det unntak. Mens det i *Gtl. kr.* blir nemnt både forbodne og tillatne gjeremål, blir det i *Grg. kr.* berre lista opp slike ting som ein har lov til å gjere på søndag:

- Fiske og jakte. Men ein må gå til messe først. Gjer ein ikkje det, er straffa 3 merker. Viktig er det også at femteparten av alt som blir fanga på ein søndag, skal gis til folk i bygda som ikkje er i stand til å betale tingreiseavgift (*þingfarar kaup*)<sup>26</sup>. Om ein unnlet å gjere dette, skal ein betale 3 merker i bot
- Drive buskapan heim eller heimefrå
- Mjølke. Dette gjeld kvinner
- Bere mjølka heim - og er det nødvendig, kan den fraktast på skip eller med hest
- Tilberede mjølka. Dette gjeld kvinner
- Redde egedelane sine om det skulle oppstå brann eller naturkatastrofe
- Føre heim frå utmarka - eller slakte - husdyr som har vorte sjuke
- Reise - og ha med seg maksimum 40 pund<sup>27</sup> ty. Omvandrande tiggarrar får riktignok dra omkring med meir ty
- Reise til Alltinget - med meir ty enn 40 pund om ein skal bruke det på tinget, og i tillegg 40 pund handelsvarer. Om ein mann har meir med seg, pliktar den bonden som han kjem til på

<sup>25</sup> Ifølgje Vilhjálmur Finsen tyder dette frå otta, kl. 01.30 (*Grágás* Ic 1870:27). Men denne tydinga er det vanskeleg å finne stadfesting for andre stader.

<sup>26</sup> *þingfarar kaup*: "Betaling som de Tinget søgende Mænd skulde have af de hjemmeblivende til dermed at bestride Omkostningerne ved deres Reise" (Fritzner III 1954:1021).

<sup>27</sup> Her står uttrykket "halfa vett". 1 *vett* tilsvavar 80 pund (*Grágás* Ic 1870:23).

laurdagen å gi han kost og losji slik at han kan vere i ro til over søndagen

- Reise til setra ("til sels") med reiskap som han treng der, sjølv om dei skulle vege meir enn 40 pund
- Reise til strendene eller skogane sine med reiskap som trengst der. Riktignok bør ein mann ikkje ha meir enn ein hest i taum - laushestar skal ikkje reknast med
- Tørke klede eller vadmål<sup>28</sup> utandørs - om ein er nøydd til det
- Plukke bær, men ikkje meir enn ein sjølv kan bere
- Skifte bustad - om det er fardager<sup>29</sup>
- Føre heim sau om hausten
- Føre heim nykjøpte kviger ("gellid fe")
- Frakte gods på land - og også rydde skipet - om det er fare for godset og dei mennene som er på havreise. I slike tilfelle pliktar ein innan sju døgn å gi ei alen vadmål eller eit saueskinn med ull til slike menn som eig så lite at dei ikkje kan betale tingreiseavgifta. Straffa for å unnlate å gjere dette, er å betale 3 merker i bot
- Ta drivtømmer som ikkje er større enn at ein mann åleine kan leggje det opp i skipet eller føre det på land
- Føre i land drivtømmer som er større enn at ein person åleine kan handtere det. Femteparten må ein riktignok gi bort. Ein skal ikkje sjølv hogge det sund. Kjem slikt stort drivtømmer rekande inn til stranda åt ein bonde, kan han setje merket sitt på det, sjølv om det er søndag. Men han må ikkje hogge det sund
- Opne ei grind som etter lova skal vere open (*löghlid*)<sup>30</sup>, men som no er lukka. Den som i si tid lét att grinda, skal straffast

Også dei austnorske kristenrettane (*Brtl. kr.* I, 13, 14, III, 20, 21 og *Etl. kr.* I, 12-20, II, 9-16) gir mange forbod mot arbeid på laurdag ettermiddag og søndag. Mens den islandske lova har ulike reglar for dei to dagane, skil ikkje dei norske lovene mellom laurdags- og søndagsarbeid. Også andre helgedagar har dei same forboda. *Etl. kr.* set straffa for å utføre forbode arbeid på helgedagane til 6 øre. *Btl. kr.* gir opp ulike storleikar på bøtene, ettersom kor heilag dagen er. Ifølgje *Etl. kr.* begynner helga ved non på laurdag og varar til daggry på måndag, mens *Brtl. kr.*

<sup>28</sup> Her står ordet *vorv* (eint. *vara*) som ifølgje Fritzner (III 1954:866) i tillegg til å tyde "vare", også kan tyde "vadmål" spesifikt (særleg på Island).

<sup>29</sup> *fardagr*: "Flyttedag" (Fritzner I 1954:389).

<sup>30</sup> *löghlid*: "Aabning som efter Loven skal holdes i et Gjerde" (Fritzner II 1954:600).

har ulike reglar for sommar og vinter. Om sommaren tek helga til då sola står i sør dagen før den eigentlege helgedagen, og om vinteren då sola går ned. Både *Brtl. kr.* og *Etl. kr.* er svært kasuistiske i samband med arbeid på helgedagar, og gir stort rom for at folk kan arbeide på desse dagane. På denne måten liknar dei meir på *Grg. kr.* enn på *Gtl. kr.*

Den kristne skikken med å halde søndagen heilag, byggjer på tradisjonen om at Jesus stod opp frå døden på ein søndag. Riktignok vitnar den norrøne litteraturen om ein del forvirring omkring opphavet til den kristne kyrkja sine reglar - også blant dei geistlege. I juledagspreika har *Gamal norsk homiliebok* (1931:31-32) den ukorrekte opplysninga at det å halde søndagen heilag heng saman med det at Jesus vart fødd på ein søndag.

Søndagen vart truleg respektert som kviledag blant dei kristne i Norden heilt frå starten. I *Heimskringla* blir det fortalt om kva som hende då Olav den heilage ein gong gløymde at det var søndag:

Sá atburðr varð á einum sunndegi, at Ólafr konungr sat í hásaeti sínu yfir borðum ok hafði svá fasta áhyggju, at hann gáði eigi stundanna. Hann hafði í hendi kníf ok helt á tannar ok renndi þar af spánu nokkura. Skutillsveinn stóð fyrir honum ok helt borðkeri. Hann sá, hvat konungr gerði, ok skilði þat, at hann sjálfr hugði at öðru. Hann mælti: "Mánadagr er á morgin, dróttinn." Konungr leit til hans, er hann heyrði þetta, ok kom þá í hug, hvat hann hafði gjort. Síðan bað konungr færa sér kertisljós. Hann sópaði spáninim öllum í hönd sér, þeim er hann hafði telgt. Þá brá hann þar í loginu ok lét brenna spánuna í lófa sér, ok mátti þaðan af marka, at hann myndi fast halda lög ok boðorð ok vilja yfir ganga þat, er hann vissi réttast (*Heimskringla* II 1945:342).

(Det hende ein søndag at kong Olav sat til bords i høgsetet sitt, og sat i så djupe tankar at han ikkje la merke til tida. Han hadde ein kniv i handa og ei stikke, som han spikka nokre fliser av. Ein hirdmann stod framfor han med eit beger og såg kva kongen gjorde, og skjøna at han satt i andre tankar. "Det er måndag i morgon, herre," sa han. Kongen såg på han då han hørde dette, og då kom han på kva han hadde gjort. Kongen bad om eit tent lys. Så sopa han i hop i handa si alle flisene som han hadde spikka, og sette flamma bortåt og let flisene brenne i handa. Og av dette kunne dei sjå at han ville halde fast Guds lov og bod og ikkje gjere imot det som han visste var rettast.)

Denne episoden blir lovprist i *Gamal norsk homiliebok* (1931:118), og brukt som døme på kor stor respekt Olav den heilage viste for kyrkja sine påbod.

Eit anna døme frå Olav den heilages liv gir den legendariske Olavssoga frå slaget ved Nesjar i 1016. Soga vil ha det til at kong Olav var skuldlaus i at dette slaget gjekk føre seg på palmesøndag. Kongen hadde nemleg foreslått at ein skulle utsetje slaget (*Olafs saga hins helga* 1922:24). Snorri Sturluson let derimot kongen begynne slaget utan motforestillingar (*Heimskringla* II 1944:59).

## 6. Laurdag

*Gtl. kr.* (16) fastset at laurdagen skal vere heilag frå non<sup>31</sup>. På laurdag - etter non - gjeld dei same forboda mot arbeid som på søndag, og også dei same høva for dispensasjon.

I motsetjing til *Gtl. kr.* blir det i *Grg. kr.* (9 og 10) gitt svært mange reglar for laurdagen. Dagen skal vere heilag frå non og ein skal ikkje arbeide frå økt (*eykt*)<sup>32</sup>. I *Grg. kr.* blir laurdagen kalla skiftevis *laugardagr* og *þváttdagr*. Sjølv om det står at det ikkje skal arbeidast på laurdag ettermiddag, blir det presisert at arbeid som er tillate på søndag, også kan gjerast på laurdag ettermiddag. Dessutan gir lova dispensasjon for endå fleire gjeremål laurdag etter non:

- Om ein har slakta tidlegare på dagen, har ein lov til å hakke og skjere fleisk utover ettermiddagen og kvelden. Men kjøttet og involane må vere borne i hus innan økt. Det er også lov å lage i stand den maten som ein treng i helga. Og skulle ein kome til å lage i stand meir enn det som trengst, skal ein ikkje straffast for det
- Om ein mann er på veg heim med hest og kløv ein laurdag, kan han reise til sola er skafthøg<sup>33</sup>. Om han ikkje rekk heim før dette, skal han ha skaffa seg ein overnattingsstad og teke lasta av hesten innan sola står i vest. Ein bonde - dette gjeld berre bønder som er så velhaldne at dei er i stand til å betale tingreiseavgift - som nektar ein slik mann overnatting, skal straffast med utleg<sup>34</sup>.

<sup>31</sup> *nón*: "Tiden ved Kl. 3 om Eftermiddagen" (Fritzner II 1954:829). Det står også i sjølve teksten at ved non er ein tredjedel av dagen att.

<sup>32</sup> Ifølgje Fritzner (I 1954:358) tyder *eykt* generelt eit tidsrom på 3 timar, altså ein åttandedel av døgnet. Men svært ofte tyder det dei 3 timane frå kl. 3 om ettermiddagen eller det tidspunktet då denne 3-timersperioden startar. Dette vil seie det same som at *nón* og *eykts* svært ofte tyder det same, og i denne samanhengen er det tilfellet. Teksten forklarar at økta har begynt når sola har passert to tredjedelar av sørvestkanten av himmelen, og berre ein tredjedel er att.

<sup>33</sup> Ordet er definert i teksten på denne måten: "Þa er skapt há sól. ef maðr stendr ifiörv. þar er mætiz siör. oc land at half föllnvm sæ. oc mætti hann sia ihaf vt þa er sol gengr at uatni. enda syniz honum sva. ef spiót væri sett vndir sölna. þat er maðr mætti taka hendi til fals. at oddrin tæki vndir solna. enn spiozt skaptz halin a siö niðr. ef i heiþi mætti sia" (*Grágás* Ia 1852:28).

(Slik er sola når ho er skafthøg: Om ein mann står i fjøra - der som hav og land møtest - når havet er halvhøgt [altså midt mellom flo og fjøre] og han kan sjå ut på havet når sola går ned mot vatnet. Så kan ein tenkje seg at ein stiller opp eit spyd under sola. Spydet må vere så langt at ein mann kan nå med handa opp til enden av spydskafet [der som spydbladet begynner]. Er sola skafthøg, vil spissen (odden) nå opp til sola og spydskafthalen ned til sjøen. Dette gjeld om det er så klart at det er mogleg å sjå slikt.)

<sup>34</sup> *útlagr*: "fredløs" (Fritzner III 1954:820).

Blir den same mannen nekta overnatting to stader til, skal den siste bonden - i tillegg til at han naturlegvis skal straffast for å ha nekta overnatting - også vere ansvarleg for eventuelt gods som blir lagt att av den reisande

- Båtfarande<sup>35</sup> menn kan føre kløvbyrder på laurdag inntil sola er skafthøg. Ein velhalden bonde (sjå ovanfor) som blir beden om det, pliktar å gi mat og overnatting til fem slike personar om styrmannen er med - i motsett fall berre til tre. Straff for å nekte er 3 merker i bot
- Brudefølge kan reise med kløvhestar (med bør) inntil sola er skafthøg. Også i slike tilfelle pliktar ein velhalden bonde (sjå ovanfor) som blir beden om det å gi mat og overnatting til fem personar om brud eller brudgom er med - i motsett fall berre til tre. Straffa for å nekte er utlegd
- Det er lov til å føre kløvbyrder nedover ein fjellveg om reisa har gått seinare enn planlagt - sjølv om det altså eigentleg er for seint på dagen
- Ein mann som reiser til eit vårting for å utøve godeembete, har lov til å vere på reise etter den eigentlege fristen. Det er viktig at han ikkje kjem for seint til vårtinget. Har han ikkje rokke å slå opp bua si innan sola er skafthøg på laurdag, skal han straffast med utlegd
- Alle som har tingmannsrett (*þingheyjandi*)<sup>36</sup> og som reiser for å vere til stades ved tingopninga, har også lov til å reise seint. Desse mennene kan ha med seg klede, telt, teltdukar og dessutan varer for 40 pund. Dei har også krav på overnatting på veg til vårtinget, og dei har lov til å ha med seg så mange personar som halvparten av talet på tenestefolk som dei har heime

Alt anna arbeid på laurdag ettermiddag - enn det som no er nemnt - skal straffast med 3 merker. Riktignok slår lova fast at det finst to grunnar til at vedkommande kan sleppe straff:

---

<sup>35</sup> I teksten står det riktignok berre "reisande" (*farmenn*), men ettersom ordet styrmann er nemnt seinare, er det naturleg å tolke det som "båtfarande". Dette synspunktet blir også støtta av at reisande på land alt er nemnde (sjå pkt. ovanfor). Vilhjálmur Finsen tolkar også ordet på denne måten (han skriv "havreisende") i si omsetjing (*Grágás* Ic 1870:26).

<sup>36</sup> *þingheyjandi*: "en af de Mænd som søge og holde Tinget" (Fritzner III 1954:1022).

1. Vitneutsegn om at det ikkje var mogleg å sjå sola, og at vedkomande ville ha avslutta gjeremåla tidlegare om han hadde vore klar over kor seint det var
2. Vedkomande torde ikkje å gå heim av redsle for å bli straffa fordi han ikkje hadde gjort nok. I slike tilfelle er det husbonden som skal straffast

Det blir også sagt at om folk på ein gard skal saksøkjast pga. arbeid på laurdag ettermiddag, skal ein først og fremst saksøkje bonden. Vidare kan folk saksøkjast i denne rekkjefølgja: tenestefolk, gjeldstrælar (*skuldarmenn*)<sup>37</sup> og vanlege trælar. Det blir presisert at frie menn skal saksøkjast først.

## 7. Særskilde reglar om jakt i høgtider og på andre helgedagar

*Gtl. kr.* har ingen slike føresegner. Det einaste som finst om dette emnet, er lova som seier at fiske og fuglejakt er forbode på søndagar (sjå s. 56).

*Grg. kr.* (14) gir spesielle reglar om jakt som gjeld for 15 av dagane i året. Desse dagane er følgjande:

- 1. juledag
- 8. juledag
- 13. juledag
- 1. påskedag
- Kristi himmelfartsdag
- 1. pinsedag
- dei fire Maria-messene
- allehelgensmesse
- Johannesmesse
- Peter- og Pålsmesse om sommaren (29. juni)
- kyrkjevigsledagen
- Torlaksmesse

Det står også at søndagane og alle dei andre messedagane skal haldast likt. Med andre ord skal ikkje reglane vere så strenge då.

<sup>37</sup> *skuldarmaðr*: "Person der er kommen i den Stilling, at han ved Arbeide i Kreditors Tjeneste skal betale sin Gjæld til denne" (Fritzner III 1954:392).



For dei 15 nemnde dagane gjeld forbod mot all jakt, bortsett frå følgjande:

- Isbjørn. Den første som gir bjørnen banesår, er eigaren av dyret - uansett kven som eig grunnen. Men om jegeren er ein træl eller ein gjeldstræl, er det husbonden åt trælen som er eigaren
- Kvalross. Den som fangar dyret, eig den eine halvparten, og grunneigaren den andre
- Kval som driv på havet, kan ein slepe og feste. Dei kan eventuelt bli skorne - om det ikkje er mogleg å feste dei
- Fisk som kjem til land. Dette gjeld berre om ein kan få tak i dei ved hjelp av hoggvåpen, eller ved å ta dei med hendene. Ein må ikkje bruke nett eller onglar
- Fuglar som er skadde i vengene ("fiaðr sára"). Det må vere slik at dei kan takast med hendene

Til slutt står det at ein skal gi bort femteparten av fangsten - "slik som ein skal med all annan søndagsfangst".

## Oppsummering

1. Både *Gtl. kr.* og *Grg. kr.* nemner dei same dagane i samband med julehald. Det gjer også dei austnorske kristenrettane, bortsett frå at *Etl. kr.* også har med 5. juledag. I *Gtl. kr.* har dei alle same grad av høgtid. *Grg. kr.* deler dei derimot i to grupper; 1., 8. og 13. juledag er meir høgtidlege enn dei andre. Lovene er like på den måten at dei viser til reglane for søndagane i samband med arbeid i juledagane. Men sidan reglane for søndagsarbeid i dei to lovene er svært ulike, blir likevel praksis ueinsarta i dei to landa. *Grg. kr.* listar dessutan opp ein del andre gjeremål som ein kan utføre i romjula. Noko tilsvarande finst ikkje i *Gtl. kr.* På den andre sida har *Gtl. kr.* reglar for brygging til jul. Det har ikkje *Grg. kr.*

2. Reglane om påske skil seg mykje frå kvarandre. Mens *Grg. kr.* nemner sjølve påskeveka, dvs. dei fire dagane f.o.m. 1. påskedag, har *Gtl. kr.* også med tida f.o.m. skjærtorsdag. Elles verkar det som om det i begge lovene manglar noko i samband med påkehald. *Grg. kr.* viser fleire gonger til ein regel om korleis ein skal halde 1. påskedag heilag, men denne regelen finst ikkje. På den andre sida skulle ein vente at *Gtl. kr.* gav fleire føresegner om sjølve påskehelga enn at det ikkje er løv til å grave ned lik. Ein kunne også vente å finne fleire opplysningar om påska i dei

austnorske lovene. *Brtl. kr.* har berre ein regel om 4. påskedag, mens *Etl. kr.* berre har eit gravleggingsforbod som liknar på det ein finn i *Gtl. kr.*

3. Føresegnene om gangdagane er temmeleg like i dei to lovene. Den einaste skilnaden er at mens heile onsdagen er heilag i *Gtl. kr.*, skal den haldast som laurdag på Island. Dei austnorske kristenrettane har ingen opplysningar om dei tre gangdagane.

4. *Grg. kr.* gir fleire føresegner om korleis ein skal halde pinsa heilag. Slike reglar manglar heilt i *Gtl. kr.* *Etl. kr.* er den einaste av dei eldste norske kristenrettane som nemner pinsa.

5. Reglane for kva ein har lov til å gjere på søndagane er svært kasuistiske i *Grg. kr.*, mens *Gtl. kr.* er langt mindre detaljert. På dette området liknar dei austnorske kristenrettane meir på den islandske.

6. Skilnaden mellom dei to lovene er enda større i samband med laurdagen. I *Gtl. kr.* er laurdagen berre så vidt nemnd, mens den i *Grg. kr.* blir omtala i to heile kapittel. Her liknar dei austnorske kristenrettane mykje på *Gtl. kr.* Dei tre norske kristenrettane har det til felles at dei ikkje gir egne reglar for arbeid på laurdag ettermiddag, men berre let søndagsreglane gjelde.

7. Berre *Grg. kr.* gir særskilde reglar om jakt i samband med høgtider og andre helgedagar.

Etter denne samanlikninga må ein kunne slå fast at ingen ting tyder på at *Grágás* skulle ha hatt *Gulatingsslova* som modell då føresegnene i kristenretten om høgtider og andre helgedagar vart utforma. Det at juledagane er dei same, er heilt naturleg. Resten av føresegnene er såpass sprikande at det er svært vanskeleg å sjå nokon samanheng mellom *Grg. kr.* og dei eldste norske kristenrettane.

## VIII : Faste

"Heller skal han ete kjøtt enn late livet for matløyse."

*Grágás*, kapittel 16

Kyrkjjas påbod om faste til særskilde tider skriv seg først og fremst frå kravet om at kroppen skulle vere rein når ein mottok den heilage nattverden. Etter kvart vart fasta ein viktig del av førebuinga, ikkje berre for nattverden, men for ei heil rekkje andre kyrkjelege handlingar. Dermed oppstod ein heilt ny situasjon som skulle halde seg gjennom heile mellomalderen, og som også skulle komme til dominere den katolske kyrkja i Norden (Andrén 1959:182-183).

I regelen var det berre forbode å ete kjøtt når ein skulle faste. Det vart kalla å "fasta við fisk". Strengare var det å "fasta við þurrt", då ein fekk ete berre vegetabilsk mat<sup>38</sup> og å "fasta við hvítan mat", då ein fekk ete berre mjølke- og eggemat. Strengast var "vatnfasta" (eller "fasta við salt ok brauð"), då ein ikkje kunne nyte anna enn vatn, salt og brød. Desse ulike typane av faste blir nemnde i *Grágás*, mens *Gulatingslova* ikkje nyanserer på denne måten. I det følgjande er det forbod mot kjøtt det er tale om - om ikkje noko anna blir nemnt.

Det var også variasjonar i samband med tider på døgnet. Ein kunne t.d. skilje mellom nattfaste og dagfaste. Av og til var det lov å ete eitt måltid, andre gonger to, eller ein skulle faste berre til non. *Grg. kr.* har langt fleire slike reglar enn *Gtl. kr.*

I tillegg til dei lovfeste og påbodne fastene gir litteraturen fleire døme på at faste også vart brukt i andre samanhengar. I saga om Olav Tryggvason av Oddr Snorrason er det døme på at faste vart brukt som eit middel for å få hjelp frå Gud (*Saga Óláfs Tryggvasonar af Oddr Snorrason* 1932:51). På den andre sida gir saga eit døme på at ein ikkje måtte drive fasta så langt at ein miste livet. Dronning Tyra vart rådd til å ete eit eple før ho døydde, for at ho ikkje skulle bli skulda for sjølv mord etter å ha fasta i lang tid (ibid:238). Dette er døme på faste som blir gjennomført av eigen fri vilje - og slik faste er berre delvis nemnd i lovene.

I *Gtl. kr.* handlar særleg kapittel 20 om faste. Dessutan finst det føresegner om faste i kapittel 17. Desse kapitla finst i både Olavs- og Magnus-teksten. I tillegg er faste så vidt nemnd i kapitla 21 og 27. I og med at dei setningane som gjeld faste i desse to kapitla også finst i begge tekstane, kan vi slå fast at det som blir sagt om faste i *Gtl. kr.*, gjeld for både Olavs og Magnus' lov.

<sup>38</sup> Maurer meiner at ein også kunne ete fisk (Maurer 1895:85).

*Grg. kr.* inneheld mange og til dels svært detaljerte reglar om faste. Dei er spreidde over fleire kapittel i den siste delen av kristenretten (kapittel 12, 13, 15, 16 og 17).

Det er mogleg å skilje mellom ulike typar faster (eller fastedagar). Desse typane vil bli omhandla i kvart sitt kapittel:

1. Fredagsfasta
2. Faste før messedagane
3. Gagnfastene
4. Imbredagane
5. Langfasta
6. Gangdagane
7. Andre fastedagar knytte til særskilde høgtider

I tillegg til dei føresegnene som er knytte til dei ulike fastetidene, finst det reglar om andre forhold i samband med fasta. Desse føresegnene er samla i eit siste kapittel, kapittel 8.

## 1. Fredagsfasta

Fredagsfasta går kort og godt ut på at ein kvar einaste fredag - heile året gjennom - skal halde seg borte frå kjøtt. Det at nettopp fredagen vart vald, kom av at denne dagen spela ei viktig rolle i Kristi lidingshistorie.

I *Gtl. kr.* (20) heiter det: "Ðat er nu því nefst at hinn fíraunda dag hvern íkolom vér varna við kiotvi. þann kollom vér fríadag<sup>39</sup>" (Det er no sagt at kvar sjuande dag skal vi halde oss vekk frå kjøtt, og den dagen kallar vi fredag). Straffa for å bryte fredagsfasta er å betale 3 øre til biskopen. Om brotet gjentek seg, skal ein betale 3 merker. Hender det ein tredje gong, er straffa tap av all eigedom. Riktignok kan vedkommande gå til skrifte og gjere kyrkjebot<sup>40</sup>. Ville han ikkje det, skal han landsforvisast. Om ein træl et kjøtt på fredagane - eller i "utide" - skal ein hudstryke han ("beria huð af því") eller bøte 3 merker til biskopen.

---

<sup>39</sup> Det blir brukt ulike namn på fredagen i Noreg og på Island. Mens det i den norske teksten blir brukt ordet "fríadag", blir det i den islandske brukt "favstv dagr" (eller "föstu dagr"). Det var biskop Jón Ögmundarson på Hólar (1052-1121) som forbaud islendingane å kalle ukedagane opp etter dei heidenske gudane (t.d. Odin, Tor og Frigg) (*Biskupa sögur* 1 1858:237).

<sup>40</sup> Sjå forklaring s. 52.

I *Grg. kr.* (16) blir det fortalt at det er forbode å ete kjøtt på "favstv daga alla" (alle fredagane)<sup>41</sup>. Straffa for eit slikt brotsverk er *fjörbaugsgarðr*<sup>42</sup>.

Begge dei austnorske kristenrettane forbyr kjøtting på fredagane. *Brtl. kr.* (I, 6, II, 2, III, 3) set straffa til 3 merker. *Etl. kr.* (I, 27, II, 23) er meir ukklar her, men det ser ut til at straffa for å ete kjøtt på fredagane er 6 øre.

Fredagsfasta var svært grunnleggjande, og vart truleg tidleg innført i Norden. Om ein skal tru Snorri Sturluson gjorde allereie Håkon den gode eit forsøk på å innføre fredagsfaste. Då han prøvde å innføre kristendommen i Trøndelag, ville han også få folket til å faste kvar sjuande dag. Dette vart ikkje vel motteke blant arbeidsfolk og trælur. Dei meinte at ein ikkje kunne arbeide skikkeleg om ein ikkje fekk nok mat (*Heimskringla* I 1941:69).

## 2. Faste før messedagane

Dette er faste som skal vare ein dag og ei natt før lovfeste messedagar. Både *Gtl. kr.* (17) og *Grg. kr.* (13) gir reglar om slik faste. Følgjande oppsett viser dei messedagane som har påboden faste føre seg og samtidig kva som er ulikt i dei to lovene:

*Gtl. kr.:*

Johannesmesse  
Petersmesse  
Seljumannamesse  
Jakobsmesse  
Olavsmesse (den første)  
Laurentiusmesse  
Mariamesse (den første)  
Bartolomeusmesse  
Matteusmesse  
Mikkjelsmesse  
to-apostelmesse  
allehelgensmesse  
Andreasmesse  
Tomasmesse

*Grg. kr.:*

Mattiasmesse  
den første gangdagen  
Johannesmesse<sup>43</sup>  
Petersmesse  
Jakobsmesse  
Olavsmesse  
Laurentiusmesse  
Mariamesse  
Bartolomeusmesse  
Matteusmesse  
Mikkjelsmesse  
Simon- og Judasmesse  
allehelgensmesse  
Andreasmesse  
Tomasmesse  
Nikolausmesse  
Torlaksmesse<sup>44</sup>

<sup>41</sup> Lovregelen om fredagane er ikkje med i *Staðarhólsbók*.

<sup>42</sup> *fjörbaugsgarðr*: "Fredløshed udenfor en vis indskrænket Kreds, nemlig tvende ikke længere end en Dags Reise fra hinanden beliggende Tilholdssteder, som *fjörbaugssmaðr* kunde vælge sig, og indenfor hvilke han var *heilagr*" (Fritzner I 1954:434).

<sup>43</sup> I samband med to av messedagane (Johannes og Peter), er formuleringa i *Konungsbók* litt annleis enn i dei andre handskriftene. I *Konungsbók* blir det ikkje sagt at fasta føre skal

Dei austnorske kristenrettane nemner ikkje faste før messedagane.

*Gtl. kr.* nemner 14 messedagar med lovfest faste føre, mens *Grg. kr.* nemner 17. Berre ein av messedagane i *Gtl. kr.* er utelaten i *Grg. kr.*, nemleg Seljumannamesse. Av dei messedagane som *Grg. kr.* påbyr faste føre, er det fire som ikkje finst eller ikkje har påboden faste føre seg i *Gtl. kr.* Det er Mattiasmesse, den første gangdagen, Nikolausmesse og Torlaksmesse.

*Gtl. kr.* oppgir inga straff for å bryte fastereglane føre desse dagane. Derimot krev *Grg. kr.* at å ete kjøtt føre slike dagar, skal straffast med 3 merker i bot.

Den eine messedagen som *Grg. kr.* ikkje påbyr faste føre, er Seljumannamesse. Dette er da også ein messedag med ein svært norsk bakgrunn. Den er ein minnedag om dei heilage som kviler i Kinn i Sunnfjord og i Selje i Nordfjord. Den viktigaste av desse var den irske kongsdottera Sunniva. Olav Tryggvason og biskop Jon bestemte at desse personane skulle dyrkast (Robberstad 1969:329).

Av dei fire messedagane med påboden faste føre i *Grg. kr.* som ikkje har eit slikt påbod i *Gtl. kr.*, er to vanskelege å forklare. Det er ikkje lett å skjøne kvifor Mattiasmesse, som er til minne om apostelen Mattias, og den første gangdag, skulle vere viktigare på Island enn i Noreg. At Torlaksmesse har ei viktigare stilling i den islandske lova enn i den norske, er naturleg. Og kanskje kan ein forklare helgenen Nikolaus' stilling på Island ved at han var sjøfolka sin vernar. Truleg har han vorte kjend på Island svært tidleg, og han vart ein av dei mest populære helgenane i landet (Árni Björnsson 1993:290). Mot slutten av mellomalderen fanst det ikkje mindre enn om lag 60 kyrkjer på Island som var vigde til Nikolaus. Det var i biskop Þorláks tid at det vart bestemt at det skulle vere nattfaste før Nikuolaus- og apostelmessene.

### 3. Gagnfastene

Ordet gagnfaste tyder eigentleg "mot-faste" (jf. tysk *gegen*) (Maurer 1881:249). Den var ei førebuaende faste før store høgtider. Fasta kunne vere anten frivillig eller påboden ved skriftemål, og den varte 2 eller 3 veker. Det var vanleg med gagnfaste fire gonger i året, og dei fire tidene var normalt desse:

---

vare i ein dag og ei natt, slik som i dei andre, men at den skal strekkje seg over to halve døgn (2 *dégr*).

<sup>44</sup> Før Torlaksmesse skal det vere vatnfaste - som tyder at ein ikkje kunne ta inn noko anna enn vatn (*Grágás* 1c 1870:30).

- 2 veker før langfasta
- 3 veker før Johannesmesse
- 3 veker før Mikkjelsmesse
- 3 veker før jul

I *Gtl. kr.* blir gagnfaste omtala i to samanhengar. Kapittel 21 nemner ei gagnfaste som kjem ei stund etter jul. Det må vere meint dei to vekene med gagnfaste før langfasta. Dei tre andre gagnfastene er også med i *Gtl. kr.* (27). Det står at "gagnfafta. er þriar vikur til ionf voku. oc þriar til mikíalf meffo. oc þriar til iola" (gagnfaste er dei tre vekene før Jonsmesse, dei tre før Mikkjelsmesse og dei tre før jul). *Gtl. kr.* nemner inga straff for å ete kjøtt i gagnfaste-tidene.

*Grg. kr.* (15) omtaler ikkje andre gagnfaster enn den som kjem før jul, og den kallast for julefaste. Den skal starte på ein måndag, og mellom denne måndagen og 1. juledag skal det vere tre søndagar. I denne perioden skal ein ikkje ete kjøtt - bortsett frå på søndagane og på lovfeste messedagar. Til slutt blir det sagt at før alle fredagane skal det vere nattfaste, og dagen før jul skal det vere dagfaste. *Grg. kr.* set straffa for å ete kjøtt i gagnfasta til 3 merker i bot.

#### 4. Imbredagane

Desse fastedagane var innstifta for å be Gud om regn og grøde på jorda. Namnet kjem frå det latinske ordet *imbres* (eintall: *imber*) som tyder regn (jf. angelsaksisk *ymbrendagas*) (Fritzner II 1954:206).<sup>45</sup> Dette er fastedagar som kjem fire gonger i året - føre dei store høgtidene. Kvar gong er det 3 dagar. Det har vore delte meiningar om kva vekedagar det dreiar seg om - onsdag, torsdag og fredag eller onsdag, fredag og laurdag (Taranger 1890/91:387).

*Gtl. kr.* nemner ikkje desse fastedagane. Derimot gir *Grg. kr.* (15) følgjande opplysningar om imbredagane:

- Utgjør til saman 12 dagar i året
- Desse dagane, og også nettene føre dei, skal ein faste
- Dei førekjem fire gonger i året: andre veke i langfasta, pinseveka (laurdagsnatta i denne veka kan ein ete kvit mat), før Mikkjelsmesse og før jul. For dei to sistnemnde tidene skal det nøyaktige tidspunktet for imbredagane kunngjerast på tinget

<sup>45</sup> Gjerløw (1962:361-362) meiner derimot at opphavet er det angelsaksiske ordet *ymbryne* som tyder "omløp, periode". Likevel siterer ho lengre ut i artikkelen forfatternen til handskriftet AM 114a qv. frå ca. 1325 som fortel at *ymbres* tyder "regnskurer" på latin.

I følgje *Grg. kr.* er straffa for å ete kjøtt i imbredagane *fjörbaugsgarðr*.

Det er interessant å leggje merke til at mens *Gtl. kr.* ikkje nemner desse dagane, forbyr både *Brtl. kr.* (I, 1, II, 2, III, 3) og *Etl. kr.* (I, 27, II, 23, 24) eting av kjøtt på imbredagane, og set straffa til 3 merker. Versjon I av *Etl. kr.* har 6 øre. Denne versjonen forbyr også kvit mat.

Føresegna om at tida for imbredagane skal kunngjerast på tinget, heng truleg saman med at det var stor uvisse omkring desse tidene. Først og fremst for allmugen, men truleg også for dei geistlege og dei lov-kunnige. Det var ulike reglar i England og på kontinentet, og pave Urban II såg seg nøydd til å revidere reglane på 1000-talet (Taranger 1890/91:385). Reglane for tidene vart etter alt å dømme mindre vaklande etter kvart, og ein kan leggje merke til at dei yngre kristenrettane - både i Noreg og på Island - gir klarare reglar for tidspunktet.

Imbredagane er også nemnde i biskopssogene (*Biskupa sögur* I 1858:107). Av denne kjelda kan det verke som om imbredagane gjerne vart brukte til ordinasjon.

## 5. Langfasta

Langfasta blir også kalla "sjau vikna fasta" eller "allra manna fasta". Dette var den lengste fasta i året. Den varte i cirka 7 veker og strekte seg frå oskeonsdag-veka til påske. Det kunne eventuelt leggjast til 2 veker (gagnfaste), slik at ho vart 9 veker lang.

Svært lite blir sagt om denne fasta i *Gtl. kr.*, berre at det er forbode å ete kjøtt - og særleg hestekjøtt - i langfasta, og at biskopen held langfaste i 9 veker. Straffa for å bryte fastelova i langfasta er å betale 3 merker til biskopen. Om ein et hestekjøtt, er straffa strengare: tap av all eigedom og landsforvising. Om ein træl et utan at husbonden vil det, skal han selje trælen ut av landet og sjølv bruke den betalinga han får.<sup>46</sup> Han skal ikkje ete saman med trælen etterpå. Gjer han det, skal han bøte 40 merker (*Gtl. kr.* 20).

*Grg. kr.* (15) legg stor vekt på langfasta med opplysningar og påbod:

- Starttidspunktet skal forkynnast på tinget
- Startar alltid på ein måndag
- Lov å ete kjøtt fram til midnatt søndagen før
- Varar i 7 veker

<sup>46</sup> Denne lovregelen står rett etter føresegna om hestekjøtt og langfaste. Men om det er tale om både hestekjøtt og langfaste i denne samanhengen, er uklart.



- Varar til sola skin på fjella 1. påskedag
- Kjøttforbod i alle dei 7 vekene, men søndagane er unnatekne frå fasta
- Måndag og tysdag i første langfasteveka (altså dei to dagane før oskeonsdag), er det lov til å ete to måltid (men ikkje kjøtt)
- I langfasta skal ein faste i 11 netter: dei 7 fredagsnettene, den første og siste onsdagen og onsdags- og laurdagsnatta i den andre veka (imbredagane)

*Grg. kr.* fastset at straffa for å ete kjøtt i langfasta er *fjörbaugsgarðr*.

Både *Brtl. kr.* og *Etl. kr.* forbyr kjøtteting i langfasta. *Brtl. kr.* (I, 6, II, 2, III, 3) fastset at om ein et kjøtt når det er 7 veker att til påske, er straffa 3 merker. Er det berre 6 veker att, er straffa fredløyse og tap av eigedom. *Etl. kr.* (I, 27, 28, II, 23, 24) slår fast at ein som et kjøtt i langfasta skal straffast med utlegd.

## 6. Gangdagane

Dei tre dagane før Kristi himmelfartsdag vart kalla gangdagane. Dei vart også kalla *síðari gangdagar* - i motsetning til den første gangdagen (25. april). Heile denne veka vart gjerne kalla *gangdagavika*.

*Gtl. kr.* krev at ein skal halde gangdagane heilage. Ein skal arbeide til midt på dagen ("til miðdags") dei tre første dagane i veka. Men ingenting blir sagt om faste.

Derimot gir *Grg. kr.* (12) ein del føresegner om mat i denne veka. Måndag, tysdag og onsdag skal ein ete berre eitt måltid (men ein kan ete kvit mat om natta om ein vil). Om Filips- og Jakobsmesse, krossmesse eller kyrkjeveigsledagen fell på måndag eller tysdag, kan ein ete to måltid (men ikkje kjøtt). Straffa - ifølgje *Grágás* - for å bryte fastelova i gangdagane er 3 merker i bot.

I handskriftet AM 194 8vo, som er utgitt av Kr. Kålund i 1908 (*Alfræði Íslenzk*), er det eit kapittel som heiter "Uppruni gangdaga". Her fortel ein islandsk prest - truleg vart det skrivi i 1387 - om opphavet til gangdagane (sjå s. 55). Etter å ha gjort greie for dette, opplyser han:

Sidan lagdizt sa vandi æ of allt Frakland ok hvervetna fyrir nordan fiall, ath III gangdagar skolo halldnir vera ath föstu ok nón-helgi ávallt i gegn uppstigningar-degi (*Alfræði Íslenzk* 1908:34).  
(Sidan vart den plikta lagt på heile Frankrike og overalt nordafjells at ein alltid skulle halde faste og nonhelg dei tre dagane før Kristi himmelfartsdag.)

## 7. Andre fastedagar knytte til spesielle høgtider

*Gtl. kr.* nemner ikkje fleire fastedagar enn dei som allereie er nemnde.

*Grg. kr.* (12, 15) omtaler to dagar i tillegg. Denne lova krev dagfaste dagen før 13. dag jul og laurdagen før pinse. Om ein bryt fastepåbodet dagen før 13. dag jul, skal ein betale 3 merker i bot. Om ein et kjøtt laurdagen før pinse, skal ein derimot bli straffa med *fjörbaugsgarðr*.

Lovregelen om faste 12. dag jul skriv seg truleg frå 1058. Eit tillegg til *Skarðsárabók* opplyser at det var biskop Ísleifr som innførde denne skikken:

En þann fyrsta vetr er Ísleifr biskup var á Íslandi, var manndauði sem mestr á Íslandi af sulti; þá var allt þat etit er tönn festi á. En um sumarit lét biskup því heita á þingi, at menn skyldu fasta enn xij dag jóla um iij ár, þvíat svá var gert í Herfurðu, þar er biskup hafði í skóla verit, á Saxlandi. Þá var svá snæmikitt hvervetna at menn gengu flestir til alþingis; en er heitit var, batnaði þegar veðráttu, ok varð sumar hit bezta; en vetrinn eptir var svá góðr at engi kom þeli í jörð, ok gengu menn berfættir til tíða um jól, en húsuðu ok lögðu garða á þorra. Hit næsta sumar eptir var þat í lög tekit, at jafnan skyldi fasta hinn xij dag jóla, ef eigi bæri á drottins dag (*Íslendinga sögur* I 1843:323-324).

(Men den første vinteren då Ísleifr var biskop på Island [1057-1058], var det svært mange menneske som døydde av svolt på Island. Då åt folk alt som ein kunne setje tennene i. Men om sommaren [1058] let biskopen folk love det på tinget at dei skulle faste 12. dag jul i tre år; for slik vart det gjort i Herford i Saksland, der biskopen hadde gått på skule. Då var det så mykje snø alle stader at dei fleste gjekk på beina til Alltinget. Men då folk hadde gitt dette løftet, vart vjret straks betre, og sommaren vart særskilt god. Og den neste vinteren var så god at det ikkje kom tele i jorda, og folk gjekk berrfötte til messe i jula og bygde hus og sette opp gjerde i torren<sup>47</sup>. Sommaren etterpå vart det lovfest at ein alltid skulle faste 12. dag jul om dagen ikkje fall på ein søndag.)

## 8. Andre reglar omkring fasta

### Personar som er fritekne for faste

*Gtl. kr.* har ingenting om dette. Det har heller ikkje *Brtl. kr. Etl. kr.* (I, 27, II, 23) set den nedre aldersgrensa til 12 år. Slik var det også hos angelsaksarane. Den kanoniske retten set grensa ved 21 år (Taranger 1890/91:390).

<sup>47</sup> Månaden frå midt i januar til midt i februar.

På Island var lova meir detaljert om fritaking for faste. Også i *Grg. kr.* (16) gjeld 12-årsregelen. Den som er fylt 12 vintrar ved sommarmål, er pliktig til å faste. Dette gjeld til ein er 70. Dei som er yngre enn 12 og eldre enn 70 kan faste om dei vil. Dei som er sjuke, dei som er gravide og dei som ammar slepp å faste. For dei sistnemnde gjeld fritaket berre den første langfasta - sjølv om dei ammar lenger. For alle gjeld likevel forbodet mot å ete kjøtt til særskilde tider.

### **Fritak for faste på grunn av tungt arbeid**

I *Gtl. kr.* finst det ingen reglar for slikt. Det gjer det heller ikkje i dei austnorske kristenrettane.

*Grg. kr.* (16) fritek enkelte personar for faste pga. tungt arbeid om sommaren. Frå Petersmesse til imbredagane begynner om hausten kan ein fritakast for faste pga. tungt arbeid. Det gjeld dei som driv med engearbeid, dei som driv feet heim og dei som utfører hardt arbeid for ein annan mann. Ein "sitjande mann" ("setv maðr") skal ikkje fritakast, og ein skal heller ikkje gå til arbeidet for å sleppe unna fasta.

### **Å ete i "vankunne"**

*Gtl. kr.* (20) krev at om ein mann et kjøtt på fredag fordi han ikkje veit kva dag det er ("kann eigi daga skil"), skal han spytte ut kjøttet, forklare at han åt det fordi han ikkje visste betre, gå til skrifte og gjere kyrkjebot. Men om han svelgjer kjøttet, skal han betale 3 øre til biskopen.

I *Grg. kr.* (16) står det at om ein mann med ansvaret for eit barn eller ein mentalt tilbakestående person lèt desse ete kjøtt når det etter lova ikkje er tillate, skal mannen straffast (som om han sjølv hadde ete) - og ikkje dei andre. Det same gjeld om ein mann lurar ein annan til å ete kjøtt.

Også dei austnorske lovene gir reglar for det å vere "dagvill" ("daghvillr"). *Etl. kr.* (I, 27, 28, II, 23, 24) fastset at om ein mann et kjøtt i fastetida og verkeleg ikkje veit kva tid det er, skal han gå til skrifte og så sleppe med det. Men om han får vite at det er fastetid, og likevel et kjøtt, skal han bøte 3 merker. Denne regelen gjeld ikkje om han et kjøtt i langfasta, og heller ikkje på imbredagane om han har fått vite om dei på førehand. Også *Brtl. kr.* (I, 6, II, 2, III, 3) viser forståing for at det kan vere vanskeleg å følgje med på tida. Om han spyttar ut det kjøttet han har i munnen og går til skrifte, er alt greitt. Men om det er tre menn i lag, skal kvar av dei bøte 3 merker sølv, for "dei kan ikkje alle tre vere dagville".

## Å bryte fastelova for å redde livet

Om kjøtt er einaste maten som finst i fastetida skal ein ifølgje *Gtl. kr.* (20) prøve å byte det mot annan mat hos tre av grannane sine. Om dei nektar, er det betre at han et kjøttet - og dermed reddar livet. For "helldr skal hann hund eta helldr en hundr ete hann" (heller skal han ete hund enn hund ete han). Denne stavrima setninga finst i både *Etl. kr.* (1, 29, II, 25) og *Brtl. kr.* (I, 5). På desse stadane passar den godt - i motsetning til i *Gtl. kr.*, der den er noko malplassert. Dei austnorske kristenrettane gir altså også dispensasjon til å ete kjøtt om ein har komme i vanskar (sjå også *Brtl. kr.* II, 2, III, 3).

Ein liknande regel finst i *Grg. kr.* (16). Den tillèt ein mann som bur avsidet (t.d. på ei øy) å ete kjøtt i fasta - om det er det einaste etande han har, og om det er den einaste måten å redde livet på: "*scal hann heldr eta kiot en fara aundv sini. fyrir mat leysi*" (heller skal han ete kjøtt enn late livet for matløyse). Han skal likevel ikkje ete kjøtt på fredagar eller på imbredagar. Han skal heller ikkje ete så mykje at han legg på seg.

## Oppsummering

1. Både *Gtl. kr.* og *Grg. kr.* slår fast at fredagen skal vere fastedag. Det gjer også dei austnorske kristenrettane. Det er likevel grunn til å leggje merke til den store skilnaden på straffeutmålinga. I dei norske lovene varierer straffa for brot på fredagsfasta frå 3 øre til 3 merker. I den islandske lova, derimot, er straffa *fjörbaugsgarðr*.

2. *Gtl. kr.* og *Grg. kr.* viser stor likskap i samband med faste føre messedagar, men nokre skilnader finst. Ein del av desse skilnadane kan forklarast ved at enkelte av helgenane var meir knytte til det eine landet enn det andre. Dei austnorske kristenrettane påbyr ikkje faste før messedagane.

3. Verken *Gtl. kr.* eller *Grg. kr.* ser ut til å leggje stor vekt på gagnfastene. *Grg. kr.* nemner berre gagnfasta før jul. *Gtl. kr.* nemner riktignok alle fire gagnfastene, men dei blir merkeleg nok ikkje omtalt i samband med mat- og drkkeforbod, berre i samband med andre forhold (dåp og samliv). I dei austnorske kristenrettane er ikkje gagnfastene nemnde.

4. Imbredagane er ikkje nemnde i *Gtl. kr.* I *Grg. kr.* spelar dei såpass viktig rolle at brot på fastereglane desse dagane blir straffa med *fjörbaugsgarðr*. Dei austnorske kristenrettane gir reglar for faste i imbredagane, men straffa er langt mildare enn i den islandske lova (3 øre og 6 merker).

5. I begge landa varte langfasta i 7 veker. Føresegna i *Gtl. kr.* om 2 veker ekstra faste for biskopen, finst ikkje i *Grg. kr.* På den andre sida inneheld *Grg. kr.* langt fleire opplysningar om langfasta enn *Gtl. kr.* Det er også grunn til å leggje merke til at dei to lovene fastset svært ulike straffer for å bryte fastereglane: 3 merker i bot i *Gtl. kr.*, mot *fjörbaugsgarðr* i *Grg. kr.* Også dei austnorske kristenrettane legg vekt på langfasta. Dei nemner begge langt strengare straffer enn *Gtl. kr.*: utlæg (Etl. kr.) og fredløyse og tap av all eigeendom (Brtl. kr.).

6. Også i samband med gangdagane er kristenrettane ulike. *Gtl. kr.* nemner ikkje faste på desse dagane, mens *Grg. kr.* gir detaljerte reglar. Heller ikkje dei austnorske kristenrettane påbyr faste i gangdagane.

7. *Grg. kr.* har to ekstra fastedagar som ikkje finst i *Gtl. kr.* Dei finst heller ikkje i dei austnorske kristenrettane. Desse to ekstra fastedagane er 12. dag jul og laurdagen før pinse.

8. *Grg. kr.* har langt fleire reglar og detaljar omkring fasta enn dei norske lovene. Mens *Grg. kr.* gir reglar for kven som kan fritakast for faste, har dei norske kristenrettane ikkje meir om dette enn at *Etl. kr.* nemner ei 12-årsgrense. *Grg. kr.* inneheld reglar om fritak for faste på grunn av tungt arbeid. Dette manglar i dei norske lovene. Alle lovene har føresegner om å ete av vanvare. Lovene er likevel temmeleg ulike. Dei norske lovene tek utgangspunkt i personar som ikkje sjølve kan følgje med på tida, mens *Grg. kr.* gir reglar for personar som har ansvaret for slike folk. Føresegnene om dispensasjon for å ete kjøtt - om det er den einaste måten å redde livet på - er temmeleg ulikt formulerte i dei norske og den islandske lova. Men grunntanken er lik: Det er trass alt viktigare å redde livet enn å halde fastereglane.

Etter denne gjennomgåinga må ein kunne slå fast at dei to kristenrettane viser stor grad av sjølvstende. Det er ingenting som tyder på at *Gtl. kr.* var førebilete då fastereglane vart utforma på Island. For det første er dei islandske fastereglane langt meir detaljerte. For det andre er straffa for å bryte fastereglane langt strengare på Island enn i Noreg. Eg vel å sjå begge desse tendensane som symptom på ei ung lovgjeving. Det er grunn til å tru at fastereglane vart meir detaljerte, og at brot på

dei vart sett meir alvorleg på etter kvart som kyrkja vart sterkare utover i mellomalderen.

## IX: Mat

"Heller skal han ete hund enn hund ete han."

*Gulatingingslova*, kapittel 20

Både *Gulatingsslova* og *Grágás* inneheld føresegner om kva slags mat (og då særleg kjøtt) som det er forbode å ete, men også kva slags mat det er lov til å ete. Kapittel 20, 30 og 31 i *Gtl. kr.* handlar om mat. Olavs og Magnus' lov er like på dette punktet. I *Grg. kr.* er det kapittel 16 som handlar om mat.

For å vise korleis desse to lovene følgjer kvarandre, men også korleis dei skil lag, vil eg først gi oversyn over kva slags mat som blir sett på som urein, og så over den maten som det uttrykkjeleg blir sagt kan etast.

Forboden mat:

*Gtl. kr.:*

- hest
- bufe som menneske har hatt seksuell omgang med (eit slikt dyr skal drivast på sjøen)
- sjølvdaude dyr som ein ikkje veit dødsåsa til

*Grg. kr.:*

- hest
- hund
- katt
- rev
- dyr med klør
- fuglar med klør (ørn, ramn, falk og hauk)
- kadaverfuglar (*hræfuglar*)<sup>48</sup>
- svin som har ete hestekjøtt innanfor kortare tid enn 6 mnd.
- svin som har ete menneskelik innanfor kortare tid enn 12 mnd.
- dyr som ein veit at har drepe eit menneske

I *Gtl. kr.* (20) er straffa for å ete hestekjøtt og kjøtt av dyr som har vore i seksuell kontakt med eit menneske, 3 merker. Et ein hestekjøtt i langfasta, er straffa strengare: tap av all eigedom og landsforvising. Straffa for å ete kjøtt av sjølvdaude dyr er 3 øre. I *Grg. kr.* (16) er straffa for å ete forboden mat *fjörbaugsgarðr*<sup>49</sup>.

<sup>48</sup> Her må det vere meint fuglar som livnærer seg av kadaver.

<sup>49</sup> Sjå forklaring s. 67.

## Lovleg mat:

### *Gtl. kr.:*

- dyr som har vorte avliva av ulvar eller hundar
- dyr som har vorte slege i hel av isbjørn
- dyr som har drukna i rennande vatn
- dyr som har falle utfør stup eller som har vorte kvelte av ein klave.

For alt dette kjøttet gjeld den regelen at før ein et det, skal ein vie salt og vatn, ha det på kjøttet, hengje kjøttet opp og la blodet tørke ut av det ("lata or þorna blóð")

### *Grg. kr.:*

- storfe<sup>50</sup> som er slakta, eller som har omkomme på ein slik måte at ein veit dødsårsaka (t.d. omkomme i vatn eller drepe av fjellskred, snøskred eller uvjær)  
Riktignok skal ein gi bort 1/5 av dyr som har mista livet på ein annan måte enn ved menneskehand
- kalv som er vorte fñra i minst 3 netter. Dyret kan riktignok etast sjølv om det har vorte slakta tidlegare, dersom det har vorte fñra, men i slike tilfelle skal ein gi bort 1/5 av det
- sau
- geit
- svin
- bjørn (både skog- og isbjørn)
- hjort
- rein
- kvalross
- sel
- vassfuglar
- høns
- ryper
- egg av fuglar som sjølv kan etast

Både *Brtl. kr.* (I, 5, II, 2) og *Etl. kr.* (I, 26, II, 22) forbyr å ete sjølvdaude dyr. Men dyr som døyr på grunn av menneskeleg aktivitet, kan ein ete. For å klargjere blir fleire døme rekna opp. *Brtl. kr.* fastset straffa for å bryte desse reglane til 3 merker, mens *Etl. kr.* ikkje nemner straff. *Brtl. kr.* gir riktignok dispensasjon til vanskeleg stilte. For om ein mann eig berre ei ku og han finn kua sjølvdaud, kan ho etast. *Brtl. kr.* gir klart forbod mot å ete både hest, hund og katt, og om ein bryt dette forbodet utan lovleg grunn (sjå s. 83), skal straffa vere fredløyse og tap av all eigedom. *Etl. kr.* opplyser indirekte at hest og hund er forbode å ete.

<sup>50</sup> At storfe blir etter måten mykje nemnt i *Grágás*, har samanheng med at slike dyr truleg var meir vanlege på Island i den tidlegaste tida. I slutten av mellomalderen auka sauehaldet samanlikna med kvegavl. Dette hadde truleg samanheng med at klimaet vart kaldare (Hallgerður Gísladóttir 1985:43).



Når ein skal diskutere dei ulike forboda og løyvene, kan ein gruppere dei slik:

1. Hestekjøtt
2. Kjøtt av bjørn, hjort og rein
3. Kjøtt av rev, dyr med klør og fuglar med klør
4. Kjøtt av dyr som menneske har hatt seksuell omgang med
5. Kjøtt av dyr som ikkje har mista livet ved menneskehand
6. Andre typar kjøtt

## 1. Hestekjøtt

Både *Gtl. kr.* (20) og *Grg. kr.* (16) forbyr eting av hestekjøtt. Hestekjøtt vart i heidensk tid brukt til bloting. Det har vore vanleg å forklare den sterke fordommen mot hestekjøtt i dei nordiske landa ut frå dette forholdet. Ein har gått ut frå at kyrkja ville utrydde den heidenske, religiøse skikken å fortære hestekjøtt. Brita Egardt (1962:280-281) trur ikkje at denne forklaringa er riktig, særleg fordi hestekjøtt berre var ein av fleire forbodne typar mat. Ho meiner at dei ulike matforboda ikkje oppstod som reaksjon mot dei heidenske skikkane, men at dei heller må oppfattast som prinsipielle reglar som vart diskuterte fram og attende i samtida.

Forbodet mot å ete hestekjøtt ser ut til å ha vore eit diskusjonstema i lang tid attende, også lenge før religionsskiftet i Norden. På gresk område vart det allereie på 300-talet diskutert kvifor dei kristne heldt seg frå hestekjøtt-eting. Det er elles interessant å sjå at forbodet mot hestekjøtt-eting har vore varierende i Europa. Den angelsaksiske kyrkja hadde ikkje så sterke fordømmar mot hestekjøtt. Det går fram av Theodors lover<sup>51</sup> der det står: "Det er ikke forbudt at spise hestekjød; dog pleier man ikke at gjøre det" (Taranger1890/91:391).

Dei kristne lovene både på Island og i Noreg var altså mykje strengare med omsyn til hestekjøtt-eting. Men også på dette området var det skilnader. Dei austnorske kristenrettane (*Etl. kr.* I, 29, II, 25 og *Brtl. kr.* I, 5, II, 2, III, 3) er mindre strenge, ettersom dei tillèt at ein kan ete hestekjøtt om ein har vore matlaus i sju netter. I slike tilfelle skal ein etterpå oppsøkje ein prest og gå til skrifte, men ein treng ikkje å bøte noko.

Ari fróði skriv i *Íslendingabók* at då kristendommen vart vedteken på Island i år 1000, vart det samtidig bestemt at den gamle lova framleis skulle gjelde i nokre tilfelle:

---

<sup>51</sup> Theodor frå Tarsos, som i 668 vart vigd til erkebiskop av Canterbury.

... en of barnaútburd skyldu standa en fornu lög ok of hrossakjotsát. Skyldu menn blóta á laun, ef vildu, en varda fjarbaugsgarðr, ef váttum of kvæmi við (*Íslendingabók* 1968:17).  
(... men for barneutbering og hestekjøtt-eting skal den gamle lova gjelde. Ein kan blote i løyndom om ein vil, men om sanninga kjem fram, skai ein straffast med landsforvising.)

Dette kan oppfattast som eit tiltak for å gjere overgangen til kristendommen lettare. Kristendommen vart innført nokså tidleg på Island. Og i motsettjing til t.d. Noreg skjedde det i rolege og demokratiske former. Lovseiemannen Þorgeirr - som vart sedd på som ein heidensk mann - heldt ei lang og vektig tale på Alltinget sommaren år 1000. Han oppfordra folket til å stå saman, og til å ta ved den nye trua. Han fekk alle med seg, og kristendommen vart straks vedteken som religion for heile landet (*Óláfs saga Tryggvasonar en mesta* 1961:194-197).

Ei av forklaringane på at dette kunne vere mogleg, var truleg at kloke hovud foreslo å tolke enkelte punkt i lova litt romsleg. På den måten vart det lettare å samle heile folket. Det er grunn til å tru at dei punkta som vart valde, var føresegner om kjenslelada og viktige forhold for det islandske folket. Derfor kan ein gå ut frå at det å ete hestekjøtt både var noko som det var knytt kjensler til, og at det dessutan var ein viktig del av næringsgrunnlaget for islendingane på den tida då kristendommen vart innført. Dette siste punktet blir stadfest i den store saga om Olav Tryggvason, der lovseiemannen Þorgeirr seier følgjande i tala si:

... þvi at þeir menn er mest hafa ímoti gengit kristni boðinu koma varla skilning áá. at þat megi saman fara at fæða upp börn öll þav er alin ero. sva fatækra manna sem avðigra. en af neíta ok banna til maN fæðu þa luti sem [adr er] alþyðunni mestr styrkr j. Þvi skulu þeir hafa sitt mál vm þat at hín fornu lög skulu standa vm barna vt burð ok hrossa kiðtz áát. ok eigi skal sak næmt þo at menn bloti aa laun sva at eigi uerði vitnis fast. Sva skulum ver ok hallda öll öNur hín fornu lög. þau er eigi standa berliga ímoti kristnum domi (*Óláfs saga Tryggvasonar en mesta* 1961:197).  
(... for det vil bli vanskeleg for dei som har arbeidd mest imot misjonen å forstå korleis ein kan sameine det å la alle born, både dei som er fødde av rike og fattige foreldre, få vekse opp, med det å forby den maten som er av aller største verdi for allmugen. Derfor skal dei få igjennom saka si om at den gamle lova skal gjelde for barneutbering og hestekjøtt-eting. Og likeins skal det vere lov til å blote, om det skjer i løyndom og ingen vitne er til stades. Slik skal vi også halde alt det andre i den gamle lova som ikkje går openbert imot kristendommen.)

Det er naturleg å forstå dispensasjonen for hestekjøtt-eting og barneutbering som ein konsekvens av knappe matressursar. Jón Jóhannesson (1969:112) er av ei slik oppfatning. Han skriv at reservasjonen truleg - heilt eller delvis - var økonomisk fundert frå heidningane sitt synspunkt. Han reknar også med at dei kristne høvdingane var klare over den økonomiske sida av saka.

Denne kompromiss-lova varte berre ein kort overgangsperiode. Ari skriv at "en síðarr fám vetrum vas sú heiðni af numin sem önnur" (men nokre få vintrar seinare vart denne heidenske skikken forboden, slik som dei andre [heidenske skikkane]) (*Íslendingabók* 1968:17). Dette særvedtaket vart oppheva etter krav frå kong Olav Haraldsson (*Heimskringla* II 1944:77).

Mens forbod mot barneutbering ikkje er nemnt i hovudhandskriftene av *Grg. kr.* (sjå s. 120), er forbodet mot hestekjøtt-eting nemnt i fleire samanhengar. Dette kan tolkast slik at skikken med å ete hestekjøtt var meir seigлива, og at det derfor var nødvendig med forbod i lova i mange generasjonar utover i mellomalderen.

## 2. Kjøtt av bjørn, hjort og rein

*Grg. kr.* (16) tillèt eting av bjørnekjøtt, både kjøtt av isbjørn (*hvítabjörn*) og skogbjørn (*viðbjörn*). Det er naturleg at lova gir reglar om isbjørnkjøtt. Det hender ikkje sjeldan at isbjørn kjem drivande på isflak inn til kysten av Nord-Island, og det er all grunn til å tru at det same var tilfelle i mellomalderen. Mange av sogene fortel om isbjørn på Island. Dessutan blir isbjørn særskild nemnd i samband med jakt på helgedagar (sjå s. 63). Men at skogbjørn er nemnd, er meir merkeleg. Skogbjørn er ikkje eit "innfødt" dyr på Island, og det er heller tvilsamt om dei vart frakta dit av menneske (Bernström 1956:661). Riktignok fortel ein tått i saga om Harald hardråde at ein halvvakxen isbjørn vart frakta frå Grønland til Danmark omkring 1050. Sjølv om det var mogleg og sjølv om det hende, skjedde transport av bjørnar over ope hav neppe i så stor grad at det var naturleg å gi lover om det. Eg vil tru at dette er eit døme på "importert" lov, nemleg at dei som fastsette lova hadde ei utanlandsk lov som modell, og at dei av ein eller annan grunn "gløynde" å ta ut reglar som var uaktuelle for Island.

Denne teorien blir styrkt av dei neste føresegnene, dei som tillèt å ete hjort og rein ("ravð dýre<sup>52</sup>, hiort oc hrein"). Det finst vitnemål om at jakt på *rauddýri*<sup>53</sup> og *hreinn* gjekk føre seg på Caithness i Nord-Skottland på 1100-talet (*Orkneyinga saga* 1965:275). Det kan likevel vere grunn til å stille spørsmålsteikn ved om det virkeleg fanst rein i dette området på den tida. Det er enda mindre truleg at det fanst hjort eller rein på Island før ei reinstamme vart ført dit på 1770-talet (Bernström 1969:66). Utsegna kan naturlegvis tolkast som uttrykk for at rein- og hjortekjøtt var ein kjend og ettertrakta matrett (salta og tørka kjøtt kunne forvarast i fleire år),

<sup>52</sup> Ordet *rauddýri* - slik det er brukt i *Grágás* - blir oftast tolka som ei fellesnemning for hjort og rein (Fritzner III 1954:40).

<sup>53</sup> Her må ordet *rauddýri* ha ei litt anna tyding. John Bernström (1969:66) omset det med den vanlege nemninga for ein hannhjort, nemleg "kronhjort".

og at det er årsaka til at dette er nemnt i lova. Meir truleg er det likevel, slik som i tilfellet med skogbjørn, at dette er eit døme på at ei utanlandsk lov har vore modell.

### 3. Kjøtt av rev, dyr med klør og fuglar med klør

*Grg. kr.* (16) forbyr å ete slikt kjøtt. I eit tillegg i *Skarðsárbók* heiter det at vinteren 975-976 var den hardaste som hadde vore på Island: "Då át folk ramnar og kvitrevar, og mykje vondt og uetande vart ete" (*Íslendinga sögur* I 1843:323).<sup>54</sup> Dette kan naturlegvis tolkast som forfattarens personlege meining om slikt kjøtt. Meir sannsynleg er det likevel at det heller ikkje i heidensk tid var vanleg å ete ramnar og kvitrevar. På den andre sida kan ein spørje seg om kvifor det var nødvendig å lage eit lovforbod mot noko som det ikkje var vanleg å ete.

Det står ingenting om dette i *Gtl. kr.* eller dei austnorske kristenrettane. *Ftl. kr.* er eigentleg ikkje ein del av denne undersøkinga, men det kan likevel nemnast at denne lova (II, 42) tillèt at alle ville dyr som folk finn, fiskar og fuglar, kan etast om ein vil.

### 4. Kjøtt av dyr som menneske har hatt seksuell omgang med

*Gtl. kr.* (30) forbyr å ete kjøtt av slike dyr. Ein parallell finst i angelsaksisk kyrkjerett, bortsett frå at der skal kjøttet kastast til hundane i staden for at dyra skal drivast på sjøen (Taranger 1890/91:391).

Dette forbodet er ikkje nemnt i *Grg. kr.* Det finst i det heile ingenting om sodomi i den islandske lova.

### 5. Kjøtt av dyr som ikkje har mista livet ved menneskehand

Mens den angelsaksiske kyrkjelova er svært streng med omsyn til å ete kjøtt av dyr som har mista livet på ein annan måte enn ved menneskehand (Taranger 1890/91:390-391), er både *Gtl. kr.* (31) og *Grg. kr.* (16) meir opne for bruk av slikt kjøtt. Sjølv om dei to lovene uttrykkjer seg svært ulikt, er dei samde om at det er viktig at ein kjenner dødsårsaka til det dyret ein skal ete. Det same gjeld for dei austnorske kristenrettane. *Gtl. kr.* seier direkte, og *Grg. kr.* indirekte, at ein kan ete

<sup>54</sup> Sjå også kap. om faste s. 72.

dyr som har vorte drepe av andre dyr. Likeins tillèt dei begge å ete dyr som har omkomme i naturulukker.

## 6. Andre typar kjøtt

Forbod mot å ete kjøtt av svin som har ete menneskelig står ikkje i *Gtl. kr.* Derimot har angelsaksisk kyrkjerett (Taranger 1890/91:391) eit forbod som er heilt i samsvar med den regelen i *Grg. kr.* (16) som forbyr å ete kjøtt av svin som har ete menneskelig innanfor stuttare tid enn eit år. Derimot er det vanskeleg å finne parallellar i andre lover til forbodet i *Grg. kr.* mot å ete kjøtt av svin som har ete hestekjøtt. *Ftl. kr.* (II, 42) har ei føresegn som samsvarar med *Grg. kr.* i å tillate å ete kjøtt av kalv som er vorte mata i minst 3 netter. Ein slik regel finst ikkje i *Gtl. kr.*

*Grg. kr.* (16) gir forbod mot å ete kjøtt av hund og katt. Det gjer ikkje *Gtl. kr.* Men at eit slikt forbod var vanleg i Noreg også, går fram av andre gamle norske lover. Både *Brtl. kr.* (I, 5, II, 2) og *Etl. kr.* (I, 26, 29, II, 22, 25) forbyr eting av hund og katt. Men dei slår begge fast at om ein mann har komme i vanskar og har vore utan mat i sju netter, får han lov til å ete hundekjøtt, for "han ikall hældr eta hund en hundr ete han" (heller skal han ete hund enn hund ete han). I denne samanhengen kan det nemnast at utgravingane på Bryggen i Bergen viser at det vart ete hundekjøtt der frå siste halvdel av 1100-talet og ein to-tre hundre år framover (Hufthammer 1994:243). Ifølgje *Brtl. kr.* kan ein også ete kattekjøtt i slike tilfelle. Det er interessant at *Brtl. kr.* er den einaste av dei norske kristenrettane som forbyr kattekjøtt. Dette har vorte forklart med at det var vanleg å ha katt med på båtar, men ikkje på reise gjennom skogar (Rindal 1995:17). Om dette er forklaringa, passar den godt med at også islendingane forbaud kattekjøtt.

*Gtl. kr.* forbyr å ete kjøtt av sjølvdaude dyr som ein ikkje veit dødsårsaka til. *Grg. kr.* forbyr ikkje dette direkte, men utifrå andre lovreglar kan ein slutte at det ikkje vart godteke på Island heller. I tråd med dette gir *Grg. kr.* dessutan forbod mot å ete kjøtt av kadaverfuglar. Ein lovregel som finst i *Grg. kr.*, men som manglar i *Gtl. kr.*, forbyr å ete kjøtt av dyr som ein veit har drepe eit menneske.

Dessutan gir *Grg. kr.* løyve til å ete annan type mat som ikkje er nemnd i *Gtl. kr.* Det er følgjande: storfe, sau, geit, svin, kvalross, sel, vassfuglar, høns og ryer - og egg av desse fuglane. Det er vanskeleg å forklare kvifor det var nødvendig å lovfeste dette. Dette er alt svært normal og vanleg mat, og var det truleg i mellomalderen også. Den einaste konklusjonen vi kan trekkje, er at *Grg. kr.* er svært omstendeleg, og lovgjevarane må ha sett det som eit mål å lovfeste så mykje som mogleg - også sjølvsgade ting. Men det er påfallande at *Grg. kr.* ikkje nemner den svært vanlege maten fisk. Det gjer derimot *Ftl. kr.* (II, 42).

## Oppsummering

Dei to kristenrettane gir svært ulike reglar for mat. Det einaste som er likt, er forbodet mot å ete hestekjøtt og løyvet til å ete kjøtt av dyr som har vorte drepe på ein annan måte enn ved menneskehand. Elles har *Gtl. kr.* overtatt reglar frå angelsaksisk kyrkjerett, som ikkje finst i *Grg. kr.* Eller motsett, slik at *Grg. kr.* viser trekk frå angelsaksisk kyrkjerett som *Gtl. kr.* manglar. Det er også slik at reglar i *Grg. kr.* ikkje finst i *Gtl. kr.*, men derimot i enkelte av dei andre norske landskapslovene.

Ein kan konkludere med at det som finst av likskap mellom dei to lovene, er temmeleg tilfeldig, og at det ikkje finst grunn til å hevde at *Grg. kr.* ber preg av å vere påverka av *Gtl. kr.* Det er heller ikkje mykje likskap mellom *Grg. kr.* og dei austnorske kristenrettane.

## X: Ekteskap og samliv

"Kvinner skal ein ta i tide og ikkje i utide."

*Gulatinglova*, kapittel 27

Når ein samanliknar dei to kristenrettane for å sjå kva som finst av forskrifter om ekteskap og samliv, vil ein raskt oppdage at skilnaden er stor. *Gtl. kr.* inneheld mange reglar om kva som er riktig og gale i samband med dette, mens den islandske kristenretten nesten ikkje har slike reglar.

Det einaste i *Grg. kr.* om samlivsspørsmål er ei setning om at ektefellane skal skilje lag i samband med "åndeleg slektskap" (sjå s. 92) og ei ny lov om menns giftarmål ("nymæli kuanfang manna") heilt til slutt i kristenretten. Derimot finst det i den delen av *Grágás* som heiter festeavsnittet ("festa þátr") ei rekkje reglar om ekteskap og samliv. Riktignok er det slik at eg i utgangspunktet berre skal sjå på kristenrettane. Men i og med at ein stor del av *Gtl. kr.* gjeld dette området, har eg funne det riktig å sjå på dei tilsvarende reglane i festeavsnittet i *Grágás*. Men eg vil understreke at eg avgrensar meg til dei forskriftene i denne delen som tilsvargar dei forskriftene om ekteskap og samliv som finst i *Gtl. kr.* Det er nemleg slik at festeavsnittet inneheld mykje meir om dette emnet enn det ein finn i *Gtl. kr.* På den andre sida finn ein i andre delar av *Gulatinglova* andre reglar som er knytte til dette emnet.

### Ekteskapslovgjevinga

Det kan vere fleire årsaker til at *Grg. kr.* nesten ikkje inneheld noko om ekteskapsinngåing osv. Jón Jóhannesson (1969:133) meiner at hovudgrunnen må vere at den islandske kyrkja framleis hadde lite å seie i slike saker på den tida kristenretten vart nedskriven. Men også *Gulatinglova* er disponert på ein slik måte at ein forstår at ekteskap berre delvis var ein del av kyrkjelovgjevinga. Lenger ute i lovsamlinga er det t.d. ein eigen bolk som heiter kvinnebortgifting ("kvennagiftir").

Dette tyder at forholdet mellom kyrkja og ekteskapslovgjevinga var temmeleg komplisert. Det kan ein forklare med at kyrkjjas innverknad på ekteskapet i tidleg kristen tid ikkje var særleg stor, men at den gradvis vart større utover i mellomalderen.

Brudevigsel er nemnd verken i *Grágás* eller i andre islandske kjelder frå fristatstida. Det same er tilfellet for Noreg. Eit ekteskap var fullt lovgyldig utan

vigsel. Det var først ved Trientkonsilet 1545-1563 at prestane vart vigselmenn. Likevel kan det vere grunn til å tru at ei eller anna form for vigsel vart praktisert i tidleg kristen tid, og kanskje også i heidensk tid. Jón Jóhannesson (1969:154) diskuterer om innhaldet i enkelte eddadikt kan gi grunn til ein slik teori. Sjølv om prestane formelt ikkje spela noko rolle i ein slik samanheng, er det ikkje usannsynleg at dei deltok på ein eller annan måte når ein mann og ei kvinne skulle starte eit samliv: ". . . dog har det vistnok fra kristendommens første tider ogsaa her været skik, at presten overværede denne familiefest ligesom andre lignende" (Taranger 1890/91:327). Frå biskopssogene har vi også fleire døme på at kyrkjas menn prøvde å blande seg inn i ekteskaplege tilhøve.

For kyrkja og den kanoniske retten var ekteskapet eit sakrament. På 1100-talet begynte den kyrkjelege innverknaden å gjere seg gjeldande, og då særleg som følgje av Gratians dekret frå ca. 1140, der ekteskapsreglane i kyrkja vart samanfatta (Jørgensen 1976:483). Men det var først på 1200-talet at kyrkja verkeleg kom til å prege ekteskapsinngåinga i Norden. Kyrkjeleg lysing vart først lovfest i Noreg med erkebiskop Jon raudes kristenrett i 1273 (*NgL* II 1848:361-370), og på Island med Árni Þorláksons kristenrett i 1275 (*NgLV* 1895:36-38).

Verken *Gulatingslova* eller *Grágás* tek føre seg skilsmissegjevinga i kristenretten. Den er derfor ikkje nemnd her. Det same gjeld det økonomiske forholdet mellom ektefellane.

## Ekteskapslovgjevinga og forholdet til kvinner

Dei to lovene skil seg frå kvarandre på den måten at *Gtl. kr.* konsekvent - i samband med ekteskap og samliv - gir reglar for menn. Det blir heile tida opplyst om kven menn har lov til - og ikkje lov til - å ha eit intimt forhold til. Ingen av reglane rettar seg til kvinner som handlande personar. Riktignok må det nemnast at det også i *Gtl. kr.* finst eksempel på at ikkje berre han, men også ho, skal straffast for brot på samlivsreglar. T.d. skal begge kjønn straffast for incest mellom svært nære familiemedlemmer.

I *Grágás* er tilhøva litt annleis. Sjølv om også den lova først og fremst gir reglar for korleis menn skal oppføre seg, har ho fleire eksempel på at kvinner blir sedde på som aktive og handlande individ, og som dermed også blir stilte til ansvar for handlingane sine. I kapittel 158 begynner ei setning slik: "Ef kona leggð með manne. . ." (Om ei kvinne ligg med ein mann. . .). Dette handlar om samleie utanfor ekteskap med graviditet som følgje. Eit anna eksempel er regelen om at ei mor i heilt spesielle situasjonar kan feste bort dottera si. Etter at eit slikt døme er omtalt,



blir det presisert at dette er det einaste tilfellet der ei kvinne kan feste bort ei anna kvinne.

Slike reglar som vender seg direkte til kvinner, finst altså ikkje i *Gtl. kr.* I denne samanhengen må det nemnast at dette ikkje er typisk for alle dei norske lovene. *Etl. kr.* (I, 22, 23, II, 19, 20) har ein interessant lovregel om at ei kvinne har lov til å seie nei til eit ekteskap som ho ikkje ønskjer.

Forskriftene i *Gtl. kr.* om ekteskap og samliv finst i kapittel 24, 25, 26, 27, 30 og 32. Ein god del av forskriftene står i både Olavs og Magnus' lov. I dei tilfella dei berre er å finne hos Magnus, vil eg nemne det spesielt. Det stoffet frå *Grágás* som eg behandlar, står i kapittel 1 og 18 i kristenretten. Resten finst i festeavsnittet. Kapitla 144 - 163 i denne bolken handlar om ekteskap og samliv.

Når eg no skal gå inn på innhaldet i dei to lovene, har eg vald å disponere emnet i under-avdelingar:

1. Incest
2. Åndeleg slektskap
3. Polygami
4. Utruskap
5. Tempus clausum
6. Sodomi
7. Homofili og transvestittisme
8. Bortføring, valdtekt og samliv utanfor ekteskapet

## 1. Incest

I *Gtl. kr.* (24) gir både Olav og Magnus detaljerte reglar om kven det er lov å gifte seg med. Begge forbyr giftemål med kvinnelege slektningar ("engi eiga frendkono sina at kono ser"). Kvinnelege slektningar er dei som ein er i slekt med i sjuande ledd ("siaunda kne oc siaunda lið")<sup>55</sup> eller nærmare, og dessutan enkjer etter mannlege slektningar i femte ledd eller nærmare. Forbodet gjeld også kvinnelege slektningar av den tidlegare kona til vedkommande. Straffa for å bryte denne lova

---

<sup>55</sup> Uttrykka *kné* og *liðr* har valda ein del forvirring. Begge orda tyder "ledd", men *kné* vart brukt først og hadde som utgangspunkt at syskenborn var I. *kné*. Seinare - med kristendommen og kanonisk rett - vart uttrykket *liðr* teke i bruk, og då var utgangspunktet at sysken var I. *liðr*. Av og til vart desse uttrykka blanda saman, og ein kan også sjå ein tendens til at *kne* gikk over til å tyde *liðr* - som i dette eksempelet. Her har det ifølgje Maurer eigentleg stått *setta kne oc siaunda lið* (Hertzberg 1895:349). Dette problemet er også diskutert av Robberstad (1966:55-56).

er å betale 3 merker, gi kona frå seg og gjere kyrkjebot<sup>56</sup>. Om mannen nektar å bøte, skal begge partar bli landsforviste.

Enkelte kvinnelege slektningar er det særleg ille å ha seksuell omgang med. Lova nemner dei i denne rekkjefølgja:

- mor
- søster
- dotter
- stemor
- svigerdotter
- kona til broren
- sonedotter
- og alle dei kvinnene som ein er "like mykje i slekt med"

Kong Magnus må ha meint at desse forskriftene ikkje var klare nok, for han føydde til fleire detaljar. Han nemner fleire kvinnelege slektningar som ein ikkje må komme for nær:

- stedotter
- brordotter og søsterdotter
- dotterdotter
- mormor
- faster
- moster
- farnor
- søster til kona

Straffa for samleie med så nære slektningar var fredløyse og landsforvising for begge partar, og dessutan tap av all eigeidom.

*Grágás* (144, 147, 149, 158, 162, 163) gir også reglar om kor nært slektskapsforhold det kan vere mellom to ektefellar. Lova skil mellom tre gradar av incest:

---

<sup>56</sup> Sjå forklaring s. 52.

### "Større blodskam":

- Forhold mellom to som er i slekt i tredje ledd eller nærmare.

- Forhold mellom to som er i nær svogerskap med kvarandre. Nært svogerskap er det tale om når ein mann er saman med ei kvinne som fetteren hans - eller ein nærmare slektning - har vore saman med tidlegare. Det same gjeld om ein mann ligg med ei kvinne som er kusine - eller nærmare i slekt - med ei kvinne som han tidlegare har vore saman med.

Denne graden av incest blir i lova kalla "større blodskam" ("frændsemis spell et meira"). Straffa for eit slikt brotsverk er *skóggangr*. Straffeforma skoggang er ikkje ofte nemnd i *Grágás*. Dette var ei form for fredløyse som var strengare enn *fjörbaugsgarðr*, den vanlege forma for fredløyse. *Fjörbaugsgarðr* blir gjerne kalla "mindre fredløyse" og *skóggangr* "større fredløyse". Vilhjálmur Finsen (*Grágás* III 1883:673) skriv følgjande:

Mildere Straffe end skóggangr vare fjörbaugsgarðr og útleigð; strengere Straffe end skóggangr havdes ikke, naar undtages, at Trældom i et enkelt Tilfælde anvendtes som Straf, nemlig under visse Omstændigheder for Tyveri.

### "Mindre blodskam":

- Forhold mellom to som er i slekt i fjerde ledd, i fjerde og femte ledd (dette gjeld tilfelle med "generasjonsforskyving") og i femte ledd.

- Forhold mellom to som står kvarandre fjernare enn svogerskap som tilsvarar "større blodskam", og nærmare enn svogerskap i femte ledd.

Det blir ikkje eksplisitt uttrykt, men samanhengjen gjer det klart at det er slike forhold som lovforfattaren omtalar som "mindre blodskam" ("frændsemis spell et minna"). Straffa for eit slikt brotsverk er *fjörbaugsgarðr*<sup>57</sup>.

### Tredje grad av blodskam (lova har inga eiga nemning for dette):

- Forhold mellom to som er i slekt i femte og sjette ledd, i sjette ledd, i sjette og sjuande ledd og i sjuande ledd.

---

<sup>57</sup> Sjå forklaring s. 67.

Dette er den minst lovstridige graden av incest. Den er faktisk så lite lovstridig at ekteskap ikkje er umogleg ("frændsemi er þeim byggjande"). Likevel såg ein nok på slike forhold som lite ønskjelege, for dei involverte partane måtte betale ei bot. Om dei unnlèt å betale og likevel giftar seg, er straffa *fjörbaugsgarðr*.

Her ser det ut til at vi har eit døme på to lovlag i same handskrift. Kapittel 144 og kapittel 163 gir nemleg opp ulike storleikar på bøkene:

	kap. 144:	kap. 163:
- Slektskap i 6. og 5. ledd:	teksten har falle bort	"større tiend" ( <i>meiri tiund</i> ) <sup>58</sup>
- Slektskap i 6. ledd:	100 alen <sup>59</sup>	6 merker <sup>60</sup>
- Slektskap i 7. og 6. ledd:	10 øre <sup>61</sup>	3 merker
- Slektskap i 7. ledd:	inga bot	inga bot

Om ein samanlikner desse to versjonane, vil ein sjå at bøkene i kap. 163 er omlag 2 1/2 gong så store som i kap. 144.

### Magnús Gizurarsons nye lov om ekteskapsinngåing

Som nemnt ovanfor har *Grg. kr.* (18) ei ny lov om ekteskapsinngåing. Det står i teksten at denne lova vart vedteken då Magnús Gizurarson hadde vorte biskop, og han var biskop 1216-1236. *Diplomatarium Islandicum* (I nr. 98) opplyser at denne, og fleire andre nye lover, vart vedtekne på Alltinget sommaren 1217. Denne lovrevisjonen kom etter at det 4. Lateranconsiliet i 1215 avgrensa dei forbodne gradane til fjerde ledd. Den nye ekteskapslova tillèt altså at ein kan inngå ekteskap i femte ledd, både ved vanleg slektskap og åndeleg slektskap (sjå nedanfor).

Er ein i slekt i femte eller sjette ledd skal ein riktignok betale bøter: Ved slektskap i femte ledd skal ein betale "større tiend". Ved slektskap i femte og sjette ledd skal ein betale 100 alen. Slektskap i sjette ledd må bøkast med 10 øre. Om slektskapet er fjernare, er det inga bot.

Dette tyder at same handskriftet inneheld heile tre tidslag. Bøkene i kapittel 144 og kapittel 163 i festeavsnittet må vere dei eldste, og truleg er føresegnene i

<sup>58</sup> *tíund hin meiri*: "gjald til kirkju, tíundi hluti af öllum eignum manns" (avgift til kyrkja, ein tidel av alt som vedkommande eig) (*Grágás* 1992:34).

<sup>59</sup> Tilsvarar 120 alen vadmål (storhundre) (*Grágás* 1b 1870:36).

<sup>60</sup> Forholdet mellom alen, merker og øre meiner ein var slik: 1 øre = 1/8 mark = 6 alen vadmål (Jakob Benediktsson 1976:718).

<sup>61</sup> Tilsvarar 60 alen vadmål (*Grágás* 1b 1870:29).

kapittel 163 dei eldste av desse. Dei er dei største. Utviklinga ser ut til å ha gått mot mindre strenge straffer, og i 1217 vart altså reglane endå mindre strenge.

*Brtl. kr.* (I, 15, II, 6, 11, III, 6, 8) viser variasjon i samband med kva som er slektskap. Versjon I nemner femte ledd (*kné*), mens dei to andre held seg til sjuande ledd. *Etl. kr.* (I, 30, 52, II, 26, 42) har i hovudsak den same grensa for kva som er skyldskap som *Gtl. kr.*, det vil seie at sjumeningar og nærmare slektningar er forbodne som partnarar.<sup>62</sup> Begge dei to austnorske lovene set straffa for brot på lover til 3 merker. Om paret likevel ikkje vil skilje lag, blir straffa strengare etter kvart som tida går. Til slutt kan det ende med at begge blir straffa med utlegd (*Etl. kr.*) eller tap av all eigedom, fredløyse og landsforvising (*Brtl. kr.*). På same måte som *Gtl. kr.* reknar også *Brtl. kr.* og *Etl. kr.* opp ei rekkje kvinner som det er ekstra ille å ha seksuelt samkvem med. Rekkjefølgja skil seg frå *Gtl. kr.* Elles er listene like, bortsett frå at dei austnorske rettane i tillegg nemner svigermor. Straffa er fredløyse og tap av all eigedom. Den skuldige mannen skal dessutan reise til eit heidensk land, og *Etl. kr.* føyer til: "sidan han likevel ikkje vil vere kristen".

Også i heidensk tid fanst det truleg visse forbod mot samliv mellom slektningar, men visstnok omfatta dei berre den aller nærmaste familien - søsken og slektningar i rett opp- eller nedstigande linje (Gundersen 1962:370). I litteraturen eksisterer det nokre vitnemål om incest i førkristen tid. Snorri Sturluson fortel i *Ynglingatal* at guden Njörðr hadde vore gift med søster si då han var hos vanene, for det var lovleg der. Men hos æsene var det forbode å gifte seg med så nære slektningar (*Heimskringla* I 1941:13). Saxo fortel om Hrólfr kraki som vart avla av far og dotter, Yrsa og Helgi (*Saxo Grammaticus* 1977:46-47). Begge desse historiene er riktignok tvilsame som kjelder.

Men om ein går ut frå at reglane om incest i heidensk tid var mindre strenge, måtte dei kristne forboda mot ekteskap mellom slektningar føre til ei radikal omvelting for folk flest. I motsetning til enkelte andre kyrkjelege reglar om samlivsspørsmål, ser desse føresegnene ut til å ha vorte tekne svært alvorleg i Norden heilt frå starten. Dei er med i dei eldste norske kristenrettane (dei er alle temmeleg like), og også i den verdslege delen av *Grágás*. Magnús Már Lárusson (1962:374) går ut frå at dei islandske incest-reglane er gamle, og at dei vart vedtekte kort tid etter at kristendommen vart innført på Island.

<sup>62</sup> Riktignok viser dei ulike handskriftene av *Etl. kr.* litt variasjon på dette punktet.

## 2. Ándeleg slektskap

Uttrykket "ándeleg slektskap" (*guðsifjar*) blir ofte brukt i dei gamle lovene. Det blir definert på følgjande måte: "Forhold som ved kirkelig Handling stiftes mellem 2 Personer, og gjør at de i kirkelig Henseende, navnlig i Ægteskabsretten, blive at anse som om de vare kjødeligen beslægtede" (Fritzner I 1954:661). I første rekkje dreier det seg altså om eit barn og fadrane til barnet. Men i ei vidare tyding omfattar det også forholdet som oppstår mellom fadrane til eit barn og barnets foreldre, og også mellom presten/biskopen og dåpsfamilien, og - i aller vidaste forstand - mellom prestens familie og dåpsfamilien. Festeavsnittet i *Grágás* (144) gir denne definisjonen:

Guðsifjar *scolo eigi vera með þeim þær er huarki þeirra hafe halldit avðro undir scírn. né undir primsigning. né byscops hond. né huartki þeirra anars bornom oc huarki þeirra scal scírt hafa anat. né anars born.*  
(Ándeleg slektskap skal det ikkje vere mellom dei [altså ektepar] på den måten at ein av dei har halde den andre - eller den andre sine barn - under dåp, primsigning eller konfirmasjon. Og den eine av dei skal ikkje ha døypt den andre eller den andre sine barn.)

Ándeleg slektskap vart altså likestilt med vanleg slektskap i vurdering av kven ein hadde lov å gifte seg med. Det tyder at fadrane til eit barn var utelukka som ekteskapskandidatar for dette barnet seinare i livet. Som oftast var dei også utelukka som moglege partnarar for foreldra til barnet. Etersom sølibat truleg ikkje var særleg vanleg i Norden i tidleg kristen tid, kunne dette også få viktige konsekvensar for kyrkjias menn og familiare til desse.

*Gtl. kr.* (26) gir forskrifter for nettopp dette. Det handlar om dåp og om forholdet mellom fadrane og dåpsfamilien. For fem av fadrane (dei fem som ikkje følgjer mora inn i kyrkja), gjeld desse reglane i forhold til både mora, faren og barnet. For den sjette fadderer (den som følgjer mora inn i kyrkja) gjeld samlivsforbodet berre i forhold til mora til barnet (sjå s. 117). Straffa for giftarmål med ein "ándeleg slekting" er å bøte 3 merker, sende kona frå seg, gå til skrifte og gjere kyrkjebot.

Også *Grágás* (144) forbyr ándeleg slektskap mellom ektefeller. Utover dei få linjene som er siterte ovanfor, seier lova lite om slike forhold, bortsett frå det strenge påbodet om at ein far som i naudsfall må døype sitt sjuke barn, må sove adskilt frå kona si ("*scal hann skilia séing við konv sina*"). Det blir ikkje opplyst om dette berre er for ein kort periode eller ikkje. (Sjå også s. 112.) *Grágás* nemner ingenting om kva som er straffa for slike lovbrøt. Men av eksemplet ovanfor kan vi slutte at forbod mot å leve saman for kortare eller lenger tid var ein konsekvens.

*Etl. kr.* (I, 53, II, 43) forbyr seksuell omgang med dei ein er i åndeleg skyldskap med. Og denne skyldskapen kan vere på tre måtar: 1. mellom dåpsbarnet og den som døyper eller den som held barnet under dåpen, 2. mellom den som døyper og den som held barnet, og også foreldra til barnet, 3. mellom barnet og det biologiske barnet til den som døyper eller den som held barnet under dåpen. Lova seier at "derfor er prestane åndeleg i slekt med alle dei barn som dei døyper og alle foreldra deira, og barna til presten må ikkje ha "lekamslyst" (*líkamslosti*) med nokon av dei som presten har døypt. Om ein held barnet til ein annan under dåpen, så er faren, mora og barnet åndeleg i slekt med den kvinna som bar barnet til dåpen, sjølv om ho ikkje heldt barnet då det vart døypt. Straffa for å vere saman med ein som ein har eit åndeleg slektskap til, er 3 merker i bot til biskopen. Paret må skilje lag, og gå til skrifte. *Etl. kr.* (I, 4, II, 4) har dessutan ein interessant lovregel som seier at om eit ektepar blir nøyddde til å gi barnet nauddåp, og på den måten kjem i konflikt med reglane om åndeleg slektskap, skal dei halde seg vekk frå samliv til dei treffer biskopen. Han skal så tillate at dei lever saman og ikkje skilje dei.

*Brtl. kr.* (I, 15, III, 6) er mindre detaljert i denne samanhengen. Lova slår fast at ein står i åndeleg slektskap til tre personar. Først er det den som held barnet under primsigninga, så den som held det under dåpen, og til slutt den som held det under konfirmasjonen. Straffa for å ha eit forhold til ein av desse skal vere 3 merker. Straffa blir strengare om tida går og paret ikkje vil skilje lag, og kan ende med tap av all eigedom og fredløyse.

Det er grunn til å tru at det tok tid å innarbeide desse reglane. Førestellingar om at det ikkje var riktig å vere saman med nære slektningar var truleg ikkje heilt framande då kristendommen kom til Norden. Derimot er det ingen grunn til å tru at det heidenske samfunnet hadde reglar som likna på dei nye reglane om åndeleg slektskap. Kjeldene frå mellomalderen fortel lite om åndeleg slektskap og problem knytte til det. I *Sturlunga saga* blir det fortalt om Þorvaldr Gizurarson på Hrúni. Han fekk løyve frá erkebiskopen til å leve saman med kona si, Jóra Klængsdóttir, i ti år (*Sturlunga saga* I 1946:62, 230). Årsaka er ikkje nemnd, men det er grunn til å tru at problemet med ekteskapet hans var at svigerfaren, biskop Klængr, hadde konfirmert Þorvaldr (Magnús Már Lárusson 1962:376). I denne samanhengen kan det vere av interesse å nemne at Jóra sjølv var eit resultat av incest; - faren, biskop Klængr, gjorde seg skuldig i incest i ca. 1165 med ein slektning i 3. grad.

Ettersom lovene er mykje strengare når det gjeld verdsleg slektskap (incest) i forhold til åndeleg slektskap, er det grunn til å tru at åndeleg slektskap verken på Island eller i Noreg vart teke altfor alvorleg.

### 3. Polygami

*Gtl. kr.* (25) gir forbod mot å vere gift med to kvinner på same tid. Om det likevel skulle skje, må mannen kvitte seg med den siste av konene. Eventuelle barn i dette ekteskapet har ikkje rett på arv, bortsett frå etter "sin eigen frigitte træl" ("leysingia sins eins"). Dessutan må ektemannen betale 3 merker, gå til skrifte og gjere kyrkjebot. Vil han ikkje gå med på dette, skal begge partar landsforvisast og miste all eigedom.

Verken kristenretten eller festeavsnittet i *Grágás* seier noko om bigami eller polygami. Derimot er det ein interessant lovregel i den bolken som heiter arveavsnittet ("arfapátt"), som føreset at ein mann ikkje skal ha to koner på Island, men at han godt kan ha ei kone på Island og ei i Noreg.

*Brtl. kr.* (I, 17, III, 7) gir opp 3 merker i bot om ein mann tek seg ei kone i tillegg til den han har ("Ef maðr tækr fer kono oc a fer æigin kono"), eller om ei kvinne tek seg ein mann og har ein mann frå før.<sup>63</sup> *Etl. kr.* har ingen reglar om polygami.

I førkristen tid var truleg polygami både lovleg og vanleg. Runeinnskrifter, m.a. i Sverige, fortel om rike og fornemme menn som hadde fleire koner og fleire familiar (Hedberg 1976:492). Tilsvarande er kjent frå dei norske kongesogene. Det kan sjå ut til at fleirgifte var ein luksus som berre dei mest velstående kunne unne seg. Adam av Bremen fortel om korleis forholda var i Sverige på 1000-talet:

Endast i fråga om samlag med kvinnor vet de inte av någon måtta. Allt efter sin förmåga har var och en två eller tre eller ännu flera hustrur samtidigt. Rika män och furstar har så många att de inte kan räknas. De anser också de söner för äktafödda, som föds i en sådan förbindelse (*Adam av Bremen. Historien om Hamburgerstiftet och dess biskopar* 1984:219).

Dette sitatet kan ein ikkje leggje altfor stor vekt på når ein skal vurdere forholda i Noreg og på Island. Mange meiner at Adam har ein tendens til å overdrive. Endå viktigare er det at Sverige vart kristna seinare enn Island og Noreg, og at sitatet truleg er sterkt prega av Adams tankar om heidenske folk.

For kyrkja var monogami ein sjølvskreven ting. Men truleg var det ikkje så heilt uvanleg å ha to koner også etter at kristendommen vart innført. I kongesogene høyrer vi om kongar som levde langt frå monogamt, også lenge etter at Noreg vart kristna. Soga om Harald Hardråde (konge 1045-1066) fortel at sjølv om kongen allereie var gift, gifte han seg med ei ny kvinne (*Heimskringla* III 1951:156). På

<sup>63</sup> Det kan naturlegvis diskuteras om desse reglane høyrer heime under polygami eller utruskap. Uttrykket "taka sér konu" blir nærmare diskutert på s. 97-102.



Island var det truleg heller ikkje uvanleg med fleire enn ei kone. Biskopssogene fortel kva som møtte den første islandske biskopen, Ísleifr Gizurarson, då han som nyvigd biskop i 1057 kom heim til Island og busette seg på Skálholt:

Hann hafði nauð mikla á marga vegu í sínum byskupsdómi fyrir sakir óhlýðni manna. Má þat af því merkja nökkut, í hverjum nauðum hann hefir verit fyrir sakir ótrú ok óhlýðni ok ósiða sinna undirmanna, at lög(sögu)maðrinn átti mæðgur tvær ok þá lögðust sumir menn út í víking ok á herskap, ok mörg endemi tóku menn þau til önnur, þau er nú mundi ódæmi þykkja, ef menn hendi slíkt (*Biskupa sögur* I 1858:62).

(Han hadde på mange måtar store vanskar i bispetida si på grunn av folks ulydnad. Ein kan forstå kva slag vanskar han har vore i på grunn av vantrua, ulydnaden og usedskapen til undermennene sine, av det at lovseiemannen levde saman både med ei mor og dottera hennar. Nokre menn drog ut i viking og på hærferd. Og mange andre makelause ting tok folk seg til, slike som ein no ville ha rekna for uhøyrte om det skulle hende.)

Desse linjene skildrar altså situasjonen på midten av 1000-talet. Men tilhøva forandra seg langsamt. Godt og vel hundre år seinare, på slutten av 1100-talet, gjorde erkebiskopane i Nidaros fleire gonger forsøk på å betre sedane til folk på Island. Det var særleg ekteskapstilhøva og prestane sin levemåte som ikkje kunne akseptast. I 1189 skreiv erkebiskop Eirik eit brev til biskopane Brandr (på Hólar) og Þorlákr (på Skálholt) om fleirgifte. I dette brevet seier han at om ein mann allereie har ei kone og så tek ei ny, skal han skilje seg frå den siste av dei (*DI* I nr. 71). Dette er heilt i tråd med den norske lova.

#### 4. Utruskap

Ifølgje *Gtl. kr.* (25) er det heller ikkje lov å ha ei elskarinne i tillegg til kona. Det spelar inga rolle om frilla er ei træl Kvinne eller ikkje. Straffa for eit slikt lovbrøt er å betale 12 øre, gå til skrifte, gjere kyrkjebot og la kvinna reise. I *Gtl. kr.* står det ingenting om gifte kvinner og utruskap.

Mens *Gtl. kr.* først og fremst tek for seg utruskapen til gifte menn, handlar utruskapsreglane i *Grágás* (156, 158, 162) mest om forhold til gifte kvinner. I *Grágás* er straffa for å liggje med gifte kvinner (eller nonner) den same som for "større blodskam", altså skoggang. Det blir presisert at dette gjeld alle gifte kvinner, alt frå kona til ein omvandrande tiggjar til ei gift kvinne i utlandet. Om utruskap som resulterer i graviditet, fastset lova dette: Om ein mann får barn med ei kvinne som har ein mann som lever, eller om ein gift mann får barn med ei anna kvinne enn kona si, er straffa 3 merker vadmål. Det står ikkje uttrykksleg, men ein må gå ut frå at dette var ei tilleggsstraff til den som er nemnd ovanfor. Dette er det einaste som står om gifte menn og utruskap i *Grágás*. Ein annan interessant lovregel

i *Grágás* fastset at ein ektemann i enkelte høve kan miste retten til å krevje personleg bot om kona blir forført av ein annan mann. Dette gjeld i dei tilfella eit ektepar har sove åtskilt i tre år ("Ef hiu ero scilit vi. miseri"), og når årsaka ikkje er motvilje frå hans side. I slike tilfelle skal han tilby henne ein ny opphaldsstad - saman med seg. Dette tilbodet kan han komme med til ho personleg, eller han kan kunngjere det på tinget, og tilbodet skal gjentakast kvar vår. Det er altså om han forsømmer seg mot denne plikta at han mister retten til å krevje bot for å ha vorte bedratt. Denne personlege bota er berre indirekte nemnd i lovteksten, og var truleg ei tilleggsstraff for forføraren - i tillegg til dommen om skoggang.

Dei austnorske kristenrettane har få reglar om frillehald og utruskap. Riktignok forbyr den eine versjonen av *Brtl. kr.* (II, 8) frillehald. Ein annan lovregel bør også nemnast. *Etl. kr.* (II, 44) seier at om ein mann forsonar seg med den mannen som har ligge med kona hans og den same mannen ligg med henne ein gong til, så er han trygdebrytar og mister all eigedom og blir fredlaus. Denne lovregelen finst ikkje i versjon I, og er sett til etterpå med ei anna hand i versjon II.

At frillehald vart sett på som eit nokså stort problem på Island utover i mellomalderen, vitnar fleire brev frå erkebiskopen i Nidaros om. Erkebiskop Øystein skreiv i 1173 eit brev (*DI I* nr. 38) til biskop Klængur på Skálholt om kva slags inntrykk han hadde av forholda på Island:

Mier er þat til eyrna komit. at hier sitia svmer þeir menn er kenne menn hafa bart. svma sert. en svma drepit. svmer hafa konvr sinar latit. ok horkonur under þær tekit. svmer hafa hvarar-tveggju. jnan hus [med] sier og lifa so ogæzskv life. er alla kristna menn dregur til synda.  
(Eg har høyrtd at her sit nokre menn som har slege, sára eller drepe nokre prestar. Nokre har forlate konene sine og teke horer i staden for dei. Nokre har både kona og ei hore i huset sitt. Dei lever eit vondskaps liv som dreg alle kristne til synd.)

Biskop Þorlákr opplevde fleire gonger å komme i hard strid med islandske høvdingar då han påla dei å leve i pakt med kyrkjjas lover. Han forsøkte å få dei til å gi avkall på frillene sine, og prøvde å oppløyse ekteskap som reglane til kyrkja ikkje tillét. Heile tida samarbeidde han med erkebiskopen i Noreg. I byrjinga av Þorláks biskopstid - i 1180 - skreiv erkebiskop Øystein eit nytt brev til Island (*DI I* nr. 54). Denne gongen var det stila til biskopen på Skálholt og til dei fem fremste høvdingane på Sør-aust-Island, deriblant Jón Loptsson på Oddi og Gizurr Hallsson i Haukadalur. Erkebiskopen skreiv om dei at dei "levde som krøtter" i kjærleikssaker. Begge dei to nemnde levde i parforhold, men hadde likevel friller som dei hadde barn med. Saka til Jón var spesiell både fordi Jón var vigd diakon, og fordi ei av elskarinnene hans var Ragnheiðr, biskop Þorláks søster (*Biskupa sögur I* 1858:282-289). Þorlákr prøvde å skilje Ragnheiðr og Jón, men kom ingen veg med det. Etter

kvalt skilde så Ragnheiðr og Jón lag av seg sjølve. Eit av barna deira var Páll, som seinare vart biskop.

## 5. Tempus clausum

Tempus clausum kan tyde to ting, anten tid når ekteskapsinngåing er forboden eller tid når seksuelt samliv i ekteskapet er forbode. Tydinga av innhaldet vil bli nærmare diskutert etter at lovreglane er presenterte.

I følgje *Gtl. kr.* (27) er det spesielle tider det ikkje er lov til å "ta" kvinner ("konor fcal taca a tiðum. en eigi a utiðum"). Dei forbodne tidene er desse:

- natt til søndag, onsdag og fredag
- netter før fastedagar og helgedagar
- gagnfasta (dei tre vekene før Jonsmesse, Mikkjelsmesse og jul)

I Magnus-teksten blir desse tidene lagde til:

- dei 13 juledagane
- langfasta (dei 9 vekene som biskopen fastar)
- påskeveka

I Noreg var straffa for å bryte desse reglane slik: Vart lova broten i langfasta eller i påskeveka, var bota 3 merker til biskopen. For dei andre tidene var bota berre 3 øre.

*Grágás* (148) forbyr bryllaup i følgjande periodar:

- netter før lovfeste fastedagar og helgedagar
- langfasta (frå laurdagen før nivekersfasta til ei veke etter første påskedag)
- gangdagane og pinsen (frå laurdagen før gangdagane til pinseveka er over)
- julefasta og juledagane (frå laurdagen før julefasta til ei veke etter 13. juledag)

På Island var straffa for brot på desse forboda *fjörbaugsgarðr*.

Også dei austnorske kristenrettane gir opp kva som er forbodne tider. *Etl. kr.* (I, 20, 21, II, 16, 17) har nesten dei same tidene som *Gtl. kr.* Riktignok manglar onsdag og påskeveka. På den andre sida har *Etl. kr.* også forbod i dei åtte dagane etter 13.

dag jul. Straffa for å bryte lova er for det meste 6 øre (versjon II har 3 øre for nokre av dagane, og 3 øresdagar er også nemnt i versjon I), men bryt ein lova i langfasta er straffa 3 merker.

*Brtl. kr.* (I, 7, II, 5, III, 5) har meir detaljerte reglar om dette enn dei andre kristenrettane. Tidene er som i *Gtl. kr.* bortsett frå at juledagane og påskeveka ikkje er nemnd. Derimot seier denne lova at også imbredagane er forbodne tider. Bryt ein lova ein onsdagskveld, er straffa 3 øre. Bryt ein lova då det er 6 veker att til påske, blir ein fredlaus og mister all eigedom. For alle dei andre tidene er straffa 3 merker. I motsetning til dei andre kristenrettane, går denne lova gjennom heile veka og fortel kva kveldar det er rett å "få seg" kvinne/kone ("fa fer kono"), og kva kveldar det er forbode. Søndagskveld, måndagskveld, onsdagskveld og fredagskveld er rette tider.

For å finne ut om tempus clausum tyder tid då ekteskapsinngåing er forbode eller tid då seksuelt samliv i ekteskapet er forbode, må ein sjå nærmare på teksten. Tolkinga av føresegnene om "forbodne tider" i dei to lovene, føreset drøfting av dei termene som blir brukte. I dei følgjande sitata har eg med vilje omsett uttrykka *taka, kaupa* og *ganga saman* med dei moderne orda/uttrykka som ligg nærmast og sett dei i hermeteikn. Etterpå vil eg diskutere kva dei eigentleg tyder.

*Gtl. kr.* (27) har denne teksten:

Konor skal taka a tíðum. en eigi a utíðum. En ef maðr kaupír kono mundi oc maldaga a utíðum. æða a þeim tíðum er bíscoþ hever kvíðiát off konor at taka [ ] En ef a þeim dægrom teçr maðr kono er nu talda ec. þa skal bæta. . .  
(Kvinner skal ein "ta" i tide og ikkje i utide. Om ein mann "kjøper" seg kone med bryllaupsbetaling<sup>64</sup> og kontrakt [i utide] eller i dei tidene då biskopen har forbode oss å "ta" kvinner [ ] Om ein mann "tek" seg kvinne på dei dagane som eg no har rekna opp, skal han bøte. . .)

*Gtl. kr.* bruker "taca kono" og "kaupa kono mundi oc maldaga". Overskrifta til kapittel 27 er: "Um brudlaups gerðir". Robberstad omset med "Um brudlaupsgjerd", og dei to andre vendingane med "taka kone" og "få seg kone med giftingsord og giftingsgåve".

I *Grágás* (148) står det slik:

Men eigo eigi þa nótt at ganga saman er logheilagr dagr se eptir næstr eþa lög fasta. Bruðlavp skal eigi gera . . .  
(Ein skal ikkje "vere saman/liggje saman" natta før ein lovfest helgedag eller ein lovfest fastedag. Bryllaup skal ein ikkje halde. . .)

<sup>64</sup> Om *mundr*, sjå sitat nr. 6 på neste side.

*Grágás*-teksten har uttrykka *ganga saman* og *gera bruðlarp*. Overskrifta lyder: *vm samgang hiona*. Vilhjálmur Finsen omset overskrifta med "Om Ægtefolks Giftermaal". Dei andre uttrykka omset han - begge to - med "holde Bryllup".

At ordet *bruðlarp* må tyde ekteskapsinngåing, synest innlysande. Verba *ganga*, *kaupa* og *taka* kan derimot opne for litt andre tydingar. Ordbøkene til Fritzner og Hertzberg opplyser følgjande:

1. *ganga saman*: "komme i Ægteskab med hinanden" (Fritzner I 1954:552)
2. *ganga saman*: "nl. i ægteskab" (Hertzberg 1895:227)
3. *taka* (17): "lade sig beligge af en, have Samleie med en" (Fritzner III 1954:661)
4. *taka konu*: "indtræde i Ægteskab med en Kvinde" (Fritzner II 1954:325)
5. *fa, taka kono*: "ved begge udtryk tænktes nærmest paa ægteskabets konsummation, mandens besiddelsestagelse af hustruen; - *kono skal taka a tíðum ok eigi a utíðum*, d.e. ikke paa de dage, da kirken forbød samleie med hustru" (Hertzberg 1896:354-355)
6. *kaupa kono mundi oc máldaga*  
*mundr*: "Betaling, hvormed Brudgommen havde at kjøbe sin Brud af hendes *forráðsmaðr, giptingarmaðr* eller *lögráðandi*, og som naar Ægteskabet kom i stand, blev hendes personlige Eiendom" (Fritzner II 1954:746)  
*máldagi*: "Aftale, Overenskomst, Kontrakt" (Fritzner II 1954:628)
7. *kaupa sér konu*: "tilkjøbe sig Samleie med en Kvinde ved Betaling af *hvilutollr*<sup>65</sup>" (Fritzner II 1954:325)
8. *kaupa*: " - om indgaaelse af ægteskab" (Hertzberg 1896:336)

Vilhjálmur Finsen er heilt klar i si tolking. Han ser desse lovreglane som reine føresegner om tid for bryllaup. Robberstads omsetjing ligg så nær originalen at han på ein måte har unngått å ta noko val. Ordbøkene har ulike og delvis motstridande tolkingar. Dei fleste ordbokssitata ovanfor peikar i retning av lovreglar knytte til bryllaup. Men nokre av forklaringane peikar motsett retning. Særleg er Hertzbergs definisjon av *taka kono* (nr. 5) interessant. Hans forklaring må vi kunne tolke slik

---

<sup>65</sup> *hvilutollr*: "Betaling som gives Kvinde for begjæret, betinget *hviluneyti* (samleie)" (Fritzner II 1954:140).

at det dreier seg om reglar for ekteskapeleg samliv generelt. Sjølv om Fritzner i ein samanheng knyter uttrykket *taka konu* til ekteskapsinngåing (sitat nr. 4), er forklaringa hans i sitat nr. 3 med på å støtte Hertzbergs tolking.

Denne problemstillinga har vore merkeleg lite diskutert av forskarar. Men ein som har arbeidd mykje med lover av denne typen, rettshistorikaren Absalon Taranger, har ei heilt klar oppfatning av kva desse lovreglane eigentleg tyder. I boka *Den angelsaksiske kirkes indflydelse paa den norske* skriv han: "... forbud mod bryllup, det vil sige: mod ægteskabeligt samliv mellem mand og hustru" (Taranger 1890/91:381). Det veike punktet i Tarangers framstilling er at han ikkje diskuterer påstanden sin. Dette må forståast slik at han ser på tolkinga av lovreglane som så uproblematisk at det er unødvendig å diskutere den. Fleire stader i boka støtter han seg til Hertzbergs teoriar, og i dette tilfellet gjer han utvilsamt det same. Laurence M. Larson, som omsette *Gulatingslova* og *Frostatingslova* til engelsk i 1935, er av same oppfatning som Taranger (Larson 1935:55).

Andre forskarar som har arbeidd med denne problemstillinga, har heller ikkje gått inn på diskusjonen om ein har å gjere med eit bryllaupsforbod eller eit samlivsforbod. I den store avhandlinga *Jag giver dig min dotter. Trolovning och äktenskap i den svenska kvinnans äldre historie* hoppar Lizzie Carlson (1972:6) raskt over problemet ved å slå fast: "... likaså förbudet att ingå äktenskap under vissa bestämda tider på året (*tempus clausum*)". Arne Bøe diskuterer heller ikkje saka. Han skriv i *KLNM*: "Like føre fastedag måtte det ikkje haldast bryllaup, og all seksuell omgang var forboden, såleis 9 veker føre påske" (Bøe 1959:190). Artikkelen "Seksualitet og synd i middelalderen" av Magnús Stefánsson (1992:49-60) handlar om dette temaet. Sjølv om innhaldet i lovreglane ikkje blir diskutert her, går det av innhaldet i artikkelen fram at samliv mellom ektefolk på bestemte tider kunne skape problem. Artikkelen må sjåast som eit innlegg for at *tempus clausum* handla om mykje meir enn bryllaupstider.

Forbod mot bryllaupsfeiring på bestemte tider var kjent allereie på 300-talet. Ein kanon frå eit konsil i Laodikea<sup>66</sup> forbaud feiring av bryllaup - og dessutan av fødselsdagar - i fastetida før påske (Gunnes 1974:188). Etter kvart vart alle faste- og botsdagar "forbodne tider". I tidleg mellomalder vart bryllaup som var inngått i slike tider, sett på som ugyldig. Men lovtolkinga vart mildna meir og meir i retning av at det berre var den offentlege høgtidinga av bryllaupet som var forboden innanfor *tempus clausum*. Ettersom forbodet også galdt fødselsdagar, er det naturleg å sjå dette i samanheng med mat-forboda. På den andre sida var det aukande tendens til å avvise alt kjønnsleg samvær på dei same tidene. Dette kan ein sjå på som ein parallell til, eller kanskje heller som ein spesiell del av fasta. På

<sup>66</sup> Namn på fleire oldtidsbyar i Lilleasia og Syria.

300- og 400-talet var dei svært opptekne av at Jesus var avla utan synd, og at dette også galdt Maria. Ei naturleg følgje av dette vart at nattverdsgjesten også skulle vere rein, dvs. ha gitt avkall på alt som hadde med seksuallivet å gjere (Andrén 1959:186).

Denne korte oversikta over historikken og utviklinga av fenomenet tempus clausum i andre delar av den kristne verda, gir oss ikkje nok opplysningar til at vi kan avgjere kva lovgjevarane i Noreg og på Island eigentleg meinte då dei utforma lovene på 1000- eller 1100-talet. Endå mindre veit vi korleis befolkninga oppfatta dei. Aller minst veit vi korleis lovene vart etterlevde. Nordiske mellomalderkjelder fortel lite om dette.

Likevel må vi kunne slå fast at føresegnene om tempus clausum gjeld både ekteskapsinngåing og seksuelt samliv generelt. Det same har truleg vore tilfellet i Norden. Eg vel å sjå det slik at dei aktuelle lovreglane gjeld både bryllaup og samliv mellom mann og kvinne. Kyrkjias menn og dei som vedtok lovene visste kva som var den rette kristne læra og gav lover etter det. Men når vi veit kor lite kyrkja hadde å seie i samband med ekteskapsinngåing - som tidlegare nemnt vart det ikkje lovfest før på slutten av 1500-talet at presten skulle vere til stades ved slike seremoniar - er det liten grunn til å tru at kyrkja kunne styre tidspunktet for bryllaup. Og når mange andre av levereglane til kyrkja - avskaffing av frillehald, sølibat for geistlege osv. - vart omgått i Norden, kan ein godt tenkje seg at heller ikkje forbodet mot seksuelt samliv i særskilde periodar alltid vart respektert.

Eg vil avrunde dette emnet med to eksempel frå islandsk seinmellomalder som viser at forbod mot ekteskapleg samliv i særskilde tider var noko som opptok både prestar og vanlege folk.

Handskriftet AM 194 8vo, som er utgitt av Kr. Kålund i 1908, inneheld eit interessant avsnitt som har fått overskrifta *Hreinlifnaðartíðir* (reinlevnadstider). I følgje Kålund vart det skriva på Vest-Island i 1387, og dei linjene som eg siterer her, vart truleg skrivne av presten Brynjólfur Steinraðarson (*Alfræði Íslenzk* I 1908:11):

Aullum hiuskapar monnum eru þessar tíðir skyllðazstar til hreinlifnadar: langafasta, iolafasta ok iol óndverd ok ofan-verd, pascha vika, ganngdaga vika, hin helga vika ok XL daga fyrir barn-burd ok eptir ok blod-fallz tíðir; þa ero drottins dagar ok messodagar loghelgir, ymbro dagar ok III dagar fyrir þionustu tekiu ok eptir; þar nest fostu dagar ok midviku dagar, sva hellgar nêtr sem helgir dagar. Godir og skynsamir menn vardveita mana daga ok laugar daga. Nêr ok sem a skilr hiuskapar menn um sinn holligan lifnat, þa bidi konur bændr sina, ath helldr gere þeir rett enn rángt. En þott hi um se skyllt at hallda skirlifi a varnadar tíðum, þa er þo hverium manni skyllt, at ei geri hann meira glêp fyrir hinn minna (*Alfræði Íslenzk* 1908:55).

(Alle ektefolk pliktar å leve eit reint liv i desse tidene: langfasta, julefasta, første og siste delen av jula, påskeveka<sup>67</sup>, gangdagsveka, den heilage veka<sup>68</sup>, førti dagar før og etter ein fødsel, og menstruasjonsperioden. Det same gjeld søndagar og heilage messedagar, imbredagane og tre dagar før og etter nattverden, i tillegg fredagar og onsdagar, og heilage netter på same måte som heilage dagar. Gode og fornuftige menn respekterer også måndagane og laurdagane. Om ektefellane ikkje er samde om sin kjøtlege livnad, skal konene be mennene sine om heller å gjere det som er rett enn det som er rangt. Sjølv om paret pliktar å føre eit reint liv i dei forbodne tidene, skal likevel mennene heller gjere små synder framfor store.)

Det andre eksemplet er eit diplom frå islandsk seinmellomalder (*DI* nr. 233). Det er forma som eit skriftemål. Eit av hovudproblema til den angrande kvinna det her dreiar seg om, er at ho har vore saman med mannen sin "både på heilage dagar og i fastetider". Sjølv om dette ikkje gir svar på kva lovene eigentleg sette forbod mot, viser innhaldet i diplommet klart at forbod mot ekteskapleg samliv i spesielle tider, var heilt reelt på Island på 1400-talet<sup>69</sup>.

## 6. Sodomi

Enkelte ordbøker definerer dette ordet både som homoseksualitet og som seksuell omgang med dyr. Det er den siste tydinga av ordet som ligg til grunn for det følgjande.

*Gtl. kr.* (30) tek opp enkelte seksuelle forhold som er forbodne, til dømes seksuelt samvær mellom dyr og menneske ("blandagt við bufe") (sjå også s. 77). Landsforvising utan høve til å komme attende er straffa for å vere saman med eit dyr - i både Olavs og Magnus' lov. Magnus føyer dessutan til at ugjerningsmannen i tillegg skal kastrerast. Og eigaren av dyret er pliktig til å jage det på sjøen. Kjøttet må ein ikkje ete. Skjer det, er straffa 3 merker i bot til biskopen.

Det står ingenting om sodomi i *Grágás*.

*Etl. kr.* (II, 44) forbyr ein mann å vere saman med andre levande vesen enn ei kvinne, utan at dette er nærmare definert. Denne lovregelen kan med andre ord like godt høyre inn under kapitlet om homofili. Straffa er tap av all eigedom og utlegd. Dette kapitlet finst ikkje i versjon I, og er dessutan føyd til i versjon II med ei anna hand. *Brtl. kr.* har ikkje slike reglar.

Seksuelt samkvem mellom dyr og menneske vart truleg sett på som svært syndig i heile Norden, sjølv om lovene er temmeleg ulike på dette området. Dei

<sup>67</sup> Veka som begynner med 1. påskedag.

<sup>68</sup> Veka etter pinse.

<sup>69</sup> Artikkelen til Magnús Stefánsson (1992) handlar om dette diplommet.



svenske landskapslovene er dei strengaste. Dei heimlar at den skuldige skulle straffast med å bli levande nedgraven saman med det dyret som han hadde synda med (Granlund 1974:268). Forholda i Sverige var så ille at pave Alexander III såg seg nøydd til å ta opp saka. I eit brev frå 1171 eller 1172 som er stila til svenske erkebiskopar, slår han fast at m.a. sodomi er eit svært alvorleg lovbrøt. Om den syndige ikkje er gammal, sjuk eller fattig burde han vise sin anger ved å dra til Roma (*DS I* nr. 56). Som nemnt har også dei norske lovene forbod mot sodomi, men i Noreg var straffene meir humane. Slike forbod manglar derimot heilt i dei eldste danske og islandske lovene.

I motsetning til den eldste islandske kristenretten har den nyare (Árni Þorlákssons kristenrett) forbod mot sodomi (*NgL V* 1895:56).

## 7. Homofili og transvestittisme

Homofili tyder i moderne språkbruk at to personar av same kjønn har eit seksuelt forhold. I mellomalderen vart truleg dette sett annleis på enn i dag. Dei fleste vitnemåla frå nordisk mellomalder som handlar om forhold mellom to menn, legg stor vekt på styrkeforholdet mellom dei to. Den eine "misbrukar" den andre - som blir "misbrukt". Å bli skulda for å bli misbrukt av andre menn er svært ærekrenkjande. Denne forlaga for ærekrenking vart gjerne kalla *níð* (Meulengracht Sørensen 1980:12). Forhold mellom to kvinner blir ikkje omtala i lovtekstane.

Magnus-versjonen av *Gtl. kr.* (32) gir forbod mot homoseksualitet mellom menn ("ef karlar tveir blandasc likamæ losta saman"). Det står at to menn som har eit forhold til kvarandre, er *úþótamenn*<sup>70</sup>. Etter lova skal dei straffast med fredløyse og tap av all eigeedom.

Det finst ingenting om homofili veiken i kristenretten eller festeavsnittet i *Grágás*. Derimot er det i festeavsnittet i *Grágás* (155) eit lite avsnitt om transvestittisme (dette blir ikkje nemnt i *Gtl. kr.*). *Grágás* slår fast at følgjande er straffbart:

Ef konor geraz sua af siða at þær ganga íkarlfötom eða hverngi carla sið er þær hafa fyrir breytne sacir oc sua carlar þeir er kuene sið hafa huernge veg er þat er. . .

(Om kvinner tek ein slik uskikk at dei går i mannsklede eiler at dei tek ein kva som helst mannskikk berre for å vere annleis, eller at menn tek i bruk ein eller annan kvinneskikk. . .)

Straffa for slik framferd er *fjörbaugsgarðr*.

<sup>70</sup> *úþótamaðr*: "Person hvis Forbrydelse ikke kan avsones ved Bøder" (Fritzner III 1954:745).

Som nemnt i kapitlet om sodomi, forbyr *Etl. kr.* (II, 44) ein mann á vere saman med andre levande vesen enn ei kvinne, utan at dette er nærmare definert. Straffa er tap av all eigedom og utlegd. Dette kapitlet finst ikkje i versjon I, og er dessutan føyd til i versjon II med ei anna hand. *Brtl. kr.* har ikkje slike reglar.

Litteraturen har fleire døme på at det á bli skulda for á vere "kvinneleg" er ein forferdeleg hán mot ein mann. I saga om Njáll seier Flósi til Skarphedinn: "... faðir þinn, karl inn skegglausi - því at margir vitu eigi, er hann sjá, hvárt hann er karlmaðr eða kona" (. . . faren din, den skjegglause kallen - fordi mange som ser han, veit ikkje om han er mann eller kvinne) (*Brennu-Njáls saga* 1954:314). Og litt seinare seier Skarphedinn til Flósi: " - ef þú ert brúðr Svínfellsáss, sem sagt er, hverja ina níundu nótt ok geri hann þik at konu" ( - om det er sant, det som blir sagt om deg, at du er bruda til Svínfellsásen<sup>71</sup> og at han gjer deg til kvinne kvar niande natt) (*Brennu-Njáls saga* 1954:314). Lengre ut i *Gulatingsslova* finst ein lovregel (138) som seier at slike utsegner er ærekrenkjande: "ef maðr mælir um annan [ ] kveðr hann væra kono niundu nött hveria. oc hever barn boret. oc kallar gylvin." (om ein mann seier om ein annan [ ] seier at han er kvinne kvar niande natt og har fødd barn og kallar han "gylvin"<sup>72</sup>). Det same er tilfellet med den islandske lova. Den delen av *Grágás* som heiter manndrapavsnittet ("vígslóði"), heimlar fredløyse som straff om ein mann skuldar ein annan for slike ting: "Ef maðr kallar man ragan<sup>73</sup> eða stroðin.<sup>74</sup> eða sorðin.<sup>75</sup>" (*Grágás* II 1879:392).

Eit våpen heidningane brukte i kampen mot misjonæranne var niddikt. Om diktet handla om á ha kvinnelege eigenskapar, vart det ekstra slagkraftig. Om dei to første misjonæranne på Island, Þorvaldr víðförlí og biskop Fredrik, vart denne niðvisa dikta:

"hefir börn borit  
biskup nív.  
þeira er allra  
Þorualldr faðir."

(Ni barn har  
biskopen bore,  
for dei alle  
er Þorvaldr far.)

(*Óláfs saga Tryggvasonar en mesta* 1958:293).

<sup>71</sup> Det var folketrú at det budde eit vette i Svínafellur, og han vart kalla for Svínfellsáss (*Brennu-Njáls saga* 1954:314).

<sup>72</sup> *gylvin*: "Skjældsord af en særegen Betydning" (Fritzner I 1954:665).

<sup>73</sup> *ragr*: "kvindeagtig, tilbøielig eller villig til at lade sig misbruge til Sodomiteri" (Fritzner III 1954:580). (Sodomi - eller "Sodomiteri" - kan også tyde homoseksualitet, og det må vere den tydinga av ordet som ligg til grunn her.)

<sup>74</sup> *stroðinn*: "= *sorðinn* (Præt. Part. af *serða*)" (Fritzner III 1954:580).

<sup>75</sup> *serða*: "søge sin maskuline Kjønsdrift tilfredstillet ved legemlig Omgjængelse med et andet levende Væsen [ ] især om Sodomiteri" (Fritzner III 1954:209).

Biskopen var truleg skjegglaus, slik kyrkja kravde, og kleda hans minte kanskje om kvinneklede. Begge delar gav grunn til å samanlikne han med ei kvinne. Soga fortel at mens biskopen klarte å vere overberande, vart dette for mykje for Þorvaldr. Han drap dei to som hadde laga diktet.

## 8. Bortføring, valdtekt og samliv utanfor ekteskapet

*Gtl. kr.* nemner berre bortføring og valdtekt. Likevel har eg funne det riktig å ta med i samanlikninga det som *Grágás* seier om samliv utanfor ekteskapet. Det er naturleg fordi desse tre forholda er nært samanvovne i lovteksten. Det er då også grunnen til at eg har valt å behandle dei under eitt.

I *Gtl. kr.* (32) er det berre Magnus som gir forskrifter om slike ugjerningar. Olavs lov seier ingenting om dei. Magnus kallar dei som tek kvinner "med ran" ("taca med rane"), eller tek andre sine koner, festarmøyar eller døtrer utan samtykke av dei sjølve eller frå dei som bestemmer over dei, *úbótamenn*. Og *úbótamenn* skulle straffast med fredløyse og tap av all eigedom.

*Grágás* (155, 156, 157, 158, 159, 160, 161) legg derimot stor vekt på forholda. For oversikts skuld og for å få fram kor alvorleg dei ulike lovbrota vart vurderte, har eg gruppert dei etter straffeutmåling. Eg startar med dei minst alvorlege brotsverka:

Inga straff:

- å liggje med ei omvandrande tiggarkjerring (forføraren måtte vedgå ugjeringa etterpå for å sleppe straff)

3 merker i bot:

- å kysse ei kvinne i løyndom med hennar samtykke
- å liggje med ei trækvinne

48 øre ("VIII aura ensfimmta-tigar") i bot (gjeld berre kvinner):

- å liggje med ein mann (den som hadde rett til å gå til søksmål, kunne sjølv avgjere om han ønskte å krevje straff)

*Fjörbaugsgarðr*:

- å kysse ei kvinne i løyndom utan hennar samtykke
- å kysse ei gift kvinne
- å be ei kvinne om samleie

- å gå til ei kvinnes seng for å drive utukt med henne
- å kle seg i skaut for å narre henne (med det siktemålet å forføre henne)
- å ligge med ein kvinneleg gjeldstræl (*lögsculdarkona*)<sup>76</sup>
- å omgåast menn som ein veit har vore med på å bortføre ei kvinne

#### Skoggang:

- å ligge med ei kvinne som er fri og har ein fast heim
- å få ei kvinne til å falle eller å komme opp i senga hennar - for å gjennomføre samleie
- å ligge med ei kvinne i utlandet og få barn med henne<sup>77</sup>
- å bortføre ei kvinne mot hennar vilje
- å hjelpe til med å bortføre ei kvinne
- å bortføre ei forlova kvinne
- å hjelpe til med å bortføre ei forlova kvinne
- å gifte seg med ei bortført, forlova kvinne

*Brtl. kr.* (II, 13, III, 9) har detaljerte føresegner om valdtekt. Lova nemner døme på at sterke fysiske verkemidlar kan bli brukte:

ok kæmr maðr mot henni ok bry(tr) hena til fuæfnis ok ef han bær hena eða bindr ok er hon blo eða blodog. þa er han fæckr .iij. morkum firir bond ok .vj. firir ben. ok adrar sæx. firir hialeghr.  
(og kjem ein mann mot henne og tvingar henne til samleie, og om han slår henne eller binder henne slik at ho blir blå eller blodig, då er han skuldig 3 merker for bindinga og 6 merker for såringa. Dessutan skal han bøte 6 merker for samleie.)

Slike føresegner finst ikkje i *Etl. kr.*

Det er påfallande kor detaljert den islandske lova er om desse forholda. Og endå meir slående er det kor liten respekt mange av dei fremste mennene på Island hadde for kyrkjyas syn på samliv utanfor ekteskapet. Det går fram av diplom frå slutten av 1100-talet (sjå s. 95 og 96). Det er grunn til å tru at avstanden mellom lovgjeving og praksis i mange tilfelle var svært stor. Interessant er det at sjølv om *Grágás* inneheld mange føresegner om forsøk på valdtekt, seier lova ingenting om å

<sup>76</sup> *lögskuldarkona*: "kvindelig *lögskuldarmaðr*; [ ] *lögskuldarmaðr*: Gjeldstræl, Person som ved lovlig Forpligtelse er bunden til at arbejde for eller hos en anden og saaledes optjene eller betale hvad denne har tilgode hos ham" (Fritzner II 1954:612).

<sup>77</sup> Vilhjálmur Finsen meiner at dette berre gjeld kvinner som har slekt på Island (*Grágás* Id 1870:156).

fullføre ei valdtekt. Eit brev frå erkebiskop Eirik i 1190 (*DI* I nr. 72) slår likevel fast at valdtekt skulle straffast med bannlysing.

I Noreg var samliv utanfor ekteskapet såpass vanleg at det var nødvendig å gi lover for det. *Gulatingsslova* omtalar "papirlaust ekteskap". Kapittel 125 har overskrifta "Ef maðr gengr i liose i hvilu kono" (Om ein mann openlyst lever saman med ei kvinne). Om ein mann bur saman med frilla si i tjue vintrar eller meir, utan at nokon av dei bind seg til andre, oppstår det ein juridisk fellesskap mellom dei, og barna deira får arverett, slår lova fast.

## Oppsummering

I oppsummeringa av dette kapitlet er det viktig å minne om at samanlikninga blir spesiell på den måten at føresegnene er henta frå to ulike bolkar. Lovreglane i *Gulatingsslova* er henta frå kristenretten, i *Grágás* frå festeavsnittet. Ettersom nedskrivinga av den verdslege delen av *Grágás* - deriblant festeavsnittet - skjedde vinteren 1117-1118, og nedskrivinga av kristenretten nokre få år seinare (1122-1133), er det naturleg at det som allereie var med i den verdslege delen, ikkje vart skriva på nytt i kristenretten. Og ettersom tidsintervallet mellom dei to nedskrivingane var så stutt, var det heller ingen grunn til å revidere det som allereie stod skriva.

Utgangspunktet for denne oppgåva er å vurdere om islendingane hadde *Gulatingsslova* som førebilete då dei laga sin kristenrett. Det faktum at *Gtl. kr.* inneheld mange føresegner om ekteskap og samliv som ikkje finst i den islandske, er med på å støtte teorien om at islendingane sette sin kristenrett utan å leggje vekt på korleis *Gtl. kr.* var utforma. Ifølgje Snorri Sturluson kom den første kristenretten på Island i Olav den heilages tid, eller rett etter (sjå s. 36). Ein kan naturlegvis tenkje seg at lovene forandra seg på ulike måtar dei neste hundre åra - fram mot nedskrivinga. T.d. kunne lovreglar bli flytt frå ein bolk til ein annan. Men det er neppe tilfelle i denne samanhengen. Grunnen til at så lite av ekteskapslovgjevinga finst i den islandske kristenretten, er truleg at den islandske kyrkja endå hadde lite å seie i slike saker då kristenretten vart nedskriven (sjå s. 85). Og tidlegare hadde ho endå mindre å seie.

Likevel er det ikkje utan interesse å sjå på i kva grad føresegnene om ekteskap og samliv er like - eller skil seg frå kvarandre i *Gulatingsslova* og *Grágás*. Kanskje var det slik at den norske kyrkja hadde større makt enn den islandske over ekteskap i tidleg kristen tid, og at dette åleine er årsaka til at så mange samlivsføresegner vart plasserte i ulike bolkar. Kanskje dette er den einaste skilnaden, og at dei som

utforma dei islandske lovreglane om ekteskap og samliv, likevel hadde *Gulatingsslova* som modell?

For å få svar på dette spørsmålet, krevst systematisk samanlikning av dei ulike føresegnene. Det som har komme fram i dette kapitlet kan oppsummerast slik:

1. Som nemnt på s. 91 er truleg incest-føresegnene i både *Gtl. kr.* og *Grg. kr.* frå tidleg kristen tid. Dei er temmeleg like. Men det i seg sjølv er ikkje prov på at den eine lova har hatt den andre som modell. Den angelsaksiske kyrkja hadde dei same reglane (Taranger 1890/91: 328). Og Gratians dekret frå ca. 1140 er heilt i samsvar med dette. Dei austnorske kristenrettane har i hovudsak dei same reglane.

2. Både *Gtl. kr.* og *Grágás* nemner åndeleg slektskap, men den norske er likevel meir detaljert. Dei austnorske kristenrettane legg også meir vekt på føresegner om dette enn den islandske.

3. Forbodet mot fleirgifte i *Gtl. kr.* er frå Olavs lov. Likevel gir ikkje *Grágás* forbod mot polygami. Derimot opplyser arveavsnittet i *Grágás* at ein mann godt kan ha ei kone på Island og ei i Noreg. *Brtl. kr.* har forbod mot fleirgifte, mens *Etl. kr.* ikkje nemner dette.

4. Både *Gtl. kr.* og *Grágás* gir forbod mot utruskap. Forbodet i den norske lova er frå Olavs-teksten. Likevel blir det teke opp att og presisert av Magnus. Men sjølv om det norske forbodet er gammalt, er det ingenting som tyder på at islendingane har prøvd å kopiere den norske lova. Dei islandske lovreglane er meir detaljerte, og dei har også eit anna utgangspunkt. *Gulatingsslova* omtaler først og fremst gifte menn, mens *Grágás* også omtaler gifte kvinner. Dei austnorske kristenrettane legg lite vekt på utruskap.

5. Både *Gtl. kr.* og *Grágás* gir reglar om tempus clausum. Dei er ganske like, men likevel finst det skilnader. T.d. var dei tre gagnfastene før Jonsmesse, Mikkjelsmesse og jul forbodne tider ifølgje Olavs lov. I *Grágás* er det berre julefasta som er nemnd av desse. På den andre sida nemner *Grágás* langfasta. Den kom ikkje inn i den norske lova før med Magnus Erlingsson. Her må det riktignok leggjast til at langfasta - også på Island - kan ha komme inn i lova på eit seint tidspunkt. Dei austnorske kristenrettane skil seg ikkje mykje frå dei to andre. Likevel kan det nemnast at *Brtl. kr.* har detaljar som ingen av dei tre andre har.

6. Sjølv om forbodet mot sodomi i den norske lova skriv seg frå Olavs-teksten, inneheld ikkje *Grágás* noko slikt forbod.

7. Forbod mot homofili er ikkje med i Olavs-teksten. Om den norske lova var modell for den islandske, er det naturleg at eit slikt forbod heller ikkje finst i *Grágás*. Det var først med kong Magnus at eit slikt forbod kom inn i *Gulatingslova*. Men - på den andre sida - det forbodet som finst i *Grágás* om transvestittisme, er ikkje å finne i *Gulatingslova*.

8. *Grágás* gir svært detaljerte føresegner om bortføring, valdtekt og samliv utanfor ekteskapet. Tilsvarande reglar finst ikkje i Olavs lov. Derimot gir kong Magnus nokre forbod om slike forhold. Men dei har lite til felles med dei islandske føresegnene.

Etter denne gjennomgåinga må ein kunne trekkje den konklusjonen at lite tyder på at islendingane hadde den norske *Gulatingslova* som førebilete då dei utforma sine første kristne lovreglar om ekteskap og samliv.

## XI : Dâp

"Rett er det, at ei kvinne lærer ein mann å døype."

*Grágás*, kapittel 1

Kjeldene fortel at det i heidensk tid vart aust vatn over eit barn når det skulle få namn. Kongesogene, til dømes, gir slike vitnesbyrd. Snorri skriv i *Haralds saga ins Hárfagra* (*Heimskringla* I 1941:143): "Sá var siðr um gofugra manna börn at vanda menn mjök til at ausa vatni eða gefa nafn." (Det var skikk blant gjæve folk at ein var omhyggeleg i valet av menn til å ause vatn på barna deira eller gi dei namn.) Dette blir fortalt i samband med fødselen til Håkon den gode. Og vidare: "Sigurðr jarl jós sveininn vatni ok kallaði Hákon eptir feðr sínum, Hákon Hlaðajarli." (Sigurd jarl auste vatn over guten og kalla han Håkon etter far sin, Håkon ladejarl.) Ut frå kongesogene ser det ut til at ein gjerne spurde ein person ein sette pris på, men som ofte ikkje hørde til den nærmaste familien, om å ause vatn på barnet. Det burde tydelegvis vere ein mann. Rett nok bør ein vere varsam med å trekkje altfor sikre slutningar ut frå kongesogene. Dette gjeld i minst like stor grad islendingesogene. Det kan likevel vere av interesse å nemne at ei av dei, *Bárðar saga Snæfellsáss*, gir eksempel på at foreldra sjølve auste vatn over barnet. I denne forteljinga er det faktisk mora som utfører seremonien (*Bárðar saga Snæfellsáss* 1991:140). Kjeldeverdien her er riktignok temmeleg tvilsam ettersom saga vart skriven svært lang tid etter at hendingane skal ha gått føre seg. Ein må likevel kunne gå ut frå at ein allereie hadde ein tradisjon for å gi eit nyfødt barn namn, og at vatn var eit viktig innslag i den heidenske namnefesten. Dette gjorde det sikkert lettare for folk å akseptere lovfestinga av den kristne barnedâpen då den vart lovfesta. Det er få opplysningar om denne overgangen, og om kor raskt folk lærte seg og aksepterte dei nye og framande rituala. For forandringar måtte det nødvendigvis bli.

Både *Gtl. kr.* og *Grg. kr.* inneheld reglar om barnedâp. I *Gtl. kr.* står dei i kapittel 21, 22 og 26, mens dei i *Grg. kr.* er å finne i kapittel 1. Eg vil no dele opp alle forholda omkring dâpen i mindre delar, og så samanlikne kva dei to lovene seier om kvart enkelt forhold. Følgjande forhold ved dâpen vil bli diskuterte:

1. Tidspunkt for dâpen
2. Kven skal døype barnet?
3. Kvar skal dâpen gå føre seg?
4. Dâpsritualet
5. Kva slag væske kan ein døype med?



6. Kven skal sørgje for at barnet blir døypt?
7. Fadrar
8. Om dåp av vaksne

## 1. Tidspunktet for dåpen

I *Gtl. kr.* (21) blir det sagt at eit barn som er født etter julenatta, skal vere døypt innan gagnfasta (altså den gagnfasta som kjem før langfasta), eit barn som er født i fasta, skal vere døypt før påske, eit barn som er født etter påske, skal vere døypt før Johannesmesse og eit barn som er født etter Mikjelsmesse, skal vere døypt før jul. Dermed blir det gitt reglar for alle tidene i året, bortsett frå perioden mellom Johannesmesse og Mikjelsmesse. Desse reglane er med i både Olavs og Magnus' lov. *Gtl. kr.* har tre grader av straff, alt etter kor lenge ein ventar med å døype barnet. Først er staffa 3 øre, så 3 merker og til slutt tap av all eigeedom.

*Grg. kr.* (1) gir ikkje så detaljerte reglar for når dåpen skal gå føre seg. Det blir berre nemnt at eit barn skal døypast så snart som mogleg ("sem fyrst"). Men blir det født kort tid før påske eller pinse, er det mogleg å utsette dåpen til laurdagen før påske eller pinse, så sant barnet ikkje er sjukt. Det er berre presten som kan avgjere om det er forsvarleg å vente. Lova seier ingenting om straff om ein utsett dåpen for lenge.

*Brtl. kr.* (I, 4) er nokså lik *Gtl. kr.* på dette området. Også *Brtl. kr.* nemner fire dåpsterminar, men er meir logisk enn *Gtl. kr.*, fordi denne lova gir reglar for heile året. Straffa for å bryte reglane er 3 merker etter *Brtl. kr.* Om ein lét det gå eit heilt år utan at barnet blir døypt, blir den ansvarlege (bonden) fredlaus og mistar all eigeedom. Han skal dessutan reise til eit heident land. *Etl. kr.* (I, 8, II, 7) nemner fleire dåpsterminar enn *Gtl. kr.* og *Brtl. kr.*, og fastset straffa for ikkje å halde fristene til 6 øre. Også denne lova har strengare straffer om ein utset dåpen lenge. Strengaste straff er utlegd og tap av all eigeedom.

Påske og pinse var dei gamle kristne dåpsterminane. Men allereie i antikken var det dåp også ved jul og ved andre merkedagar (Fæhn 1958:414). Dei eldste kristenrettane nemner desse høgtidene i samband med dåpen. *Grg. kr.* nemner berre påske og pinse, *Gtl. kr.* nemner fleire. Dette er såkalla gamle trekk. Utover i mellomalderen var det ein tendens til å leggje mindre vekt på dåpsterminane. Erkebiskop Jons kristenrett frå 1270-åra - som riktignok gir fleire instruksar om kva dåpstider som er best - konkluderer med at "A huærium degghi eða tima sem vill ma barnn skira" (barnet kan døypast kva dag eller time ein vil) (*NgL* II 1848:342). Generelt verkar det som utviklinga har gått i retning av mindre vektlegging av tidspunktet mot meir vektlegging av kort tid mellom fødsel og dåp. *Gtl. kr.* seier

ingenting om at ein bør vere rask. Det gjer derimot *Grg. kr.* At dette blir viktigare, går fram av den nyare islandske kristenretten (frå 1275) som seier at det er straffbart å vente meir enn fem netter med å døype eit barn.

## 2. Kven skal døype barnet?

*Gtl. kr.* (21) slår fast at det er den presten som ein plar å gå til messe hos (altså soknepresten) som skal døype barnet. Om barnet er sjukt og ein ikkje rekk fram til prest, skal dei som reiser med barnet, døype det. Magnus-teksten føyer til at om det ikkje er mogleg å få tak i ein mann, så kan ei kvinne utføre dåpsritualet.

*Grg. kr.* (1) krev også at ein skal oppsøkje ein prest for å få barnet døypt (utan å presisere at det skal vere soknepresten). Som i den norske lova blir det sagt at om barnet er sjukt, kan ein lekmann døype det. Men det står ikkje at ei kvinne - i nødsfall - kan utføre dåpsritualet. Derimot blir det sagt at om det er tilgjengeleg berre menn som ikkje kan dåpsritualet, kan ei kvinne lære det bort til ein mann - som så utfører det.

*Grg. kr.* nemner som ein av dei siste utvegane at ein far sjølv kan døype det sjuke barnet sitt. Men då må han skilje seg frå kona si. Dette handlar altså om *gudsifjar* (åndeleg slektskap). Reglane om åndeleg slektskap forbyr den som døyper eit barn eller er fadder for eit barn, å ha seksuell kontakt med barnet eller med foreldra til barnet seinare. Det er grunnen til påbodet om at foreldra skal sove kvar for seg. (Sjå s. 92 om åndeleg slektskap.) Denne lovregelen finst i begge hovudhandskriftene. I handskriftet AM 181 4to, som enkelte meiner inneheld den eldste teksttypen (sjå s. 41), blir det derimot sagt at det ikkje er nødvendig å skilje lag i slike tilfelle (*Grágás* III 1883:297).

Det står også at i dei tilfella ein lekmann har utført dåpsritualet, er det viktig at det etterpå blir rapportert til presten, for han skal avgjere om det er nødvendig å gjere sermonien om att.

Både *Etl. kr.* (I, 2, II, 2) og *Brtl. kr.* (I, 2, III, 1) gir løyve til at dei to (mann og kone) som følgjer barnet til kyrkja, døyper barnet om det er fare for at det kan døy. *Brtl. kr.* understrekar riktignok at mannen er hovudpersonen ved ritualet, og at kona skal gjenta dåpsformelen etter han. Begge lovene krev at presten skal avgjere om nauddåpen gjekk riktig føre seg. I *Etl. kr.* (I, 4, II, 4) står det dessutan at mor og far kan døype barnet sitt om det ikkje er mogleg å få tak i andre.

Den viktige rolla som dåpen spela og den høge dødsprosenten blant spedbarn er truleg forklaringa på at nauddåp er eit svært sentralt emne i begge kristenrettane. Det blir understreka kor viktig det er at også lekfolk lærer seg dåpsritualet, og det blir gitt klare reglar for kven som kan døype om det ikkje er mogleg å få tak i prest.

*Gtl. kr.* går så langt som å tillate kvinner å utføre ritualet. *Grg. kr.* nøyer seg med å tillate at ei kvinne lærer bort dåpsritualet til ein ukunnig mann. Riktignok seier andre *Grágás*-handskrifter (t.d. AM 181 4to) at ei kvinne kan døype om det absolutt ikkje finst andre utvegar.

Etter kvart blir det mindre viktig kven som utfører nauddåp (Anna Sigurðardóttir 1983:46). I biskop Árni Þorlákssons kristenrett står det at både ei mor og ein far kan halde nauddåp om det er heilt nødvendig (*NgL V* 1895:20). Det same gjeld nyare Borgartings kristenrett (*NgL II* 1848:293). Det at barnet blir døypt blir etter kvart viktigare. Sjølv om det heilt frå kristendoms-innføringa var viktig at alle vart døypte, blir grensene for kor langt ein skal gå for at absolutt alle skal bli døypte, stadig flytte utover i mellomalderen. Ein statutt frå 1345 utferda av Skálholt-biskopen Jón Sigurðarson fastset reglar om kompliserte fødsjar. Som døme blir det fortalt om ein fødsel der ei kvinne blir pint og truleg ikkje kan føde barnet, men ein del av barnet kjem likevel levande til syne. Kven som helst som er til stades - mann eller kvinne - skal då ause vatn over denne lekams-delen og døype den i faderens, sonens og den heilage andens namn (*DI II* 513).

### 3. Kvar skal dåpen gå føre seg?

*Gtl. kr.* (21) fastset at barna skal førast til kyrkja for å bli døypt. Andre føresegner finst ikkje.

*Grg. kr.* (1) fastset at dåpen skal skje anten heime hos presten eller mindre enn ei dagsreise heimefrå. Treffer ein på presten lengre unna, skal dåpen skje i den nærmaste kyrkja (eller eigentleg "gard der det er ei kyrkje" (*kirkjubær*)). Presten må aldri reise heimefrå ei natt eller meir utan å ha med seg dåpsutstyr.

Heller ikkje dei austnorske kristenrettane legg stor vekt på dåpsstaden. Men begge tekstane nemner kyrkja.

Ingen av kristenrettane legg særleg vekt på kvar dåpen skal gå føre seg. Dette er eit gamalt trekk (Fæhn 1958:414). I tidleg kristen tid spela ikkje staden så stor rolle. Kanskje hadde det samband med at det rett etter kristninga og i ein del år framover enno ikkje var så mange kyrkjer. Dei norske kristenrettane nemner altså kyrkja, mens *Grg. kr.* nemner presten sin heim som den mest ønskelege staden for dåpen. Riktignok budde nok dei fleste prestane på Island - iallfall etter kvart - på gardar der det også fanst ei kyrkje (såkalla *kirkjubær*), men likevel er det interessant at teksten brukar ordet heim i staden for kyrkje. Seinare i mellomalderen kjem nøyaktigare lovreglar om kvar dåpen skal gå føre seg. Dei går i hovudsak ut på at dåpen bør skje i soknekyrkja (*DI II* nr. 513).

#### 4. Dåpsritualet

Når ein lekmann blir nøydd til å døype, er det viktig at alt går føre seg på ein korrekt måte. I *Gtl. kr.* (21) blir det sagt at følgjande ord skal brukast:

Ec íkiri þíc. N. i nafne faður. oc sunar. oc anda heilax.  
(Eg døyper deg "N" i faderens, sonens og den heilage andes namn.)

I *Grg. kr.* (1) er forskriftene meir omstendelege. Om dåpen skjer heime, må vatnet først viast. Då skal ein bruke følgjande ord: "Eg vier deg, vatn, i faderens, sonens og den heilage andes namn." Så skal ein døype barnet på denne måten og med desse orda:

ec. skíre þíc *scal hann* qveða. oc nefna barnit. i nafni foður. oc drepa i vatnit barninv. oc sonar. oc drepa í i annat sin. oc anda heilags. oc drepa þui i eno þriðia sinni. sva at þa verþi alvált.  
("eg døyper deg", skal han seie og nemne barnets namn. Så skal han seie: "i faderens namn". Han skal dyppe barnet i vatnet og seie: "i sonens namn". Barnet skal dyppast i vatnet for andre gong, og han skal seie: "og i den heilage andes namn". Så skal barnet dyppast i vatnet for tredje gong, slik at det blir heilt vält.)

I tillegg blir det gjort nøyaktig greie for alle handrørsler som skal gjerast i samband med dåpsritualet. Vidare er det ei plikt for alle vaksne menn (*karlmenn*) å kunne ritualet, men tydelegvis ikkje for kvinner. Derimot er det plikt for både menn og kvinner - som har tilstrekkeleg forstand (*hyggiandi*) - å kunne *Pater Noster* og *Credo in dominum*.

Både *Etl. kr.* (I, 2, II, 2) og *Brtl. kr.* (I, 2, III, 1) har same dåpsformel som *Gtl. kr.* og *Grg. kr.*, men dei er meir detaljerte enn *Gtl. kr.* i samband med dåpsritualet. Dei gjer greie for korleis ein skal gå fram om eit barn blir sjukt på veg til presten, og ein må gjennomføre naudådåp. På same måte som *Grg. kr.* blir det gjort greie for dei handrørslene som skal gjerast. Barnet skal dyppast tre gonger i vatnet. *Etl. kr.* fastset også at døypevatnet skal viast. Ifølgje *Brtl. kr.* skal dessutan dåpsformelen seiast tre gonger.

*Grg. kr.* er mykje meir omstendeleg i omtala av dåpsritualet. Både *Gtl. kr.* og *Grg. kr.* siterer døpeformelen, som er lik i begge tekstane. Riktignok blir det i handskriftet AM 315 f fol av *Gulatingslova* ikkje sagt at ein skal seie namnet åt barnet.

## 5. Kva slag væske kan ein døype med?

I *Gtl. kr.* (21) blir det - dette gjeld berre Magnus-teksten - sagt at om det ikkje er mogleg å få tak i vatn, kan ein bruke kva slag væske som helst ("hverfkonar væto er na ma"). Og klarer ein ikkje å få tak i noka anna væske, kan ein bruke spytt.

*Grg. kr.* (1) gir også alternativ om det er vanskeleg å få tak i vatn. Ein bør riktignok helst bruke ferskvatn eller havvatn. Men det går også an å bruke snø, berre det ikkje blir for kaldt for barnet. *Grg. kr.* nemner ikkje spytt. *Gtl. kr.* nemner derimot ikkje snø, seier berre at ein kan bruke kva væske som helst. Men at snø også vart brukt i Noreg, vitnar *Brtl. kr.* (I, 2, III, 1) om. Denne lova nemner dessutan saltvatn og dogg som dåpsvæske.

Det var vanleg med heil - eller nesten heil - neddykking under dåp. Denne praksisen vart nesten einerådande etter kvart som barnedåp vart det vanlege (Fæhn 1958:415). Først i 1200-åra begynte ein å ause vatn berre over hovudet åt barnet, men denne skikken vart ikkje vanleg før i 1400- og 1500-åra. Dermed kan ein godt forstå *Grg. kr.* sine formanande ord om at ein må passe på så ikkje barnet blir sjukt. Og ein kan også godt forstå at nordlendingane og sørlendingane syntest det vart for kaldt å døype seg i fjellvatn på Þingvellir, og heller venta til dei kom til ei varm kjelde på vegen heim (*Biskupa sögur* I 1858:25).

*Gtl. kr.* tillèt bruk av spytt om ein manglar dåpsvatn, og det gjer også dei to austnorske kristenrettane. Det gjer ikkje *Grg. kr.* Men det ser ut til at bruken av spytt under dåp vart temmeleg vanleg i begge landa, for kjelder fortel at det etter kvart vart nødvendig å forby denne skikken. Den 1. mars 1206 skreiv pave Innocentius III i eit brev til erkebiskop Thorer i Nidaros at ein ikkje kan godta som sann dåp at eit barn som er døden nær - i mangel på prest og vatn - blir stroke med spytt på hovudet, brystet og mellom skuldrane (*DN* VI nr. 10). I 1241 kom eit nytt pavebrev som også - i tillegg til å gjenta forbodet mot spytt - forbaud dåp i øl (*DN* I nr. 26). Også på Island såg ein seg i 1269 nøydd til å forby spytt som dåpsvæske (*DI* II nr. 7). Bruken av spytt er også kjent frå angelsaksiske lover (Taranger 1890/91:340).

## 6. Kven skal sørgje for at barnet blir døyd?

*Gtl. kr.* har ingenting om dette.

*Grg. kr.* (1) gir derimot nøyaktige forskrifter for kven som har ansvaret for at barnet blir ført til dåpen. Minst to menn skal ta det med til presten, ein hovudansvarleg og ein medhjelpar som han ber med seg. Den hovudansvarlege skal

helst vere barnets "arving" ("skaporfone")<sup>78</sup>, altså den som er nærmast i slekt med det. Om han ikkje er til stades, skal husbonden der fødselen har skjedd gjere det. Om heller ikkje det er mogleg; dei menn som offisielt er busette der. Siste utvegen er "dei som er nærmast".

I *Etl. kr.* (I, 1, II, 1) står det at mann og kone skal følgje barnet til kyrkja og stå fadrar. Litt seinare står ei setning som kan tyde på at det var vanleg å reise fleire i lag. Det står nemleg om ein situasjon der eit ektepar som reiser med barnet sitt til dåpen "fordi dei ikkje kan bruke andre pga. mangel på tilstrekkeleg folkehjelp" (*Etl. kr.* I, 4, II, 4). Også *Brtl. kr.* (I, 2, III, 1) fastset at mann og kone ("fa kalmaðr oc fu kona er gera ma guðlifiar uið faður barns oc moðor") skal ta barnet med og få det døypt.

## 7. Fadrar

*Gtl. kr.* gir altså ingen reglar om kven som har ansvaret for å føre barnet til dåpen. Derimot gir både Olav og Magnus klare reglar om fadrar (*Gtl. kr.* 26). Eit barn skal ha seks fadrar:

1. Den som held barnet under primsigninga<sup>79</sup>
2. Den som tek det ut av dåpsvatnet
3. Den som tek av det dåpskledda ("fora or hvita vaðom")<sup>80</sup>
4. Den som held det under biskopshand<sup>81</sup>
5. Den som løyser dåpsbandet (*fermidregill*)<sup>82</sup>
6. Den som skal følgje kona inn i kyrkja ("leiða kono i kirkiu")<sup>83</sup>

<sup>78</sup> *skaparfuni* = *skaparfi*: "Arving, som Arv skal tilfalde efter Naturens Orden og de gjældende Lovbestemmelser" (Fritzner III 1954:285).

<sup>79</sup> *primsigna*: "betegne en udøpt med korsets tegn for paa en foreløbig maade at optage ham i den kristne kirke" (Hertzberg 1895:499). Primsigning og dåp vart vanlegvis utførte utan noko tidsintervall (Molland 1968:441).

<sup>80</sup> Dette skjedde normalt etter 8 dagar (Taranger 1890/91:339).

<sup>81</sup> Dette tyder konfirmasjon. I mellomalderen var det vanleg med konfirmasjon av svært små barn, konfirmasjonen vart sett på som eit slags framhald av dåpen (Andrén 1963:691). Fleire kjelder fortel om konfirmasjon av spedbarn. T.d. vart biskop Guðmundr Arason konfirmert då han var 6 mnd. gammal (*Biskupa sögur* I 1858:415).

<sup>82</sup> *fermidregill*: "hvidt Baand, som lagdes over den konfirmeredes Pande for at den hellige Chrisma, hvormed han var salvet, ikke skulde flyde ned eller bortviskes" (Fritzner I 1954:406).

<sup>83</sup> Robberstad og Taranger tyder denne formuleringa ulikt. Robberstad (1969:41) omsett med "den som leder mori inn i kyrkja", mens Taranger (1890/91:330) tolkar det slik: "presten og den kone, han leder i kirke". Eg vil tru at Robberstad har rett. Teksten brukar ikkje ordet "prest" og samanhengens elles tyder ikkje på at det er presten det er tale om.

I *Grg. kr.* finst ingen opplysningar om fadrar.

Som nemnt ovanfor, fastset *Etl. kr.* (I, 1, II, 1) at "mann og kone" skal følgje barnet til kyrkja og stå fadrar. Om dette skal tolkast som "mor og far", er uklart. Lova har eit eige avsnitt om fadrar (I, 53, II, 43), og av det kan det sjå ut som om fadrar og foreldre ikkje var dei same. Dette stemmer også med dei vanlege reglane for åndeleg slektskap (sjå s. 92). Lova gir ikkje opp kor mange fadrar eit barn skal ha. Som nemnt i kapitlet om kven som skal sørge for at barnet blir døypt, nemner *Brtl. kr.* (I, 2, III, 1) "mann og kone" ("fa kalmaðr oc fu kona er gera ma guðlfiar uið faður barns oc moðor"). Denne lova nemner tre fadrar: den som held barnet under primsigninga, den som held det under dåpen og den som held det då det blir konfirmert (*Brtl. kr.* I, 15, III, 6).

Det er merkeleg at *Grg. kr.* ikkje seier noko om fadrar. Andre delar av lovtæksten nemner riktignok fadrar i ulike samanhengar (t.d. i samband med åndeleg slektskap, sjå s. 92). *Pingskapapátttr* reknar opp tre typar fadrar, den som held dåpsbarnet under vatnet, under primsigninga og under biskopshand (*Grágás* Ia 1852:47). I motsetning til *Gtl. kr.* gir *Grg. kr.* elles ingen opplysningar om t.d. kor mange fadrar det var vanleg å ha. At *Gtl. kr.* nemner talet seks i samband med fadrar, meiner Taranger (1890/91:330) heng saman med at ein prøvde å få i stand ein analogi til dei forbodne ledda. Han skriv vidare at det er heilt spesielt for *Gtl. kr.* at det oppstår fadderskap mellom "presten og den kone, han leder i kirke"<sup>84</sup>.

At fadderskap førte til ei rekkje restriksjonar med omsyn til kven som kunne gifte seg med kvarandre, var eit argument for ikkje å bruke for mange fadrar. Erkebiskop Páll Bárðarson i Nidaros (1334-1346) seier i ein statutt av 1342 (*DI* II nr. 487) at ettersom dei banda som blir knytte pga. fadderskap hindrar ekteskap, bør ein ha så få fadrar som mogleg. Han meiner at ein mann og ei kvinne er nok. Vi ser ei utvikling mot færre fadrar, samtidig som reglane for åndeleg slektskap blir strengare. Erkebiskop Páll meiner at det er enda viktigare at ein ikkje bryt reglane for åndeleg slektskap enn reglane for "naturleg slektskap". Når han så reknar opp alle dei par-kombinasjonane (dei såkalla 20 band) som blir umoglege på grunn av dåp, forstår vi formaninga hans om ikkje å ha for mange fadrar.

## 8. Om dåp av vaksne

I *Gtl. kr.* (22) står det at om ein heiden mann kjem til landet og vil bli døypt, så skal han få dåp. Om han derimot seinare trekkjer seg unna, og til og med nektar å ta imot dåp, skal han bli utvist frå landet med fem dagars frist. Ein slik mann er det forbode

---

<sup>84</sup> Sjå fotnote 83.

å hjelpe med mat og overnatting i meir enn ei natt. I *Grg. kr.* finst ingen slike opplysningar.

Av dei to austnorske kristenrettane er det berre *Etl. kr.* (I, 17, II, 13) som gir reglar om dåp av vaksne menneske som kjem frå utlandet og vil døypast. Denne lova har same femdagarsfristen som *Gtl. kr.*

## Oppsummering

1. *Gtl. kr.* gir opp fleire tidspunkt for dåp, mens *Grg. kr.* berre nemner påske og pinse. *Gtl. kr.* seier ingenting om at ein bør vere rask. I *Grg. kr.* heiter det derimot at barnet skal døypast så snart som mogleg. Dei austnorske kristenrettane liknar på *Gtl. kr.*, sjølv om dei nemner litt andre dåpsterminar.

2. Begge lovene presiserer at ein skal oppsøkje ein prest for å få barnet døypt. Men berre *Gtl. kr.* slår fast at det bør vere soknepresten. I samband med nauddåp, tillèt *Gtl. kr.* at ei kvinne utfører dåpsritualet, mens *Grg. kr.* nøyer seg med å tillate at ei kvinne lærer bort dåpsritualet til ein ukunnig menn. Dei to austnorske kristenrettane er - på same måte som *Gtl. kr.* - opne for at kvinner deltar i nauddåp.

3. *Grg. kr.* gir føresegner om kvar dåpen skal gå føre seg. Slike reglar manglar i *Gtl. kr.*, og også i dei austnorske kristenrettane.

4. Dåpsritualet er likt i både *Gtl. kr.* og *Grg. kr.*, men *Grg. kr.* gir likevel meir omstendelege reglar. På denne måten liknar dei austnorske kristenrettane på den islandske.

5. Både *Gtl. kr.* og *Grg. kr.* gir opp alternativ til vatn som dåpsvæske. Men berre *Gtl. kr.* nemner spytt som eit alternativ. I dei austnorske kristenrettane finn ein både dei same som er nemnde i *Gtl. kr.* og i *Grg. kr.*, og også andre som t.d. dogg (*Brtl. kr.*).

6. *Gtl. kr.* seier ingenting om kven som har ansvaret for at barnet skal bli døypt. *Grg. kr.* gir derimot reglar for dette. Begge dei to austnorske kristenrettane nemner "mann og kone" som ein naturleg del av følgjet til barnet.

7. *Gtl. kr.* slår fast at eit barn skal ha seks fadrar. *Grg. kr.* har ingen opplysningar om fadrar. *Brtl. kr.* nemner tre fadrar, mens *Etl. kr.* ikkje har slike opplysningar.



8. *Gtl. kr.* gir reglar for vaksne folk som kjem frå utlandet og vil døypast. Slike opplysningar finst ikkje i *Grg. kr.* *Etl. kr.* har reglar som liknar på dei ein finn i *Gtl. kr.* Derimot har *Brtl. kr.* ingen slike reglar.

*Gtl. kr.* og *Grg. kr.* er svært ulike med omsyn til reglar om dåp. På fleire punkt er det slik at det den eine lova har med, utelèt den andre. Og omvendt. Men det er viktig å understreke at det først og fremst er lovtekstane som er ulike. Det er nemleg ingen grunn til å tru - ut frå dei reglane vi finn - at praksis i samband med dåp var særleg ulik i dei to landa. Nettopp derfor - om ein snur på det - er det overraskande at utforminga av lovtekstane har vorte så ulik. Det er heller ingen ting som tyder på at islendingane bygde dåpsreglane på dei austnorske kristenrettane.

## XII : Barneutbering

"om ansiktet vender dit som nakken skulle eller tærne dit som hælane skulle..."

*Gulatingslova*, kapittel 21

Barneutbering er eit fenomen som har eksistert hos dei fleste folkeslag på eit visst kulturtrinn. Kjeldene fortel at det å bere barn ut for å la dei døy også var ein kjend skikk i Norden - iallfall fram til kristninga.

*Gtl. kr.* har reglar om barneutbering i kapittel 21 og 22. Her skil den gamle teksten (Olavs-teksten) og den nye (Magnus-teksten) seg klart frå kvarandre. Det er også eit vedtak om barneutbering lenger ute i lova, i kapittel 63 i løysingslova.

I Olavs-teksten (21) står det at alle barn som blir fødde i landet, skal få vekse opp,

nema þat fe með þeim orkymlum boret at þennug horve anlít fem nackte fkyllde. æða þingat tær fem hælur fkylldu. þa fcal þat barn til kirkíu föra. oc hevía ör heidrnnum dome. oc leggja niðr i kirkíu. oc lata þar deyía.  
(dersom det ikkje er født med slik misdanning at ansiktet vender dit som nakken skulle eller tærne dit som hælane skulle, då skal ein føre barnet til kyrkja og hevje det frå heidendomen [altså døype det] og leggje det ned i kyrkja og la det døy der.)

Vidare fastset Olavs-teksten at det er ulovleg å bere ut eit barn som ikkje er døypt. Straffa for slik utburd er 3 merker, som ein skal betale til biskopen. Om ein utanlandsk træl gjer det same, skal husbonden bøte 6 øre til biskopen og hudflette trælen - eller "kjøpe huda hans" for 3 øre av biskopen. Dette står ikkje i *DonVar* 137 4to, men i *AM* 315 f fol. Olavs-teksten tillèt altså barneutbering så sant barnet er svært vanskapt og døypt. Men udøypte barn er det forbode å bere ut.

I Magnus-teksten er dei linjene som tillèt barneutbering av vanskapte barn utelatne. Der står det berre at alle barn som blir fødde i landet, skal få vekse opp. Det står vidare at det å bere ut eit barn - same om det er døypt eller ikkje - er det same som mord. Den som gjer noko slikt, mister både eigedom og fridom - "oc kollom vér þat morðet mickla" (og vi kallar det det store mordet). Ein træl som gjer noko tilsvarende, skal bli piska til blods av husbonden. Han kan også bli seld til utlandet. Og trælen og husbonden må ikkje ete saman etter at noko slikt har skjedd. Magnus-teksten ser altså på barneutbering som svært syndig - like syndig som eit vanleg mord.

Hovudhandskriftene av *Grg. kr.* nemner ikkje barneutbering. Derimot står det åt alle barn, same kva slags skapnad dei har, skal bli førte til dåpen så snart som

mogleg: "Barn huert *scal* færa til skirnar er alit er *sua* sem fyrst ma *meþ hverigri* scepno sem er" (*Grg. kr.* 1).

Dette er det einaste som står i hovudhandskriftene. Handskriftet AM 135 4to - som blir kalla *Arnarbælisbók* og vart nedskrive ca. 1350 (*Grágás* 1992:XVIII) - har derimot eit interessant tillegg. Heile perioden lyder slik: "Barn hvert er alit er skal færa til skirnar sem fyrst ma. med huerigre skeepno sem er. ef manz hefir raudd" (Kvart barn som blir født, skal først til dåpen så snart som mogleg, utan omsyn til kva slags skapnad det har, om det har mannsrøyst) (*Grágás* III 1883:147). Det står altså ikkje uttrykkjeleg at barnet ikkje skal døypast om det *ikkje* har røyst. Men det er likevel naturleg å trekkje den slutninga, slik som Else Mundal (1987:13) gjer i sin artikkel om barneutbering. Som ho understrekar kan ikkje alternativet til dåp vere at barnet skal vekse opp udøypt. Det må altså handle om barneutbering. Det er naturleg å sjå på dette tillegget som ein rest frå eit eldre lag i dei gamle fristatslovene - eit lag som kunne ha innehalde liknande formuleringar som dei norske kristenrettane om at sterkt vanskapte barn kan berast ut. I *Etl. kr.* (I, 5, II, 5) finn ein dessutan ei liknande formulering: "oc manns rauft".

Eg vil ta eit atterhald om dette. Riktignok meiner Jón Jóhannesson (1969:112) at det på Island i kristen tid vart praktisert barneutbering utan dåp først. Han grunngir det med at barn i heiden tid vart borne ut før det vart aust vatn på dei - i motsett fall rekna heidningane det for mord. Eg trur likevel ikkje at norske og islandske skikkar var så svært ulike på tida omkring kristninga. Og dei eldste norske kristenrettane presiserer at dåp er ein heilt nødvendig føresetnad for å tillate barneutbering (riktignok set ikkje *Britl. kr.* (I, 1, III, 1) fram krav om dåp). Eg trur at vi i *Arnarbælisbók* har å gjere med ei avskrift som riktignok viser restar frå eldre lag, men som samstundes utelèt viktige formuleringar frå same lag. Eg trur dette er restar frå eit lag som opphavleg hadde ei utsegn om dåp knytt til utsegna om røyst. For om det ikkje var slik, nemleg at barn utan røyst skulle kunne setjast ut udøypte, ville vi her ha å gjere med eit lag som er eldre enn dei fleste eldste norske kristenrettane. Eg ser det som lite sannsynleg at det er så gammalt.

Sjølv om hovudhandskriftene i den islandske kristenretten verken tillèt eller forbyr barneutbering, kan ein likevel lese mykje ut av orda "*meþ hverigri* scepno sem er". Om ein snur på det, kan ein godt forstå formuleringa slik at det no ikkje lenger er slik som det var, nemleg at ikkje alle slags skapnader skal først til dåpen. Dette er den einaste underteksten som kan gi utsegna mening.

*Etl. kr.* (I, 1, II, 1) slår fast at alle barn skal alast opp, og at ein ikkje skal ta livet av nokon. Ein kan likevel leggje merke til at versjon I, som skal vere den eldste, tek eit atterhald og presiserer at dette gjeld alle dei som har menneskehovud. Denne presiseringa er ikkje med i versjon II. Men lengre ut i lova kjem likevel reglar som er motstridande til idéen om at alle skal få leve opp. *Etl. kr.* deler vanskapte barn i

to grupper (I, 5, 6, II, 5, 6). Til den eine gruppa høyrer dei som skal få leve opp. Dette gjeld dei som har menneskehovud<sup>85</sup> og menneskerøyst, men som har tjukkleggen på framsida av beina eller augo i nakken. Slike barn skal ein føre til kyrkja og døype og gi mat. Etterpå skal ein rådføre seg med biskopen og gjere det som han synest. Til den andre gruppa av vanskapte barn, dei som er misfoster, høyrer dei som ikkje har menneskehovud og ikkje menneskerøyst. Eit slikt barn bør ein føre til kyrkja og la presten sjå på det. Så kan han døype det om han vil. Ein kan grave ei grav på kyrkjegarden, leggje barnet i den og leggje ei helle over slik at ikkje hundar og ramnar får tak i det. Barnet skal leve så lenge det kan. Først når det er daudt, skal ein kaste jord over. Lova opplyser ikkje noko om straff for å bere ut barn som ikkje har dei nemnde skavankane.

*Brtl. kr.* (I, 1, III, 1) gir større rom for barneutbering. Lova seier at alle barn skal døypast og alast opp, bortsett frå dei som er fødte med særskilde skavankar. Dette gjeld barn som er slik skapte at mora ikkje kan gi dei mat, dei som har hælane framme og tærne bak, hake mellom skuldrane, nakken framme på brystet, tjukkleggen framme, augo i nakken, selluffar og hundehovud. Desse barna skal ein gravleggje i ei røys på ein stad der verken folk eller fe går. Lova har ein eigen regel for barn som er fødd med belg der som ansiktet skulle ha vore, dvs. utan opningar i ansiktet. Om det er klart for alle at eit slikt barn aldri vil kunne få i seg mat, skal ein ta det med til kyrkja og primsigne det. Det skal leggjast framfor kyrkjedøra, og den nærmaste slektningen skal vere der til barnet er daudt. Då skal det gravleggjast på kyrkjegarden. Heller ikkje denne lova seier noko om straff for å bere ut barn som ikkje har dei skavankane som her er nemnde.

## Andre kjelder om barneutbering

Sjølv om barneutbering altså ikkje er nemnd i *Grágás'* hovudhandskrifter, veit vi at barneutbering heller ikkje var uvanleg på Island. Dei mest direkte opplysningane står i *Ari fróðis Íslendingabók*. Som nemnt i kapitlet om mat, vart det i samband med at islendingane godkjende den nye kristne lova i år 1000, gjort tre unntak. Det eine var at det framleis skulle vere lov til å bere ut barn: "en of barnaútbuð skyldu standa en fornu lög" (men når det gjeld barneutbering skal den gamle lova gjelde) (*Íslendingabók* 1968:17). Og Ari fortel vidare at desse unntaka vart oppheva nokre få år seinare.

Dei historiske tilhøva omkring denne særeigne lovgevinga, nemleg det å fastsetje dispensasjon frå vanlege kristne lover, blir nærmare diskutert i kapitlet om

---

<sup>85</sup> Versjon II har "hundehovud".

mat (sjå s. 79-81). Og truleg ligg det meste av forklaringa til at både eting av hestekjøtt og barneutbering framleis skulle vere lov, i at det å forby hestekjøtt samstundes med å forby fattige foreldre å bere ut barn som dei ikkje var i stand til å forsørge, ville bli ei altfor hard påkjenning for mange menneske. Men dette kompromisset vart altså trekt attende nokre få år seinare - godt og vel hundre år før den islandske kristenretten vart nedskreven første gongen. Av dette må vi kunne trekkje den slutninga at barneutbering anten ganske raskt vart meir eller mindre avskaffa på Island, eller at dei som fastsette lova såg gjennom fingrane med dette. For elles ville ein ha funne sterkare spor etter forbod i *Grágás*.

Det er få opplysningar om barneutbering i historiske verk frå norsk mellomalder. Kongesogene fortel ingenting om korleis forholda var i Noreg på dette området. Det er først og fremst lovene vi har å støtte oss til. Og av det dei seier, må vi kunne rekne med at barneutbering vart sett på som eit problem i Noreg i ganske lang tid etter kristninga, ettersom Magnus Erlingsson tok med reglar om det i sin lovrevisjon omkring 1170.

Sjølv om ein skal vere forsiktig med å støtte seg for mykje på islendingesogene og kongesogene, er det likevel interessant å sjå på kva dei har å fortelje. Fleire av islendingesogene fortel om barneutbering, m.a. *Gunnlaugs saga ormstunga* (kap. 2-3), *Reykðæla saga* (kap. 7), *Vatnsdæla saga* (kap. 37) og *Harðar saga Grímkelssonar* (kap. 3 og 8). I ei soge og ein tått finn vi ei meir detaljert skildring av korleis slik barneutbering kunne gå føre seg, nemleg i *Finnboga saga* (kap. 1-4) og i *Þorsteins þáttur uxafóts* (kap. 3-5). I begge desse tekstane går barneutberinga føre seg på ein slik måte at barnet *kanskje* kan komme til å overleve. Det blir lagt på ein stad der det kanskje kan bli funne av folk som har høve til å ta seg av det. I begge tilfella blir barnet lagt ut med ein fleskebit i munnen, og det blir lagt i ly for vjør og vind. Det er interessant at dette minner om enkelte føresegner i dei norske kristenrettane.

I sogene frå mellomalderen kan ein også finne døme på at utberingsmotivet fungerer som ein spådom om framtida til ein person som viser seg å bli sentral og framståande seinare i livet. Barnet som blir bore ut, har ofte klede eller annan utsjånad som viser at det er høgætta. Dette er tilfellet i det dømet vi finn i *Jómsvíkinga saga* (kap. 1). Det barnet som der blir lagt ut, blir seinare kong Knut av Danmark, far til Gorm den gamle og bestefar til Harald blåtann. Sogene fortel gjerne om "ressurs-barn" som blir sette ut - og som blir redda. Men det går også fram av tekstane at slik barneutbering vart sedd på som umoralsk, særleg om den ikkje var tvingande nødvendig pga. økonomien til foreldra.

Problema med å bruke desse sogene som kjelder er fleire. Både islendingesogene og fleire av kongesogene gir seg ut for å fortelje om heiden tid. Sjølv om dei gjerne fortel at barn blir sette ut med håp om at dei - på ein eller annan måte - skal bli redda, var truleg røyndomen i heiden tid annleis. Truleg var målet

for dei fleste som bar ut barn at dei skulle døy. Det er grunn til å rekne med at kristne forfattarar som er prega av si samtids moraloppfatningar skreiv sogene. For truleg vart barneutbering - iallfall på den tida nedskrivninga fann stad - sedd på som ein heidensk og umoralsk skikk.

I denne samanhengen er det avgjerande spørsmålet i kva grad forbodet mot barneutbering vart respektert. Om det verkeleg vart slutt på barneutbering då lova forbaud det, må vi gå ut frå at dei forfattarane som levde på 1200-talet berre i liten grad hadde kunnskap om korleis dette hadde seg. Om skikken derimot heldt fram utover i mellomalderen - noko det er grunn til å tru ettersom lova (iallfall i Noreg) framleis hadde fråsegner om barneutbering - var truleg måten det skjedde på temmeleg ulik i heiden og kristen tid. Ettersom islendingesogene fortel om hendingar som gjekk føre seg i heiden tid, må konklusjonen vere at same om barneutbering vart praktisert utover i mellomalderen eller ikkje, er dei svært tvilsame som kjelder til auka kunnskap om fenomenet.

## Oppsummering

*Gtl. kr.* tillèt barneutbering om barnet er svært vanskapt. Tilsvarande føresegner finst i dei austnorske kristenrettane. Både *Gtl. kr.* og *Etl. kr.* krev at barnet først skal døypast. *Brtl. kr.* gir mest rom for barneutbering. Ifølgje denne lova kan barn berast ut utan å ha vorte døypt.

Islendingane tillèt barneutbering sjølv etter at landet vart kristna i år 1000, men dette vedtaket vart oppheva nokre år seinare. Ingen kjelder fortel at forbodet mot barneutbering no vart totalt. Men det er vel grunn til å tru at det ikkje var tilfelle. Ingenting tyder på at det var nødvendig for kong Olav at lovene på Island skulle vere strengare enn i Noreg.

Den islandske kristenretten vart nedskriven ein gong mellom 1122 og 1133. Ingenting er bevart frå dette nedskrivingsarbeidet, men av dei to hovudhandskriftene frå midten av 1200-talet, *Konungsbók* og *Staðarhólsbók*, kan det sjå ut som om dei byggjer på eldre lag av lova som hadde føresegner om barn som var skapte på ein særskild måte. Eit av dei andre handskriftene, *Arnarbælisbók*, nemner barn som manglar røyst. Truleg har vi her å gjere med eit gammalt lag, eit lag som også må ha hatt ei utsegn om at dåp måtte vere ein føresetnad for å bere ut eit barn utan røyst.

Når vi så kjem fram til Magnus Erlingssons lov frå omkring 1170, har barneutbering vorte heilt forbode i Noreg. Men truleg var dette framleis eit problem, ettersom kong Magnus fastsette nye forbod. *Konungsbók* og

*Staðarhólsbók* frå 1200-talet nemner altså ikkje barneutbering, og vi må tolke dette slik at barneutbering ikkje var tillatt på den tida.

Den islandske kristenretten er svært ulik dei norske på dette området. Likevel er det ikkje umogleg at eldre lag av lova har vore påverka av norske lovreglar. Dei som utforma den islandske kristenretten, kan godt ha hatt ein av dei norske kristenrettane føre seg under lovarbeidet. Ein kan tenkje seg at anten har dei ikkje teke med lovreglane om barneutbering - fordi barneutbering allereie hadde vore forbode i lang tid og fordi skikken meir eller mindre hadde gått av bruk. Eller ein kan tenkje seg - og denne teorien er meir truleg - at dei tok med liknande reglar som dei som fanst i dei norske lovenc. Og så - etter kvart som skikken vart mindre vanleg utover på 1100-talet og byrjinga av 1200-talet - vart vedtaka om barneutbering tekne ut. Det må likevel understrekast at dette berre er gjetningar, og at det einaste haldepunktet for denne teorien er den formuleringa i *Arnarbælisbók* som kan ha samanheng med den ein finn i *Etl. kr.*

### XIII : Død og gravlegging

"Drykken som dei fekk i gravølet var så god,  
at snart var alle dei sorgtunge tankane gløymde."

*Hungrvaka*, kapittel 14

Dei kjeldene som gir vitnesbyrd om gravlegging i heidensk tid, er delvis arkeologiske og delvis skriftlege. I store delar av Norden var det på same tid vanleg med både brenning og gravlegging av ubrende lik (Arbman 1956:410). I dei tilfella der den døde vart brend, vart oska og det som måtte vere att grave ned etterpå.

På Island ser det ut til at likbrenning ikkje vart praktisert. Arkeologiske funn tyder på at den døde vart graven ned ubrend. Gravplassen var gjerne den best eigna staden utanfor den dyrka marka på garden. Det kunne vere ein liten bakke, ei elvebreidd eller liknande. På same måte som i resten av Norden var det vanleg å lage ein haug over grava. Truleg var desse haugane temmeleg små på Island (2-4 m i diameter og vel 1 m høg). På grunn av ustabile grunnforhold er desse haugane stort sett forsvunne (Kristján Eldjárn 1960:445).

I Noreg, derimot, var likbrenning vanleg i heidensk tid. Gravlegging i skip eller båtar ser ut til å ha vore svært utbreidd, og oftast vart det heile brent før ein haug vart kasta over (Arbman 1960:413). Var det rike og mektige personar som vart gravlagde, var det vanleg at store materielle verdiar følgde med dei i grava. Dei kjende funna i Gokstad, Tune og Oseberg er døme på graver som må ha vore for kongelege. Desse gravene var ubrende, og kan derfor gi verdifull kulturhistorisk informasjon. Gravhaugane i Noreg kunne vere svært store. Riktignok har enkelte av dei vist seg å vere kenotafar, dvs. tome graver som berre er reiste som minnesmerke, mens den døde er gravlagd ein annan stad. Dette er tilfellet med den største gravhaugen i Skandinavia - Raknehaugen i Ullensaker - som er 95 m i diameter og 15 m høg.

I tillegg til dei arkeologiske funna fortel også dei skriftlege kjeldene om gravlegging i heidensk tid. I kongesogene blir uttrykkjet *heygðr* (hauglagd) brukt i slike samanhengar. Også den første kristne kongen i Noreg, Håkon den gode, vart hauglagd. Snorri Sturluson har tenkt seg at kongen uttala følgjande på dødsleiet:

"En þótt mér verði lífs auðit, " segir hann, "þá mun ek af landi fara ok til kristinna manna ok bæta þat, er ek hefi brotit við guð, en ef ek dey hér í heiðni, þá veiti mér hér grøpt þann, er yðr sýnisk" (*Heimskringla* I 1941:192).

("Men enda om det skulle bli slik at eg får leve lenger," seier han, "så vil eg fare frå landet til kristne menn og bøte det som eg har forbrote mot Gud. Men



om eg døyr her i heidenskapen, så skal de gravleggje meg som de sjølv synest".)

Snorri fortel vidare at kongen døydde litt seinare. Liket hans vart lagt i ein stor haug som dei kasta i hop. Kongen var fullt væpna og i dei beste kleda, men utan anna gods. Dei tala over grava hans - "slik det var skikk hos heidningar" - og viste han til Valhall.

Då kristendommen vart innført, var det viktig å få slutt på heidenske gravskikkar. Dei eldste kristenrettane gir vitnesbyrd om korleis kristne føresegner vart blanda saman med enkelte forbod mot heidenske skikkar.

Dei lovene som vart gitt i samband med dødsfall, finst i *Gulatingsslova* i kapittel 23. Det meste av dette kapitlet er likt i både Olavs og Magnus' lov. Men i enkelte tilfelle skil tekstane seg frå kvarandre, og dei vil då bli nemnde spesielt. Dessutan har kapittel 18 nokre føresegner om gravlegging. Det har vore diskutert om dette kapitlet er Olavs- eller Magnus-tekst (sjå s. 43). Truleg er dei reglane som er knytte til jul, påske og gangdagane - og dermed også dei som handlar om gravlegging - frå Olavs lov.

I *Grágás* finst dei tilsvarande reglane i kapittel 2.

Føresegnene om død og gravferd kan delast inn i følgjande underavdelingar:

1. Tidsfristen for gravferda
2. Tidspunktet for gravferda
3. Kven er ansvarlege for å føre liket til kyrkja?
4. Hjelp til gravfølgjet undervegs
5. Likklede
6. Gravplassen
7. Den siste olje
8. Liksong
9. Gravøl, arveøl og sjeleøl
10. Betaling av gravferda
11. Å dra ut av soknet
12. Eventuell arv etter personar som ein finn omkomne
13. Personar som ikkje kan gravleggjast på ein kyrkjegard
14. Kvar desse personane skal gravleggjast

## 1. Tidsfristen for gravferda

*Gtl. kr.* (23) seier at eit lik ikkje skal stå inne i meir enn fem dagar - utan i naudsfall. Om det står lenger, skal ein betale 3 øre i bot - og så må liket førast til kyrkja. Men om dette ikkje skjer og liket blir liggjande og rotne, skal den ansvarlege miste all sin eigedom. Den einaste utvegen er då å skrifte og gjere kyrkjebot<sup>86</sup>. Vil han ikkje det, skal han landsforvisast. For folk som bur svært avsides, t.d. oppe i fjellet eller ute på øyane, kan det bli gitt dispensasjon. Dersom fjell eller sjø hindrar dei ansvarlege i å føre liket til kyrkja, skal det fraktast til eit uthus. Der må det festast opp og ikkje bli ståande på jorda. Det står ingenting i *Gtl. kr.* om at eit lik ikkje må gravleggjast for tidleg.

I *Grg. kr.* (2) står det derimot ingenting om at gravferda skal gå føre seg innan ein spesiell frist. Det blir berre sagt at lik som skal gravleggjast i kyrkja, skal førast dit så snart ein blir ferdig til det. På den andre sida understrekar *Grg. kr.* at eit lik ikkje må gravleggjast for tidleg. Gravlegg ein eit lik før det er vorte kaldt, er straffa 3 merker. Og skjer det så tidleg at vitne kan stadfeste at den som vart gravlagd fortsatt pusta, blir det å sjå på som eit mord.

*Etl. kr.* (I, 51 og II, 41) har same femdagars-fristen som *Gtl. kr.*, og set straffa for å bryte lova til 3 øre. Lova nemner dessutan neste morgon som eit passande tidspunkt for gravlegging (*Etl. kr.* I, 47, II, 36). *Brtl. kr.* har ingen frist.

Femdagars-fristen for gravlegging har samanheng med føresegnene om gravøl (sjå s. 133). *Gtl. kr.* seier at gravøl kan ein halde på den sjuande dagen eller seinare. Lovgjevingsmakta prøvde å skilje mellom det kyrkjelege og det verdslege innslaget i gravferda (Bø 1960:451-452). Når gravlegginga og gravølet var skilde, kunne det verdslege innslaget ved gravlegginga reduserast.

## 2. Tidspunktet for gravferda

*Gtl. kr.* (23) fastset at skjærtorsdag etter non, heile langfredag, påskeaftan til non og heile 1. påskedag skal det vere forbode å opne jord og setje ned lik. Straffa for eit slikt lovbrøt er å bøte 3 øre til biskopen.

I *Grg. kr.* (2) blir det sagt at det er riktig å kle liket, lage kiste til det, føre det til kyrkja og gravleggje det på alle lovfeste helgedagar bortsett frå to dagar i året, nemleg 1. påskedag og 1. juledag. På langfredag kan ein godt føre eit lik til kyrkja, men ein bør ikkje opne jorda for å grave det ned denne dagen.

---

<sup>86</sup> Sjå forklaring s. 52.

*Etl. kr.* (I, 18, II, 14) nemner nesten dei same dagane som *Gtl. kr.* som forbodne gravleggings dagar. Skilnaden er at denne lova har 1. juledag i staden for skjærtorsdag etter non. Straffa for å bryte lova er å bøte 6 øre til biskopen. *Brtl. kr.* gir ikkje forbod mot gravlegging på særskilde dagar.

### 3. Kven er ansvarleg for å føre liket til kyrkja?

Ordet *ervingi* (arving) blir i *Gtl. kr.* brukt generelt om den som har ansvaret for å ordne med alt det praktiske i samband med eit dødsfall. Men i motsetning til *Grg. kr.* inneheld ikkje *Gtl. kr.* reglar om kven som eventuelt skal vere i staden om arvingen ikkje er til stades.

*Grg. kr.* (2) set opp tre alternativ for kven som skal ha ansvaret for å føre den døde til kyrkja:

1. Arvingen og ein mann som han peikar ut til å vere med seg
2. Om arvingen ikkje er til stades eller ikkje er vaksen: bonden i det huset der den døde oppheldt seg sist
3. Om dette heller ikkje er ei mogleg løysing: dei nærmaste naboane

Dessutan blir det gitt reglar for kven som skal ha ansvaret om ein mann døyr på spesielle stader eller i spesielle situasjonar:

- Om ein mann døyr i ei fiskebu, i buer til båtreisande menn, på reise eller på tinget.  
Ansvarlege: Dei han var saman med da han døydde
- Om ein mann døyr på tinget etter at folk har reist derifrå.  
Ansvarleg: Den bonden som bur nærmast tinget
- Om eit lik blir kasta opp på land, anten frå havet eller frå ein innsjø, eller om eit lik blir funne ute på eit jorde eller i eit fjernt uthus.  
Ansvarleg: Grunneigaren
- Om ein omstreifar døyr i huset til ein bonde.  
Ansvarleg: Bonden
- Om eit lik blir funne på fjellet eller i allmenningar.  
Ansvarleg: Den bonden som bur nærmast

Eit slikt ansvar kan riktignok ikkje leggjast på alle slags bønder. Det må vere ein bonde som er såpass velstående at han har minst to tenestemenn hos seg. *Grg. kr.* set straffa for å unnlate å føre eit lik til kyrkja til 3 merker.

Lovregelen som pålegg enkelte personar å følgje den døde til grava, er truleg eldre enn kristenretten - om ein skal tru det som står i *Eyrbyggja saga*. Soga fortel om då Þórólfr bægifótr døydde. Dette var rett før kristendommen vart innført på Island, og han vart gravlagd i ei røys etter heidensk skikk. I kapittel 34 står følgjande:

Jafnskylt var öllum mönnum í lögum þeira at færa dauða menn til graftar, sem nú, ef þeir eru kvaddir (*Eyrbyggja saga* 1935:94).  
(Det var plikt, då som no, for alle menn som vart bedne om det, å følgje ein død mann til grava.)

#### 4. Hjelp til gravfølgjet undervegs

*Gtl. kr.* seier ingenting om dette.

*Grg. kr.* (2) slår fast at den bonden som bur langs vegen, er pliktig til å hjelpe eit gravfølgje som fer forbi med kost og losji. Fem personar har krav på å bli tekne imot, og dessutan ein hest eller ein kjøreokse. Dersom eit dødsfall skjer på ei øy, er den som blir beden om det, pliktig til å låne bort skip, slik at liket kan fraktast i land. Bota for å nekte å yte hjelp er 3 merker.

Om det førkristne samfunnet hadde reglar om hjelp til likfølgje, er uklart. Det er heller ikkje godt å vite kor raskt det vart vanleg blant folk å hjelpe kristne gravfølgje. Det islendingesogene fortel om slike ting, er ofte så sterkt påverka av kristne ideal at kjeldeverdien er tvilsam. Likevel kan det vere av interesse å nemne ei gravferd som skal ha gått føre seg den sommaren kristendommen vart innført på Island. *Eyrbyggja saga* (1935:143-144) fortel om gravferda til Þórgunna som kom frå Hebridane, og som døydde på Island. Ho var sjølv kristen, og fekk ei kristen gravferd. Soga fortel at då likfølgjet var på veg til kyrkja i Skálholt, vart det nekta mat og overnatting på ein gard. Om natta gjekk den døde att og merkelege ting hende. Ifølgje soga tok både bonden og kona hans dette som eit teikn på at det ikkje var rett å nekte eit likfølgje hjelp.

#### 5. Likklede

Dette står det ingenting om i *Gtl. kr.*

I *Grg. kr.* (2) står det at både lerret og vadsmål kan brukast til likklede. Den som er ansvarleg for å føre liket til kyrkja er også ansvarleg for likklede. I utgangspunktet er det formua til den avlidne som skal koste dette, men er ho for lita, må følgjesmennene sørgje for at liket blir kledd. Det blir også sagt i *Grg. kr.* at eit lik som er nake eller blodig, ikkje må berast inn i kyrkja.

## 6. Gravplassen

Det står lite i *Gtl. kr.* om sjølve gravplassen bortsett frå forbodet mot å gravleggje lik utanfor kyrkjegarden, t.d. i haugar eller røysar (*Gtl. kr.* 23). Skjer det, må den ansvarlege grave opp att liket, føre det til kyrkja og få det gravlagt der - og betale 3 øre i bot.

*Grg. kr.* (2) nemner ingen forbod. Lova krev berre at eit lik skal førast til ei slik kyrkje som biskopen har bestemt og at presten og den som har oppsynet med kyrkja ("sa maðr er kirkio varðveitir") skal bestemme kvar på kyrkjegarden grava skal vere. I samband med prisar for kyrkjelege tenester fastset *Grg. kr.* at alle gravplassar skal ha same pris - same kor nær kyrkja den ligg (sjå s. 135).

Det at *Gtl. kr.* gir forbod mot heidenske gravskikkar, er eit gammalt trekk. Det viser at heidendommen enno ikkje var langt unna. Det er uklart kor lenge gravlegging i haugar og røysar var eit problem for kyrkja. At denne lovregelen var nødvendig i Olavs-teksten, verkar rimeleg. Men om forbod mot heidenske skikkar berre kom med i lovene fordi det framleis fanst folk som heldt fast ved desse tradisjonane, skulle ein tru at forbodet mot heidensk gravferd vart teke bort då kong Magnus reviderte lova omkring 1170. Men det skjedde ikkje. Eg vel å sjå dette som eit døme på at gamle lovreglar framleis fekk stå i lova, sjølv om samfunnet ikkje lenger hadde bruk for dei. Det er lite truleg at folk vart hauglagde så seint som på slutten av 1100-talet.

Nokre gravplassar var meir attraktive enn andre. Dei gravene som låg så nær kyrkja at dei vart våte av takdryppet - som kunne samanliknast med vievatn ettersom det hadde vore i samband med kyrkja - var dei mest omtykte (Skov 1960:438). Dette er bakgrunnen for utsegna i *Grg. kr.* om at prisen skal vere lik, same kor nær kyrkja ein blir gravlagt.

I motsetning til *Gtl. kr.*, har begge dei to austnorske kristenrettane (*Brtl. kr.* I, 9, II, 18, III, 13 og *Etl. kr.* I, 50, II, 39) føresegner om kvar på kyrkjegarden dei døde skal gravleggjast. Begge rettane deler kyrkjegarden inn i fire område. I samsvar med det som er nemnt ovanfor, skal dei som har høgast status i samfunnet ligge nærmast kyrkja. *Brtl. kr.* understrekar dette med å seie "under takskjegget". *Etl. kr.* har

dessutan den interessante føresegna at menn skal gravleggjast på nordsida av kyrkja, og kvinner på sørsida.

## 7. Den siste olje

I *Gtl. kr.* (23) står det at om ein mann som ligg for døden ønskjer at presten skal komme og gi han den siste olje, har presten plikt til å dra så sant mannen har betalt *reiða*<sup>87</sup> si (Magnus-teksten har tienda). I prinsippet er det den presten som den døande har brukt å gå til messe hos, som skal bodsendast. Men om sjukdommen kjem brått, og det er lettare å få tak i ein annan prest, skal denne presten kunne gjere det. Ein prest som blir bodsend og som har plikt til å komme, men som likevel nektar, skal betale 3 merker i bot så sant han ikkje har gyldig forfall. *Grg. kr.* har ingen reglar om den siste olje.

Dei austnorske kristenrettane har også reglar om den siste olje. *Brtl. kr.* (I, 12, II, 20, 24, III, 15, 18) fastset at ein prest som blir bodsendt har plikt til reise, anten det er natt eller dag. *Etl. kr.* (I,47, II, 36) har dei same føresegnene.

Den siste olje er det sjuande av kyrkja sine sju sakrament. Sjølv om dette sakramentet ikkje er nemnt i den islandske kristenretten, er det ingen grunn til å tru at skikken med å gi olje til den døande var mindre utbreidd på Island. Fleire islandske kjelder nemner dette sakramentet, og ein kan finne både *olea*, *olean* og *smurning* som nemning for den siste olje. Biskopssogene handlar om biskop Guðmundr og den siste tida av livet hans. Det blir fortalt at "sem fram líðr at smurníngum" (då tida var inne for den siste olje) ordna han dei praktiske sakene som var nødvendige (*Biskupa sögur* II 1878:156).

## 8. Liksong

*Gtl. kr.* (23) fastset også at presten har plikt til å reise til heimen til den døde og syngje liksong der, om han blir beden om det. I alle tilfelle skal han syngje liksong over den døde etter at han er førd til kyrkja. Om presten nektar, skal arvingen til

---

<sup>87</sup> *reiða*: "den geistligheden af bønderne tilkommende udredsel [ ]; uagtet ordet eg. betegner den før tiendens indførelse erlagte personlige udredsel, sees dets anvendelse dog senere ogsaa tildels overført paa den geistligheden tilkommende del af tienden" (Hertzberg 1895:510). Elles blir nemninga nærmare definert i kapittel 9, som er rein Olavs-tekst: Tenesta til biskopen skal betalast med ein ørtug [1/3 øre] for kvar 40. person.

den avlidne ta det som skulle ha vore *legkaup*<sup>88</sup> (Magnus-teksten har tiend) og kjøpe messesong "for sjela til den døde".

*Grg. kr.* har ingenting om liksong i heimen. Derimot ser det ut til at liksong i/ved kyrkja er sjølvsgagt også på Island. Sjølve ritualet er ikkje skildra, men prisen for liksong er oppgitt (sjå s. 135).

Både *Etl. kr.* (I, 47, II, 36) og *Brtl. kr.* (I, 12, II, 20, III, 15) nemner liksong i heimen. *Etl. kr.* nemner også liksong ved kyrkja.

## 9. Gravøl, arveøl og sjeleøl

Ein nokså stor del av gravferdsreglane i *Gtl. kr.* (23) handlar om korleis ein kan be saman folk for å minnast den døde. Teksten bruker av og til ordet *ølgerð* og stundom ordet *mungót*, som begge tyder drikkelag. Eg har valt å setje om begge orda med "gravøl". Dessutan har teksten to andre nemningar for ei slik samkomme, nemleg arveøl (*erfiöl*) og sjeleøl (*sáluöl*). Det er uklårt om dette er to namn på ein og same ting, eller om arveøl og sjeleøl skilde seg noko frå kvarandre. Nemningane arveøl og sjeleøl blir forklara på denne måten:

1. En hvervetna þessi er menn verða dauðer. oc vill ervingi ol efter gera. hvárt fem gera vill at fíauund æða at þritugsmorne. æða enn fíðar. þat kalla menn ervíöl.

(Men i alle dei tilfella når nokon døyr og arvingen vil gjere [grav-]øl etterpå, anten han vil gjere det på sjuande[-dagen] eller på trettiande[-dags] morgonen eller seinare, då kallar ein det arveøl.)

2. En ef menn gera ol. ok kalla falo ol. þa scolo þeir til bioða prefte þeim er þeir kaupa tíðir at. hann scal hanom bioða við [þriðia man]n hit fæsta.

(Men om menn gjer [grav-]øl og kallar det sjeleøl, då skal dei invitere den presten som dei kjøper gudsteneste hos, og han skal i det minste kunne ha med seg to personar til.)

Dette kan tyde på at det berre er når samankomma blir kalla sjeleøl ein pliktar å invitere presten. Men seinare i teksten står det kva reglar som gjeld om ein prest nektar å reise til eit arveøl eller sjeleøl. Av dei er det naturleg å slutte at arveøl og sjeleøl er ein og same ting. Riktignok skriv Olav Bø (1960:451) at "*sáluöl* er ei nemning som meir høyrer den kristne mellomalderen til".

Om presten ikkje vil reise, fastset lova at han skal miste det han skulle hatt i *reiða* (Magnus-teksten bruker tiend) og han skal miste så mykje som han skulle ha hatt for tolv månader i det distriktet der gravølet blir halde. Det blir vidare slått fast

<sup>88</sup> *legkaup*: "Betaling som ydedes Presten for Jord til et Ligs Begravelse" (Fritzner II 1954:453).

at denne summen skal arvingen etter den døde ha - og den skal brukast til sjelebot for den avlidne.

Om det er to slike gravøl samtidig, skal presten dra til det som han først vart invitert til og vere der den første natta. Den neste morgonen skal han dra til det andre. Dersom det er tre gravøl og presten rekk å reise fram og attende mellom dei på ein dag, skal han signe alle tre. Til slutt kjem ei noko uklar setning om at dersom dette ikkje er mogleg, skal han dra til det andre gravølet og drikke der så lenge ølet varer.

*Grg. kr.* har ingen reglar om gravøl.

*Etl. kr.* (I, 48, 49, II, 37, 38) brukar ordet *erfi* om gravøl. Lova fastset at ein skal be presten på gravøl. Han kan ha med seg kona si og ein mann til. Er det tre gravøl til same tid, skal han - om det er mogleg - vie alle tre, og så vere på det som han helst vil. *Etl. kr.* legg mindre vekt på føresegner om gravøl enn *Gtl. kr. Brtl. kr.* har ingen slike reglar.

Skikken med å drikke øl til minne om døde, var vanleg i Norden også i heidensk tid. Dette skjeddde som regel rett etter gravferda. Likevel finst det døme på at det kunne gå fleire månader mellom gravferda og gravølet. *Laxdæla saga* fortel at Høskuldr Dala-Kollsson døydde seint på hausten. Han vart lagd i haug. Men sønene hans venta heilt til neste sommar med å halde gravøl. Hovudårsaka til det var at dei ville invitere mange menneske, og dét var vanskeleg å få til på kort tid. Dette gravølet var, ifølgje saga, det nest største som hadde vore halde på Island. Over tusen gjestar var til stades (*Laxdæla saga* 1934:71-74).

Tradisjonen med å samle folk for å minnast den avlidne heldt fram i kristen tid. Traktering med mat og drikke skulle vere framifrå. Som namnet seier, var øldriking ein viktig del av festen. Kapittel 35 i saga om Olav Tryggvason gjer greie for gravølet til kong Harald Gormsson i Danmark. Det vart drukke tre minnebeger: først for den avlidne, så for Kristus og til slutt for Mikael. Drykken var sterk og begra store, og då jomsvikingane vakna neste dag, angra dei på mykje av det som hadde vorte sagt (*Heimskringla* I 1941:274). I *Hungrvaka* kan ein lese om då biskop Þorlákr døydde i 1145. Situasjonen var riktignok spesiell, ettersom han døydde midt under eit stort gjestebod på Skálholt. Men at serveringa var upåklageleg, viser opplysninga om at i gravølet etter Þorlákr var drykken så god at dei sorgtunge tankane snart var gløymde (*Biskupa sögur* I 1858:78). Mykje tyder på at fest-aspektet i manges augo vart for sterkt. Magnus lagabøtes landslov frå 1274 tek opp dette:

Erfi þessi er menn gera. þa fynizt off att þau fe meir gor til offa oc frafagnar - en til falobotar uið þann er fram er faren. oc þui gerum ver allum monnum kunnigt at þui bœtr þickir off at meiri almoða er gor firir falom manna. En þat



firir bioðom ver at nokorar dryckiur fe þar meðan þat erfi er gort (*NgL II* 1848:92).

(Dei gravøl som folk gjer, synest oss meire gjorde til oppsikt og fråsegn enn til sjelebot for den avlidne. Derfor kunngjer vi for alle at det synest oss betre at større almisse blir gjort for folks sjeler. Vi forbyr at det går føre seg noko slags fylleri mens gravølet blir halde.)

## 10. Betaling av gravferda

*Gil. kr.* (23) gir opp ulike prisar på tenester som kyrkja og kyrkjas menn yter i samband med dødsfall. Her er det skilnader mellom Olavs og Magnus' tekst:

1. Den siste olje:  
Olav: 2 øre  
Magnus: ingen pris nemnd (men i *kong Sverres kristenrett* (81) står det at dette er vederlagsfritt om den døyande har betalt tienda si)
2. Liksong i heimen:  
Olav: 1/2 øre  
Magnus: ingen pris nemnd
3. Liksong ved kyrkja og gravlegging:  
Olav: "gravplassbetaling" (*legkaup*)  
Magnus: ingen pris nemnd

*Grg. kr.* (2) gir også opp prisar for slike tenester:

1. Liksong: 6 alen
2. Gravplass: 12 alen (halvparten om det er eit tannlaust barn)  
Det blir presisert at alle gravplassar skal ha same pris, same kor nær kyrkja dei ligg

*Grg. kr.* fastset også kva ein skal gjere om liket blir ført til kyrkja av ein annan enn arvingen(ane). Den som fører liket til kyrkja, skal i prinsippet få utgiftene sine dekt av formua til den døde. Hadde den døde inga formue, skal arvingane hans dekkje utgiftene. Har heller ikkje dei nokon eigeidom, skal liksongen og gravferda gå føre seg utan betaling: "Tekrat þar fe er eigi er til" (ein tek ikkje gods som ikkje finst). Om situasjonen er slik at det finst noko gods, men ikkje nok til å dekkje heile kostnaden, skal ein prioritere i ei bestemt rekkefølge. Først skal liket bli kledd. Så

skal ein betale liksong. Og til slutt, om det framleis er noko att, skal ein betale gravplassen.

Vidare blir det gitt reglar for korleis betalinga skal skje. Betalinga skal utreiast på den garden der kyrkja ligg (*kirkejubær*) og som liket vart gravlagt ved, nærmare bestemt på tunet rett framfor mannsdøra ("fyrir karldvrom"). Det skal skje på torsdag når det er gått fire veker av sommaren. Straffa for ikkje å betale er 3 merker.

Dei eldste kristenrettane gjeld tida før kanonisk rett tok til å gjere seg gjeldande i Noreg. Og dei viser tilbake til tida før tiend vart innført. På den tida var det vanleg at kyrkjelege tenester vart betalte særskild, og dei eldste kristenrettane opplyser også kva dei ulike tenestene skulle koste. Dette var ikkje vanleg lenger sør i Europa. Adam av Bremen (som truleg avslutta historieverket sitt mellom 1073 og 1075) ser dei norske kyrkjelovene frå eit utanlandsk synspunkt, og kritiserer den norske kyrkja for å ta betaling for slike tenester:

Dessutom håller de präster och kyrkor i sådan ära, att den som inte medför gåvor till den dagliga mässa, som han bevistar, knappast anses som kristen. Men dop och konfirmation och invigningar av altaren och av heliga ämbeten, allt detta måste de och danerna köpa dyrt. Detta tror jag beror på prästernas girighet. Eftersom de vilda folken ännu varken kan eller vill betala tionde, pungslår man dem nu på annat, som de borde få gratis. Ty allt måste där köpas för penningar, till och med sjukbesök och begravningar. Deras höga moral fördärvas alltså, efter vad jag har hört, endast av prästernas snikenhet (*Adam av Bremen. Historien om Hamburgerstiftet och dess biskopar* 1984:230).

Etter kvart som tiend vart innført, vart altså dei direkte utgiftene mindre. Dette er forklaringa på at prisane var høgare i Olavs enn i Magnus' lov. Dei eldste norske kristenrettane viser tre steg i utviklinga: Olavs-teksten er eldre enn tienda.<sup>89</sup> Dei to austnorske lovene viser at tienda var ein alternativ lønningmåte. Desse lovene nemner både særskild betaling for kyrkjelege tenester i samband med gravferda, og også at slike tenester skal vere frie om tienda er betalt (*Brtl. kr.* I, 12, II, 21, III, 16 og *Etl. kr.* I, 48, II, 37). Då Magnus' lov vart fastsett, var tienda innført.

*Gtl. kr.* gir ikkje opp storleiken på *legkaup*. Men ettersom både *Grg. kr.*, *Brtl. kr.* og *Etl. kr.* fastset prisen på gravplass til 12 alen vadmål, er det grunn til å tru at Gulatinget hadde omtrent same pris.

<sup>89</sup> Ein reknar med at tienda vart innført på Sigurd jorsalfars tid (ca. 1090-1130), og at ho vart rettskraftig for størsteparten av landet frå Magnus Erlingssons lovrevisjon (Helle 1974:237).

## 11. Å dra ut av soknet

I *Gtl. kr.* (23) finst ein regel om at ein prest aldri må dra til soknet til ein annan prest for å tene pengar. Om noko slikt skulle skje, må han gi løna si til den presten som høyrer heime der. Dessutan må han bøte 12 øre til biskopen.

*Grg. kr.* (2) har også ein regel om dette. Men her er utgangspunktet annleis: Om eit lik blir ført til eit anna sokn (men innanfor same bygd), er presten pliktig til å følgje det til grava - så sant han har fått varsel om det. Om han ikkje får varsel, kan han halde seg heime - og likevel ta imot liksongsløn. Men om han nektar, skal han ikkje ha liksongsløn. Ho skal i så fall gå til den som syng over liket. Presten har derimot inga plikt til å følgje eit lik ut av bygda, så sant det finst ei kyrkje i heimbygda.

Mens den islandske lova legg mest vekt på prestens plikter, er den norske meir oppteken av å stoppe pengegriske prestar. Dette siste var truleg eit problem i mange land. Den engelske abbeden Aelfric<sup>90</sup> skreiv følgjande:

Men enkelte prester handler dog altfor galt: de glæder sig, naar folk dør, og ubudne samles de om liget lig graadige ravne, naar de ser et aadsel; men med rette tilkommer det dem kun at begrave dem, som sogner til deres kirke, og ingen bør følge lig i en andens sogn, med mindre han er buden (Taranger 1890/91:289).

## 12. Eventuell arv etter personar som ein finn omkomne

Dette står det ingenting om i *Gtl. kr.*

*Grg. kr.* (2) inneheld reglar om kva som skal skje med eventuell eigedom etter personar som ein finn omkomne. Som nemnt ovanfor, er det stort sett grunneigaren sitt ansvar å sørgje for gravferda i desse tilfella. Hovudregelen er at eigedom som slike personar måtte ha, først og fremst skal gå til å koste gravferda. Men i ein del tilhøve har grunneigaren rett til å arve det som eventuelt måtte vere att etter at gravferda er betalt. Arvereglane her er temmeleg kompliserte og er bundne av fleire forhold, t.d. kva sosialt lag den døde kom frå (om han var omstreifar eller ikkje), kva forhold han hadde til eventuelle slektningar og om den døde hadde med seg alt han åtte eller ikkje.

---

<sup>90</sup> Aelfric (eller Ælfric) levde ca. 955 - ca. 1010.

### 13. Personar som ikkje kan gravleggjast på ein kyrkjegard:

*Gtl. kr.:*

- udådsmenn
- kongssvikarar
- fredlause mordarar
- trygdebrytarar<sup>91</sup>
- tjuvar
- sjølvmdarar
  
- udøypte<sup>92</sup>

*Grg. kr.:*

- fredlause (biskopen kan gi dispensasjon)
  
- sjølvmdarar (dispensasjon kan gjevast om den døande viser at han angrar og går til skrifte)
- udøypte
- personar som biskopen bestemmer ikkje skal gravleggjast på kyrkjegard

I *Gtl. kr.* (23) står det ingenting om straff for å gravleggje ein slik person på ein kyrkjegard.

*Grg. kr.* (2) set straffa for eit slikt brotsverk til 12 øre. Nektar den skyldige å betale, blir straffa auka til 3 merker. Seinare i kapitlet krevst det *fjörbaugsgarör*<sup>93</sup> for å føre eit lik til kyrkja som ikkje skulle ha vore ført dit. At lova faktisk motseier seg sjølv, kan tyde på at vi her har å gjere med to ulike tidslag.

*Etl. kr.* (I, 50, II, 40) nemner endå fleire personar enn *Gtl. kr.* som ikkje kan gravleggjast på kyrkjegarden. Den som bryt lova på denne måten, skal bøte 3 merker til biskopen. *Brtil. kr.* har inga slik liste for personar som ikkje skal gravleggjast på kyrkjegarden. Men lova gir opp bøter for å gravleggje folk feil, og også for å grave opp lik (*Brtil. kr.* I, 9, II, 18, III, 13). Det er dessutan interessant at *Brtil. kr.* tillèt at eit barn som er primsigna, men ikkje døypt, også skal få liggje på kyrkjegarden (*Brtil. kr.* I, 1). Det same gjeld eit barn som er feil døypt, og som døy før presten rekk å døype det rett (*Brtil. kr.* III, 1). Dei to sistnemnde døma må vere gamle trekk.

<sup>91</sup> Blir seinare i teksten definert som personar som bryt trygd som er gitt mellom folk i drapssaker, og også i utruskapsaker (kapittel 32).

<sup>92</sup> Dette blir uttrykt indirekte i kapittel 22.

<sup>93</sup> Sjå forklaring s. 67.

## 14. Kvar desse personane skal gravleggjast

*Gtl. kr.* (23) krev at folk som ikkje får liggje på kyrkjegarden, skal gravleggjast "i fløðar male. þar fem færri mótetf oc grön torva" (i flodmålet, der som sjøen og grøntorva mótast).

*Grg. kr.* (2) fastset at slike menneske skal gravleggjast lenger enn eitt pilskot frå gardstunet til ein mann. Det må ikkje vere åker eller eng der, og det må heller ikkje renne vatn derifrå til gardar der det bur folk. Til slutt står det at det ikkje skal syngjast liksom over slike menneske.

Også *Etl. kr.* (I, 50) fastset at flodmålet er rette staden å grave ned slike personar. Denne lova gjer også greie for ein annan måte for gravlegging av slike som ikkje høyrer heime på kyrkjegarden. Dette gjeld barn som vart døypte på ein feil måte. Ifølgje *Etl. kr.*

(I, 2, II, 2) skal dei gravleggjast i uvigd jord slik at ravnar, hundar eller krøter ikkje får tak i dei. Den som har ansvaret skal bøte 6 øre om han ikkje har vore omhyggeleg nok med nedgravinga.

Gravlegging i flodmålet er også kjent frå andre kjelder. *Landnámabók* fortel om då Auðr<sup>94</sup> djúpuðga døydde:

Þá nótt eptir andaðisk hon ok var grafin í flæðarmáli, sem hon hafði fyrir sagt, því at hon vildi eigi liggja í óvígðri moldu, er hon var skírð (*Landnámabók* 1968:146-147).<sup>95</sup>  
(Natta etterpå døydde ho. Ho vart gravlagd i flodmålet, slik som ho hadde bede om. Fordi ho var døypt, ville ho ikkje liggje i uvigd jord.)

Det er uklart kvifor Auðr valde flodmålet som gravplass. Dette var elles gravplass for forbrytarar og udøypte barn. Den islandske biskopen Jón Helgason (1925:14) skriv følgjande:

Muligvis var dette Udtryk for hendes Ydmykhed, men det kunde ogsaa have staaet i Forbindelse med den i Middelalderen udbredte Tanke, at siden Kristus lod sig døbe i Jordan, skulde Floden og gennem den ogsaa Havet have faaet Del i hans himmelske Kraft. Af Mangel paa indviet Gravplads (Kirkegaard) var derfor Havet eller den af Havet vædede Strandkant langt at foretrække for uindviet Jord.

<sup>94</sup> Namnet til denne kvinna er skiftande i dei ulike kjeldene. *Laxdæla saga* bruker Unnr, *Brennu-Njáls saga* Uðr, Ari fróði Oþr, mens *Landnámabók* og *Eyrbyggja saga* bruker Auðr (*Eyrbyggja saga* 1935:3).

<sup>95</sup> Denne historia er annleis i andre kjelder. *Laxdæla saga* (1935:13) fortel t.d. at ho vart gravlagd på heidensk måte i ein haug saman med eit skip.

I Árni Þorlákssons kristenrett frá 1275 er reglane om gravlegging av menneske som ikkje får liggje på kyrkjegarden reviderte. Like interessant som dei nye reglane er sjølve revideringa. Kapittel 8 i *Árna saga biskups* gjer greie for dette. Soga vart truleg skriven av Árnis nevø og etterfølgjar i Skálholt, Árni Helgason (død 1320) (Magnús Már Lárusson 1956a:251). Soga fortel at biskop Árni bestemte at udøypte barn ikkje lenger skulle gravleggjast langt vekk frå vigd jord saman med straffeskuldige, men rett utanfor kyrkjegarden:

Hann [Árni byskup] skipaði, at þau börn, sem eigi fengu skírn, skyldi grafa utan við kirkjugarð, en áðr váru þau grafin fjarri vígðum stöðum sem sekir menn, ok kölluðu fáfróðir menn þau útburði (*Biskupa sögur* I 1858:687). (Han [biskop Árni] fastsette at barn som ikkje var døypte skulle gravleggjast utanfor kyrkjegarden. Før vart dei gravlagde langt frá vigd jord, slik som forbrytarar, og ukunnige folk kalla dei utburdar.)

I same kapitlet blir det òg gjort greie for andre revideringar. Tidlegare var det forbode å bere lik av menneske som hadde stått utanfor kyrkja pga. synd, inn i kyrkja. Det same galdt for kvinner som døydde i barselseng. Etter soga bestemte biskop Árni at alle slike personar frå no av skulle berast inn i kyrkja før dei vart gravlagde på kyrkjegarden.

## Oppsummering

1. Mens *Gtl. kr.* understrekar at eit lik ikkje må gravast ned for seint, legg *Grg. kr.* vekt på at det ikkje må gravast ned for tidleg. Det er interessant at føresegnene i *Gtl. kr.* og *Grg. kr.* er heilt motsette. Det er vanskeleg å sjå kva som kan vere årsaka til at dei to lovene er så ulike på dette punktet. *Brtl. kr.* har ingen frist, mens *Etl. kr.* har same femdagarsfristen som *Gtl. kr.*

2. Både *Gtl. kr.* og *Grg. kr.* forbyr gravlegging på langfredag og første påskedag. Dessutan nemner *Grg. kr.*, men ikkje *Gtl. kr.*, 1. juledag. Derimot forbyr *Gtl. kr.* gravlegging skjærtorsdag før non og påskeaftan etter non. Slike forbod har ikkje *Grg. kr.* Av dei austnorske kristenrettane har *Brtl. kr.* ingen slike reglar, mens *Etl. kr.* har nesten same reglar som *Grg. kr.*

3. Både *Gtl. kr.* og *Grg. kr.* fastset at den nærmaste slektningen (*ervingi*) har ansvaret for å føre liket til kyrkja. Men mens *Grg. kr.* listar opp fleire alternativ til denne personen, har *Gtl. kr.* ingen alternativ. Dei austnorske kristenrettane legg heller ikkje mykje vekt på dette.

4. *Grg. kr.* gir klare reglar for kva eit gravfølge kan krevje av hjelp undervegs. Slike reglar finst ikkje i *Grg. kr.* og heller ikkje i dei austnorske kristenrettane.

5. *Grg. kr.* har opplysningar om kva ty ein kan bruke som likklede, og korleis slike klede skal finansierast. Dette manglar i *Gtl. kr.* og også i *Brtl. kr.* og *Etl. kr.*

6. *Grg. kr.* gir opplysningar om kven som skal bestemme kvar på kyrkjegarden grava skal vere. Noko tilsvarande finst ikkje i *Gtl. kr.* Denne lova gir derimot forbod mot gravlegging i haugar eller røyser. I motsetning til *Gtl. kr.*, har begge dei to austnorske kristenrettane detaljerte føresegner om kvar på kyrkjegarden dei døde skal gravleggjast.

7. *Gtl. kr.* gir nokså detaljerte reglar om den siste olje. Det gjer også dei austnorske kristenrettane. Slike reglar finst ikkje i *Grg. kr.*

8. *Gtl. kr.* gir også føresegner om liksong. *Grg. kr.* opplyser kva liksong kostar, men gir ingen føresegner utover det. *Brtl. kr.* og *Etl. kr.* nemner også liksong.

9. *Gtl. kr.* legg stor vekt på føresegner om gravøl. Dei manglar heilt i *Grg. kr.* Det er uklart kvifor kristenretten i *Grg. kr.* ikkje inneheld føresegner om gravøl. Slike reglar finst heller ikkje i bolken om arv. Det er likevel ingenting som tyder på at skikken med å samle folk for å minnast den avlidne, var mindre utbreidd på Island enn i Noreg. Av dei austnorske kristenrettane legg *Etl. kr.* mindre vekt på føresegner om gravøl enn *Gtl. kr.*, mens slike reglar manglar heilt i *Brtl. kr.*

10. *Gtl. kr.* gir opp prisar på fleire kyrkjelege tenester i samband med død og gravlegging enn *Grg. kr.* På den andre sida gir *Grg. kr.* fleire opplysningar om kven som skal betale om arvingen ikkje er til stades og korleis betalinga skal skje. Dei austnorske kristenrettane liknar her på *Gtl. kr.* Det er også interessant at desse lovreglane viser tre steg i utviklinga: Olavs-teksten er eldre enn tienda. Dei to austnorske lovene viser at tienda var ein alternativ lønningsmåte. Då Magnus-teksten vart fastsett, var tienda innført. Den islandske lova viser også gamle trekk, ettersom denne også nemner prisar på kyrkjelege tenester i samband med gravlegging.

11. Både *Gtl. kr.* og *Grg. kr.* gir reglar for prestar som dreg ut av soknet i samband med gravferd. Men utgangspunktet er ulikt. Mens *Grg. kr.* gir påbod, gir *Gtl. kr.* forbod.

12. *Grg. kr.* gjer greie for kva som skal skje med eventuell arv etter personar som ein finn omkomne. Dette manglar i *Gtl. kr.* og i dei austnorske kristenrettane.

13. Både *Gtl. kr.* og *Grg. kr.* listar opp personar som ikkje kan gravleggjast på ein kyrkjegard. På ein del punkt er dei like, men *Gtl. kr.* er likevel litt meir detaljert. *Brtl. kr.* har inga slik liste, mens *Etl. kr.* har ei liste som er endå meir omfattande enn *Gtl. kr.*

14. Med omsyn til kvar desse personane skal gravleggjast, er *Gtl. kr.* og *Grg. kr.* heilt ulike. *Grg. kr.* fastset at dei skal liggje meir enn eit pilskots avstand frå eit gardstun, mens *Gtl. kr.* gir opp flodmålet. Det same gjer *Etl. kr.*

Denne gjennomgåinga tyder ikkje på at *Grg. kr.* hadde *Gtl. kr.* som modell då føresegnene i kristenretten om død og gravferd vart utforma. Heller ikkje dei austnorske kristenrettane kan ha vore førebilete for *Grg. kr.*



## XIV : Trolldom og heidenskap

"Blote kan ein gjere om det berre skjer i løynd."

*Íslendingabók*, kapittel 7

Både trolldom og heidenskap er omtala i dei to kristenrettane. Ettersom skiljet mellom trolldom og heidenskap er flytande, og særleg fordi lovreglane som er knytte til desse fenomenene er vovne inn i kvarandre, vil eg behandle dei under eitt.

I *Gulatingsslova* er det først og fremst kapittel 28 og 29 som handlar om desse emna. Dessutan står det nokre setningar i kapittel 23 og 32. Nesten alle lovreglane finst i både Olavs og Magnus' lov. Men nokre få reglar var ikkje med i den eldste lova, og - på den andre sida - nokre er utelatne i den nye. Dette vil då bli nemnt spesielt.

Alle føresegnene om trolldom og heidenskap er samla i kapittel 7 i *Grágás*.

Kapitlet er delt inn i følgjande underområde:

1. Trolldom
2. Spåing
3. Bloting
4. Berserksgang

### 1. Trolldom

Trolldom kan definerast som påverking av naturens gang ved hjelp av spesielle overnaturlige evner eller hjelpemiddel. Denne definisjonen ligg til grunn for det følgjande.

*Gtl. kr.* (28, 32) gir forbod mot desse formene for trolldom:

- å lyde til/på galdresong  
Straff: tap av all eigedom - men vedkommande skal ha høve til å gå til skrifte og gjere kyrkjebot<sup>96</sup>
- å utøve galdresong  
Straff: landsforvising

<sup>96</sup> Sjå forklaring s. 52.

- å sitje ute om natta for å vekkje opp troll, og på den måten fremje heidendommen (dette står berre i Magnus-teksten)
- Straff: personen blir å sjå på som *úbótamaðr*<sup>97</sup>

Om ein mann blir skulda - av biskopen eller av ærendsmannen hans - for å drive med trolldom, har han høve til å nekte med nektingseid (*settareidr*), som går ut på å tolv menn som er jamgode med han sjølv skal oppnemnast. Av desse "skal han ha ein med seg" ("fcal hann einn hafa"). Sjølv skal han vere den andre, og den tredje skal vere den nærmaste slektningen hans. Vidare skal det vere tre "som kan tenkje for ord og eid" ("er firi orðe oc eiði kunní hyggía"). Blir mannen likevel funnen skuldig, skal han straffast med utlegd.

I Magnus-teksten (kapittel 32) er det føydd til ein regel som seier at om mannen blir funnen skuldig i meineid og i å føre andre folk med seg, skal han bøte 15 merker. Dessutan skal han bøte 3 merker for kvar den som svor med han om dei ikkje visste at det var meineid. Om dei derimot visste det, skal også dei betale 15 merker - slik som den tiltala.

Også kvinner som blir skulda for å drive med galdresong og trolldom, har også høve til å nekte. I slike tilfelle skal seks kvinner oppnemnast, "tre på kvar av hendene hennar" ("þrjár a hvara hond henne"). Dei skal vere "husfruer" ("hufpreyíur") som ein veit er "gode". Dei skal vitne på at den tiltala kan verken galder eller trolldom. Skulle ho tape og bli kjend skuldig, skal ho straffast med utlegd. Det ho eig skal delast mellom kongen og biskopen. Arvingen hennar skal føre henne ut av landet.

I handskriftene NRA 1 B, AM 146 4to og i den såkalla *kong Sverres kristenrett* er det ein lovregel som ikkje finst i hovudhandskriftet DonVar 137 4to. At den har høyrte til Olavs-teksten, ser ein av det utdraget av AM 315 f fol som står i *NgL* (IV 1885:6). Den handlar om tilfelle der ei kvinne blir skulda for å vere trollkjerring og "menneske-eter" (*mannæta*). Skuldinga må komme frå tre hus, og det må først ha gått ord om brotsverket i bygda. Blir ho kjend skuldig, skal ho førast ut på sjøen og hoggast i ryggen. Men ho har høve til å nekte. Ho kan prøve å bli reinsa for skulda. Vatn og kjele skal viast. Det står at ho skal "ta i det" ("taka hon þar i"), og det må tyde at ho skal ta eit eller anna opp av vatnet. Blir ho reinsa, skal han som klaga "setje foten sin der han vil at hennar fot skal komme" ("fcal hann fetia finn fot, fem hann hennar hugde"). Det blir vidare presisert at dersom skuldingane om at ho er trollkjerring og "menneske-eter" berre kjem frå eitt hus, er det baksnakking og slarv.

Ifølgje *Grg. kr.* (7) er desse formene for trolldom forbodne:

<sup>97</sup> Sjå forklaring s. 103.

- å syngje, lære bort eller la nokon syngje galdresong for seg eller for eigedelane sine
- å tru at steinar kan ha ei trolldomskraft som kan lækje sjukdom hos dyr eller menneske
- å la vere å merkje dyra sine ("eiga fé öborit") fordi ein trur meir på umerkte dyr enn på andre
- å drive med anna overtru "av eit eller anna slag"  
Straff: *fjörbaugsgarðr*<sup>98</sup>
- å påføre dyr eller menneske sott eller bane med ord eller med trolldom  
Straff: *skoggang*<sup>99</sup>

Truleg var det slik at dei eldste kristenrettane viste større forståing for trolldom og menneske som heldt på med det, enn lovene frå lengre inn i kristen tid. *Brtl. kr.* (I, 16) - som har mange gamle trekk - har ei interessant utsegn om at ei kvinne som er trollkunnig (*trylsk*), skal først ut av bygda med eigedelane sine, for "ækki vældr hon því fiolf at hon er troll" (ho har ikkje sjølv skuld i at ho er troll). *Brtl. kr.* (I, 16, II, 25 og III, 22) forbyr også andre former for trolldom. Om ein bit ein finger eller ei tå av barnet sitt for at det skal leve lenge, skal det bótast 3 merker. Det står at ei av dei verste formene for trolldom, er å kaste trolldom over dyr og menneske. Om det blir funne trolldomsmiddel som t.d. hår, froskeføter, menneskenegler i senga til ei kvinne, og skuld blir påvist, skal den skuldige dømmast fredlaus og tape all eigedom. Ho kan også drepast.<sup>100</sup> Å sitje ute om natta for å vekkje opp troll er *úbótaverk*<sup>101</sup>. *Etl. kr.* forbyr ei kvinne å fare med trolldomsmiddel for å lækje folk (*Etl. kr.* I, 45). Straffa er 3 merker. Same straffa gjeld for ei kvinne som rir ein mann<sup>102</sup> eller tenerane hans (*Etl. kr.* I, 46).

Lovene bruker ulike nemningar i samband med trolldom. For moderne menneske kan det vere vanskeleg å vete kva som ligg i dei ulike nemningane, og kva som eventuelt måtte finnast av nyansar. *Grg. kr.* har orda *fjölkyngi*, *fördæðuskapr* og *gerningar*. *Gtl. kr.* har berre dei to sistnemnde. *Brtl. kr.* brukar dessutan ordet *trylska*. Ordbøkene til Heggstad m.fl., Hertzberg og Fritzner skil ikkje mellom gradar av trolldom i desse nemningane. Truleg var likevel

<sup>98</sup> Sjå forklaring s. 67.

<sup>99</sup> Sjå forklaring s. 89.

<sup>100</sup> Versjon III seier ikkje at den skuldige kan drepast. Av denne versjonen går det heller ikkje klart fram om lovregelen gjeld kvinner, menn eller begge kjønn.

<sup>101</sup> *úbótaverk*: "Gjerning hvorved en bliver *úbótamaðr*" (Fritzner III 1954:745). *Úbótamaðr*, sjå forklaring s. 103.

<sup>102</sup> Versjon II nemner også det å ri kona til mannen.

*fordæðuskapr* ei sterkare og meir alvorleg form for trolldom. Dette kan ein gå ut frå fordi *Grágás* - etter å ha forklart kva *fordæðuskapr* går ut på - set strengare straff (skoggang) for det enn for andre former for trolldom. Det same kan ein seie om *Gtl. kr.* Straffa for *fordæðuskapr* er strengare (den skuldige blir *úbótamaðr*) enn for *gerningar* (landsforvisning). Men denne samanlikninga er meir problematisk, ettersom nemninga *fordæðuskapr* først kom inn i *Gtl. kr.* med kong Magnus' lov. Fjeld Halvorsen (1974:657) meiner også at *fordæðuskapr* er meir negativt ladd enn dei andre orda for trolldom.

Straffeforma skoggang er ikkje ofte nemnd i *Grágás*. Den vart berre brukt i heilt spesielle tilfelle, og ein må derfor gå ut frå at brot på enkelte av trolldomsforboda vart sett på som sær s alvorleg på Island. Generelt kan ein seie at straffene for å drive med trolldom var strengare på Island enn i Noreg.

I prosalitteraturen frå mellomalderen er haldningane til trolldom skiftande. Islendingesogene er generelt meir positive til trolldom enn kongesogene. Den grønlandske spåkona Þorbjörg lítilvölva blir skildra med respekt og etter måten objektivt i *Eiríks saga rauða* (1935:410-413). Soga fortel at reaksjonane til dei kristne anten var å vegre seg for hjelpe til, eller ganske enkelt å sørgje for ikkje å vere heime når spåkona kom på besøk. Elles gir soga inntrykk av det ikkje var store konflikter mellom heidenske og kristne i samband med Þorbjörg og trolldomskunstane hennar.

I kongesogene er haldninga annleis. Ifølgje Oddr Snorrason bestemte Olav Tryggvason at alle trollkunnige, og særleg "dei som nordmennene kallar seidmenn", anten dei var kvinner eller menn, skulle vere utlæge (*Saga Óláfs Tryggvasonar af Oddr Snorrason* 1932:114). Forfattaren gir inntrykk av å vere heilt og fullt på kongens side. Både Oddr Snorrason, Snorri Sturluson og dei andre kongesogeforfattarane er svært subjektive i synet på trolldom, og lesaren blir fanga inn i ei tankeverd som gir dei trollkunnige liten sympati.

Mens dei eldste lovene for det meste ser ut til å vere for menn og om menn, er det påfallande kor sterkt kvinner kjem i fokus når det er tale om trolldom. Det at overnaturlige eigenskapar så sterkt er knytte til kvinnekjønn, går også att i andre samfunn. I den sibirsk-lappiske sjamanismen er også kvinnene sentrale, og ein går ut frå at det er ein samheng mellom denne og den norrøne kulturen på dette området (Mundal og Steinsland 1989:100). Rett nok er ein av dei mest kjende trolldomskunnige i kongesogene - Ragnvald rettelbeine - mann, men på den andre sida forklarar soga at dette nok har samheng med at han er son av finnejenta Snøfrid (*Ágrip af Noregskonunga sögum* 1985:5).

## 2. Spåing

Både Olavs- og Magnus-versjonen av *Gtl. kr.* (28) fastset at det er forbode å lyde til/på spådommar. Gjer ein det, skal ein bøte 40 merker, halvparten til kongen og halvparten til biskopen. Den som driv med spåing, skal vere utlæg og rettlaus. Dessutan skal han miste all eigedom. Kongen og biskopen skal ha halvparten kvar. Om ein person blir skulda for å drive med spåing, har han høve til å nekte på same måte som nemnd i trolldomskapitlet. Det står ingenting om spåing i *Grg. kr.*

Vitnemål om spåing i førkristen tid er det mange av. Då kristendommen vart innført, prøvde ein å forby dette. Dei norske kristenrettane forbyr spåing på ymse måtar.

Det var vanleg tru at spådomsevna var særleg stor blant finnane lengst nord i Skandinavia. Det er interessant at *Brtl. kr.* (I, 16, II, 25 og III, 22) set forbod mot å reise til finnar for å få vite meir om framtida ("fpyria fpa"). Dette blir definert som *úbótaverk*. *Etl. kr.* (I, 45 og II, 34) har det same forbodet. Den skuldige blir *úbótamaðr*, utlæg og mister all eigedom.

I kapittel 32 i *Gtl. kr.* har kong Magnus sett inn ei setning som er så å seie identisk med følgjande setning i *Ftl. kr.* (V, 45):

En þeir er láta líf sitt fyrer þyfsu eða útilego. hvárt er þeir renna<sup>103</sup> á scipum eða landi. oc svá fyrer morð oc fordæðu scapi oc spáfarar oc útisetu at vecia tröll opp oc fremia heiðni með því (*NgL* I 1846:182).

(Dei som let livet på grunn av tjuveri eller røvarskap - anten dei ranar på skip eller på land - og likeins dei som let livet på grunn av mord eller utesete om natta for å vekkje opp troll og fremjar heidenskapen med det.)

Den einaste semantiske skilnaden mellom denne setninga og påbodet i Magnus-teksten, er at Magnus har teke bort ordet "spáfarar". Forklaringa kan vere at problemet med spåing vart mindre etter kvart, og at kong Magnus ikkje fann det nødvendig å ha forbodet med i lova lenger. Men denne teorien er lite haldbar, ettersom Magnus Lagabøtes landslov (*NgL* II 1848:51) også forbyr spåing. Utelatinga av ordet må vere tilfeldig.

Også nyare islandske lover har slike forbod. Både *Járnsíða* (*NgL* I 1846:265) og *Jónsbók* (*Jónsbók* 1904:38) forbyr spåing. Det er vanskeleg å forklare kvifor den eldste islandske kristenretten ikkje nemner dette fenomenet.

<sup>103</sup> Nokre av handskriftene har "ræna".

### 3. Bloting

Ifølgje *Gtl. kr.* (29) er det forbode å blote til heidenske gudar eller ofre til haugar og horder. Straffa er tap av all eigedom. Vedkomande skal også gå til skrifte og gjere kyrkjebot. Vil han ikkje det, skal han landsforvisast.

Handskriftene NRA 1 B, AM 315 f fol og *kong Sverres kristenrett* forbyr dessutan å leggje opp haugar, byggje hus og kalle det horg. Vidare er det forbode å reise opp stong og kalle det skaldstong. Om ein forbryt seg mot dette, skal ein bøte 3 merker til biskopen, gå til skrifte og gjere kyrkjebot. Vil ein ikkje det, skal ein landsforvisast. Her kan det nemnast at *Gtl. kr.* (23) også har forbod mot å grave lik ned i haugar eller røysar. Straffa er 3 øre i bot. Dette er også omtala i kapitlet om død og gravlegging (sjå s. 139).

I *Grg. kr.* (7) står det at ein skal tru på éin Gud og hans heilage menn, og ikkje blote til heidenske vette. Det står vidare at å vie eigedelane sine til andre enn Gud og hans heilage menn, er det same som å blote til heidenske vette. Straffa for eit slikt brotsverk er *fjörbaugsgarðr*.

For dei kristne kongane var dei store blotgilda vanskelege å takle. Snorri Sturluson fortel at kong Hákon den gode hadde sin eigen måte å løyse problemet på når han var til stades ved store blot, t.d. haustgildet på Lade. Han åt då saman med ei lita gruppe menn i eit eige hus. Men eit år ville bøndene ha han til å ete der dei åt, og han skulle sitje i høgsetet. Soga fortel kor vanskeleg dette vart for kongen (*Heimskringla* I 1941:171-172).

At bloting til dei heidenske gudane var ein sterk og seigliva tradisjon, gir også seinare kongesoger vitnemål om. Då kristendommen vart innført og kristenretten fastsett, vart bloting naturleg nok forbode. *Brtl. kr.* (I, 16, III, 22) forbyr bloting, og set straffa til 3 merker. Av dei eldste norske kristenrettane gir *Etl. kr.* (I, 24) flest lovreglar og detaljar i samband med bloting. Der heiter det:

Engi maðr skal hafa i hufi finu staf eða stalla. vit eða blot. eða þat er til hæiðins fiðar uæit. En ef hefer oc uærðr hann at þui kunnr eða lannr. þa er hann utlægr oc uhæilagr. oc huær pæningr fear hans. Nu ef blot er funnit i hufi laslaufu matblot. eða læirblot gort i mannzliki. af læri. eða af dægi. þa skal hann þeðan læyfa i brot. mæð lyrittar æiði. sæckr .iiij. morkum ef æiðr fællz (*NgL* I 1946:383).

(Ingen skal ha stav (blotstolpe) eller altar, trolldomsreiskap eller noko som ein kan blote til eller noko anna som høyrer til heidensk skikk. Om han har noko slikt, og det kan bevisast, er han fredlaus og rettlaus. Han mister dessutan all eigedom. Om ein finn avgudar i eit ulæst hus, *matblot* eller *leirblot*, gjort som menneskeskapnad i leire eller deig, skal den skuldige fri

seg frå det ved *lyrittareidr*<sup>104</sup>. Om eiden fell (altså om vedkommande ikkje får to menn til å sverje med seg), skal han bøte med 3 merker.)

Lova held fram med fleire detaljar: Dersom sakene blir funne i låste kister eller liknande, er det den som har ansvaret for nøklane som blir fredlaus, og alt hans gods. Finn ein gjenstandar i eit bur med gluggar, oppå starrgraset eller stråa, er straffa mindre, for det kan vere stukke inn av andre. Då kan bonden fri seg ved *lyrittareidr*, og bøte 3 merker om eiden fell. Men dersom dei ligg *under* starrgraset eller stråa, slik at dei ikkje kunne stikkast inn utanfrå, er det den ansvarlege for nøklane som blir fredlaus, og alt hans gods.

Sitatet frå *Etl. kr.* handlar om bloting inne i hus og heime på garden. Men lovene gir også forbod mot bloting ute i naturen. *Gtl. kr.* forbyr t.d. å ofre til haugar. Det galdt nok først og fremst gravhaugar, men truleg også andre typar haugar. Som nemnt ovanfor, er det av og til tale om å lage (*hlæða*) haugar som ein kunne ofre til. Men det kunne også vere haugar skapte av naturen sjølv (Celander 1955:21).

I den islandske lova blir nemninga "vette" brukt. I tillegg til at dette ordet ofte blir brukt om "overnaturleg skapning" generelt, tyder det også "gud" (Fritzner III 1954:982). Det er grunn til å tru at det er dei heidenske gudane det her er snakk om. *Ftl. kr.* (III, 15) bruker også denne nemninga.

#### 4. Berserksgang

Det står ingenting om berserksgang i *Gtl. kr.*

*Grg. kr.*, derimot, gir forbod mot å gå berserksgang i kapittel 7. Straffa for eit slikt brotsverk er *fjörbaugsgarðr*. Same straffa gjeld for dei som måtte vere til stades der dette går føre seg - med mindre dei klarer å hindre vedkommande i berserksgangen. I så tilfelle skal dei ikkje bli straffa. Men om hendinga gjentek seg, skal dei alle saman straffast med *fjörbaugsgarðr*.

Ordet *berserkr* kan omsetjast med "vill slåstkjempe" (Heggstad m. fl. 1990:49). Nemninga kjem truleg av at berserkane gjerne brukte bjørneskinnsklede, "bjørneserk", når dei slost. Latinske mellomalderkjelder har nemninga *furor bersericus* (Lie 1956:501-502). Fritzner (I 1954:133) skriv dette om berserksgang (*berserksgangr*):

... det Raseri, som til sine Tider overgik Berserkerne [ ]. Skjønt de kunde overfaldes deraf mod deres Vilje, saa at den var dem en Plage, hvorfra de

<sup>104</sup> *lyrittareidr*: "Ed som man anlagde selv tredje" (Fritzner II 1954:581).

ønskede sig befriede, var dog *berserksgangr* paa Island efter *Grág.* I, 23 belagt med Straf af *fjörbaugsgarðr*.

*Kristni saga* fortel at då presten Þángbrandr skulle prøve å kristne Island, vart han utfordra av ein berserk. Kampen enda med at berserken døydde, og ifølgje saga var dette med på å endre trua til til fleire heidenske menn (*Biskupa sögur* I 1858:16). Berserksgang blir ofte nemnd i mellomalderkjeldene både på Island og i Noreg. Sjølv om heller ikkje dei austnorske kristenrettane forbyr berserksgang, er det ingen grunn til å tru at dette fenomenet var meir utbreiddt på Island enn i Noreg. Berserksgang vart sedd på som ein typisk heidensk skikk. Det er vanskeleg å forstå kvifor dei norske lovene ikkje har forbod mot berserksgang. Om ein har som utgangspunkt at mange forbod mot heidenske skikkar heng saman med høg alder på lovreglane, skulle ein ha venta eit tilsvarende forbod i *Gtl. kr.*, *Brtl. kr.* og *Etl. kr.* som i *Grg. kr.*

## Oppsummering

1. Både *Gtl. kr.* og *Grg. kr.* har forbod mot trolldom. Men trolldom er eit vidt omgrep, og føresegnene er temmeleg ulike i både ordval og dømme. *Gtl. kr.* nemner spåing, utesete, haugar og horger. Det gjer ikkje *Grg. kr.* Derimot omtalar *Grg. kr.* fenomen som ikkje blir nemnde i *Gtl. kr.*: å tru på trolldomskraft i steinar, å tru på umerka dyr og å påføre menneske sott eller bane med ord eller trolldom. Galdresong er forbode i begge kristenrettane. Men lovene er ulike på den måten at *Gtl. kr.* skil mellom det å drive med galdresong og det å lytte, mens *Grg. kr.* har lik straff for begge lovbrota. Dei austnorske kristenrettane har svært omfattande reglar om trolldom.
2. *Gtl. kr.* legg stor vekt på forbod mot spåing. Slikt forbod finst ikkje i *Grg. kr.* Også dei austnorske kristenrettane forbyr spåing.
3. Både *Gtl. kr.* og *Grg. kr.* forbyr bloting. Bloting er også forbode i dei austnorske kristenrettane.
4. *Grg. kr.* har forbod mot berserksgang. Det forbodet finst ikkje i *Gtl. kr.*, og heller ikkje i dei austnorske kristenrettane.

Alle kristenrettane har det til felles at dei forbyr trolldom og bloting. Men i den vidare utforminga av lovreglane er dei temmeleg ulike. Det er såleis lite som tyder



på at *Grg. kr.* hadde *Gtl. kr.* eller ein av dei austnorske kristenrettane som modell då føresegnene om trolldom og heidenskap vart utforma.

## XV : Konklusjon

Allereie når ein opnar dei to lovsamlingane *Gulatingslova* og *Grágás*, blir ein slått av kor ulike dei er i utforminga. Riktignok startar både *Grg. kr.*<sup>105</sup> og *Gtl. kr.* med dei same orda: "Þat er upphaf laga várra. . ." (Det er starten på lovene våre. . .). Også *Brtl. kr.* og *Ftl. kr.* har den same innleiinga, mens *Etl. kr.* er litt annleis. Dette fellestrekket er allereie nemnt på s. 21. Det er dessutan diskutert i ei eiga avhandling av Maurer (1886) og også av Taranger (1890/91:210-215). Alle kristenrettane tek også til med det same, nemleg lovreglar om dåpen. Men der sluttar likskapen. Elles er det lite samsvar i ordninga av stoffet. Også stilen er ulik. *Grg. kr.* er svært omstendeleg og detaljert samanlikna med dei norske kristenrettane.

Dette er trekk ved lovene som ein legg merke til straks ein ser på dei. Ein annan ting er innhaldet. Om utforminga er ulik, kan likevel sjølve innhaldet vere likt. Men denne undersøkinga viser at også innhaldet i *Gtl. kr.* og *Grg. kr.* skil seg mykje frå kvarandre.

### Opphav og påverknad

Konrad Maurer (1878:1-6) samanliknar rettsutviklinga i Nord-Europa med eit stamtre som har ei felles rot. Lovene i Noreg og på Island er ifølgje Maurer to nære greiner på dette treet. I motsetning til ein del yngre forskarar har han full tillit til Ari fróðis forteljing om Ulfljótr. Maurer stiller spørsmål om når og på kva slags måte den opphavlege rettsforfatninga (altså den norske) delte seg i to sjølvstendige greiner (den norske og den islandske). Hans metode går ut på å forklare den eine lova ved hjelp av den andre:

Netop fordi vi med Bestemthed vide, at den islandske Ret omkring Aar 930 er bleven udskilt fra den norske Gulathingsret, maa Studiet af den første tilkjendes en saa fremragende Vigtighed for Belysningen af den norske Retshistorie. Hvor den norske og den islandske Ret nemlig ere indbyrdes overensstemmende, ligger den Slutning nær, at angjældende Retssætninger allerede tilhøre Tiden før 930, medens Afvigelser dem imellem omvendt vække Formodning om, at den ene Retsforfatning eller maaske begge siden hint Tidspunkt have fjernet sig fra det fælles Grundlag, hvorfra de maa forudsættes at være gaaede ud.

<sup>105</sup> *Staðarhólsbók* startar annleis: "Á Dögum feðra vara voro þav lög sett at allir men scole cristnir vera a landi her" (Då forfedrane våre levde, vart den lova fastsett, at alle i landet skulle vere kristne) (*Grágás* II 1879:1).

Eg meiner at denne teorien har fleire svake punkt. Ein variabel som Maurer synest å utelate, er at endringar i samfunnet krev nye lover. Ein kan godt tenkje seg ytre hendingar som fører til nye lover, og at dette hender parallelt to land. På den måten kan det oppstå like føresegnar i to lands lover, utan at dei byggjer på eit felles opphav. Det er ikkje utenkjeleg at det både i Noreg og på Island skjedde ting som påverka lovene utover på 900-talet, og at begge landa fekk nye lovreglar som likna kvarandre.

Dette kan eksemplifiserast med den viktigaste samfunnsomveltinga i mellomalderen, innføringa av kristendommen. Eg meiner at nettopp kristenretten i dei ulike landa sine lover er døme på like føresegnar i lovsamlingar med same opphav, *utan* at dei var med frå starten. At den islandske og den norske lova nemner dei same juledagane, har same forbodet mot å ete hestekjøtt, det same dåpsritualet, same atterhaldet for kven ein kan gifte seg med osv. fortel like mykje om ei sterk kyrkjemakt som eit felles lovopphav.

I denne diskusjonen er det viktig å hugse på at ein kan sjå på den islandske kristenretten - liksom dei andre kristenrettane - på to måtar. For det første kan den oppfattast som ei rad med lovreglar som til saman utgjer ein del av hovudlovsamlinga. Ein slik synsmåte heng saman med dei døma som nettopp er nemnde. For det andre kan ein sjå på kristenretten som eit sjølvstendig verk som meir eller mindre tilfeldig vart plassert saman med dei verdslege lovene. Det er ein slik synsmåte som ligg til grunn for denne undersøkinga. Kristenretten har ei særstilling i både *Gulatingslova* og *Grágás* ettersom den vart fastsett hundre år eller meir etter Ulfljóts moglege reise. Men ikkje desto mindre kan same prinsippa takast med i diskusjonen.

Denne oppgåva handlar om *Gulatings* og *Grágás'* kristenrettar, om i kva grad dei kan byggje på same opphav eller i kva grad den eine kan ha påverka den andre. Diskusjonen om opphav blir litt annleis enn den gjer i samband med den verdslege lova. Det er klart at alle kristenrettane byggjer på same opphav, nemleg dei romerske kyrkjeføresegnene. Men om ein vurderer eit felles opphav i Norden, blir situasjonen annleis. Eg meiner at sjølv om ein kan finne mange like reglar og mykje annan likskap, er ikkje det meir enn ein kan vente i to land med ein nokolunde lik kultur, og som vart kristna på nærmast same tid.

Som denne undersøkinga viser, er også skilnadene store. Eg vil seie at dei er påfallande store for to land med ein såpass lik kultur, og som vart kristna nokolunde samtidig. Eg meiner dette viser at dei to kristenrettane ikkje byggjer på eit felles norsk opphav, med andre ord at kristenretten i *Grágás* ikkje hadde kristenretten i *Gulatingslova* som modell då den vart utforma. Heller ikkje dei austnorske kristenrettane kan ha tent som førebilete for *Grg. kr.*

Også kristenrettane i dei norske landskapslovene viser stor variasjon. Dette kan forklarast med at kristenrettane opphavleg vart til etter drøftingar mellom kyrkjas menn og bøndene på tinget (Rindal 1995:5). Seinare fekk biskopen tilsyn med kristenretten. Det vart etter kvart slik at han plikta å dra til lagtinga og høyre på når lova vart sagt fram.

Desse tankane er i strid med Maurers idé om rettsutviklinga som ein levande mekanisme som veks ut frå ei felles rot. Eg vel å sjå det motsett. Riktignok bygde dei ulike kristenrettane på dei same grunnidéane frå romarkyrkja. Men sjøelve utforminga av lovene skjedde lokalt og kunne derfor bli nokså ulik. Etter kvart som den kanoniske retten fekk større innverknad, vart også lovene meir like. Døme på det er dei nyare kristenrettane. Gulatinget og Borgartinget fekk nye kristenrettar i 1267 og 1268. Sjølv om dei har mange skilnader, finst det også døme på at dei har vorte forandra slik at dei samsvarar med kvarandre (Bøe 1964:300). I tråd med dette vart den nyare islandske kristenretten utforma i samsvar med den norske.

## Kan skilnadene forklarast?

Maurer (1878:5-6) hevdar vidare at skilnadene i to lover er like viktige som likskapen, om ein skal seie noko om rettsutviklinga. Om ein kan finne ut kva som ligg til grunn for skilnadene i to lover med same opphav, får ein samtidig nyttig informasjon om den indre utviklingsgangen i dei to forfatningane. Ei slik samanlikning er enklare om dei ytre tilhøva er ulike. Nettopp dét er tilfellet om ein samanliknar norsk og islandsk lov, meiner Maurer.

Det er klart at det islandske samfunnet skilde seg mykje frå det norske. Det eine var at styringsforma var annleis. Noreg hadde kongemakt - det hadde ikkje Island. Dette viser seg på mange måtar i lovene, men likevel ikkje så mykje i det utvalet av kristenretten som er med i denne oppgåva. Ein annan ting er den geografiske plasseringa. Island hadde ikkje det same behovet for forsvar. Dette gir seg også utslag i lovgjevinga, men ikkje i det utvalet av lovreglar som denne undersøkinga byggjer på. Derimot finst ein tredje faktor som kan forklare nokre av skilnadene i dette materialet, nemleg klima- og naturtilhøva. Kornavl var viktig i Noreg, mens feavl var grunnlaget for det islandske jordbruket. Vidare var det skilnader i kva slags ville dyr som fanst. Desse forholda gir seg utslag i undersøkinga. Ølbrygging - som krev at ein har tilgang på korn - blir lagt lite vekt på i *Grg. kr.* samanlikna med *Gtl. kr.* Dei ville dyra som blir nemnde i samband med jakt og mat, er ulike og kan knyttast til ulike naturtilhøve i dei to landa. Ein fjerde faktor må også nemnast: kulturell kontakt med andre land. Island hadde heilt frå starten mykje kontakt med Irland, og dette gav seg utslag i m.a. kva slags helgenar som var viktige.

Men desse forklaringane omfattar berre ein liten del av alle skilnadene mellom *Gtl. kr.* og *Grg. kr.* Dei aller fleste blir ståande att utan anna forklaring enn at sjølve utforminga av lovsamlingane er ulike, at *Grg. kr.* er mykje meir omfattande enn *Gtl. kr.* og dei austnorske kristenrettane. Som ei følgje av dette, eller som ein årsak til dette, har den islandske kristenretten mange fleire reglar enn dei norske kristenrettane. Men dette kan ein knapt sjå på som ei forklaring. Den eigentlege forklaringa ligg på eit anna plan.

## Relativ kronologi

Denne oppgåva handlar først og fremst om kva som er likt og ulikt i innhaldet av dei to kristenrettane. Men etter gjennomgåinga av materialet sit ein att med eit inntrykk av at det som finst av skilnader, kanskje også kan fortelje noko om alder.

Mange lovreglar i kristenretten handlar om heidenske skikkar. Kristenrettane med dei fyldigaste opplysningane om heidenske skikkar representerer truleg den eldste utforminga av kristen lovgjeving. Rindal (1995:17) har samanlikna dei norske kristenrettane med dette utgangspunktet, og har funne at *Brtl. kr.* har dei mest omfattande skildringane av heidenske skikkar. Han ser det derfor som truleg at kristenretten i *Brtl. kr.* har den mest opphavlege versjonen. På neste plass kjem *Etl. kr.* Også den syner eldre trekk enn *Gtl. kr.* Ifølgje Rindal kjem *Gtl. kr.* først på ein tredjeplass i dette oppsettet av relativ kronologi.

Å samanlikne straffeutmålinga er vanskeleg. Storleiken på dei ulike bøtene kan vere eit tvilsamt mål på kor alvorleg samfunnet vurderte lovbrota, særleg når avstanden i tid og rom er så stor som i denne undersøkinga. Likevel må ein kunne setje enkelte straffereformer opp mot kvarandre. Å bli landsforvist eller frårøva fridommen er ein heilt annan type straff enn ei bot, sjølv om bota kan verke uoverkommeleg stor. Eg meiner at straffeutmålinga også kan seie noko om den relative kronologien. Det er grunn til å tru at strenge straffer for å utøve førkristne skikkar er eit ungt trekk som heng saman med lang tidsavstand frå innføringa av kristendommen.

Den islandske kristenretten kan også plasserast i dette systemet av relativ kronologi. Eg meiner at føresegnene om heidendom i *Grg. kr.* er færre enn i dei tre eldste norske kristenrettane. Vidare meiner eg at straffa for å forbryte seg mot desse lovreglane generelt er strengare enn for tilsvarende lovbrota i Noreg. Desse to påstandane vil eg grunngi på denne måten:

1. Begge lovene har reglar om faste, men straffene er svært ulike. Straffa for å ete kjøtt på fredagane er 3 øre i *Gtl. kr.*, mens den er *fjörbaugsgarðr*<sup>106</sup> i *Grg. kr.* Også i dei andre fastetidene viser den same tendensen seg.

2. Forbodet mot hestekjøtt galdt i begge landa. Men ifølgje *Gtl. kr.* var det ikkje alltid like alvorleg å ete slikt kjøtt. I langfasta skulle straffa vere tap av all eigedom og landsforvising. Men resten av året var straffa berre 3 merker. *Grg. kr.*, derimot, krev *fjörbaugsgarðr* uansett tid.

3. *Grg. kr.* viser riktignok spor etter reglar om barneutbering. Men slik den islandske kristenretten er overlevert, har den ikkje forbod mot å bere ut barn. Alle dei tre norske kristenrettane har slike forbod.

4. Både *Gtl. kr.* og *Grg. kr.* set forbod mot å drive med trolldom og heidenskap. Men dei skil seg frå kvarandre i straffeutmålinga, som i *Grg. kr.* er mykje strengare. Alle dei tre norske kristenrettane gir opp bøter for enkelte lovbrøt i samband med trolldom og heidenskap. Den mildaste straffa i *Grg. kr.* er *fjörbaugsgarðr*. Ein gong gir lova til og med opp den sterkaste forma for fredløyse, skoggang<sup>107</sup>, som berre sjelden er nemnd i *Grg. kr.*

Desse punkta viser etter mi meining at den islandske kristenretten relativt sett er yngre enn *Gtl. kr.* Men det er viktig å ha klart for seg at denne kronologien primært berre seier noko om tidsavstanden mellom kristninga og lovformuleringane. Sjølve alderen på lovene kan godt vere annleis.

## Sluttord

Denne oppgåva er ei samanlikning av kristenrettane i *Gulatingsslova* og *Grágás*. Undersøkinga viser at det ein finn av likskapar, ikkje er fleire enn ein kunne vente. Skilnadene er på den andre sida så store at det ikkje er grunn til å tru at islendingane hadde *Gtl. kr.* som førebilete då dei utforma kristenretten sin. Den islandske kristenretten viser unge trekk som gjer det naturleg å plassere den etter dei tre eldste norske kristenrettane (*Brtl. kr.*, *Etl. kr.* og *Gtl. kr.*) i ei relativ kronologisk rangering.

<sup>106</sup> Sjø forklaering s. 67.

<sup>107</sup> Sjø forklaering s. 89.

## Litteraturliste

### Mellomalderkjelder:

- Adam av Bremen. Historien om Hamburgerstiftet och dess biskopar.* Orig: *Gesta Hammaburgensis Ecclesiae Pontificum*. Oms. Emanuel Svenberg. Stockholm 1984.
- Ágrip af Noregskonunga sögum.* Utg. Bjarni Einarsson. Íslenzk fornrit XXIX. Reykjavík 1985.
- Alfræði Íslenzk I.* Utg. Kr. Kálund. København 1908.
- Bárdar saga.* Utg. Þórhallur Vilmundarson og Bjarni Vilhjálmsson. Íslenzk fornrit XIII. Reykjavík 1991.
- Biskupa sögur I-II.* Utg. Guðbrandur Vigfússon - Jón Sigurðsson. Kaupmannahöfn 1858-1878.
- Brennu-Njáls saga.* Utg. Einar Ólafur Sveinsson. Íslenzk fornrit XII. Reykjavík 1954.
- Den eldre Gulatingslova.* Utg. Bjørn Eithun - Magnus Rindal - Tor Ulset. Oslo 1994.
- DD I:2 = Diplomatarium Danicum I:2.* Utg. Niels Skyum-Nielsen - Lauritz Weibull. København 1963.
- DI I = Diplomatarium Islandicum (Íslenzkt Fornbréfasafn) I.* Utg. Jón Sigurðsson. Kaupmannahöfn 1857.
- DI II = Diplomatarium Islandicum (Íslenzkt Fornbréfasafn) II.* Utg. Jón Þorkelsson. Kaupmannahöfn 1893.
- DI III = Diplomatarium Islandicum (Íslenzkt Fornbréfasafn) III.* Utg. Jón Þorkelsson. Kaupmannahöfn 1896.
- DN I = Diplomatarium Norvegicum I.* Utg. Chr. C. A. Lange - Carl R. Unger. Christiania 1847.
- DN VI = Diplomatarium Norvegicum VI.* Utg. C. R. Unger - H. J. Huitfeldt. Christiania 1864.
- DS I = Svenskt Diplomatarium I.* Utg. Joh. Gust. Liljegren. Stockholm 1829.
- Egils saga Skalla-Grímssonar.* Utg. Sigurður Nordal. Íslenzk fornrit II. Reykjavík 1933.
- Eiríks saga rauða.* Utg. Einar Ólafur Sveinsson - Matthías Þórðarson. Íslenzk fornrit IV. Reykjavík 1935.
- Eyrbyggja saga.* Utg. Einar Ólafur Sveinsson - Matthías Þórðarson. Íslenzk fornrit IV. Reykjavík 1935.
- Fagrskinna.* Utg. Bjarni Einarsson. Íslenzk fornrit XXIX. Reykjavík 1985.
- Finnboga saga.* Utg. Jóhannes Halldórsson. Íslenzk fornrit XIV. Reykjavík 1959.
- Flateyjarbók I-III.* Christiania 1860-1868.
- Gamal norsk homiliebook.* Utg. Gustav Indrebø. Oslo 1931.

- Grágás Ia & b. Islændernes Lovbog i Fristatens Tid, udgivet efter det kongelige Bibliotheks Haandskrift. Første og anden Del (Text I og II).* Utg. Vilhjálmur Finsen. Kjøbenhavn 1852.
- Grágás Ic & d. Islændernes Lovbog i Fristatens Tid, udgivet efter det kongelige Bibliotheks Haandskrift. Tredje og Fjerde Del (Oversættelse I og II).* Oms. Vilhjálmur Finsen. Kjøbenhavn 1870.
- Grágás II efter det Árnammagnæanske Haandskrift Nr. 334 fol., Staðarhólsbók.* Utg. Vilhjálmur Finsen. København 1879.
- Grágás III. Stykker, som findes i det Árnammagnæanske Haandskrift Nr. 351 fol., Skálholtsbók og en Række andre Haandskrifter.* Utg. Vilhjálmur Finsen. København 1883.
- Grágás. Lagasafn íslenska þjóðveldisins.* Utg. Gunnar Karlsson - Kristján Sveinsson - Mörður Árnason. Reykjavík 1992.
- Gulatingsslovi.* Oms. Knut Robberstad. Oslo 1937.
- Gunnlaugs saga ormstungu.* Utg. Sigurður Nordal - Guðni Jónsson. Íslenzk fornrit III. Reykjavík 1938.
- Hákonar saga Hákonarsonar.* Utg. Marina Mundt. Oslo 1977.
- Harðar saga Grímkelssonar.* Utg. Þórhallur Vilmundarson - Bjarni Vilhjálmsson. Íslenzk fornrit XIII. Reykjavík 1991.
- Heimskringla I-III.* Utg. Bjarni Aðalbjarnarson. Íslenzk fornrit XXVI-XXVIII. Reykjavík 1941-1951.
- Íslendingabók.* Utg. Jakob Benediktsson. Íslenzk fornrit I. Reykjavík 1968.
- Jómsvíkinga saga.* Utg. Gustaf Cederschiöld. Lund 1875.
- Jónsbók.* Utg. Ó. Halldórsson. København 1904.
- Kjalnesinga saga.* Utg. Jóhannes Halldórsson. Íslenzk fornrit XIV. Reykjavík 1959.
- Landnámabók.* Utg. Jakob Benediktsson. Íslenzk fornrit I. Reykjavík 1968.
- Laxdæla saga.* Utg. Einar Ólafur Sveinsson. Íslenzk fornrit V. Reykjavík 1934.
- Monumenta Historica Norvegiæ.* Utg. Gustav Storm. Kristiania 1880.
- NgL = Norges gamle Love indtil 1387 I-V.* Utg. R. Keyser og P. A. Munch. Christiania 1846-1895.
- Olafs saga hins helga.* Utg. Oscar Albert Johnsen. Kristiania 1922.
- Óláfs saga Tryggvasonar en mesta I-II.* Utg. Ólafur Halldórsson. København 1958-1961.
- Orkneyinga saga.* Utg. Finnbogi Guðmundsson. Íslenzk fornrit XXXIV. Reykjavík 1965.
- Reykðæla saga.* Utg. Björn Sigfússon. Íslenzk fornrit X. Reykjavík 1940.
- Saga Óláfs Tryggvasonar af Oddr Snorrason munk.* Utg. Finnur Jónsson. København 1932.
- Saxo Grammaticus. Danmarks Krønike.* Oms. Fr. Winkel Horn. København 1977.
- Sturlunga saga I-II.* Utg. Jón Jóhannesson - Magnús Finnbogason - Kristján Eldjárn. Reykjavík 1946.
- Tjodrek munk. Soga um dei gamle norske kongane.* Orig: *Theodriki monachi Historia de antiquitate regum Norwagiensium.* Oms. Eiliv Skard. Oslo 1932.



*Þorsteins þátr uxafóts*. Utg. Þórhallur Vilmundarson - Bjarni Vilhjálmsson. Íslensk fornrit XIII. Reykjavík 1991.

*Vatnsdæla saga*. Utg. Einar Ólafur Sveinsson. Íslensk fornrit VIII. Reykjavík 1939.

## Andre kjelder:

- Alver, Brynjulf: *Dag og merke*. Oslo - Bergen - Tromsø 1970.
- Andrén, Carl-Gustaf: "Konfirmation." *KLNM* VIII. København 1963:690-696.
- Andrén, Åke: "Fasta." *KLNM* IV. København 1959:182-189.
- Anna Sigurðardóttir: "Ret er at en kvinde lærer ham at døbe et barn. Om dåp, konfirmation og fadderskab i Island i middelalderen." *Förändringar i kvinnors villkor under medeltiden*. Reykjavík 1983:41-54.
- Arbman, Holger: "Begraving. Vikingtid." *KLNM* I. København 1956:409-415.
- Árni Björnsson: *Saga daganna*. Reykjavík 1993.
- Bernström, John: "Björn." *KLNM* I. København 1956:661-664.
- Bernström, John: "Ren." *KLNM* XIV. København 1969:65-71.
- Birkeli, Fridtjov: *Hva vet vi om kristningen av Norge?* Oslo - Bergen - Tromsø 1982.
- Björn Þorsteinsson: *Íslensk Miðaldasaga*. Reykjavík 1978.
- Brynólfur Jónsson: "Kirkjutóft á Esjubergi." *Árbók hins íslenska fornleifafélags* 1902. Reykjavík 1902:33-35.
- Bø, Olav: "Gravøl. Norge." *KLNM* V. København 1960:450-452.
- Bøe, Arne: "Fasta. Norge." *KLNM* IV. København 1959:189-190.
- Bøe, Arne: "Kristenrettar. Noreg." *KLNM* IX. København 1964: 297-304.
- Carlsson, Lizzie: *Jag giver dig min dotter. Trolovning och äktenskap i den svenska kvinnans äldre historia* II. Stockholm 1972.
- Celander, Hilding: "Förkristen jul." *Göteborgs Universitets Årsskrift* LXI, 3. Göteborg 1955.
- Egardt, Brita: "Hästkjöt." *KLNM* VII. København 1962:280-81.
- Fenger, Ole: *Romerret i Norden*. København 1977.
- Finnur Jónson: *Árni Magnússons Levned og Skrifter* 2. København 1930.
- Foote, Peter: "Some lines in *Lögrettuþáttur*." *Aurvandilstá*. Odense 1984:155-164.
- Fritzner, Johan: *Ordbog over Det gamle norske Sprog*. I-III. Kristiania 1886-96.
- Fæhn, Helge: "Dåp." *KLNM* III. København 1958:413-418.
- Gjerløw, Lilli: "Imbredagene." *KLNM* VII. København 1962:361-363.
- Gjerløw, Lilli: "Kalendarium II." *KLNM* VIII. København 1963:93-106.
- Granlund, John: "Tidelag." *KLNM* XVIII. København 1974:268-269.
- Gundersen, Dag: "Incest. Allm. og Norge." *KLNM* VII. København 1962:370-374.
- Gunnar Karlsson - Kristján Sveinsson - Mördur Árnason (utg.): *Grágás. Lagasafn íslenska þjóðveldisins*. Reykjavík 1992.
- Hagland, Jan Ragnar og Sandnes, Jørn: *Innleiing i Frostatingslova*. Oslo 1994.
- Hallgerður Gísladóttir: "Kvinner og matstell på Island i middelalderen." *Kvinnearbeid i Norden fra vikingtiden til reformasjonen*. Bergen 1985:43-61.
- Halvorsen, Eyvind Fjeld: "Trolldom." *KLNM* XVIII. København 1974:657-661.

- Hedberg, Gunnel: "Ægteskab. Sverige." *KLNM* XX. København 1976:486-493.
- Heggstad, Leiv - Hødnebo, Finn - Simensen, Erik: *Norrøn ordbok*. Oslo 1990.
- Helle, Knut: *Norge blir en stat 1130-1319*. Oslo 1974.
- Hertzberg, Ebbe: "Vore ældste Lovtexters oprindelige Nedskrivelsestid." *Historiske Afhandlinger tilegnet Professor Dr. J.E. Sars*. Kristiania 1905:92-117.
- Hertzberg, Ebbe: "Glossarium." *NgL* V. Christiania 1895.
- Holm-Olsen, Ludvig: "Gulating." *Frå Fjon til Fusa*. Bergen 1966:11-22.
- Hufthammer, Anne Karin: "The dog bones from Bryggen." *The Bryggen Papers. Supplementary Series 5*. Bergen 1994:209-285.
- Hødnebo, Finn: "Tinget og loven." Innleiing til faksimileutgåve av den eldre Gulatingslova. Upublisert. 1995.
- Iuul, Stig: "Kyrkorätt. Danmark." *KLNM* X. København 1965:5-6.
- Jakob Benediktsson: "Landnámabók." *KLNM* X. København 1965: 214-217.
- Jakob Benediktsson: "Øre. Island." *KLNM* XX. København 1976:718.
- Jón Helgason: *Islands Kirke fra dens Grundlæggelse til Reformationen*. København 1927.
- Jón Jóhannesson: *Islands historie i mellomalderen*. Oms. Hallvard Magerøy. Oslo - Bergen - Tromsø 1969.
- Jørgensen, A. D.: *Den nordiske Kirkes Grundlæggelse og første Udvikling I*. København 1874.
- Jørgensen, Jens Ulf: "Ægteskab." *KLNM* XX. København 1976:481-486.
- KLNM = Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder I-XXII*. København 1956-1978.
- Knudsen, Trygve: "Eidsivatingslova." *KLNM* III. København 1958:525-528.
- Knudsen, Trygve: "Gulating." *KLNM* V. Købengavn 1960a:556-559.
- Knudsen, Trygve: "Gulatingsoven." *KLNM* V. København 1960b:559-565.
- Kristján Eldjárn: "Grav og gravskikk. Island." *KLNM* V. København 1960:445-447.
- Kristján Eldjárn: *Kuml og haugfé úr heiðnum síð á Íslandi*. Reykjavík 1956.
- Larson, Laurence M.: *The earliest Norwegian laws. Being the Gulathing law and the Frostathing law*. New York 1935.
- Magnús Már Lárusson: "Árna saga biskups." *KLNM* I. København 1956a:251.
- Magnús Már Lárusson: "Biskupa sögur." *KLNM* I. København 1956b:630-631.
- Magnús Már Lárusson: "Incest. Island." *KLNM* VII. København 1962:374-376.
- Magnús Már Lárusson: "Kristenrettar. Island." *KLNM* IX. København 1964:304-306.
- Magnús Stefánsson: "Seksualitet og synd i middelalderen." *Liv og helse i middelalderen. Ondsdagskvelder i Bryggens museum* 6. Bergen 1992:49-60.
- Maurer, Konrad: *Udsigt over de nordgermaniske Retskilders Historie*. Kristiania 1878.
- Maurer, Konrad: *Ueber die norwegisch-isländischen gahnföstar*. München 1881.
- Maurer, Konrad: "Die Eingangsformeln der altnordischen Rechts- und Gesetzbücher." *Sitzungsberichte der philos.- philol. u. hist. Classe der k. bayr. Akad. d. Wiss.* München 1886:307-358.

- Meulengracht Sørensen, Preben: *Norrønt nid. Forestillingen om den umandige mand i de islandske sagaer*. Odense 1980.
- Meulengracht Sørensen, Preben: "Den norrøne litteratur og virkeligheden." *Collegium Medievale* vol. 2. Oslo 1989:135-146.
- Meulengracht Sørensen, Preben: *Fortælling og ære. Studier i islændingesagaerne*. Århus 1993.
- Molland, Einar: "Primsigning." *KLNM XIII*. København 1968:439-444.
- Mundal, Else: "Barneutbering." *Norskrift* 56. Oslo 1987:1-78.
- Mundal, Else og Steinsland, Gro: "Kvinner og medisinsk magi." *Kvinnors rosengård*. Stockholm 1989:97-121.
- Naumann, Hans-Peter: *Sprachstil und Textkonstitution. Untersuchungen zur altwestnordischen Rechtssprache*. Basel und Stuttgart 1979.
- Ólafur Halldórsson: "Óláfs saga Tryggvasonar." *KLNM XII*. København 1967:551-553.
- Ólafur Lárusson: "Preface." *Staðarhólsbók*. Corpus Codicum Islandicorum Medii Aevi 9. København 1936.
- Ólafur Lárusson: "Grágás." *Lög og saga*. Lögfræðingafélag Íslands gaf út. Reykjavík 1958:119-134.
- Ordbog over det norrøne prosasprog*. Utg. Den arnamagnæanske kommission. København 1989.
- Rindal, Magnus: *Innleiing i Den eldre Gulatingslova*. Oslo 1994.
- Rindal, Magnus: "Dei norske kristenrettene frå mellomalderen. Regional og kronologisk variasjon." Upublisert. 1995.
- Robberstad, Knut: *Fyresningar um rettsoga i millomalder og nytid II*. Oslo 1966.
- Robberstad, Knut: *Innleiðning og merknader i Gulatingslövi*. Oslo 1969.
- Schreiner, Johan: *Innledning til Fagrskinna. En norsk kongesaga*. Oslo 1926.
- Seip, Didrik Arup: "Borgartingsloven." *KLNM II*. København 1957:149-150.
- Sigurður Línadal: "Sendiför Ulfjóts." *Skírnir* 143. Reykjavík 1969:5-26.
- Sjöholm, Elsa: "Medeltidslagarna som historiska källor." *Kvinnans ekonomiska ställning under nordisk medeltid*. Lindome 1981:74-80.
- Skov, Erik: "Grav og gravskik. Danmark." *KLNM V*. København 1960:437-441.
- Taranger, Absalon: *Den angelsaksiske kirkes indflydelse paa den norske*. Kristiania 1890/91.
- Vilhjálmur Finsen (utg.): *Grágás Ia & b. Islændernes Lovbog i Fristatens Tid, udgivet efter det kongelige Bibliotheks Haandskrift. Første og anden Del (Text I og II)*. Kjøbenhavn 1852.
- Vilhjálmur Finsen: "Om de islandske Love i Fristatstiden." *Særtrykk fra Aarbøger for nordisk Oldkyndighed og Historie*. Kjøbenhavn 1873:101-250.
- Vilhjálmur Finsen (utg.): *Grágás II efter det Árnammagnæanske Haandskrift Nr. 334 fol., Staðarhólsbók*. København 1879.
- Vilhjálmur Finsen (utg.): *Grágás III. Stykker, som findes i det Árnammagnæanske Haandskrift Nr. 351 fol., Skálholtsbók og en Række andre Haandskrifter*. København 1883.

Vilhjálmur Finsen: "Om den opprindelige Ordning af nogle af den islandske Fristats Institutioner." *Vidensk. Selsk. Skr.* 6. Række, *historisk og filosofisk Afd.* II. 1. København 1888.

Weiser-Aall, Lily: "Jul." *KLNM* VIII. København 1963:6-14.



## Tidlegare utgitt i *KULTs skriftserie*

- KULTs skriftserie* nr. 1: Ungdomskultur. Rapport fra konferanse 23.-25.03.87.
- KULTs skriftserie* nr. 2: Europeisk kultur. Rapport fra konferanse 19.-20.11.87.
- KULTs skriftserie* nr. 3: Bilder og læring. Rapport fra konferanse 15.-16.04.88.
- KULTs skriftserie* nr. 4: H. Bastiansen, Ø. Hanche, K. Skretting og N. Klevjer Aas: Om filmimport, seerbrev, kilder og 60-åra.
- KULTs skriftserie* nr. 5: J. Gripsrud, A. Johansen og P. Larsen (red.): Filmhistorie - fjernsynshistorie: perspektiver, metoder, kilder.
- KULTs skriftserie* nr. 6: K.B. Jensen, T. Kjær, M. Drag og A.M. Skarpaas: Om resepsjonsanalyse, kinohistorie og fjernsynets lørdagsunderholdning.
- KULTs skriftserie* nr. 7: Tone Kristine Kolbjørnsen: Levende kvinnebilder. Om Vibeke Løkkebergs filmer "Åpenbaringen", "Løperjenten", "Hud" og mottakelsen av dem.
- KULTs skriftserie* nr. 8: Ø. Hanche, T.M. Grenness og A.L. With: Om populær film og kvalitetsfilm.
- KULTs skriftserie* nr. 9: Liv Hausken: En annen historie. En analyse av Anja Breiens "Hustruer".
- KULTs skriftserie* No. 10: Public Television in Transition. A Comparative and Historical Analysis of the BBC and the NRK.
- KULTs skriftserie* nr. 11: Litteraturen mellom staten og marknaden. Rapport frå konferanse på Ustaøset 16.-18.09. 1992.
- KULTs skriftserie* nr. 12: Geir Totland: Fra filmavis til dagsrevy. En studie i fjernsynshetenes historie.
- KULTs skriftserie* nr. 13: Odd Heide Hald: Norsk filmbibliografi. Litteratur om norsk film og norske filmforhold.
- KULTs skriftserie* nr. 14: B. Kvalsvik: Skiljemerka mellom folk. Intro-dusere Pierre Bourdieu? T. Hartenstein: Det norske hørespill 1945-1965. Ø. Danielsen: Bibliotekutlån av Kulturrådets innkjøpsbøker.
- KULTs skriftserie* nr. 15: Kathrine Skretting (red.): Kringkasting og kino.
- KULTs skriftserie* nr. 16: Ketil Falck: Litteratur om kunstformidling - en bibliografi.
- KULTs skriftserie* nr. 17: Oddvin Heggstad: Billegbøker i 80-åra. Helge Rønning: Boka i mediasamfunnet.
- KULTs skriftserie* nr. 18: Anton Fjeldstad: To kapittel om norsk bokhandel.
- KULTs skriftserie* nr. 19: Per Mangset: Forskning om kulturpolitikk. Akademisk bakevje eller forskningsfelt i vekst?
- KULTs skriftserie* nr. 20: Jostein Gripsrud & Kathrine Skretting (eds.): History of Moving Images. Reports from a Norwegian Project.
- KULTs skriftserie* nr. 21: Sverre Tusvik (red.): Bestseljarar.
- KULTs skriftserie* No. 22: Øystein Sørensen (ed.): Nordic Paths to National Identity in the Nineteenth Century.
- KULTs skriftserie* nr. 23: Anton Fjeldstad: Bakke-kontakt med bokbransjen i Sverige, Danmark og EU.
- KULTs skriftserie* nr. 24: Ørnulf Hodne: Det nasjonale hos norske folklorister på 1800-tallet.
- KULTs skriftserie* nr. 25: Sverre Tusvik (red.): Boka i mediasamfunnet. Rapport frå konferanse på Sundvolden 24.-25.11.1993.
- KULTs skriftserie* nr. 26: Anton Fredrik Andresen: Opplysningsidéer, nyhumanisme og nasjonalisme i Norge i de første årene etter 1814. Nytt lys på vår første skoledebatt.

- KULTs skriftserie* nr. 27: Henrik Grue Bastiansen: "LIVE FROM MOON". En case-studie i fjernsynets historie.
- KULTs skriftserie* No. 28: Magnus Rindal (ed.): Three Studies on Vikings and Christianization.
- KULTs skriftserie* nr. 29: Svein Ivar Angell: Frå splid til nasjonal integrasjon. Norsk nasjonalisme i mellomkrigstida.
- KULTs skriftserie* nr. 30: Øystein Sørensen (red.): Nasjonal identitet - et kunstprodukt?
- KULTs skriftserie* nr. 31: Per Mangset: Norsk kunstnerpolitikk - organisasjonsmakt og statlig styring. Et beskrivende oversyn.
- KULTs skriftserie* nr. 32: Georg Arnestad (red.): Kunstpolitikk og kunstmakt. Norsk modell og komparative perspektiv. Rapport frå konferanse på Sundvolden 27.-28.10. 1994.
- KULTs skriftserie* nr. 33: Dag Thorkildsen: Nasjonalitet, identitet og moral.
- KULTs skriftserie* nr. 34: Svein Aage Christoffersen (red.): Etikkk og ekklesiologi.
- KULTs skriftserie* nr. 35: Øivind Danielsen: Staten i den litterære republikk.
- KULTs skriftserie* nr. 36: Endre Brunstad: Nasjonalisme som språkpolitisk ideologi. Om nynorsk, frisisk og færøysk målreising.
- KULTs skriftserie* N° 37: Textes réunis par Juliette Frølich: Point de Rencontre: Le Roman. Actes du colloque international d'Oslo, 7-10 septembre 1994. Tome I-II.
- KULTs skriftserie* nr. 38: Magnus Rindal (red.): Skriftelege kjelder til kunnskap om nordisk mellomalder.
- KULTs skriftserie* nr. 39: Reidun Høydal: Periferiens nasjonsbyggjarar. Vestlandslæraren og Volda lærarskule 1895-1920.
- KULTs skriftserie* nr. 40: Svein Aage Christoffersen (red.): Utmelding av statskyrkja.
- KULTs skriftserie* nr. 41: Jørund Midttun: Sosialdemokrati og folkekirke. Det norske Arbeiderpartis forhold til kirke og religion.
- KULTs skriftserie* nr. 42: Heid Leganger-Krogstad og Elisabet Haakedal (red.): Religiøse og pedagogiske idealer.
- KULTs skriftserie* nr. 43: Ole Dalhaug: Mål og meninger. Målreisning og nasjonsdannelse 1877-1887.
- KULTs skriftserie* nr. 44: Hanne Monclair: Forestillinger om kongen i norsk middelalder gjennom ritualene og symbolene rundt ham.
- KULTs skriftserie* nr. 45: Reidun Høydal (red.): Nasjon - region - profesjon. Vestlandslæraren 1840-1940.
- KULTs skriftserie* nr. 46: Magnus Rindal (red.): Studier i kilder til vikingtid og nordisk middelalder.
- KULTs skriftserie* No. 47: Øystein Sørensen (ed.): Nationalism in Small European Nations.
- KULTs skriftserie* nr. 48: Svein Aage Christoffersen (red.): Hans Nielsen Hauge og det moderne Norge.
- KULTs skriftserie* nr. 49: Roald E. Kristiansen m.fl.: Religion i kontekst: Bidrag til en nordnorsk teologi.
- KULTs skriftserie* nr. 50: Kristin Bliksrud: Et kunsthistorisk språk. Jens Thiis', Harry Fetts og Hans Peter L'Oranges prosa.
- KULTs skriftserie* nr. 51: Oddmund Løkensgard Hoel: Nasjonalisme i norsk målstrid 1848-1865.
- KULTs skriftserie* nr. 52: Henrik Grue Bastiansen: Fra referat til reportasje. Dagsrevyen 1960-1969.
- KULTs skriftserie* nr. 53: Tarald Rasmussen og Trygve Wyller (red.): Kristelig og borgerlig offentlighet i Norge.



*KULTs skriftserie nr. 54:* Tore Meistad: Religion og samfunn. Et frikirkelig perspektiv.

*KULTs skriftserie nr. 55:* Guro Hansen: 1990-årenes dannelsesdiskurs - eller humanismens vilkår i vår tid.

*KULTs skriftserie nr. 56:* Svein Bjørkås og Per Mangset (red.): Kunnskap om kulturpolitikk. Utviklingstrekk i norsk kulturpolitikkforskning.

*KULTs skriftserie nr. 57:* Ruth Hemstad: Historie og nasjonal identitet. Kampen om fortiden i det dansk-tyske grenseland 1815-1840.

*KULTs skriftserie nr. 58:* Guri Jørstad: Gemeinsam leben lernen. Samfunnsdebatten om skolens tros-, verdi- og etikkundervisning i den østtyske delstaten Brandenburg under og etter de politiske omveltningene i 1989/1990.

*KULTs skriftserie No. 59:* Christian Høgel (ed.): Metaphrasis. Redactions and Audiences in Middle Byzantine Hagiography.

*KULTs skriftserie nr. 60:* Dag Norheim: Den hjemløse moral. Postmoderne perspektiver på religion, fornuft og moral.

*KULTs skriftserie nr. 61:* Morgen Haug Frøyen og Sveinung Time: Arne Garborgs kulturnasjonalisme. To studiar.

*KULTs skriftserie nr. 62:* Yngve Skjæveland: Nasjonal retorikk i *Det Norske Nationalblad* 1815-1821.

*KULTs skriftserie nr. 63:* Lisbeth Mikaelsson (red.): Myte i møte med det moderne.

*KULTs skriftserie nr. 64:* Kjell Haugland: "Oppdal, bøgda mi - ". Modernisering, nasjonsbygging og identitetsdanning i ei sørtrøndersk fjellbygd ca. 1860-1940.

Faint, illegible text covering the majority of the page, likely bleed-through from the reverse side of the document.







Depotbiblioteket



97ga 17 819

Forskningsprosjektet *Religionskiftet i Norden* er ein del av Noregs forskingsråds program for Kultur- og tradisjonsformidlande forskning (KULT)



Noregs  
forskningsråd

*KULTs* skriftserie nr. 65

ISSN 0804-3760

ISBN 82-12-00831-2

Blote kann ein Bjerre om det boerre skjær i loyrd  
KULLSTENHJERNEN. 55 2740. 55 2740